

Drikkevondet

Ei gransking av folkemeininga kring alkohol og alkoholstyring
i perioden frå 1814 fram til folkerøyistinga i 1919 med vekt på
Telemark



Per Eriksen Ormestøyl
Masteroppgåve i historie ved Institutt for
arkeologi, konservering og historie, IAKH
Universitetet i Oslo
Hausten 2014

Drikkevondet

Ei gransking av folkemeininga kring alkohol og alkoholstyring i perioden 1814 fram til folkerøystinga i 1919 med vekt på Telemark

© Per Eriksen Ormestøyl

2014

Drikkevondet: Ei gransking av folkemeininga kring alkohol og alkoholstyring i perioden 1814 fram til folkerøystinga i 1919 med vekt på Telemark.

Per Eriksen Ormestøyl

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Frå 1814 fram til forbodstida i 1919 vart synet på alkohol forandra kraftig. Frå å vere ei vare dei fleste folk nyttar tidleg på 1800-talet, vart sal og skjenking av brennevin og hetvin forbode ved lov med grunnlag i ei folkerøysting i 1919. Folkerøystinga viste eit overveldande fleirtal for forbod.

I løpet av den kring hundre år lange perioden, skjedde det ei stor utvikling i det norske organisasjonslivet. Blant dei største organisasjonen høyarde fråhaldsrørsla som på byrjinga av 1900-talet samla ein tiandedel av den norske befolkninga.

Fråhaldsrørsla vaks fram kring 1830; først som ei måtehalden rørsle, men snart også som ei totalfråhaldande. Framveksten av rørsla kom som fylgje av overstadig drukkenskap med røter i ei Brennevinsslov av 1816 som oppmoda folk i landdistrikta til å produsere brennevin. Det gjorde dei. Frå Telemark fortel kjeldene om ei rekke tilfelle der forbruket av brennevin var svært høgt.

Ut av dette vaks «drikkevondet» - den negative oppfatninga av alkoholen. Drikkevondet vart motarbeida både av fråhaldsrørsla og styresmaktene. På 1830- og 1840-talet kom det ei rekke nye lover som innskrenka alkoholtilgangen. I fråhaldsrørsla jobba ein meir systematisk for å finne korleis drikkevondet skulle stoppast. Ei undersøking frå 1850-åra kategoriserte Noreg sine gifte menn og enkemenn etter kor mykje dei drakk. Slik kunne ein jobbe meir direkte mot dei områda i samfunnet der drukkenskapen var mest utbredt.

Gjennombrotet for fråhaldsrørsla kom i 1880-åra. Då vaks totalfråhaldsrørsla for alvor fram, mellom anna som fylgje av høgt forbruk i 1870-åra. På 1880-talet vart forbodsstemninga undersøkt gjennom ei underskriftskampanje. Denne viste at det fanst forbodsvilje lenge før forboden vart ein realitet. Før dette hadde styresmaktene lagt om alkoholpolitikken og innførte ei samlagsordning der sals- og skjenkerettane i stor grad fall under offentleg styring. Denne vart forsterka gjennom ei Brennevinsslov av 1894 som innførte samlagsrøystingar som avgjerande for eit samlag sitt beståande. Kvinnene vart innlemma i den dels demokratiske avgjersla.

Blant dei politiske partia hadde Venstre nærest band til fråhaldsrørsla. Ved stortingsvalet i 1906 hadde ein innført eit nytt valsystem som bestemte at veljarane skulle stemme på enkeltkandidatar i staden for på parti. Dette gav fråhaldsrørsla moglegheita til å påverke vala i større grad. Dei oppretta «Fråhaldspartiet», som vart eit viktig pressorgan på Stortinget. Folk vart oppmoda til berre å stemme på kandidatar som støtta partiet sitt program. Før folkerøystinga skaffa dei fråhaldsfolket fleirtal på Stortinget ved fleire høve.

I løpet av Fyrste Verdskrig vart det innført ei rekkje provisoriske forbod. Desse hadde mykje å seie for avgjersla som vart tatt ved folkerøystinga i 1919. Frå Telemark kom det ei rekkje meldingar som oppmoda styresmaktene om å oppretthalde forbodet. Mange hadde sett det provisoriske forbodet som positivt for edruelegdomen.

I 1919 viste folkerøystinga eit stort fleirtal for forbod. I mange tilfelle var den kvinnelege valdeltakinga avgjerande for utfallet av valet. Telemark var det fylket på Austlandet der Ja-fleirtalet var størst. Der stemte kring 72 prosent av befolkninga «Ja».

Føreord

Då ein landhandlar i nabobygda mi vart omtalt i riksdekkjande aviser fordi han selde hår- og etterbarberingsvatn til bygda sine tørste sjeler på 1950-talet, trudde han neppe det ville resultere i ei masteroppgåve om folkemeininga kring alkohol og alkoholstyring i Telemark. Eg må difor takke landhandlaren i Eidsborg – visst namn alle kjenner, men som eg likevel ikkje nemner i denne samanheng.

Takk til min fantastiske rettleiar, professor Jan Eivind Myhre. Då glaset var tomt, fylte du det opp at; alltid med ekte vare, aldri med laddevin og æther. Takk for at du hadde trua på meg og hjalp meg dit eg er i dag.

Takk til professor Hilde Sandvik. Utan deg hadde eg aldri hamna i tredje etasje.

Takk óg til Kjetil ved Norsk Industriarbeidermuseum, Ingrid ved Lokalhistorisk arkiv i Vinje, Steinar og Bjørn Ole ved Statsarkivet i Kongsberg, Åse Marit ved Vinmonopolet sitt arkiv, og alle arkivarane ved Riksarkivet og Nasjonalbiblioteket. Utan dykker hjelp hadde eg leita med promille frå 1833.

Eg ynskjer også å rette ein takk til alle andre som har vist interesse for oppgåva mi; særleg Telemark Historielag, og mine medstudentar. Eg har fått mange nyttige innspel i jakta på drikkevondet.

Ikkje minst Pappa, som har lagt ned mange timer i gjennomlesing av oppgåva. Ein betre språkvaskar finst ikkje – ei heller far. Utan deg ville eg aldri vorte nøgd.

Takk óg til alle dykk som har hjelpt meg å studere temaet i praksis. Både familie og vene, nye og gamle, spelemenn og skodespelarar. Det har vore ein fantastisk fest. Eg har lika debatten. No gler eg meg til nachspillet, og håpar det varar lenge.

Per Eriksen Ormestøy
Oslo, november 2014

Innhaldsliste

Samandrag	v
Kapittel 1: Eit edrueleg vegskilje	1
Vestlandsfanatismen – ein sagablott?.....	1
Kor mykje hadde hundre år å seie for ei folkemeining?.....	2
Primærkjelder	3
Trykte kjelder	4
Litteratur	5
Kapittel 2: Oppdagิงa av drikkevondet: 1814-1836	7
Rettane for tilverking av brennevin kring 1814	8
Brennevinslova av 1816	9
Brennevinslova sine konsekvensar.....	11
«Festdrykk» vert «kvardagsdrykk»	12
Kapittel 3: Motarbeidingsa av drikkevondet: 1836-1859	17
Måtehaldsrørsla veks fram	17
Reformering av Brennevinslova av 1816	19
Frå måtehald til fråhald	20
Fråhaldstanken kjem til Telemark	20
Raud-Smitt og vinbyggjarane	22
Husbrenninga vert ein sagablott	23
Handhevinga av lovene	24
Utan bruk, inga misbruk	27
Om Eilert Sundt og Telemarkingen.....	28
Om resultatet i undersøkinga.....	31
Om problema ved undersøkinga.....	32
Om ytre og indre bygdelag	33
Om eigedoms- og arbeidsklassa	33
«Ædrueligheds-Tilstanden» i skuledistrikta	35
Forventningane frå omgivnadane	35
Kapittel 4: Mot totalfråhald: 1859-1871	37
Totalfråhald!	37
Eit luksusproblem.....	39
Totalisten Telemark.....	40
Auka alkoholkonsum skapar vekst i totalfråhaldsrørsla.....	42
Godtemplarordenen	43

Totalfråhaldssaka sit nedslagsfelt.....	45
Kapittel 5: Omlegging av sals- og skjenkeordningane: 1871-1884	47
Frå private til offentlege hendar	47
Edruelegdomen i byane då samlaga vart oppretta	48
Byane si interesse av å ha samlag.....	53
Forbruket aukar på 1870-talet	54
Utsalsstadane i fogderia i Telemark	55
40 potter brennevin i posten	56
Telemarkskanalen som mål på edruelegdomen i Øvre Telemark	57
Kapittel 6: Forbodstanken ved partipolitikken sin barsel: 1884-1894	61
Fråhaldssak på den partipolitiske arenaen	61
«Listeaksjonen»1883-1887	62
Telemarkingen sitt svar på listeaksjonen.....	64
Listeaksjonen si tyding for edruelegdomsarbeidet	67
Fråhaldsmenn, forbodsmotstandarar og forbodsforeiningane	68
Monopolkomiteen	71
Kapittel 7: Innskrenking av alkoholtilgangen: 1894-1904.....	73
«Lov om Brændevins Salg og Udkjænkning» av 24. juli 1894	74
Samlagsrøystingane i Telemark	76
Samlagsrøystingstaktikk.....	77
Kva gjorde nedlegginga av samlaga med edruelegdomstilstanden i amtet?	78
Koleradråpar, kamferdråpar og andre aromatiske dråpar	79
Arbeidarpartiet og alkoholen.....	81
Kapittel 8: Drukkenskap i industrialiseringa sin tidsalder: 1904-1914.....	83
Avholdsfolkets Landsnevnd	83
Frå Venstre til Sosialdemokratane.....	84
«Nu kommer slusken».....	84
Den frie arbeidar – forbodspartiet Arbeidarpartiet	85
Verdandi	88
«[...] [I]kke mors bedste barn [...]».....	89
«Om ædraeligheds-tilstanden» i Tinn	90
Byen som ikkje var klar.....	91
«For sandhet og sett vil vi sammende staa, og rusdrikken vil vi bli kvitt!»	92
Personlege livslange rettar til brennevinssal	95
Forbruksendringar	95

Den alkoholpolitiske røynda anno 1914.....	98
Kapittel 9: Krigen si tyding for edruelegdomen: 1914-1918	101
Augustforboda.....	101
Fråhaldsfolket 1914.....	102
Edruelegdom i særklasse	102
Forbodstanken	104
Alkoholpolitisk radikalisering	105
Drukkenskap og dyrtid	106
«Skiens Brændevinssamlag» skjenkar Telemark	107
«[...] [A]ldrig har der været saa meget drik og fyld i bygden som nu.»	108
Taktikkeri og forbod.....	109
«[...] [S]lik stille jul har der vel aldri været her i dalen nogensinde før.»	110
Forbodssuksessen	113
Ny lov – nær forbod	113
Kapittel 10: Den siste skanse: 1918-1919	115
Mot stortingsvalet 1918.....	116
Resultatet frå stortingsvalet 1918	117
Stortingsvalet 1918 i Telemark	118
Mot folkerøysting.....	119
Forbodshæren	122
Nei til forbod!.....	124
Kva vog tyngst?.....	126
Ettermæle	127
Konklusjon	129
Litteraturliste	135
Arkiv.....	139
Stortingsforhandlingar.....	141
Trykte kjelder	142
Aviser	145
Nettstadar	145
Vedlegg	147

Kapittel 1: Eit edrueleg vegskilje

«Det gjelder, at publikum mest mulig møter frem og stemmer imorgen for at undgaa mest mulig trængsel på mandag,» stod det skrivi i skiensavisa Varden 4. oktober 1919.¹ I avisa hadde det heile hausten versert artiklar om folkerøystinga som skulle haldast 5. og 6. oktober same året. Det var ei viktig avgjersle publikum skulle ta stilling til – ei avgjersle som gjaldt heile landet. Utfallet ville få konsekvensar for publikum sin kvardag i ei slik grad at mange meinte det stod om retten til personleg fridom. I løpet av desse to dagane skulle ålmenta avgjera om det skulle bli forbode å selje og skjenke brennevin og hetvin i Noreg. At røystinga opptok mange, viser oppslutninga folkerøystinga fekk. Av dei nesten 1,2 millionane som hadde stemmerett, møtte nærare 800 000 fram. Valoppslutninga var på heile 67 prosent.²

Utfallet av folkerøystinga var eit 61,6 prosent fleirtal for å innføre delforbodet.

Vedlegg nr. 1 viser korleis stemmene fordele seg i dei ulike fylka. Møre og Romsdal var det fylket i landet der støtta til delforbodet stod sterkest, då heile 88 prosent stemte ja. Oslo var fylket med færrest Ja-stemmer, der heile 79 prosent av innbyggjarane stemte nei. Elles viser stemmetala at fylka på Vest- og Sørlandet hadde flest prosent Ja-stemmer. Austlandsfylka plasserte seg nedst på lista. Med unnatak av Telemark og Østfold, plasserte alle austlandsfylka seg under landsgjennomsnittet.

Vestlandsfanatismen – ein sagablott?

«Synet på alkohol er just ein av dei ting som skil vestlendingen frå austlendingen», skreiv Gabriel Øidne i 1957.³ Dette er noko som også går fram i resultatet frå folkerøystinga i 1919. Det var ikkje berre synet på alkoholen som skilte vestlendingen frå austlendingen. «Religiøs pietisme, fråhaldsfanatisme og målstrev er for mange austlendingar noko forkasteleg som dei uløyseleg knyter til vestlendingane», og den energien vestlendingane setje inn for å forsvare desse ideane, vart kalla «vestlandsfanatisme».⁴

Den geografiske fordelinga av forbodsmotstandarar vert gjerne forklare gjennom samspelet mellom motkulturane; der kristendom og målsak stod sterkt, stod også forbodstanken sterkt. Øidne meinte modellen ikkje forklara ideane si utbreiing godt nok. Gjennom ei sosiologisk undersøking viste Øidne at det fanst ei rekkje unntak knytt til ideane si geografiske utbreiing. Det fanst både indre vestlandsbygder som ikkje kunne reknast som

¹ Varden, 4.10.1919, 2

² Jf. Vedlegg nr. 1

³ Gabriel Øidne, *Litt om motsetning mellom Austlandet og Vestlandet*, i Andreas Skartveit (red.), *Syn og Segn*, Oslo, 1975, 4-5

⁴ Øidne, 1975, 5

kristne høgborger, og område på Austlandet der kristendomen stod sterkt.⁵ Kystbygdene på Vestlandet og Sørlandet, «Den mørke kyststripa», skilte seg hovudsakleg frå resten landet gjennom den sterke misjonsinteressa.⁶ Kva gjaldt det nynorske målet, peika Øidne på at motsetnadstilhøvet ikkje kunne teiknast mellom Austlandet og Vestlandet i det heile, men mellom flatbygdene og byane på Austlandet på den ein sida, og store delar av landet elles på den andre. Delinga hang ikkje berre saman med skilnadane i dialektar; at nynorsken låg lengre unna austlandsdialektane (særleg før 1917) enn det den gjorde til dialektane elles i landet, men kunne også forklarast gjennom «kulturregionar» der folkehøgskulerørsla stod som ein av indikatorane. Her var ein positiv til delforbodet. Folkehøgskulane inneheldt ideane frå både målrørsla, grundtvigianismen og bondereisinga og skapte slik ein «folkehøgskuleregion» som fall geografisk saman med «Fjell- og Fjord-Noreg». Her fall «Den mørke kyststripa» utanfor, då desse ideane ikkje fann grobotn; frilyndte idear hindra andre idear i å trengje inn.⁷

Geografisk ligg Telemark i grenselandet mellom Austlandet og Vestlandet. Sjølv om fylket vert rekna å sokne til Austlandet, er det faktorar som talar for at fylket sitt verdi-grunnlag ikkje passar inn. Ved folkerøystinga i 1919 var Telemark det fylket på Austlandet der flest folk stemte ja. Det er i så måte interessant å studere korleis stemmene fordelte seg mellom dei ulike kommunane i fylket, noko som går fram i Vedlegg nr. 3.

Det eksisterte eit Ja-fleirtal i samtlege kommunar i Telemark. Det var likevel store skilnadar når det gjaldt kor stort fleirtalet var. I Tinn var det fleirtal med knappast margin, då berre 51,5 prosent stemte ja. I Vinje var det tilsvarande talet på heile 97,2 prosent, og berre 20 personar stemte nei. Ja-fleirtalet i byane var stort sett lågare enn i landdistrikta. Særleg peiker dei øvre delane av Telemark seg ut som forbodsvenlege, då Ja-fleirtalet i omtrent samtlege kommunar ligg over 80 prosent. I Nedre Telemark var fleirtalet stort sett lågare. Korleis hang denne fordelinga saman?

Kor mykje hadde hundre år å seie for ei folkemeining?

Denne oppgåva gir ei framstilling av den norske alkoholhistoria frå 1814 fram til folkerøystinga i 1919 med særleg vekt på Telemark. Då Telemark ligg i eit idemessig grenseland for det som karakteriserast som «Austlandet» og «Vestlandet», er det interessant å sjå kva dei alkoholhistoriske linene som vart teikna i fylket kan fortelje om skilnadane i stemmeresultatet.

⁵ På Austlandet gjaldt dette særleg i Vestfold og Østfold.

⁶ Fyrst innanfor Drøbakssundet samanliknar Øidne Austlandet som ei religiøs «øydemark» med berre spreidde «oasar». (Jf. Øidne, 1975, 5)

⁷ Jf. Øidne, 1975, 8

Den overordna problemstilling vert difor å svare på kvifor telemarkingen stemte slik telemarkingen gjorde i 1919.

Frå 1814 til 1919 endra synet på alkohol seg kraftig. Brennevinet gjekk frå å vere noko dei fleste telemarkingar nytta, til å bli noko dei fleste ville fjerne. Motstanden mot drukkenskapen vaks fram då drikkevondet beit hardast frå seg. Både forbruk, lovverk og politikk, i tillegg til fråhaldsrørsla si utbreiing, bidrog til å forme folkemeininga. Ofte hang dei saman. Påverknaden desse hadde i kvar enkelt kommune, kan moglegvis forklare kvifor forbodstanken varierte i 1919. Samspelet mellom den edruelege utviklinga, framveksten av fråhaldsrørsla og lovvedtak på riksniå er difor ein viktig del av oppgåva.

I dette har eg forsøkt å finne om det eksisterte viktige ulikskapar mellom kommunane, mellom by og land, og mellom dei overordna inndelingane; høvesvis provstia og fogderia. Forbodsflertalet var, med enkelte unntak, høgare i landdistrikta enn i byane, og det vil difor vere ei målsetting å forklare årsaka til dette. I tillegg viser oppslutninga ved forbodsøytinga at det kvinnelege engasjementet var stort, noko som går fram i Vedlegg nr. 2. Det er difor fruktbart å spørje korleis det kvinnelege engasjementet var ved andre alkoholspørsmål, og om det eksisterer ein kontinuitet i det kvinnelege engasjementet knytt til alkoholstyring. Ved sidan av den organiserte fråhaldsrørsla, var religiøse miljø aktive i fråhaldsarbeidet. Det er difor aktuelt å sjå kva desse hadde å seie for forma av folkemeininga og forbodstanken.

Som det går fram, er det ikkje mogleg å svare på desse spørsmåla utan å sjå dei i ljos av den utviklinga som skjedde elles i landet; nasjonalt lovverk styrte i stor grad utviklinga i Telemark.

Framstillinga tek ikkje sikte på å kartlegge den edruelege utviklinga i alle kommunane i Telemark, då dette vert for omfattande. Det vert fokusert på dei kommunar, byar og tettstadar som skil seg mest ut i høve til det temaet som vert studert. Dette vert til dels også styrt av dei kjeldene eg har nytta, då nokre av desse nyttar eigne geografiske inndelingar.⁸

Primærkjelder

Fråhaldsrørsla var den viktigaste agitatoren for forbodssaka og hadde si største oppslutning like før forbodet vart innført. Fuglum skriv at kjeldene frå fråhaldsrørslene på 1840- og 50-talet er primærkjelda til opplysninga om måtehaldsrørsla som eksisterte før dette. Dette er òg mi erfaring.⁹

⁸ Til dømes vert Telemark delt inn etter legedistrikt i medisinalmeldingane. Der distriktslegane ikkje har forklart nærmere kvar deira skildringar gjeld, er det ikkje mogleg å knytte dette til einskilde tettstadar.

⁹ Per Fuglum, *Kampen om alkoholen i Norge 1816-1904*, Oslo, 1972, 72

For å dekkje fråhaldsrørsla har eg studert arkiva til «Den norske Forening mod Brændeviinsdrik», «Det Norske Totalavholdsselskab» og «Godtemplarordenen». I tillegg har eg studert arkiva til ei av dei største losjane innanfor arbeidarane sin kamporganisasjon mot alkoholdrikk, Verdandi. Losja vart kalla «Saaems Fremtid», og låg på Rjukan. Elles har eg studert arkivet til fråhaldslaget på Rauland ved Lokalhistorisk arkiv i Vinje. Mange av opplysningane har eg ikkje kunne gjere nytta av i denne oppgåva, men dei har likevel gitt meg eit spanande innblikk i korleis fråhaldsarbeidet føregjekk. Då dei fleste fråhaldslag var organisert under dei tre hovudorganisasjonane, er det desse arkiva eg har hatt størst nytte av.

Av undersøkingar som vart gjort om edruelegdom på 1800-talet, er Eilert Sundt si undersøking frå 1850-talet ei av dei viktigaste. Eg har difor studert forarbeida til undersøkinga ved Nasjonalbiblioteket sitt arkiv. På 1880-talet vart det gjennomført ei underskriftskampanje til støtte for forbod. Eg har difor undersøkt korleis telemarkingen svarte på denne.

Før forbodet vart innført, vart det innført eit provisorisk «Juleforbod» vinteren 1916/17 som varte heilt fram til forbodsrøystinga i 1919. I den samanheng vart det sendt meldingar frå forbodsvener i Telemark til Sosialdepartementet. Desse har eg funne i Sosialdepartementet sitt arkiv.

Trykte kjelder

For å kartlegge den alkoholhistoriske utviklinga i Telemark har eg nytta «Amtmennenes femårsberetninger» (heretter «amtmannsmeldingane») og «Beretningene om Sundheds-tilstanden og medicinalberetningene» (heretter «medisinalmeldingane»). Amtmannsmeldingane skildra dei økonomiske tilhøva i amta, og kom ut kvart femte år. For denne oppgåva er det særleg skildringane av dei sosiale tilhøva som vert nytta, men også den statistikken som ligg føre.

Frå 1853 la medisinalmeldingane grunnlaget for den norske helsestatistikken. Noreg var delt inn i legedistrikt, og kvar distriktslege vart oppmoda til å sende inn skildringar av helsetilstanden i sitt distrikt kvart år. Slik er det mogleg å finne regionale skilnadar i helse-tilstanden. Opplysningane i desse er ei nyttig kjelde til å forstå korleis edruelegdomen utvikla seg i tida fram til forbodstida. Opplysningane som går fram i desse kan problematiserast gjennom at distriktslegen sitt personlege syn på rusdrikken fargar skildringane som vert gitt. Og når det kjem fram at edruelegdomen var dårlig i eit distrikt utan at det kjem noko døme på dette, kan det vere vanskeleg å forstå kva distriktslegen eigentleg meiner. Spørsmålet som trer frem vert; dårlig edruskap i høve til kva?

For å danne eit mest mogleg dekkande bilet av edruelegdomen, har eg difor nytta statistikken som ligg føre. Samsvarar denne med det distriktslegen skriv, reknar eg opplysningane å reflektere edruelegdomstilstanden. Statistikken omhandlar både forbruk, kriminalitet (særleg om drukkenskap) og sjukdomar forårsaka av alkohol. Det er likevel viktig å ikkje gløyme at statistikken ikkje berre vert påverka av edruelegdomstilstanden. Ei rekke faktorar kan påverke, mellom anna befolkningsutvikling og forandringar i politistyrken. Slike faktorar vil bli vurdert i oppgåva, og vert understreka der det er tilfelle.

Den offisielle forbruksstatistikken dekkjer heile landet. Det byr på problem å kartleggje forbruket i Telemark åleine, då fylket kan ha skilt seg frå resten av landet. For å forsøke å finne skilnadar i forbruket, har eg nytta statistikken i amtmannsmeldingane over importen gjennom Telemarkskanalen. Denne gjev ein peikepinn på korleis forbruket var i Øvre Telemark. Forbruk vert i tillegg skildra av distriktslegane og i diverse meldingar frå embetsmenn. Til saman gjev dette eit inntrykk av alkoholforbruket i Telemark.

Tal over fråhaldsrørsla sine medlemar kan sjåast som eit mål på den edruelege viljen i folket. Dei representerer ikkje den fulle sanninga, då Fuglum peikar på at det har førekomm dobbeltføringer.¹⁰ Fråhaldsfolk organiserte seg også utanfor fråhaldsrørsla, først og fremst gjennom kyrkje- og dissentersamfunn. I tillegg kom alle dei som sympatiserte med rørsla. I denne oppgåva har eg nytta dei offisielle medlemstala, i tillegg til å granske medlemstala for Telemark i hovudorganisasjonane sine arkiv.

For å finne tala som viser stemmeresultata frå folkerøystingar og politiske val på kommunenivå, har eg nytta Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD). Der er det mogleg å finne valresultat utifrå dei gamle kommunegrensene. NSD er ikkje ansvarlig for analyse av data eller for dei tolkingar som vert gjort. Der eg har nytta tenesta, har eg nytta kommunegrensene frå 1926. Tala har variert til ei viss grad frå den offisielle statistikken, men skilnadane er sopass små at dei ikkje utgjer nokon skilnad for heilskapen. Svært mykje av statistikken frå tenesta har eg likevel latt vere å nytte i oppgåva.

Litteratur

Av litteraturen som eksisterer, er det Torvald Nordstoga si bok «Sol gjeng upp – sol gjeng ned: trekk frå edruskapsarbeidet i Telemark» som ligg nærest denne oppgåva. Boka har vore ei nyttig innføring i fråhaldsarbeidet i Telemark. Nordstoga var sjølv fråhaldsmann; formann i Seljord fråhaldslag, Seljord edruskapsnemnd og Seljord indremisjonslag. Dette fargar framstillinga i stor grad. Eg har ikkje turt å stole blindt på opplysningane i boka, då det har

¹⁰ Fuglum, *Brennevinsforbuddet i Norge*, Trondheim, 1995, 179

vist seg at mange er direkte feil.¹¹ Han fortel sjeldan kvar han har henta opplysningane frå, noko som har vore problematisk.

I 2013 gav Telemark historielag ut eit årsskrift med temaet «Festkultur og drikke-skikkar i Telemark». Dei opplysningane som kjem fram i årboka, samt under det tilknytte seminaret 19.-20. april 2013 på Vest-Telemark Museum i Eidsborg, har vore nyttige.

For å dekkje dei ulike delane av Telemark har eg nytta ei rekke lokalhistoriske verk. Mange av desse dekkjer deler av fråhaldsarbeidet, men eg har forsøkt å avgrense bruken ettersom det ofte kan vere vanskeleg å finne kvar forfattarane har henta opplysningane ifrå.

Oskar Kristiansen har i si bok «Edrueighedsforhold i Norge» gitt ei innføring i edruskapsarbeidet i Noreg i perioden 1814-1848. Denne har vore særslig hjelpsam i dei tidlege kapitla. Kristiansen tok mellom anna for seg ei rekke visitasmeldingar frå Telemark som eg har nytta i mitt arbeid. Ellen Schrumpf si bok «Berus eder!» om den norske drikkekulturen dei siste 200 åra, har vore hjelpsam som ein inngang til alkoholhistoria.

Per Fuglum har verka som ein bauta i arbeidet med oppgåva. Litteraturen han har skrivi dekkjer heile den alkoholhistoriske perioden oppgåva tek for seg. Fuglum var svært grundig i sitt arbeid, og mange opplysningar frå Telemark har dukka opp i bøkene hans. Særleg har Fuglum vore hjelpsam for å forstå det politiske arbeidet og dei lovmessige endringane som skjedde i perioden. Han gir i tillegg gode framstillingar av fråhaldsrørsla sin framvekst. Fuglum har studert den største fråhaldsavisa i samtida, «Menneskevennen», grundig, noko som har gjort at eg har valt å ikkje gjere dette sjølv. Dei tidsmessige avgrensingane har gjort at eg i staden har studert lokale aviser. Der Fuglum har nytta Menneskevennen, går dette fram i fotnoter.

Mykje av litteraturen eg har nytta kjem frå dei største fråhaldsrørslene. Dette kan vere problematisk då framstillingane ofte kan vere subjektive. Der opplysningane verkar motstridande, kjem det fram i teksten eller fotnotene.

¹¹ Nordstoga skriv mellom anna at berre 15 røysta for å behalde brennevinnssamlag i Kragerø i 1898, men dette er direkte feil. (Jf. Torvald Nordstoga, *Sol gjeng upp - sol gjeng ned: Trekk ved edruskapsarbeid i Telemark*, Strømmen, 1998, 16)

Kapittel 2: Oppdaginga av drikkevondet: 1814-1836

I gamle Norges Dale som paa dets Kyster sniger sig omkring blandt Folket en Vanskabning der allerede i flere Aarti har voldt Skade og Fordærvelse. Med hvert kommende Aar stiger dens Magt. I Begyndelsen var det kun Mændene, de noget bedagede og ældre, den angreb, men nu har den beklagelig ogsaa angrepet Ungdommen af begge Kjøn.¹²

Med «drikkevondet» meinast oppfatninga av at alkohol, særleg brennevin, er skadeført. Der ein i 1829 gav brennevinet æra for styrke og eit langt liv¹³, vart det i 1908 skildra som «en farveløs, giftig vædske, der ‘river’ eller ‘brænder’ i halsen, naar den nydes».¹⁴ Drikkevondet gjaldt ikkje berre den menneskelege helsa. I 1827 skreiv Ludvig Mariboe, norsk politikar og forretningsmann, i opposisjonsbladet Patrouille at ”[a]lmindelig synes den klage at være, at brændevinsdrik har taget en skadelig overhaand, at denne umaadelighed truer med at ødelægge nationen saavel i fysisk som intellektuel og moralsk henseende”.¹⁵ Alle dei vonda som alkoholdrikkane tok med seg fell i dette saman under omgrepene «drikkevondet».

Utviklinga av drikkevondet skjedde gradvis. Som me skal sjå, fanst det både geografiske og demografiske skilje for når omstillinga skjedde. Innanfor vårt forskingsobjekt var skilnadane til dels svært store kva gjeld drikkevondet sitt gjennomslag. Og sjølv om tanken om drikkevondet vart planta, kunne det ta tid før den vaks seg stor.

Allereie i Hans Jacob Wille si skildring av Seljord prestegjeld frå 1786, vert det representert eit negativt syn på alkoholen. Wille ser ølbrygginga si avskaffing som «en Sag af velgiørende Virkninger».¹⁶ Ølet, som forårsaka «Kiempernes Berserke-Gang», var både gjennom tilverking og bruk knytt til gamal tradisjon. Bryggjeprosessen var lært av Odin, medan bruken var knytt til dei nyare, kristne høgtidene. I Seljord prestegjeld såg ein det som ei stor ulykke dersom ein ikkje klara å skjenke gjestene fulle ved Gjestebod.¹⁷ Wille si framstilling viser ei distansert, negativ haldning til drikkekulturen.¹⁸

Wille skulle ikkje bli den siste til å hevde konsekvensane av alkoholen sin bortgang ville verke positivt. Åra fram til folkerøystinga i 1919, viser ei kraftig forandring i kva oppfatninga meinigmenn, og kvinne, hadde til alkoholen.

¹² Hans Møller, *Om fordærveligheden af umaadelig Nydelse af Brændevin*, Christiania, 1828, innleiing

¹³ Derwent Conway, 1829, i Oskar Kristiansen, *Edruefhedsforhold i Norge 1814-1848*, 1934, Oslo, 2

¹⁴ Sven Arrestad, *Praktisk sundhedslære for skole og hjem*, 1908 i Ellen Schrumpf, «Berus eder!»: *Norsk drikkekultur i de siste 200 år*, 61

¹⁵ Kristiansen, 1934, 121

¹⁶ Hans Jacob Wille, *Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld i Øvre-Tellemarken i Norge*, Ungarn, 1989, 117

¹⁷ Sonja Pollan, «Alkoholvanenes forankring i kulturmønstret: En studie av høgtids-skikker i en gammel bygd» i *By og bygd: Norsk folkemuseums årbok 1967*, 20. bind, Oslo, 1968, 18-19

¹⁸ Likevel stiller Wille seg positiv til at prestegjeldet nyttar «Campher-Brændeviin» som «Universal-Medicament». I dette ligg samtidia si tru på brennevin som lekande. (Jf. Wille, 1989, 124)

Edruelegdom vert i stor grad påverka av lovverket som gjeld i samfunnet. Lovene påverkast i stor grad av hendingar som føregjeng både innanriks og utanriks. Kring 1814 vart alkoholstyringa påverka av omorganiseringa av Noreg si statsforfatning og fylgjene av napoleonskrigane.

Rettane for tilverking av brennevin kring 1814

Danmark-Noreg vart trekt inn i napoleonskrigane i 1807. I mai same året vart det forbode å brenne brennevin på anna korn enn kveite. I april 1808 skreiv regjeringskommisjonen eit sirkulære der den forbydde all brennevinsproduksjon av varer som kunne nyttas som matvarer. Forboda vart vedtatt som fylgje av feilslatte kornavlingaråra i førevegen. Omsynet til kornbeholdningane og potetlagra vart nytta som argument.

I 1811 kom det forordningar om skjerpa reglar i omsynet til brennevinsproduksjon og brennevinsomsetjing i Noreg. Forordningane oppretthaldt forbodet frå 1808. Det skulle tas eigne avgjersler om brenneria i byane skulle behaldast eller leggjast ned, men for landdistrikta var det totalforbod mot brenning som gjaldt.¹⁹ I Vinje resulterte dette i at lensmann Nils Sveinungsson beordra konfiskering av heimebrenningsapparata i bygda.²⁰

Samstundes med at rettane til å brenne vart kraftig redusert i krigsåra, var det forbod mot å innføre kornbrennevin og genever frå andre land enn Danmark. Eit slik forbod hadde eksistert sidan 1757.²¹

Tilgangen på brennevin vart difor sterkt redusert etter 1814. Forbodet mot heimebrenning var vanskeleg å handheve då det som oftast skjedde i det skjulte. Berge skriv mellom anna at ulovleg heimebrenning føregjekk i Vinje, men ikkje i nokon stor grad.²² Etter at Noreg fekk ny grunnlov skulle det likevel skje store forandringar kva gjaldt styringa av retten til brennevinsproduksjon.

I «Kongeriget Norges Grundlov av 17. mai 1814» sin § 101 stod det at «[n]ye og bestandige Indskrænkninger i Næringsfriheten bør ikkje tilstedes Nogen for Fremtiden».²³ Grunnlovsparagrafen gav einkvar som ynskte det rett til å produsere sprit i nærings omfang. Dei fyrste åra etter at grunnlova vart vedteke, var likevel ikkje dette tilfelle. Fyrst gjennom ”Lov om brædevinsbrænding” av 1. juli 1816 (heretter «Brennevinslova av 1816»), vart grunnlovsretten i stor grad realisert.

¹⁹ Ragnar Hauge (red.), *Lover om alkohol i Norge: Fra landskapslovene til 1814*, 245-253

²⁰ Berge, *Vinje og Rauland IV*, 1975, 211. Ein av dei seks kontrollørane som hjalp lensmannen, var Aslak Gardsjore. Gardsjore var formann i kommunestyret i Vinje og visstnok den som la tanken fram om å skipe måtehaldslaget i Vinje, stifta i 1841. (Jf. Berge, *Vinje og Rauland III*, 229)

²¹ NOS V. 124, *Alkoholstatistik. I. Forbruk av Brædevin, Vin og Øl i Norge 1814 – 1909*, 1910, 1

²² Berge, 1975, 211

²³ B. Rolsted (red.), *Norges statskalender for året 1920*, Kristiania, 1920, 1527

Brennevinslova av 1816

Brennevinslova av 1816 tok sikte på å fremje åkerdyrkninga i Noreg. Då det framleis var matmangel i landet, vart bøndene oppmoda til å dyrke meir korn og poteter. Oppmodinga skjedde på den måten at styresmaktene la føringar slik at brennevinsproduksjon vart god butikk. Når bonden såg at ein kunne tene pengar på brennevinsproduksjon, var tanken at det ville kome ei produksjonsvekst i dei matvarene som vart nytta til brenninga.

Brennevinsproduksjonen vart gjort lønsam gjennom å leggje brennevinskatten som tillegg til den vanlege matrikkelskatten. Skatten var lik for alle brukarar, anten dei nytta produksjonsretten eller ikkje. Ein av årsakene til dette var vanskane eit system med individuell skatt ville medføre når det gjaldt kontrollen på bygdene. Skattelebeløpet vart bestemt etter skattedistriktet, «fogderiet», si kornmengd.²⁴ Når alle drivarar likevel måtte betale skatten, var det få som let vere å nytte seg av retten til å brenne. Skatten som kom inn frå landdistrikta utgjorde 38 770 spesidalar årleg dei fyrste åra etter 1816.²⁵

I landdistrikta sa lova at alle skatteytande eigagarar eller brukarar som sat på matrikulert jord, kunne brenne i så små kvanta dei ville. Det vart derimot knytt restriksjonar til salsrettane. Det var ikkje lov å selje brennevin dersom kornet ein nytta vart kjøpt. Ein kunne heller ikkje nytte brennevin som løn til arbeidsfolk.²⁶ Det måtte heller ikkje eksistere fleire gjestgiveri og vertshus enn det som var nødvendig for dei reisande. Lova forbydde all «omflakken ved andre sammenkomster», og i dette låg ynskjet om å fremje edruelegdomen.²⁷

Det eksisterte også eit ynskje om fri brenning frå landet. Her hadde brennevinsproduksjon vore heilt forbode som fylgje av krigen, medan det i byane for ein stor del var prisane og tilgangen på råvarer som setje brenneriverksemda tilbake. Bonden hadde rett til å bryggje øl, så kvifor skulle han ikkje også ha rett til å produsere brennevin? Og kvifor skulle ikkje landbefolkinga ha same rett til å produsere brennevin som byfolket?²⁸

Lova var annleis i byane. Der skulle det ikkje brennast på kjelar som var mindre enn 200 potter. Ein «pott» svarar til 0,965 liter, noko som teiknar grensa til kring 193 liter.²⁹ Grensa vart fastsatt fordi det i størst grad vart nytta importerte råvarer ved desse brenneria. Å senke grensa ville dermed ikkje føre til vekst i åkerdrifta. Skattelova sin § 6 av 1816 sa at det skulle betalast ei avgift på 20 skilling per potte for kjelar på 200 potter, og 40 skilling per

²⁴ Det skulle betalas $1 \frac{1}{2}$ spd per skylddalar i dei beste korndistrikta, 1 spd i dei mindre gode og $\frac{1}{2}$ spd i dei minst gode korndistrikta. (Jf. Kristiansen, 1934, 36)

²⁵ Kristiansen, 1934, 37 (Etter dagens verdi tilsvarar dette kring $7 \frac{1}{2}$ millionar kroner.)

²⁶ Kristiansen, 1934, 145

²⁷ Kristiansen, 1934, 30-31

²⁸ Kristiansen, 1934, 23

²⁹ Kristiansen, 1934, 31

potte for kjelar på over 1500 potter for dei som brann i byane. Skatten vart berre utrekna der pottene vart nytta i produksjon.³⁰

I tillegg til produksjonsveksta i landbruket, var det brei semje om at lova ville styrke den norske økonomien. Lokalt brennevin var betre for produksjonen enn importert.

Historikaren Oskar Kristiansen skreiv at dersom det «[r]egenes med en aarlig indførsel av 6 millioner potter [forg. anm. Ca. 5,8 millionar liter], vilde det beløb som fri brænding sparede landet, kanske blive noget som 250 000 spd. aarlig.»³¹

Eit anna aspekt som fekk styresmaktene til å innføre Brennevinslova av 1816 var at brennevinet vart rekna som medisin. Under Napoleonskrigane skreiv regjeringskommisjonen til kongen at «mangel paa brændevin [...] nedbryder en mængde menneskers helbred i hele riget»³². Sorenskriver Møller spurte i 1828 kven som kunne laste bruken av brennevin når «den maadelige Nydelse deraf baade er nyttig og nødvendig, især i et Land som Norge, hvor almindelig Kulde, Sne og Iis afverle med hverandre i de 8 Maaneder af Aaret.»³³ Kristiansen viser i Derwent Conway si reiseskildring frå 1829 at det var «den almindelige mening bland Norges bønder at brændevin giver styrke og et langt liv»³⁴. I reiseskildringa skildrar Conway ei oppleveling frå ein gard i Øvre Telemark:

Denne gamle telemarksbonde var 74 aar. - - Han sagde han hadde hele sit liv havt god helbred og tilskrev dette for en stor del sit udmarkede kornbrændevin. Den gamle kone hadde fyldt sine 78, og skjønt blind var hun dog ved god helse og sagde ikke nei til sin mere beskedne del av livseliksiren.³⁵

Årsaka til at kona var blind var, ifylgje Conway, «den kvite glitrande snoen som auget måtte kvile seg på gjennom sju månadar av året[...]»³⁶.

Brennevinslova av 1816 hadde ei rekke manglar, og mange område stod uløyst. Kristiansen kalla lova eit lite grundig og inngåande arbeid.³⁷ Manglane i lova løyste ein gjennom å nyte eldre lovverk. Lova av 1701 forbodde til dømes folk å opphalde seg i vertshus etter klokka ti. Ei rekke lover som omhandla skjenketidene kring heilagdagar vart også ståande gjennom forordningar frå 1735. Ei forordning frå 1757 sa at vertshusa i byane ikkje fekk skjenke brennevin til allmugefolk frå landet. Dersom dei drakk seg fulle, skulle

³⁰ Kristiansen, 1934, 36

³¹ Kristiansen, 1934, 22. 1 spd. i 1916 = 195kr etter dagens verdi. 250 000 spicedaler = 48 ¾ millionar kroner.

³² Kristiansen, 1934, 1

³³ Møller, 1828, 5-6

³⁴ Kristiansen, 1934, 2

³⁵ H. D. Inglis, *A personal narrative of a Journey through Norway, part of Sweden, and the islands and states of Denmark*, 4. utg., London, 1837, 103

³⁶ Satt over frå «the white sparkling snow, upon which the eye must rest during seven months in the year [...]» i Inglis, 1837, 103

³⁷ Kristiansen, 1934, 32

allmugefolket bli straffa med bøter. Forbodet vart ifylgje Kristiansen ikkje overholdt og ”gjæstgiverstederne blev for en stor del til brændevinssjapper, hvor folk fra bygden kom sammen og drak.”³⁸

Brennevinslova sine konsekvensar

Då det i 1816 vart opna for fri brennevinsproduksjon for alle som sat på matrikulert jord, og då importen av brennevin tok seg opp i åra etter 1814, eksploderte forbruket i Noreg.

Kristiansen meinte ei av årsakene var at Noreg omtrent hadde vore tørrlagt i krigsåra, og at det aukande forbruket var ein reaksjon på tørken. Historikaren Odd Robbestad ser det auka forbruket som årsaka av den usikre tida ein levde i. «Folk drakk, om de enn hadde dårlig råd, for å døyve den uro og angst, som var en følge av tidens usikkerhet på det økonomiske område.»³⁹

Dei høge kornprisane i krigsåra hadde skapt ringverkingar også i brennevinsindustrien. Ifylgje biskop Neumann hadde brennevinsprisen stigi så høgt i 1913/14 at «den ringere klasse i kjøbstæderne ei formaaede at skaffe sig synderlig tilfredstillelse av denne nektar [...].»⁴⁰ Dette underbyggjast av biskop Johan Storm Munch som i 1827 skreiv at brennevinet var dyrare før, då det berre kunne kjøpast i byane. Dette gjorde at freistainga til misbruk mindre.⁴¹

Kva gjaldt åkerdyrkninga viste det seg at lova gav resultat. Frå 1803-1835 auka potetproduksjonen med nesten 200 000 tonn, og stod for heile 26 prosent av den totale matproduksjonen i 1935.⁴² Av mange vart lova difor betrakta som ei av dei «ædleste Frugter paa Norges unge Frihedstræ». ⁴³ Biskop Munch var likevel ikkje nøgd med den utviklinga brennevinsdrikkinga hadde fengje etter 1816. I 1827 skreiv han «Nogle betimelige Ord om Nødvendigheden af at indskräne Brændevinets Misbrug», der han studerte fylgjene lova hadde hatt for edruelegdomen i Noreg. Han meinte dei edruelege fylgjene lova førte med seg, var noko det måtte setjast meir fokus på, og trakk mellom anna fram døme frå Telemark. Det «udskjenkes ved Bryllupper fra 5 til 8 Ankere Brændevin», og bryllaupsgjestene kom ofte rusa til kyrkja og hadde brennevinet med seg. Dei let «Flaskerne gaae rundt, saavel paa som

³⁸ Kristiansen, 1934, 126

³⁹ Odd Robbestad, *Kragerø 1810-1840: Sjøfart – handel – industri, økonomiske forhold under og etter krigen 1807-1814*, Kragerø, 1945, 82-83

⁴⁰ Bergens Stiftstidende 1840 nr. 25 i Kristiansen, 1934, 17

⁴¹ Johan Storm Munch, *Nogle betimelige Ord om Nødvendigheden af at indskräne Brændevinets Misbrug og den ved Lov af 1ste Juli 1816 tilladte Brændevinsbrænden i Fædrelandet*, Christiansand, 1827, 10

⁴² Jf. «Potetproduksjon i Norge» på nettstaden:

http://www.regjeringen.no/upload/LMD/Kampanje_potetens_ar/vedlegg/Potetplakat%205%20Potetproduksjon%20i%20Norge.pdf (lest 31.05.13, kl. 13)

⁴³ Munch, 1827, 3

udenfor Kirkegaarden, og anstille vilde Dandse paa fri Mark nogle Skridt fra Kirken.»⁴⁴
Dersom skildringa stemmer, tyder det at brennevinsbruken var ganske omfattande. Eit anker svarar til 38,6 liter. Det vart slik skjenka mellom 193 og 308 liter brennevin ved bryllaupet.

I ei innstilling frå regjeringa til kongen i 1835 vart det bemærka at «[...]Dyrkningen af Poteter til Brændeviin gaaer fremad med saa stærke Skridt, at der maaskee er Grund til at frygte for, at dette begynder at skee paa Fødeavlens og Foderværtens Bekostning, og at saaledes Brændeviins-Productionen mulig er paaveie til at virke ødelæggende paa Rigets Jordbrug.»⁴⁵ Same året skreiv amtmannen i Buskerud, Gustav Peter Blom, at det eksisterte 366 «Branntweinsbrennereien» i Noreg.⁴⁶

Det nye lovverket fekk forbruket til å auke kraftig. Tekniske framskritt innan brennevinsproduksjon og gjennombrotet for potetdyrkninga var også årsak til auken. 1833 vert av mange rekna som rekordåret for alkoholforbruk i Noreg.⁴⁷ I 1833 vart det drukke kring 12,3 liter rein alkohol per innbyggjar, og då reknas det med brennevinet åleine.⁴⁸ Til samanlikning vart det ifylgje statens institutt for rusmiddelforskning, *Sirus*, drukke 5,2 liter rein alkohol per innbyggjar i 2010, medrekna alle typar alkoholhaldig drikke.⁴⁹

«Festdrykk» vert «kvardagsdrykk»

Då Brennevinslova av 1816 slapp brennevinsproduksjonen fri, eksploderte alkoholkonsumet i Telemark. I Vinje hadde ein nytta brennevin sidan 1700, men det var først no det vart ordentleg merkbart, ifylgje Berge.⁵⁰ I 1756 vart all brenning sønnafjells forbode. Forbodet resulterte i at vinbyggjaren måtte kjøpe brennevinet sitt i byen, noko dei også gjorde.⁵¹ Det var «ymist med drykk i andre halvpart av 1700-aari, men daa høyarde drykken helst til lag og haagtadir».⁵²

⁴⁴ Munch, 1827, 11

⁴⁵ Amtmannsmeldingane, NOS, No. 23b, 1835, Anhang, 347

⁴⁶ Gustav Peter Blom, *Das königreich Norwegen: Statistisch beschrieben*, Leipzig, 1843, 240-241

⁴⁷ Sjå ma. Beate Steinkjer (red.), link: <http://www.forebygging.no/en/Teori/Overordnede-perspektiver/Akohol-og-narkotikapolitikk---samt-fakta-om-rusmidler/Store-svingninger---klar-trend/> (03.04.13, kl. 16.00)

⁴⁸ Til dette må det nemnast at alle opplysningar om brennevinsforbruk før 1849 er usikre, då den norske brennevinsproduksjonen ikkje vart lagt under statsstyring før dette. (Jf. NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 5) Tala frå 1833 reknar med smugbrenning, medan statistikken frå 2010 kun reknar med det registrerte forbruket.

⁴⁹ Sirus, Marit Edland-Gryt (red.), *Rusmidler i Norge 2012*, 24

⁵⁰ Berge fortel at brennevinet kom med dei militære «'mannskapi' som 'laag ute'» og som slo seg ned i bygda kring 1700. (Berge, 1973, 157) Før dette heldt telebonden seg hovudsakleg til ølet. Dette støttar opplysningsane frå Amund Helland oppunder. Allereie på 1600-talet tok bøndene med seg varer til Skien «[...]hvorfra de førte med sig hjem korn og salt, øl, vin og krydderier tilligemed lidt manufakturvarer». Brennevinsandel vert ikkje nemnt. I ein spesifikasjon over Skiens næring frå 1722 står det at det vart innført vin, brennevin og tobakk frå Holland, og kornbrennevin frå Danmark. (Jf. Amund Helland, *Norges Land og Folk, Topografisk-Statistisk Beskrevet VIII: Bratsberg Amt I*, Kristiania, 1900, 351)

⁵¹ Berge, *Vinje og Rauland II*, 1973, 156-157

⁵² Berge, 1975, 211

Etter 1816 kom det Berge kallar *kvardagsdrykken*. «Dei baud brennevin som du byd ein kaffekopp no, ja sumstad fylgte det dram til maten baade ei og tvo gongir til dagen, i kvar arbeidsøykt der husbonden var av dei fluse.»⁵³ Vinbyggjarane brende visstnok minst ei gong i månaden, og kring høgtidene skjedde det oftare.⁵⁴ I Vinje fanst det både kornavlingar og poteter nok til å kunne produsere brennevin, men mange mangla brenneriutstyr då dette var konfiskert av lensmannen i 1811. Smarte kremmarar gjorde butikk på utstyrsmangelen.

«Hardingane, soleis Knut Opedal fraa Ullensvang, nytta det framifraa handelshøvet og kaupte upp brennevinsgognir i Bergen, kom førande med desse til marknads og truleg au andre aarstidir, so vinbyggjar og strandbyggjar fekk seg gogn aa segja paa kvar gard.»⁵⁵

Hans Jacob Wille skreiv i 1786 at folket i Øvre Telemark levde gjennom tre prinsipp; «Følg gammel Skik. Staae imod alle nye Anordninger. Ret dig efter Mængden.»⁵⁶ I kjeldene frå 1800-talet kan det sjå ut som om desse prinsippa levde vidare. Kristiansen viser i ei visitasmelding får Øvre Telemark for 1824 at prosten meinte det ikkje var mogleg å få tak i tenestefolk utan at dei fekk jord til å dyrke korn og poteter til brenneinsproduksjon.⁵⁷ Stortingsmann Gasmann frå Gjerpen uttalte i Odelstinget i 1821 at «[d]et gaar endog saa vidt paa mange steder at ingen mand kan faa fæstet en tjenestepige eller karl, undtagen han akkorderer dem en vis del korn eller poteter som de skal have tilladelse at brænde brændevin av»⁵⁸. I Biskop Munch si visitasforteljing frå 1828 skreiv Munch at «Øvre Telemarken er det distrikt i stiftet hvis indvaanere lægger for dagen den største raahed, aandelig sløvhed, hang til drukkenskab og løsaktighed.»⁵⁹ I eit skriv frå året før skreiv han at «[...] Gaardmænd, tvert-imod Lov og Anordninger, tilstede deres Tjenestefolk at sætte Potatos paa deres Jord, som Løn for deres Teneste»⁶⁰. Når tenestemennene og jentene drog frå gardane etter at haustinga var unnagjort, fekk dei låne brenneinsapparat av bøndene. «[...] Man kan saaledes uden Overdrivelse sige, at næsten enhver Gaard og Hytte, i mange Sogne ere en bestandig dampende Brændevinskjedel, og forstørstedelen ulovlige Kroer og Brændevinsboder.»⁶¹ Sokneprest Heltberg i Tinn rekna drukkenskapen som den største lasta i stiftet og i landet i 1817.⁶² Det vart stadig klaga på ungdommens nattesvermeri, og særleg nattefriinga. Nattefri-

⁵³ Berge, 1975, 211

⁵⁴ Berge, 1973, 159

⁵⁵ Berge, 1973, 157

⁵⁶ Wille, 1989, 148

⁵⁷ Kristiansen, 1934, 48

⁵⁸ Stort. Ark. 1821, O.E.P., 56. i Kristiansen, 1934, 48

⁵⁹ Kristiansen, 1934, 72

⁶⁰ Munch, 1827, 10

⁶¹ Munch, 1827, 10

⁶² Helge Dahl, *Skolen i Tinn: En oversikt ved 250 års jubileet for grunnskolen i Norge*, Tinn, 1989, 28-29

inga var visstnok vanleg heilt fram til det tjugande hundreåret, og skikken bidro til å «[...] fordærve Sæderne for begge Kjøn».⁶³

I 1824 skrev Kyrkjedepartementet til Justisdepartementet at «[d]rukkenskab og ungdommens forførelse til svir og andre laster tager overhaand i mange distrikter av landet, saasom i Nordre Gudbrandsdalen, Øvre Telemarken, Indre Sogn».⁶⁴ I ei visitasforteljing frå Mo prestegjeld det same året, sa prosten at det i alle store tilstellingar var «beværtingens maal at faa gjæsterne fulde, at fast ingen ved saadan anledning undgaard ruset».⁶⁵ Ifylgje prosten meinte ein at dette hørde til selskapets orden, og ikkje måtte sjåast på som noko negativt. Dette gjaldt visstnok for heile Øvre Telemark. Erfaring viste at berre fåtalet hadde sjølvdisiplin nok til å la brennevinet bli ståande. I staden vart det drukke opp så snart det var brent.⁶⁶ I 1825 skrev biskopen om same prestegjeld at kvinnene ikkje let vere å ruse seg, og at ein hadde døme på at «de i en saadan tilstand slaaes og bides ligesaa vel som mandkjønnnet.»⁶⁷

I Tinn heitte det i 1826 at misbruk var sjeldan, utanom i «gilder med bryllup, barsler og begravelser», der gamal skikk førte til meir bruk av øl og brennevin enn det verten si formue tillot og gjestene hadde godt av.⁶⁸ Frå Moland i Fyresdal meldte prosten same året om episodar der menn og kvinner samla seg til drikk, og deretter sprang inn i uthusa og sökte «seng med hinanden i flæng, hvorav den mest føiske løsaktighed maa blive en uudblivelig følge.»⁶⁹ Året før skrev biskopen at det klagdes over eit «skrækkelig fylderi» der også barn av begge kjønn i sin tidlege ungdom vart så fulle at dei låg «henslængt paa marken i bevidstlös tilstand [...].»⁷⁰ Almuemennene ytra at dei ikkje såg framtida i møte utan bekymring når dei tenkte på «den lastefulde opvoksende ungdom.»⁷¹ Vidare fortalte biskopen at det ikkje var uvanleg at folk kom rusa til kyrkja og hadde «brændevinsflasken med sig i Guds hus» og forårsaka «sstøi og forargelse under gudstjeneste.»⁷² Den same biskopen skrev året etter om Lårdal der «foreldre i deres blindhed tror at bevise børnene en tjeneste ved tidlig at vænne dem til brændevinsdrik». ⁷³

⁶³ Dahl, 1989, 29. Det går ikkje fram kvar Dahl har henta dette sitatet.

⁶⁴ Kristiansen, 1934, 75

⁶⁵ Kristiansen, 1934, 94

⁶⁶ Kristiansen, 1934, 101

⁶⁷ Kristiansen, 1934, 96

⁶⁸ Dahl, 1989, 29

⁶⁹ Kristiansen, 1934, 96-97

⁷⁰ Kristiansen, 1934, 98

⁷¹ Kristiansen, 1934, 98

⁷² Kristiansen, 1934, 90

⁷³ Kristiansen, 1934, 98

Som fylgje av fyll måtte tinget hevast i Hjartdal i 1825. Same året vart det klaga over brennevinssal og festing på auksjonar. Flasker med brennevin vart auksjonert vekk, medan kar vart fyldt med brennevin for å heve prisane under auksjonane i Kviteseid.⁷⁴ I Seljord vart det same året gjort kjend at dei som heretter kom rusa med skrik og larm til kyrkja, og dei som dansa på kyrkjegarden, måtte vente seg å bli melde til politiet.⁷⁵ Frå fjellbygdene Telemark i 1827 skreiv Munch at alle husets folk vart innlemma i «denne liflige nektar, og selv børn i deres spede alder indvies til dens nydelse.»⁷⁶

Brennevinslova av 1816 hadde fått begeret til å renne over. Drikkevondet var oppdaga. No måtte det temjast. Det første initiativet kom frå måtehalde srørsla.

⁷⁴ Kristiansen, 1934, 87

⁷⁵ Kristiansen, 1934, 93

⁷⁶ Kristiansen, 1934, 98

Kapittel 3: Motarbeidina av drikkevondet: 1836-1859

Nokre prestar hadde lenge kjempa mot brennevinet. I 1780 gav mellom anna soknepresten i Fyresdal, Efraim Jæger, ut ei bok kalla «Menneskevennen, et moralsk Skrift, indeholdende Sandheder til Afskye for Drukkenskab, forfattet af een blant dem, som Elsker Jesum.»⁷⁷ I Telemark går det fram frå prestane sine visitasforteljingar at det vart oppretta lag til motarbeiding av brennevinsmisbruk i Tinn og Kviteseid allereie i 1827.⁷⁸ Eit sedskapsselskap i Mo hadde vedtatt at det berre burde skjenkast tre drammar til kvar mann under flyttingar og dugnadar.⁷⁹ Det ser ut som dei fleste tidlege laga skaut ut av kyrkjemiljø. Torvald Nordstoga nemner at Georg Wilhelm Willumsen, soknepresten i Bø frå 1815 til 1827, allereie i 1818 skipa eit lag for bygdefolket som forbaud å drikke brennevin.⁸⁰ Av uvisse årsaker vart laget aldri noko av. Laget i Bø hinta likevel om kva som var i vente.

Dei mange sedskapskapa som hadde motarbeiding av brennevinsmisbruk på agendaen, ville betre sedskapen i det heile. Sjølv om dei oppmoda til redusert brennevinsbruk, var det fyrst med måtehaldsrørsla det kom ein målretta kamp for å avgrense misbruken. Måtehaldsrørsla var ein reaksjon på drikkevondet Brennevinslova av 1816 hadde ført med seg. I Noreg vart dei fyrste foreiningane etablert kring 1830.⁸¹

Måtehaldsrørsla veks fram

Framveksten av reine måtehalds- og fråhaldslag var i stor grad knytt til impulsar frå USA og England. Dei fyrste måtehaldslaga vart danna i USA på byrjinga av 1800-talet. Fuglum skriv at det fyrste måtehaldslaget i verda oppstod i Moreau i staten New York i 1808. Laget hadde berre 43 medlem (alle menn), og vart oppløyst allereie i 1822.⁸² Dette var den fyrste forma for organisert motarbeiding av brennevin som folkerørsla sjølv tok initiativ til.

Vegen er lang frå Amerika til Telemark. Det tok likevel ikkje lang tid frå måtehalds-laget vart danna i New York, til det dukka opp eigne utgåver i Telemark. Frå Telemark var det stor utvandring på fyrste helvta av 1800-talet, og gjennom brevveksling og tilbakekomstar, vart truleg ideane frå Amerika delt med dei som sat att heime.⁸³

⁷⁷ Jf. J. L. Qvisling, *Fyresdals Prestegjelds og Presters Historie*, Skien, 1888, 332

⁷⁸ Jf. Kristiansen, 1934, 193

⁷⁹ Kristiansen, 1934, 193

⁸⁰ Nordstoga, 1998, 27

⁸¹ Fuglum, 1972, 66

⁸² Fuglum, 1972, 67 (Denne opplysninga kjem også fram i Dr. Ferdinand Lochmann, *Alkohol*, 1884, 40)

⁸³ I Per Fuglum, *125 år for Alles Vel: Det norske totalavholdsselskap 1859-1984*, Oslo, 1984, 11 kjem det fram at Asbjørn Kloster, skiparen av DNT, nytta døma frå utlandet då han danna sine eigne foreiningar i Stavangerområdet kring 1860. Når det gjaldt måtehaldsraga, skriv Fuglum at det derimot er lite truleg at stiftarane hadde like god detaljkunnskap om organisasjonsformene. Likevel reknar han med at dei som tok

Dei fyrste laga i Noreg vart dårlig organisert. Mangelen på organisering utan bruk av protokollar, gjer sitt til at kjeldetilfanget er dårlig eller ikkje eksisterer i det heile.⁸⁴

I 1840 gav amtmannen i Telemark, F. C. Hansen, måtehaldsforeiningane, «[...]der saavel ved sin umiddelbare Virksomhed blant de nærmeste Omgivelser, som ved sit Exempel og Aand har udbredt en Alvors-Stemning iblandt Almuesklassen, der giver haab om ædlere Frugter for Moraliteten i det Hele,»⁸⁵ æra for nedgangen i brennevinsproduksjonen.⁸⁶ Rørsla setje fokus på det vonde som oppstod kring brennevinsdrikken. Den oppstod i ei tid då sosiale og kulturelle instansar og lovverk vart etablert. Ein fant seg i ei brytningstid der gamle tradisjonar og tenkemåtar vart satt til side for nye mønster for korleis samfunnet skulle organiserast. Ifylgje Lochmann var fråhaldssaka eit uttrykk for det etiske arbeidet som vart gjort i Noreg på 1830- og 1840-talet.⁸⁷ Historikaren Ellen Schrumpf viser at det fins ein kontinuitet i den sosiale utviklinga gjennom utviklinga av kulturelle og sosiale reformer og lovverk. Ho trekkjer mellom anna fram fattiglova frå 1845 og sinnsjukelova frå 1849 som døme frå denne tida.⁸⁸

Måtehaldsprofilen var tufta på ein måtehalden bruk av alkoholhaldig drikke. Dei ulike laga hadde lokale reglar for kor mykje medlemene fekk lov til å drikke. I dei fleste laga var det lov å nyte øl og vin, til dels også brennevin, berre det vart gjort med måte. Medlemskap fekk ein gjennom å signere ei kontrakt der ein lova å motsette seg brennevinsmisbruk. Lovene medlemene plikta seg til varierte frå lag til lag, men hovudbodskapen var å fjerne misbruket.

Ifylgje Nordstoga vart det fyrste måtehaldslaget i Telemark danna 4. desember 1840 i Drangedal av sokneprest Ole Nilsen.⁸⁹ Med tanke på amtmansmeldinga frå 1840, må det ha eksistert måtehaldslag også før dette. Medlemene skrev under på at dei aldri skulle nytte brennevin som dagleg drikk, nytte brennevin ”til upligt”, aldri overtale nokon til å drikke brennevin, ikkje lønne nokon med brennevin, og elles ”bidrage efter muligst evne til at mod- arbeide brændevinsdrik ved formaning og eksempel”.⁹⁰

Måtehaldsrørsla var ikkje den einaste faktoren i samfunnet som hadde fått auga opp for at noko måtte gjerast kva gjaldt brennevinsforbruket. På Stortinget hadde ein for lengst

initiativ til å opprette måtehaldslaga i Noreg visste om rørsla som allereie fanst i USA og etter kvart Storbritannia. (Jf. Fuglum, 1972, 69)

⁸⁴ Dei kjeldene som eksisterer frå måtehaldslaga stammar stort sett frå nedteikningar frå dei seinare fråhaldslaga. (Fuglum, 1972, 69)

⁸⁵ Amtmannsmeldingane, NOS 24B, 1836-1840, 93

⁸⁶ Amtmannen skriv samstundes at nedgangen hang saman med at produksjonsavgifta vart heva.

⁸⁷ Jf. Lochmann, 1884, 41

⁸⁸ Ellen Schrumpf, *Berus eder!: Norsk drikkekultur i de siste 200 år*, Oslo, 2003, 52

⁸⁹ Måtehaldslaget i Drangedal starta visstnok aldri noko aktivt arbeid mot brennevinet. (Nordstoga, 1998, 8)

⁹⁰ Nordstoga, 1998, 9

merka seg den aukande drukkenskapen Brennevinslova av 1816 hadde ført med seg. I 1821 skreiv stortingsmann Gasmann til Odelstinget at på grunn av dei låge kornprisane, hadde det blitt vanleg å høyre bonden seie ”ligesaa godt som jeg reiser til byen med mit korn og saa godt som giver det bort, kan jeg brænde brændevin derav og drikke det op”.⁹¹

Reformering av Brennevinslova av 1816

Gasmann var ikkje den einaste på Stortinget som hadde registrert auken i forbruket av brennevin etter 1816. I 1827 vart brennevinskatten som før hadde liggi på matrikkelen overført til kjelane som vart nytta til brenning. I byane vart brennevinskatten per potte heva. Dette førte til at dei 10 800 brennevinskjelane av liten størrelse som eksisterte i byane i 1827, vart redusert til 447 i 1843.⁹²

Frå Telemark vert det opplyst at det i perioden 1836-1840 eksisterte 13 brenneri i Nedre-Telemark- og Bamble fogderi. I Øvre Telemark fogderi eksisterte det 86 brenneri. Det høge talet tydde likevel ikkje at det var nokon stor produksjon ved brenneria. Mange av brenneria var ikkje i drift, og det er difor ikkje råd å rekne produksjonsmengda av brennevinet.⁹³ Ved utgangen av 1845 meldte amtmannen at det eksisterte 21 brenneri i Bratsberg amt som årleg produserte 7393 potter brennevin.⁹⁴ Den kraftige nedgangen hang saman med ny lovgiving som kom kring 1840.

«Lov om salg og skjæning av brændevin» vart innført i 1837 og sa mellom anna at skjenking (til fortæring på stedet) berre var lovleg av personar med særleg skjenkerett. Tidlegare hadde alle med handelsborgarskap rett til å skjenke brennevin, men no vart dette skilt frå det alminnelege handelsborgarskapet. Handelsborgarane beholdt likevel retten til å selje brennevin, men dersom dei solgte i mindre parti enn fem potter, måtte dei betale ekstraordinær skatt til fattigkassa på 2 til 100 spd. Slik skatt vart også pålagt skjenkerettane.⁹⁵

Det er høgst truleg at dei mange måtehaldslaga hadde ei innverking på styresmaktene sine tiltak på det alkoholpolitiske område. Då dei restriktive alkohollovene vart fatta, skjedde det samstundes ei utvikling i meir alkoholfientleg form i fråhaldsrørsla. Dei restriktive alkohollovene vart vedtatt omtrent samstundes som landets fyrste fråhaldslag vart stifta i Stavanger i 1836.

⁹¹ Stort. ark. 1821, O. E. P. 56. i Kristiansen, 1934, 124

⁹² St. forh. 2 d., nr. 28, s. 13 i NOS V. 124, *Alkoholstatistik*, 1910, 2

⁹³ Amtmannsmeldingane, NOS 24B, 1836-1840, 93

⁹⁴ Amtmannsmeldingane, NOS 25B, 1840-1845, 276,

⁹⁵ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 3, og St. forh. 2 d., nr. 28, s. 13 i ibid., 2-3 (i fotnote)

Frå måtehald til fråhald

«Næsten i ethvert Præstegjeld i de 3 sydlige Stifter findes Maadeholdsforeninger, der nu alt mere og mere begynde at gaae over til Afholdsforeninger,»⁹⁶ skreiv den statslønna fråhaldsagenten Kjeld Andresen i ei melding til Kyrkjedepartementet i 1845. Dei fleste måtehaldslaga som hadde oppstått, forsvann raskt etter danninga, tok til seg eit prinsipp tufta på strengare fråhald, og utvikla seg dermed til fråhaldsrørslar.⁹⁷ I Drangedal fekk ein slik «Drangedal Afholdsselskab mod Brennevin» i 1848.⁹⁸ Den eldste fråhaldsforeininga i landet vart stifta i Stavanger i 1836.⁹⁹ Fråhaldslaget i Stavanger hadde sitt utspring i ein pietistisk krets av høgtståande menn. Av dei som sat i styret fanst både herrnhutarar og haugianarar, og det skulle snart vise seg at dei komande fråhaldslaga også vart danna på initiativ frå religiøse.¹⁰⁰

Handelssamkvemet med England var inngangen for fråhaldsrørsla til Noreg. Denne vart forsterka av kvekermenigheita i Stavanger og dei mange kyrkjesamfunna i byen sitt omogn.¹⁰¹ Etter etableringa i Stavanger i 1836, spreidde fråhaldstanken seg raskt. Det vart kronologisk oppretta fråhaldslag i Flekkefjord, Ryfylke og deretter Egersund. I 1837 vart det oppretta minst ni nye lag. I løpet av tre år fans det 16 fråhaldslag i Noreg – frå Hardanger i nord til Lyngdal i sør aust.¹⁰²

Det arbeidet som vart gjort frå Stavanger kva gjaldt etableringa av fråhaldslag fram til 1840, gav fråhaldstanken bein å gå på. Ettersom nye lag vart danna tok desse del i arbeidet. Ein av dei som deltok var Fredrik Tobias Knudsen frå Farsund.

Fråhaldstanken kjem til Telemark

Knudsen var fråhaldsagent; ein omreisande talar som agiterte mot brennevinet og sokte å stifte fråhaldslag. Foreldra var prega av den herrnhuterske retninga, noko som også hadde innverking på Knudsen sitt livsval.¹⁰³ Det var han som i 1836 lanserte tanken om eit landsdekkjande misjonsselskap. Av nokon har han også fengje æra for å ha opna kampen mot brennevinet i Noreg.¹⁰⁴ Gjennom reissene han gjorde til Trondheim og Austlandet for å preike

⁹⁶ Uttalelse av Kjeld Andresen i Fuglum, 1972, 72

⁹⁷ Fuglum, 1972, 72

⁹⁸ Det same skjedde med den andre måtehaldsforeininga Nordstoga nemner. «Gjerpen Sogn og Omogn Maateholdsforening» vart skipa på Bratsbergkleiva 16.2.1841 med Herman Bagger som formann. I 1846 hadde foreininga 307 medlemar. Av desse var 72 reine fråhaldsfolk, noko som gjorde at dei braut ut i 1847 og danna «Gjerpen Sogn og Omogn Afholdsforening» med amtmann Aall som formann. (Jf. Nordstoga, 1998, 9-12)

⁹⁹ Kristiansen, 1934, 193

¹⁰⁰ Fuglum, 1972, 74-76

¹⁰¹ Fuglum, 1972, 78

¹⁰² Fuglum, 1972, 79

¹⁰³ Fuglum, 1972, 81

¹⁰⁴ Det er omstridt kven som var føregangsmannen for den organiserte kampen mot brennevinet i Noreg. Den oppfatninga som her er presentert er henta frå Idar Handagard sin artikkel om Knudsen (Midtbø, *Alles vel er vårt mål: 21 profilar i norsk edruskapsrørsle*, Oslo, 1960, 144). Fuglum er ein av dei som avviser Knudsen som opp-

fråhaldssak, stifta han ei rekkje nye lag.¹⁰⁵ Knudsen si reise til austlandet resulterte visstnok i at det kring 1840 oppstod kontaktar med Stathelle.¹⁰⁶ Spor etter lagdanningar er ikkje å finne, noko som truleg har samanheng med den tidlegare omtalte mangelen på kjelder.

I oktober 1844 vart Telemark vitja av ein annan fråhaldsagent. Denne gongen var det av Kjeld Andresen. Han fekk stor tyding for det norske fråhaldsarbeidet. I løpet av turneen i Telemark, skipa han fråhaldslag i mellom anna Porsgrunn, Skien, Brevik, Eidanger, Solum, Mælum, Hitterdal, Hjartdal og Kviteseid. I alt vart det skipa 11 nye lag i løpet av 1844.¹⁰⁷ Året peiker seg slik ut som eit rekordår for nydanningar av lag i Telemark, men det ser ut til å vere uvisst kva type foreining det gjaldt.¹⁰⁸ Andresen setje i gang ei utvikling i organisasjonslivet i Telemark og fråhaldsrørsla vart snart eit viktig innslag i samfunnet. Fuglum gir Andresen æra for at fråhaldsrørsla kom i gang i Telemark.¹⁰⁹ Sjølv forklarte Andresen tilslutninga han opplevde til fråhaldslaga han stifta på austlandet gjennom folkeviljen. Han meinte det fanst ei oppfatning i folkedjupet om at brennevinet måtte fjernast. Han meinte folk i heile landet hadde erkjent at det ikkje fanst nokon annan løysing på dei skadelege fylgjene brennevinet førte med seg, enn å avskaffe heile skikken med brennevinsdrikk.¹¹⁰ «Paa intet Sted, selv ikke i det afsidesliggende Tellemarken, er man forbleven upaavirket af den nyere Tids Bestræbelser for at trænge Brændevinet tilbage til dets oprindelige og rette Brug [...],» skreiv han i ei årsmelding frå det fyrste reiseåret.¹¹¹

Tanken om å fjerne brennevinsdrikken frå samfunnet eksisterte ikkje berre på grasrota. I 1842 setje Sorenskrivar Falsen fram eit forslag i Odelstinget om å innføre eit forbod mot brennevinsproduksjon.¹¹² Forslaget vart støtta av kragerøværingen Anton Martin Schweigaard. Schweigaard hadde vore ein av dei viktigaste hovudmennene bak omorganiseringa av brennevinsproduksjonen og beskatninga som skjedde åra før. I Odelstingsdebatten framheva

havsmannen til det organiserte fråhaldssarbeidet. Diskusjonen har sitt utgangspunkt i problematiseringa kring at den seinare fråhaldsagenten Kjeld Andresen har fått størstedelen av æra for spreiinga av fråhaldstanken på 1840-talet. Fuglum meiner leiaren for det fyrste fråhaldslaget i Stavanger, Søren Daniel Schiøtz istaden bør tilleggas denne utmerkinga. Han legg likevel vekt på at Knudsen hadde stor tyding for rørsla sin eldste historie. (Fuglum, 1972, 90) Nordstoga trekker fram Christen Eriksen som ein av dei fyrste som tok opp edruskapsarbeidet i Telemark, men om han fortel Nordstoga svært lite då det omrent ikkje eksisterer kjelder frå det arbeidet han gjorde. (Nordstoga, 1998, 7)

¹⁰⁵ Idar Handagard, «Fredrik Tobias Knudsen», i Midtbø, 1960, 144

¹⁰⁶ Fuglum, 1972, 83

¹⁰⁷ Nordstoga, 1998, 11

¹⁰⁸ Nordstoga er ikkje konsekvent når det gjeld skiljet mellom dei eksisterande foreiningstypane. Då det fyrst og fremst var brennevinet som skulle avgrensas i begge laga, har eg ikkje funne det naudsynt å gå vidare inn i dette.

¹⁰⁹ Fuglum, 1972, 96

¹¹⁰ Kjeld Andresen, Årsberetning for 1. reiseår, i Fuglum, 1972, 97

¹¹¹ Kjeld Andresen, Årsberetning for 1. reiseår, i Fuglum, 1972, 97

¹¹² Lochmann, 1884, 42

han at «man gjerne kunde erklære sig for en fri Handel i Almindelighed, uden derfor at ville tillade Udsalg af en Gift, hvormed Menneskers Sundhed og Liv sattes i Fare.»¹¹³

Falsen sitt forslag om brenningsforbod var enno for radikalt til at det vart vedtatt noko lov. «Hvor ønskeligt og nødvendigt Hans Majestæt end anser det [...] finder Hans Majestæt det dog med Hensyn til nærværende Lovbeslutnings indgribende Indflydelse paa enkelte Næringsveie, almindelige statsoeconomiske Forholde og Privates Eiendomsret, betænkeligt at give den Lovskraft [...],» uttalte kongen.¹¹⁴ Det måtte liggje gode løysingar på plass for korleis ei slik lov skulle handhevast. I tillegg måtte ein vere sikker på at eit slikt forbod uttrykte «Nationens samstemmige Ønske».¹¹⁵ Istaden vart avgifta på brennevinsproduksjonen heva. Frå 1842 til 1869 steig avgifta ein måtte betale for kvar produsert pott med brennevin frå 2 til 12 skilling. «Fristelsen til å utnytte denne utmerkede melkeku var for stor», skriv Carl Lund.¹¹⁶

Forslaget frå Falsen vitnar om at det fanst ei stemninga for innskjerping i rettane til brennevinsproduksjon også blant styresmaktene. Argumentasjonen handla hovudsakleg om sosialpolitikk, og sjølv kongen uttalte at folkeviljen måtte stå i høgsete. Lochmann meinte forslaget markerte skiljet mellom dei politikarane som søkte ei dogmatisk løysing, og dei som søkte ei praktisk løysing i alkoholpolitikken.¹¹⁷

Raud-Smitt og vinbyggjarane

Å framstille folkemeininga kring brennevinsspørsmålet på 1840-talet som ei einsretta edrueleg meining, ville vore å teke munnen full. Mange stadar fanst det dei som ville halde på brennevinet, og det var stadig knytt sterke tradisjonar til drikken. Dette kjem mellom anna fram i ei melding frå ein formann i ei foreining i Øvre-Telemark i 1854.¹¹⁸ Når kvinnene på denne plassen skulle føde «[...]bydes Enhver, der træder ind i Huset, en Dram. Derefter giver den Indtrædene hende en Gave af $\frac{1}{2}$ til 10 Spd og er nu en Gjæst i Huset, indtil alt Flydende er fortærret.»¹¹⁹ Tradisjon var stadig knytt til drikken.

¹¹³ Lochmann, 1884, 42

¹¹⁴ Jf. St. forh. 1845, 2 d., nr. 28, s. 37 i NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4

¹¹⁵ Jf. St. forh. 1845, 2 d., nr. 28, s. 37 i NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4

¹¹⁶ Carl Lund, *A. M. Schweigaard som stortingspolitiker*, Oslo, 1958, 188

¹¹⁷ Lochmann, 1884, 43

¹¹⁸ Meldinga gjekk til «Den norske Forening mod Brændevedsriik» som vert handsama seinare.

¹¹⁹ RA/PA-1234/F/L0002, 17: Aarsberetning for 1854 B, Oversigt over de indkomne Beretningers Indhold, meddelelse af H. Halling.

I Vinje vart det fyrste måtehaldslaget stifta i 1841 av sokneprest Anton Elias Smitt.¹²⁰

Presteembetet hadde han fengje året før, og arbeidet med drukkenskapen må ha kome fort igang. Smitt var visstnok like godt skikka til politisk og sosialt arbeid, som til forkynnar av kristendomen. ”Kommunestyret vert umgjort reint til eit lite storting”, skriv Berge, og peiker på dei mange nemndene Smitt satte ned.¹²¹ Tilnavnet ”Raud-Smitt” fekk han av sine motstandarar grunna hårfargen.¹²²

Den hårdaste kampen om måtehaldssaka skal ha stått mellom sokneprest Smitt og felespelaren Aslak Høgetveit. Det fanst etterkvart mange som hadde skrivi seg inn i Vinje måtehaldslag utover 1840-talet. Aslak var ein av dei som framleis nekta.

«Eg heve drukkje i selskap aa de vi’ eg gjera,» sa Aslak. «Ja, saa faar du vandre som en daare som du har gjort,» sa presten. «Ja, de skò snart vise seg kven æ støri daare, eg hell presten,» sa hin att. Dei hadde lova dei ikkje skulde drikke i hus og so drakk dei ute like radt, sa Aslak. Dei kom til aa gange meinsvorne alle, um dei ikkje løyste upp laget sitt.

Nokortid etter hadde Aslak ærend i Grungedal. Presten kom ut og vilde tala med honom, men Aslak tok hin under armane og støyrdie honom ned i snjoskavlen, som laag uppmoka jamsides vegen. Daa han kom att, hadde han tenkt seg um, gjekk inn til presten og spurde kva han vilde. Jau, presten vilde berre segja at det var nok alt for sant det Aslak hadde sagt um utedrikkingi.¹²³

«Nei, slutte ture det høvde ikkje for ein spelemann», skriv Berge, «[o]g Aslak Høgetveit var ikkje berre spelemann, men ein mykje god spelemann.»¹²⁴

Husbrenninga vert ein sagablott

Det tok ikkje lang tid før brennevinsrettane igjen vart handsama av politikarane. I 1845 vart det lagt fram ei rekkje forslag i Næringskomité 2, der Schweigaard sat som formann. Ein hadde allereie satt fram forslag om forbod mot brennevinsproduksjon, men desse hadde ikkje ført fram. Ole Gabriel Ueland var Bø-thranittane sin fremste talisman på Stortinget, og no la han fram eit forslag om å forby innførsel av brennevin og samstundes innføre totalforbod mot brennevinsproduksjon. Han fekk støtte av Schweigaard, men forslaget fekk berre 1/3 av stemmene i Stortinget.¹²⁵

¹²⁰ Berge, *Vinje og Rauland III*, 1940-44, 229. Ideen til måtehaldslaget hadde Smitt fengje frå Aslak Gardsjore frå Rauland. Gardsjore var også ein gudeleg mann – «næpen til aa bumerke, sette krossar paa koppar og umberd», skriv Berge. (Berge, 1940-44, 528)

¹²¹ Berge, 1940-44, 229

¹²² Smitt hadde ikkje sans for den nasjonale bondekulturen, og fekk folk til å kaste bunaden. Han var også motstandar av målsak og gjorde narr av Vinje-målet. Berge skriv at «[d]en tettbygde og smaaøygde og raudhaara mannen var framira til aa snu seg. Han kunde røde alle til lags med veltalande ord, og han saag mykje etter der makti og midden sat». (Jf. Berge, 1940-44, 229)

¹²³ Berge, 1940-44, 446

¹²⁴ Berge, 1940-44, 446

¹²⁵ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4 i tillegg til Ove Lunde, *Thranittene I Bø I Telemark : En Sosialhistorisk Analyse*, Oslo, Universitetet i Oslo, 1978, 39 + fotnote 9

I forkant av lovendringane som kom i 1845 hadde Falsen føreslege å forby brennevinsproduksjon når tilverkingsapparatet var mindre enn 200 potter.¹²⁶ Isofall ville det i praksis gjere husbrenninga forbode. I tillegg låg det ei rekkje framlegg om lover knytt til skjenking og «detaljhandel» av brennevin. Med «detaljhandel» meinast sal av ei mengde brennevin som var mindre enn 40 potter. Departementet sendte ut spørsmål til alle kommunestyre for å høyre deira mening i rusdrikkspørsmålet. I Vinje vart det difor vald ei nemnd til å handsame saka 13. februar 1843.¹²⁷ Nemnda, med Raud-Smitt i spissen, støtta opp om forslaga til Falsen.¹²⁸ Det gjorde også mange andre, og i 1845 vart den nye alkohollova vedtatt.

Falsen sitt forslag om å leggje minimumsgrensa på tilverkingsapparat til 200 potter vart vedtatt. I tillegg sa den at rett til detaljhandel med brennevin i kjøpstader (og ladestadar med eige kommunestyre) berre skulle kunne gis gjennom særskilte borgarskapsbrev, og ikkje lengre knytast til det ålmenne handelsborgarskapet. Detaljhandelen vart slik knytt til utsjenkingsretten. Dei som allereie var handelsborgarar, skulle behalde sin rett til å selje brennevin, også i detalj, men mista utsjenkingsretten dersom det ikkje var ei særskilt lov som sa noko anna. Likeeins beholdt herberga og restauratørane sin utsjenkings- og salsrett.¹²⁹

Brennevinsavgifta vart lik for alle brennevinshandlarar innanfor bygrensa, same om dei hadde stor eller lita omsetting. Avgifta vart bestemt i forhold til det kvantum brennevin kommunestyret antok at ville bli skjenka eller selt i detalj i året. «Hensikten med denne beskatningsmaate var at tvinge smaahandlere til at ophøre med brændevinshandel og at fordyre brændevinet [...].»¹³⁰ Elles skulle det ikkje gjevast løyve til nye rettar til sal og skjenking av brennevin i landdistrikta, anna enn etter heradstyret si anbefaling.¹³¹

Lova av 1845 markerer byrjinga på industrialiseringa innan brennevinsindustrien. Det var berre dei større bryggjeria som hadde kjelar med storleik over 200 potter, og brenninga vart difor i stor grad overlatt til byane.

Handhevinga av lovene

I kvar krins i landet vart det satt ned ombodsmenn som skulle passe på at det verken vart brent eller solgt brennevin ulovleg. I Telemark skulle det visstnok vere særleg ille i Grungedal og

¹²⁶ Jf. NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4

¹²⁷ Nemnda bestod av soknepresten, Olav Vaagslid, Hermann Gjellhus og Bjørn Gardsjore.

¹²⁸ Berge, 1975, 213

¹²⁹ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4

¹³⁰ Dette var eit prinsipp Schweigaard meinte var særleg viktig. (NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 5)

¹³¹ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4-5

Haukeli.¹³² I Edvard Holm si skildring av livet og skikkane i Telemark på 1800-talet, fortel han korleis lova vart oppfatta av ein bonde i samtida:

Det var om sommeren at kopper og kar blev borttat, og allerede samme høst da man tok op potetene, begyndte man i enkelte bygder at merke raattenhet hos dem, og man oppfattet det som en Herrens straffedom fordi man ikke nu længer kunde faa nyttiggjøre potetene paa bedste maate.¹³³

I fylge Kirsti Lothe Jacobsen var det i 1845 eit kraftig utbrot av ”tørråte”, ein ny og på den tid ukjent soppinfeksjon årsaka av ein kald og våt sumar, som øydela potetavlingane i store delar av landet.¹³⁴ I tillegg til at ein ikkje lengre kunne brenne i små kvanta, vart sals- og skjenkerettane reformert kraftig. Det skulle mellom anna ikkje gis nye rettar til nokon på landet utan heradsstyret si anbefaling. Det vart også lagt føringer på kor stor mengd brennevin det var lov å selje.¹³⁵ Heradstyret i Vinje fekk slik ei liste frå futen i 1845 som opplyste om kven i heradet som hadde lov til å selje brennevin i kvantum som var mindre enn fem Potter.¹³⁶

For å hindre tjuvbrenning vart det tilsett brennevinskontrollørar. Desse drog frå gard til gard for å fjerne dei brennevinsapparata som eksisterte. Det var visstnok desse som fekk mest ”hat og svivyrdnad” av bøndene.¹³⁷ Om brennevinskontrollør Andresen i Tinn, skriv Einung følgjande:

Namnet Andresen vart kjent i kvar ei kraa i bygdi, og honom ynskte dei nord og ned. Han kom hit som «lovens haandhæver» med retten paa si side, og fraa si eiga høgd saag han ned paa desse lovbrjotarane i ei avstengd bygd. Han hadde ei vand uppgaave, det skal vera visst; men so var han ikkje varsam i val av midlar. Han laug, narra og truga, og jannast maatte brennevinskoppane fram, um dei var gjøymde paa dei mest utenklelege stader. Folket saag paa dette som ran og røveri, som dei var fraatekne makt og rett til aa stogge.¹³⁸

”Folk hita seg upp for den urimelege maaten statskontrollørane og styresmagti tok annars manns eigedom», skriv Berge om brennevinkontrollørane si framferd.¹³⁹ Ein av desse var Aasmund Olavsson Vinje. I 1853 skreiv han i Andhrimner:

¹³² Dette er ei påstand Rikard Berge står for. (Berge, 1975, 213) I Eilert Sundt si undersøking frå 1859, vart ingen gifte menn karakterisert som «forfaldne». Jf. det som vert skrivi vidare i dette kapitlet om dette.

¹³³ Edvard Holm, *Fra Telemarken: Liv og skikke i det forrige aarhundrede*, Risør, 1911, 31

¹³⁴ Kirsti Lothe Jacobsen, «Poteter i norsk (mat)-rett», Utstilling, 2008, link:

<http://www.ub.uib.no/avdeling/jur/arkiv/potetutstilling.htm> (kl. 20.00, 10.04.2013) «Phytophthora infestans», som soppen vart kalla, var den same sjukdommen som førte til hungersnaua i Irland som drap halvannan million menneske mellom 1845 og 1846. Som i Telemark visstes ein ikkje kva som var årsaka til forråtninga. Ein skulda på ”damp fra damplokomotiver, elektrisitet fra telegrafstolpene, den nye guanogjødselen [...]”(Bill Bryson, *Hjemmet: En kort historie om de nære ting*, Litauen, 2013, 111-112). Dei dårlege avlingane må ha fått konsekvensar også for brennevinkontrollørane i dei andre europeiske landa som vart råka av soppinfeksjonen.

¹³⁵ Jf. NOS V, No 124, *Alkoholstatistik*, 4

¹³⁶ Berge, 1975, 213

¹³⁷ Halvor H. Einung, *Tinn Soga, Band I*, Rjukan, 1926, 503

¹³⁸ Einung, 1926, 503

¹³⁹ Berge, 1975, 214

Man erkjender, at Brændevinet er skadeligt og at det burde afskaffes; men det er Maaden, man gjør det paa, som vækker Forargelse og Forbitrelse i høieste Maade, og den, som vil drikke, kan drikke likefuldt, da Brændevinet er tilkjøbs i Byen. Man maa ud med rede Penge og faar ikke lov til at brænde sine smaa, frosne og raadne Æbler, som til kunde være saa nyttigt for Folk og Fæ og til en «vén Hægdagssvipi». ¹⁴⁰

Politikken med å fjerne alle brennevinsapparat fungerte til ei viss grad. Den allmenne brennevinsproduksjonen slutta på langt nær å eksistere. Sjølve drikken fekk ein likevel ikkje has på. *Kvardagsdrikken* vart redusert medan *festdrikken* førekomm oftare. «Baade til haagtidir og i store lag laut folk framleis hava nøgdi av øl og brennevin, gutar og gjentur gøynde paa skjenk, paa Rauland var hardingmarknaden ei fullkomeleg drykkjegilde, i Vinje fylgte det mykje turing med vegarbeidet», skriv Berge. ¹⁴¹

Alkohollovene som kom på 1840-talet hadde mykje å seie for edruelegdomen i heile landet. Ein kan likevel ikkje sjå lovene som den einaste årsaka til betringa. Det var folke-meininga som hadde ført tanken om innskrenking fram. Det var i forbindelse med den «opblomstrende private foreningsvirksomhet mot brændevisndrik» at lovene vart laga. ¹⁴² Verksemda fekk etter kvart ei fastare organisasjonsform, då Kjeld Andresen i 1845 tok initiativ til å samle alle lokalforeiningane mot brennevinsdrikk i ein eigen sentralorganisasjon. 24. februar 1845 vart slik «Den norske Forening mod Brændevisndrik» (DNFMB) stifta i Kristiania. ¹⁴³ Med på stiftinga var både Schweigaard og Falsen, i tillegg til statsrådene Vogt og Holst. ¹⁴⁴ Fråhaldsrørsla fekk slik ein forlenga arm inn i politikken med stødige leiarar.

I Telemark vart det stadig danna nye fråhaldsforeiningar. I 1845 meldte amtmannen at foreiningar mot brennevinsdrikk var oppretta i Drangedal, Eidanger, Gjerpen, Solum, Holla, Bø, Heddal, Hjartdal, Nissedal, Moland, Laurdal og Vinje. ¹⁴⁵ Fram til 1950 viser Nordstoga at det eksisterte 22 lag til motarbeiding av brennevinsdrikken i Telemark. I årsmeldinga til DNFMB for 1854, går det fram at det eksisterte 96 foreiningar med 13 577 medlemmar i heile landet. ¹⁴⁶

Innskrenkingane i alkohollovgivinga som fråhaldsrørsla i stor grad må få æra for, førte til ein kraftig reduksjon i talet på brenneri i Noreg. Talet på brenneri sank frå 1 387 i 1840 til 40 i 1850. ¹⁴⁷ Det same gjorde talet på detaljhandlar og utskjenkingsstadar. Berre i land-

¹⁴⁰ A. O. Vinje, *Skrifter i samling*, 1. band, 1916, 114. «Hægdagssvipi» tyder øl, brennevin eller anna drikke som måtte vere i hus ved heilagdagar.

¹⁴¹ Berge, 1975, 214

¹⁴² Jf. NOS V. 124, *Alkoholstatistik*, 3

¹⁴³ Einar Anthi, *Kjeld Andresen*, i Midtbø, 1960, 20

¹⁴⁴ Lochmann, 1884, 44

¹⁴⁵ I Holla vart det oppretta to. (Ammannsmeldingane, NOS 25B, 1840-1845, 89)

¹⁴⁶ RA/PA-1234/F/L0002: DNFMBD, Aarsberetningen for 1854 A

¹⁴⁷ Lund, 1958, 189

distrikta hadde talet på detaljhandlar og utskjenkingsberettiga minka frå 1 128 i 1847 til 501 i 1870.¹⁴⁸ «Brændevinshandelen i det Store taget er ophört paa Landet,» uttalte Schweigaard i 1869 om konsekvensane lovene frå 1845 hadde hatt.¹⁴⁹

I Telemark meldte amtmannen i 1850 at det ikkje fanst brenneri att i amtet.¹⁵⁰ Dei nye lovene hadde mellom anna resultert i ein kraftig nedgang i omsettinga av brennevin i Skien. I 1847 vart det omsett kring 190 000 potter brennevin, medan det før 1845 vart omsett 350 000 potter.¹⁵¹

17. august 1848 fall brenneria under statskontroll.¹⁵² Når store delar av brennevinsindustrien hamna under statskontroll, vart det mogleg å føre ein relativt nøyaktig statistikk over det rekna forbruket. Denne går fram i Vedlegg nr. 8. Frå 1851 fram til 1861 sank forbruket av brennevin målt i rein alkohol per innbyggjar frå 3,04 liter til 2,47 liter.¹⁵³ Oversikta over forbruk av alkoholhaldig drikke er ikkje berre nyttig for studiar av edruelegdomen gjort i ettertid. Statistikken vart også nytta hyppig i samtidas argumentasjon om den edruelege utviklinga.

Utan bruk, inga misbruk

På siste helvta av 1840-talet stagnerte nydanninga av fråhaldslag, for deretter å gå tilbake. Fuglum skildrar tida som ei krise i fråhaldsrørsla si historie.¹⁵⁴ Årsaka til tilbakegangen var mangearta. Gjennom fyrste helvta av 1840-talet var brennevinsdrikken i sterkt tilbakegang etter det høge forbruket på 1820- og 30-talet. Avgiftene som vart lagt på produksjonen gjorde det heller ikkje like lønsamt å produsere brennevinet. Saman med dårlige konjunkturar og uår i landbruket førte dette til eit lågt alkoholforbruk. Denne tendensen vitnar amtmannsmeldingane frå Telemark om allereie i 1840. Då meldte amtmannen at brennevinsdrikken hadde avtatt dei siste fem åra. Han gav den auka produksjonsavgifta på brennevin, og måtehaldsforeiningane sin agitasjon æra for dette.¹⁵⁵ I 1845 meldtest det at bruken av brennevin dalte overalt i

¹⁴⁸ St. forh. 2 d., nr. 28, s. 13 i NOS V. 124, *Alkoholstatistik*, 5

¹⁴⁹ St. forh. 1868-69, 9 d., s. 458 i St. forh. 2 d., nr. 28, s. 13 i NOS V. 124, *Alkoholstatistik*, 5

¹⁵⁰ Amtmannsmeldingane, NOS 26B, 1846-1850, H, 5. Framstillinga av brenneria i Telemark i perioden 1850-60 verkar ikkje å stemme med denne framstillinga. For perioden 1855-1860 meldte amtmannen at «Brændevins-brænderiernes Antal var forøget fra 33 ved Udgangen af 1855 til 34 ved Udgangen af 1860, idet dog i Løbet af en kortere eller lengere Tid af Fem-aaret i det Hele 41 Brænderier have været i Drift». (Amtmannsmeldingane, NOS I, C. No. 2, XXIV) Kva som er det korrekte talet på brenneri har eg ikkje fått nærmare inn i, men det er betenkleg at det i dei seinare amtmannsmeldingane ikkje kjem fram nye opplysningar om brennevinsbrenneria.

¹⁵¹ Her gjeld perioden frå 15. sept. 1847 – 15. sept. 1848. Østvedt skriv at størstedelen av brennevinsbrenneria i Skien fall bort i løpet av 1850-talet. Isofall er meldinga frå amtmannen feil. (Jf. Einar Østvedt, *Skiens historie: fra 1814 til ca. 1870, bind II*, Skien, 1958, 310-312)

¹⁵² Jf. NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 6

¹⁵³ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 28

¹⁵⁴ Fuglum, 1972, 93

¹⁵⁵ Amtmannsmeldingane, NOS 24B, 1836-1840, 93

riket.¹⁵⁶ Også denne gongen forklairst tilbakegangen med arbeidet lagt ned av måtehaldsforeiningane. Amtmannen skreiv at det no også hadde oppstått ein betre erkjenning utanfor foreiningane, «saa at det med langt mere endforhen ansees for en Skam offentlig at vise sig beruset».¹⁵⁷ Den ovannemnte offisielle forbruksstatistikken som gjaldt heile landet, må her nyttast som eit bilet på den gradvise reduksjonen i forbruk av brennevin. Gjennomsnittsproduksjonen i løpet av 1840-åra var blitt halvert.¹⁵⁸

Krisa i fråhaldsrørsla var truleg årsaka av eit lågt forbruk. Utan bruk vert det ikkje misbruk, og då var det heller ikkje naudsint å ta del i eit fråhaldslag. Ein hadde hamna i ein vond sirkel der oppfatning av drikkevondet ikkje lengre verka like skremmande som ved måtehaldsrørsla sin fødsel. Problemorienteringa kring brennevinet enda likevel ikkje på 1840-talet. Det heile hadde nett starta.

I Den norske Foreining mod BrændeViinsdrik var det framleis ein del som skreiv seg inn som medlemar. Medlemane vart fordra til å bidra med økonomisk støtte til foreininga, slik at dei kunne halde fram kampen for å temje drikkevondet. Alle bidragsytarar vart loggført i ein «Antegnelses-Protokol». I 1851 vart det slik ført opp eit bidrag frå ein «Cand. Theol.» som gav «1 spd.» til foreininga sitt edruelege arbeid samstundes som medlemskap vart teikna.¹⁵⁹ I ettertid vert nok teologen heller huska som samfunnsforskar. Namnet bidraget var kvittert med var «Eilert Sundt».¹⁶⁰

Om Eilert Sundt og Telemarkingen

Blant dei innkomne meldingane frå fråhaldsforeiningane sendt til «Den norske Foreining mod BrændeViinsdrik», dukkar det opp eit utdrag frå den då avdøde Cand. Solberg si skildring av edruelegdomstilstanden i Valdres og Hallingdal frå 1855.¹⁶¹

[...] det er en Kjendsgjerning, at Valdres og Hallingdalens Beboere især Valdresen – ikke ganske ere de samme Mennesker hjemme og borte; udenfor deres egne hjemlige Dale gjelder ikke den samme Ærens og Anstændighedens Lov som indenfor. En Valdres t. Ex. kan være en Hædersmand hjemme, ordentlig, ædraelig, anständig, som det sig hør og bør en Mand i hans Stilling, men paa Reiser kan man see den samme Mand tilsidesætte næsten alle mulige Hensyn, see i han en brutal, fuld, dusket Valdrer. Det er han likegyldigt, hvilket Indtryk han maatte gjøre paa Fremmede. At Udenforstaaende derfor let fristes til at falde en uretfærdig færdig [sic] Dom over hans Liv og Sæder hjemme, er en Selvfølge, og nægtes kan det nu vist heller ikke, at det røber kun liden sædelig Dannelse saaledes at forusgive sit gode Rygte udenfor sin egen

¹⁵⁶ Amtmannsmeldingane, NOS 25B, 1841-1845, 89

¹⁵⁷ Amtmannsmeldingane, NOS 25B, 1841-1845, 89

¹⁵⁸ Fuglum, 1972, 181

¹⁵⁹ Per Fuglum skriv at Sundt vart medlem først i 1862, men dette er feil. (Fuglum, 1972, 243)

¹⁶⁰ RA/PA-1234/F/L0001, Antegnelses-Protokol for Den norske Foreining mod BrændeViinsdrik, No. 2

¹⁶¹ Skildringa fins i sin heilheit i «Den norske Foreining mod BrændeViinsdrik» sitt arkiv ved Riksarkivet.

Hjembygd, skjøndt det maa indrømmes at det ogsaa kan hende mere civiliserede Mennesker, at de ere mere «lige glad» paa Steder, hvor Ingen kjender dem...¹⁶²

Utdraget rører ved eit kjerneområdet i samtidas edruelegdomsarbeid; viljen til å kategorisere. 18. mai 1857 sendte Eilert Sundt eit brev til foreininga, der han spurte om direksjonsmedlemene kunne gi anbefalande ord til eit rundskriv han skulle sende til allmugeskulelærane i landdistrikta i Noreg.¹⁶³ Sundt sin førespurnad vart diskutert og godkjent av styret i foreininga allereie 25. mai.¹⁶⁴ Rundskrivet var ein del av ei større undersøking Sundt gjennomførte i slutten av 1850-åra, og var forarbeidet til boka han i 1859 gav ut under tittelen «Om Ædrueligheds-Tilstanden i Norge». Motivet for undersøkinga var klårt:

Vidste man først, at fylderiet var mere utbredt og herskende i den ene egn end i den anden, så kunde man ved fortsat etterforskning kanske oppdage visse omstændigheder i folkelivet, som medføre en så beklagelig tilstand, og da kunde det vistnok snarere lykkes at overvinde den fordærvelige årsag og bringe den ulykkelige virkning til at ophøre.¹⁶⁵

Undersøkinga gjekk ut på å kartleggje edruelegdomstilhøvet i Noreg og å finne årsakar som kunne forklare om, og i så fall kvifor, dette varierte. Fordi spørjelistene vart sendt ut til allmugeskulelærarane, gir dette moglegheit til å ta Sundt sit forarbeid til boka i nærmare augesyn. Dei originale listene som vart returnert frå kvar einskild skulekrins, eksisterer i arkivet til Nasjonalbiblioteket. Sundt tok ikkje med detaljopplysningar fordi han ikkje ville henge ut bygder som utmerka seg på ein negativ måte.¹⁶⁶ Ettersom det er over 150 år sidan undersøkinga vart gjort, vil det vel vere greitt å nytte desse opplysningane i dag.

Det vart returnert 2008 lister frå landdistrikta, medan det berre kom 21 lister frå byane.¹⁶⁷ På listene skulle skuledistrikta sine gifte menn og enkemenn plasserast i tre kategoriar. Kategoriane vart kalla «ædruelige», «ikke sikkre» og «forfaldne». Med «ikke sikkre» meinte han ein person som i gjestebod eller på byreiser altfor ofte vart rusa, medan ein «forfallen» var ein som drakk både heime og ute og søkte trøst i flaska.¹⁶⁸ Med «ædruelig»

¹⁶² NB, Ms. Fol 606, legg 2, Eilert Sundt: Papper Afholdssaken vedkommende. 1 eske, 11

¹⁶³ RA/PA-1234/F/L0002, DNFMB, Brev fra Eilert Sundt 1857

¹⁶⁴ RA/PA-1234/F/L0001, DNFMB, Forhandlingsprotokoll, 1845 - 1869

¹⁶⁵ Eilert Sundt, *Om ædrueligheds-tilstanden i Norge*, Oslo, 1976, 1

¹⁶⁶ I skrivet som fylgte med listene skreiv Sundt at «[...]ingen behøver at frygte for, at nogen ubehagelighed deraf skal opstå enten for meddeleren selv eller for hans bygd [...].» Sundts regel var «[...] ikke at omtale tilstanden i de enkelte distrikter eller prestegjeld, men at samle oppgaverne for flere prestegjelde under et, f.ex. et helt provstidistrikt, så altså ingen enkelt bygd vil blive utpeget.» (Sundt, 1976, 3-4)

¹⁶⁷ Sundt, 1976, 5

¹⁶⁸ Bodil Stenseth, *Eilert Sundt og det Norge han fant*, Gjøvik, 2000, 193

meinte han i form av det daglegdagse tala; «[...] for at kaldes ædruelig behøver man ikke just at være aldeles afholdende eller medlem af en afholdsforening.»¹⁶⁹

Sundt nytta to klasser for å skildre subjekta i undersøkinga; «Eiendoms-Klassen» og «Arbeids-Klassen». Til eigedomsklassa høyrdे embets- og bestillingsmenn, gardsbrukarar (sjølveigarar og leiglendingar), handelsmenn, skipperar, fabrikantar og andre folk i liknande høgare stillingar. Til arbeidsklassa rekna han husmenn, verksarbeidarar, dagsarbeidarar, matrosar, bygdehandtverkarar og liknande.¹⁷⁰

Elles bad Eilert Sundt om opplysningar om edruelege forandringar i provstia. Frå Telemark kom det ei rekkje svar frå desse, men det varierte i stor grad kor utfyllande svara var. Frå heile «Øvre Thelemarkens vestfjeldske provsti» kom det berre svar frå Vinje; «En skolelærer bemærker, at br.vins-drik ‘heller har aftaget’ i de senere år, så som næsten enhver erkjender faren og skaden ved samme.»¹⁷¹ Frå Bamble heitte det at brennevinsdrikkinga var nedgåande; «Grund: En bedre ånd får indgang.»¹⁷² I «Nedre Thelemarkens provsti» gjaldt den same tendensen, og her gav ein fyrst og fremst æra til «afholdsreformen», dernest utryddinga av «skjænkesteder i prestegjeldet» samt at det offentlege hadde tilsett brennevinskontrollørar. På tross av nedgangen av brennevinsdrikking som vart rapportert, hadde det kome til nye problem. «[...] [D]a misbrugen af br.vin aftog og etterhånden næsten ganske hørte op, trådte bayersk øl istedet, og almuens smag for denne drik tiltager i en forbausende og foruroligende grad.»¹⁷³ I «Øvre Thelemarkens østfjeldske provsti» fanst det og ein nedgang i forbruket av brennevin, men nedgangen hadde visstnok vore enno større dersom ikkje «stedets landhandler var så beredvillig til at transportere hjem fra byerne – ikke i pottevis, men i lassevis,» hevda innsendaren, og peika på brennevinet.¹⁷⁴

Kva gjaldt listene, var det opp til allmugeskulelærarane å bedømme kvar mennene skulle plasserast i grad av edruelegdom. I samtida var det ikkje uvanleg att embetsmenn fekk rolla som «den dømmande» når det kom til undersøkingar av befolkninga. I ein rapport til Justisdepartementet i 1851 vart den økonomiske forfatninga til medlemane av «thranittane» i Porsgrunn vurdert. Dei vart plassert i tre grupper; «Mislig», «Maadelig» eller «God» etter økonomisk status. På same måte som i Sundt si undersøking, var vurderinga av medlemane i

¹⁶⁹ Sundt, 1976, 3

¹⁷⁰ Sundt, 1976, 3

¹⁷¹ Sundt, 1976, 103

¹⁷² Sundt, 1976, 101

¹⁷³ Sundt, 1976, 101

¹⁷⁴ Sundt, 1976, 102

arbeidarforeininga tatt på eit subjektivt grunnlag.¹⁷⁵ Sundt plukka ut allmugeskulelærarane som «dommarar» ettersom det var desse som best kjende til dei som budde i distrikta.

Samstundes var dei ikkje «dømmande» mot dei som sleit med alkohol. «[D]er kræves det sind, at medens vi skulle være strænge mod al uskik og synd, så bør vi være ømme i vor dom over de medmennesker, hvis beklagelig tilstand vi kjenne.»¹⁷⁶ Denne eigenskapen meinte Sundt allmugeskulelærarane hadde. «Jeg anseer dem derfor for at være de rette mænd til at bistå ved dette slags undersøgelser.»¹⁷⁷

Om resultatet i undersøkinga

For å nå ut med listene til allmugeskulelærarane, gjekk Sundt via prestane. Resultatet frå undersøkinga trer difor fram etter ei geistleg inndeling. Frå Telemark kom det til saman 127 utfylde lister. Til saman vart 8 766 menn undersøkt. Alle dei undersøkte provstia i Telemark høyrd til Christiansands stift, med unnatak av Bamble som høyrd til Christiania stift. Skien provsti var utelatt frå undersøkinga, då byane ikkje vart undersøkt i like stor grad som landdistrikta. Resultatet frå undersøkinga går fram i Vedlegg nr. 4.

På landsbasis var Øvre Thelemarkens østfjeldske provsti det provsti i landet som prosentvis hadde tredje flest «forfaldne» med sine 7,7 prosent av dei undersøkte. Provstiet vart berre slått av Robygdelaget med 8,8 prosent «forfaldne», og Vest og Øst Finnmarken provsti, der heile 16,5 prosent vart rekna som «forfaldne».¹⁷⁸ Me må også merke oss at heile 60 prosent av dei undersøkte i provstiet vart rekna som «ikke sikkre», og at det dermed berre var litt over 30 prosent som vart rekna som «ædruelige». Var verkeleg drukkenskapen i Tinn, Gransherad, Hjartdal og Seljord sopass ille?

På landsbasis vart 3,8 prosent av befolkninga rekna som «forfaldne», medan i overkant av 60 prosent vart rekna som «ædruelege».¹⁷⁹ Nedre Thelemarkens provsti låg under landsgjenomsnittet med sine 2,7 prosent «forfaldne». «Bamble» og «Øvre Thelemarkens vestfjeldske» provsti låg like over, med omsynsvis 4,3 og 4,5 prosent «forfaldne». Felles for dei to provstia i Øvre Telemark var at begge hadde eit høgt nivå av «ikke sikkre». Var dette grunna høgt forbruk, eller uvisse om tilstanden?

¹⁷⁵ Ellen Schrumpf, *Porsgrunns historie: Byen ved elva, Bind II*, Porsgrunn, 2006, 71-72. Schrumpf skriv ikkje kven som vurderte medlemene, men ettersom ho skriv at vurderingane var subjektive og at ho viser at det handlar om styresmaktene si «oppfatning» av medlemane, er det grunn til å tru at det ikkje var nokon som stod medlemane spesielt nær.

¹⁷⁶ Sundt, 1976, 2

¹⁷⁷ Sundt, 1976, 2

¹⁷⁸ Sundt, 1976, 13

¹⁷⁹ Sundt, 1976, 22

Om problema ved undersøkinga

Allmugeskulelærarane si problematiske rolle som den som skulle vurdere Noreg sine gifte menn og enkemenn viser seg når ein ettergår listene frå skuledistrikt til skuledistrikt. For «Næsland» skuledistrikt i Vinje prestegjeld vart 19 av dei 25 mennene i eigedomsklassa plassert under «ikke sikkre». Berre fire var «ædruelige», medan to var «forfaldne». I arbeidsklassa var 22 av 28 «ikke sikkre», fem «ædruelige» og ein «forfalden». I «Mæl» skuledistrikt i Tinn prestegjeld vart 35 av dei 40 mennene i eigedomsklassa plassert under «ikkje sikkre». To var «ædruelige» medan tre var «forfaldne». I arbeidsklassa var 26 av 30 plassert under «ikke sikkre», to «ædruelige» og to «forfaldne». I arbeidsklassa i «Laurdals øvre distrikt» i Lårdal prestegjeld vart heile 49 av dei 51 mennene karakterisert som «ikke sikkre». 2 vart rekna som «forfaldne». ¹⁸⁰

Døma betyr anten at allmugeskulelærarane var usikre på korleis det stod til med edruelegdomen i skuledistrikta, og difor plasserte dei under «ikke sikkre», eller at mennene i desse skuledistrikta drakk sopass mykje at allmugeskulelærarane vart usikre på om mennene var «forfaldne». Amtmannsmeldingane fortel ingenting om edruelegdomstilhøvet i desse områda i perioden, noko som gjer det vanskeleg å kome fram til eit reint svar. Likevel bør det stillast spørsmål ved kor pålitelege opplysningane Sundt bygde statistikken sin var. Dei geistlege embetsmenn som formidla kontakten med lærarane stilte seg skeptiske til nytta av tala. Sundt skreiv sjølv at eit adskillig antall av prestane og prostane yttra at dei anså listene som «aldeles upålidelige» - «ja, nogle have udtrykkelig frarådet mig at benytte dem ved mine forskninger.»¹⁸¹ Allmugeskulelærarane si rolle som den dømmande råkar i stor grad ved truverdet til undersøkinga.

Sjølv om gruppa med «ikke sikkre» må nyttas med varsemd i analysa av edruelegdomstilstanden i Telemark, herskar det mindre tvil kring dei «forfaldne». Sjølv om grada av «forfalden» truleg var ulik, må dei som vart plassert i denne kategorien ha nytta alkohol i *stor* grad. Sundt skreiv sjølv at «[...] opgavernes forfattere nok i det hele taget har vidst bedre at skjelne mellom forfaldne og ikkje-sikkre end mellom disse og ædruelige [...].»¹⁸² Fuglum meiner at «der hvor alkoholbruk er relativt sjeldan og bevisst tas avstand fra av store

¹⁸⁰ NB Ms. Fol 604B, Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i Christiansands Stift.

¹⁸¹ Sundt, 1976, 9. Det hadde vore interessant å studert kva tilknyting allmugeskulelærarane og dei geistlege hadde til fråhaldssaka for å finne om det eksisterer ein samanheng mellom fråhaldshaldning og melding på skjema, men det vert for omfattande i rammene til denne oppgåva.

¹⁸² Sundt, 1976, 51

befolkningsgrupper, skal det vanligvis lite til å bli klassifisert som ‘forfallen’, mens på den annen side strenge krav må oppfylles for å oppnå attest for edruelighet». ¹⁸³

Om ytre og indre bygdelag

For å finne svar på om edruelegdomstilstanden i Noreg varierte etter geografisk plassering, delte Sundt dei ulike provsti inn i «ytre» og «indre» bygdelag. I Telemark bestod dei ytre bygdelag av «Bamble» og «Nedre Thelemarkens» provsti. Dei indre bygdelag bestod av «Øvre Thelemarkens østfjeldske» og «vestfjeldske» provsti. Resultatet av undersøkinga for Telemark trer fram i Vedlegg nr. 5.

Det var i dei indre bygdelaga det fanst flest «forfaldne». Dette gjaldt både for egedoms- og arbeidsklassa. I egedomsklassa var det over dobbelt så mange «forfaldne» i dei indre bygdelag som i dei ytre. I arbeidsklassa var fordelinga noko jamnare, men dei indre bygdelaga låg framleis i tet. Dersom ein ser Noreg under eitt, med ei inndeling i «indre» og «ytre» bygdelag, ser me den same tendensen. Dette fell i stor grad saman med Gabriel Øidne si framstilling av vestlandet som ei høgborg for fråhaldssak.¹⁸⁴ Kan hende forklarar det også kvifor forbodsleirtalet var høgt i Øvre Telemark i 1919, då me har sett at motstand mot drikkevondet særleg veks fram i periodar då drukkenskapen er merkbart. Det edruelegdomsmønsteret Sundt kartla over edruelegdomen si utbreiing, kunne nyttast for på ein meir systematisk måte å avgrense drikkevondet.

Om egedoms- og arbeidsklassa

Ein teori Sundt nyttta om skilnaden i drikkemønsteret til personar i ulike bygdelag, var måten dei vaks opp på. Medan «[...] Husmands-sønnen tilbringer sin ungdom som tenestekarl, i fast årstjeneste på en af gårdene i bygden [...]», tilbringer dei unge menn av arbeidsklassa tida si «[...] som løskarle med mere selvstændig bedrift [...].¹⁸⁵ Om dei delane av landet som hadde ei talrik arbeidsgruppe skreiv Sundt:

[...] de husmænd, som formedelst sin bundne stilling og sit ensformige liv ere forholdsvis mindre utsatte for fristelse til drikfældighed, de have også mindre anledning til at øve sig i at modstå og overvinde de same fristelser, og derfor vistnok få forfaldne i denne klasse, men også mange ikke-sikre og få selvstændige karakterer med afgjort præg af ædruelighed; dernæst, hvad selve bønderne angår, så må det siges, at for så vidt som fristelserne til drikfældighed ligge i det magelige og selskabelige liv, som de af dem kunne føre, der have arvet store gårde og have mange arbeidsfolk til sin tjeneste, så er det naturlig, at der i denne klasse er ikke alene mange forfaldne, men også mange ikke-sikre og altså få ædruelige.¹⁸⁶

¹⁸³ Fuglum, 1972, 249

¹⁸⁴ Jf. Øidne, 1975,

¹⁸⁵ Sundt, 1976, 49-50

¹⁸⁶ Sundt, 1976, 51-52

Fuglum meiner fordelinga i ei god del tilfelle må ha skjedd vilkårleg, ettersom spørjeskjemaet mangla rubrikkar for folk som fall utanfor eller stod på grensa mellom dei to kategoriane.¹⁸⁷ Han peiker på at det var enklare å ordne innbyggjarane i landdistrikta under dåtidas enkle, sosiale forhold, men at det likevel må ha vore tvilstilfelle. Tvilstilfella gjaldt særleg der dei sosiale skilja var mest flytande, og Fuglum trekker fram Vestlandet, «hvor husmennene jevnt over inntok en ganske annerledes selvstendig og respektert stilling enn på Østlandet».¹⁸⁸

Wille fortel i si skildring av Seljord prestegjeld frå 1786, at prestegjeldet var «fattigt paa duelige Haandverksfolk» og at dei fleste handverkarar var «Fuskere som have lært sig selv».¹⁸⁹ «Næsten enhver er sin egen Skomager og paa sin egen Viis sammensyer sine Skoe med Remmer over tvende Læster.»¹⁹⁰ Dersom dette framleis stod ved lag, kan det problematisere inndelinga i Telemark. Ein bør kunne gå utifrå at eigedomsklassa trumfa arbeidsklassa dersom det var tvil.

For heile landet viste undersøkinga at det fanst like mange «forfaldne» i begge klassene. Når Sundt studera fordelinga mellom ulike provsti, fann han derimot større variasjonar. Desse går i stor grad att i Telemark, som vist i Vedlegg nr. 4. Ut av variasjonane forma Sundt ein regel: «Jo mindre talrig arbeids-klassen er, desto mere almindeligt er det, at denne samme arbeids-klasse har, procentvis beregnet, overvægt af forfaldne i sammenligning med eiendoms-klassen, og jo mere talrig arbeidskl. er, desto mere pleier overvægten af forfaldne at være på eiend.-kl.s side.»¹⁹¹ Ei forenkling av regelen skildrast gjennom påstanden: *den kollektive fornuft er «ædraelig», medan den einsame er «forfalden».* I dette ligg ein parallel til Tingsten si lov om sosial tyngdekraft. Tingsten fann at valdeltaking var høgare i kretsar med ei dominerende sosial klasse enn i mindre klassedelte kretsar med en blanding av mange sosiale grupper.¹⁹² På same måte kan individ ha større tilbøyelighet til drukkenskap avhengig av den sosiale fordelinga i samfunnet.

For å undersøke om Sundt sin regel er haldbar i Telemark, kan ein undersøke om edruelegdomstilstanden var ulik i klassene i dei ulike skulekrinsane. Det var på skulekrins-nivået folk hadde mest med kvarandre å gjere, og dermed der Sundt si lov vil vere best å teste. For å finne dette har eg valt å undersøke skuledistrikta i Vinje og Tinn. Av kommunane i

¹⁸⁷ Fuglum, 1972, 249

¹⁸⁸ Fuglum, 1972, 250

¹⁸⁹ Wille, 1989, 113

¹⁹⁰ Wille, 1989, 113

¹⁹¹ Sundt, 1976, 32

¹⁹² Jf. Johannes Bergh, Tor Bjørklund, «Innvandrernes lokalval», link

<http://www.samfunnsforskning.no/Publikasjoner/Kronikker-og-andre-artikler/2011/2011-019#sthash.NG6p39OM.dpuf> (lest 11.10.2014)

Telemark stod forbodstanken sterkast i Vinje, og svakast i Tinn i 1919. Eksisterte den store edruelege skilnaden også seksti år før?

«Ædrueligheds-Tilstanden» i skuledistrikta

I Tinn hovudsokn fanst det ni skuledistrikta. I alt vart 386 menn frå eigedomsklassa, og 256 menn frå arbeidsklassa undersøkt. I eigedomsklassa vart 15 rekna som «forfaldne» (4,1 prosent), medan 13 vart rekna som «forfaldne» i arbeidsklassa (5,1 prosent).¹⁹³ Det var den minste klassa som hadde prosentvis flest «forfaldne», noko som støttar Sundt sin regel.

Av dei ni skuledistrikta i Tinn, fanst det «forfaldne» i åtte. Sundt sin regel gjaldt berre for fire av distrikta; dvs. «Gjøsdals», «Hovens vestre», «Reesgrændens» og «Øvre Øtbygden og Tessungdalens» skuledistrikta.¹⁹⁴ Dei «forfaldne» fordele seg likt mellom dei distrikta der Sundt sin regel gjaldt, og der denne ikkje gjaldt. Den prosentvise fordelinga i kvart einskild skuledistrikt viste at forskjellane hadde relativt små marginar.

I dei fire skuledistrikta i Vinje hovudsokn høyarde 115 menn til eigedomsklassa, medan 99 høyarde til arbeidsklassa. 7 personer (6,1 prosent) vart rekna som «forfaldne» i eigedomsklassa, medan 5 personar (5,1 prosent) vart rekna som det same i arbeidsklassa.¹⁹⁵ Det var med andre ord i den største klassa det prosentvis fanst flest «forfaldne».

Det eksisterte berre «forfaldne» i to av dei fire skuledistrikta. I «2det skuledistrikt» vart 5 av dei 23 menn frå eigedomsklassa, rekna som «forfaldne» (22 prosent). I arbeidsklassa vart 3 av dei 24 personane rekna som «forfaldne» (13 prosent). I «Aabø» vart 2 av dei 25 i eigedomsklassa rekna som «forfaldne» (8 prosent). I arbeidsklassa vart 2 av dei 20 rekna som «forfaldne» (10 prosent).¹⁹⁶ Begge skuledistrikta vert difor ein bekrefteelse på Sundt sin regelen, då det var i dei minst befolka klassa den prosentvise grada av «forfaldne» var høgast. Men som det går fram var ikkje skilnadane store.

Forventningane frå omgivnadane

Bygdesamfunnet i Vinje var lite i utgangspunktet, noko som truleg gjorde klassekiljet mindre. Gabriel Øidne skriv at sosiale motsetnadane i samfunn med små sosiale skilje vil kome til uttrykk mot grupper utanfor bygdesamfunnet, i staden for mellom klassene i samfunnet.¹⁹⁷ Motsetnadane i klassesstorleiken var ikkje stor i Vinje, noko som til dels speglast i Sundt si undersøking. Sidan forskjellane var sopass små, eksisterte det heller ikkje noko forventning

¹⁹³ NB-Ms. Fol 604: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i: B. Christiansands

¹⁹⁴ NB-Ms. Fol 604: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i: B. Christiansands

¹⁹⁵ NB-Ms. Fol 604: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i: B. Christiansands

¹⁹⁶ NB-Ms. Fol 604: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i: B. Christiansands

¹⁹⁷ Jf. Øidne, 1975, 9

om at ein skulle halde seg borte frå drikken i same grad som det gjorde der klasseskilnadane var større. Tingsten meinte forventningane frå omgivnadane fekk folk til å handle på ein annan måte enn det dei elles ville gjort når det eksisterer ei majoritetsmeining.¹⁹⁸

Jens Arup Seip skriv at motkulturar er «komplimentære for så vidt som de har tyngdepunkt i forskjellige regioner: er et territorium først besatt, hindres motkulturer av annen type i å trenge inn [...].»¹⁹⁹ Også Øidne viser at nye idear hadde vanskelegare for å få gjennomslag der andre idear allereie var godt etablert, og trekkjer særleg fram kystbygdene på Vestlandet, der frikyrkja hindra nye idear i å få fotfeste.²⁰⁰

Dersom det ikkje eksisterte noko negativt syn på drikkevondet i «2det skuledistrikt» i Vinje, ville det ikkje eksistere noko forventning frå omgivnadane ettersom begge klassene var like store. Fråhaldstanken kan tenkjeleg hatt vanskeleg for å få gjennomslag då drikkekulturen som eksisterte ikkje gav den fotfeste. Dette kan forklare kvifor heile 22 prosent i eigedomsklassa og 13 prosent i arbeidsklassa vart rekna som forfaldne.

Fråhaldsarbeidet som vart gjort av fråhaldsørsla sentralt dei neste femti åra, gjekk i stor grad ut på å kartleggje folkemeininga kring alkoholspørsmål. Rapportering om edruelegdoms-tilstanden til fråhaldsrørsala sentralt, vart difor ein stor del av fråhaldsarbeidet. Av dei sentrale organisasjonane som snart stod i føringa for dette, vart «Det norske Totalavholdsselskap» snart det største. Selskapet si utbreiing er noko av det som skal handsamast i neste kapittel.

¹⁹⁸ Bjørklund nyttar «Tingstens lov» om valdeltaking under valet i 1995 og viser at det ved siden av andre faktorar, kan vere fruktbart å hevde at forventningane frå omgivnadane var med på å få fleire (eller færre) til å stemme ved valet. (Tor Bjørklund, *Et lokalvalg i perspektiv: valget i 1995 i lys av sosiale og politiske endringer*, Oslo, 1999, 234) På same måte kan «Tingstens lov» forklare korleis haldningane til alkoholbruk og bruken av denne skilte seg frå stad til stad.

¹⁹⁹ Jens Arup Seip, *Problemer med metode i historiefaget*, Oslo, 1983, 218-219

²⁰⁰ Øidne, 1975, 8

Kapittel 4: Mot totalfråhald: 1859-1871

Biskop von der Lippe skreiv i 1855 at «Drukkenskaben synes at være en Fiende, man aldriг faar Bugt med og som man idelig maa kjempe imod.»²⁰¹ Då Eilert Sundt si undersøking låg klar i 1859, tok han likevel til motmæle mot påstanden om at Øvre Telemark var den delen av landet der drukkenskapen var verst.²⁰²

Kjeldene som seier noko om edruelegdomen i Telemark på fyrste helvta av 1800-talet, er hovudsakeleg skildringar frå amtmennene og prestane. Som me har sett, eksisterte det også opplysningar i reiseskildringar og i uttaler knytt til styresmaktene sitt arbeid, i tillegg til dei opplysningane som var knytt direkte til fråhaldsrørsla. Eilert Sundt si undersøking må her nemnast, sjølv om det er omstridt kor representativ den var for dei faktiske tilhøva.²⁰³ Frå 1853 la *medisinalmeldingane* grunnlaget for den norske helsestatistikken. Opplysningane i desse er ei nyttig kjelde til å forstå korleis edruelegdomen arta seg.

Ein viktig faktor må i fyrste omgang presenterast for å forstå den edruelege utviklinga som no skjedde. 29. desember 1859 vart det danna eit «totalfråhaldslag» i Stavanger som vart opphavet til ein ny tradisjon i fråhaldsarbeid.

Totalfråhald!

Det fyrste totalfråhaldslaget i landet vart danna i Stavanger 29. desember 1859 av Asbjørn Kloster. Under namnet «Stavanger yngre avholdsforening mot bruken av alle berusende drikke»²⁰⁴ verka laget for totalfråhaldstankens prinsipp.²⁰⁵ Det dreidde seg ikkje lengre om å berre avstå frå brennevinsbruk. All rusdrikk var forbode i foreininga.

Sokneprest A. Halvorsen, som etter kvart vart ein aktiv del av totalfråhaldslina, skreiv i 1909 at foreininga «hilstes mere med latter end med takknemmelighet».²⁰⁶ Like etter stifta skal Kloster ha skrivi at den nye reform «syntes at ha alle og alt imot sig og ingen og intet for sig[...]».²⁰⁷ Medlemsteikninga ved skipinga av laget fortel også litt om mottakinga totalfråhaldstankens fødsel fekk. Av dei 120 personane som møtte fram på stiftingsdagen for å høyre Kloster tale, skreiv berre 18 personar seg inn i laget.²⁰⁸

²⁰¹ Visitasmelding 1855, følgeskriv 22.12 i Dahl, 1989, 29

²⁰² Denne uttalelsen ser ut til å vera henta frå ei visitasmelding frå biskop von der Lippe frå 1859, og i eit følgeskriv 16.1.1860. (Sjå Dahl, 1989, 29 og 58)

²⁰³ Per Fuglum er ein av dei som viser adskillig tvil til undersøkinga si pålitelegheit. (Fuglum, 1972, 252)

²⁰⁴ Fuglum skriv at namnet på laget var «Stavanger yngre Afholdenheds-Forening». (Fuglum, 1984, 11)

²⁰⁵ Halvorsen, *Det norske Totalavholdsselskap 1859-1909*, Kristiania, 1909, 6

²⁰⁶ Halvorsen, 1909, 6 Halvorsen var mellom anna sekretær i arbeidet med forbodslistene i DNT på 1880-talet

²⁰⁷ Halvorsen, 1909, 6

²⁰⁸ Fuglum, 1984, 11

Fuglum ser likevel den fyrste perioden som nyttig for organisasjonen. Allereie i 1860 stifta Kloster «Avholdsbladet»²⁰⁹ som i 1861 var døypt om til «Menneskevennen». Bladet vart det viktigaste organet til totalfråhaldsrørsla på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. Same år vart totalfråhaldstanken spreidd i distrikta; på Hundvåg, i Sandnes, på Finnøy og i Kristiansand. Fuglum meiner opprettinga av Noregs andre totalfråhaldslag, i Bodø, var ei frukt av Kloster si reise langs kysten til Finnmark det same året.²¹⁰ Det vart også stifta lag på austlandet, mellom anna i Eiker utanfor Drammen.²¹¹

Den geografiske spreininga av totalfråhaldslaga fortel mykje om innsatsen rørsla la ned. Likevel vert ikkje totalfråhaldsrørsla sin fødsel skildra som ei solskinshistorie. Totalfråhaldsrørsla fekk, som måtehaldsrørsla tretti år før, ein hard start. Den lite effektive organisasjonsforma og dårlige leiinga hadde mykje av skulda for dette.²¹² Rørsla klarte ikkje å bygge opp eit godt miljø kring lagsarbeidet.

Overgangen frå å praktisere fråhald frå brennevinet til å praktisere fråhald frå all rusdrikk, var kan hende også ein for stor overgang for mange. Dette viser det faktum at mange praktiserte måtehald heilt fram til forbodstida.²¹³ Politikarar som Gunnar Knudsen m. fl. var måtehaldsmenn. Nordstoga skriv at det vart skipa måtehaldslag i Telemark fram til 1858, men det vart truleg skipa lag også etter dette.²¹⁴ I bladet til fråhaldslaget i Rauland, skreiv ein «avhalsman» i 1910 at «[n]aar folk ser paa ein drikkar, maatte dei bli skremt for aa drikke. Men naar dei ser paa ein maatehalden, so kan dei lokkas til aa byrja».²¹⁵ I dette ligg det eit poeng som vart ein viktig del av argumentasjonen frå dei totalfråhaldne – «Injen byrja drikke avdi dei vil bli drikkarar, men maatehaldet hev ført deim vidare.»²¹⁶

Den rolege starten totalfråhaldsrørsla opplevde, hang også saman med den edruelege utviklinga i Noreg. I medisinalmeldinga frå 1860 meldast brennevinsdrikken «at være aftagen» i Skien og Porsgrunn, og i sistnevnte by «[...]fandtes ikkje længer noget Detail-

²⁰⁹ Fuglum skriv at namnet på bladet var «Afholdsblad mod Brugen af alle Slags berusende Drikke uden som Medicin». (Fuglum, 1984, 27)

²¹⁰ Fuglum, 1984, 29-30

²¹¹ «Ekers nyere avholdsforening» var det tredje totalfråhaldslaget i landet, stifta 27. oktober 1860. Halvorsen skriv at dette var det andre totalfråhaldslaget i landet, men han har truleg ikkje fått med seg laget i Bodø. (Halvorsen, 1909, 9) Foreininga i Eiker gjekk inn like etter stiftinga. Halvorsen nemner ingen forbindningar mellom dette laget og laget i Stavanger, men Fuglum meiner ideane må ha kome frå Kloster sitt opphold i Kristiania hausten 1860. (Fuglum, 1984, 30) Dersom dette ikkje stemmer, kan det bety at totalfråhaldstanken oppstod på ulike stader.

²¹² Halvorsen, 1909, 10

²¹³ I Vinje var talet på DNT-medlemar i 1919 lågt. Det eksisterte heller ikkje noko godtemplarlosje i Vinje på denne tida. Ei hypotese på kvifor Vinje likevel gjekk inn for forbod med den margina dei gjorde, kan vere at måtehaldslag dreiv agitasjonen for å mobilisere veljarane.

²¹⁴ Måtehaldslaget vart skipa i Kragerø. (Jf. Nordstoga, 1998, 12)

²¹⁵ LAV A-1996-002: Vaarvon, Nr. 3, (ca. 1910)

²¹⁶ LAV A-1996-002: Vaarvon, Nr. 3, (ca. 1910)

udsalgssted for samme».²¹⁷ Nyttelse av bayersk øl og vin var likevel vanleg, noko amtmannen også meldte om heile amtet i 1865.²¹⁸ «Fra de fleste Egne af Amtet klages over Misbrug af Kaffe, medens spirituøse Drikke i det Hele ikke siges at nydes i betydelig Mængde,» skreiv distriktslegen i 1861.²¹⁹ I 1862 står det at misbruk av «spirituøse» drikkar var avtakande i heile det østfjeldske distrikt av Telemark, særleg i Seljord, medan «Nydelse af Kaffe i Overmaal er almindelig[...].»²²⁰ Liknande meldingar kom frå Kragerø og Tinn.²²¹ Amtmannen skreiv i 1865 at «Ulovlig Braendeviinsbrænden foregaaer nu neppe noget Sted i Distriktet.»²²² Den offisielle statistikken over forbruket av brennevin, viser også den same tendensen. I Vedlegg nr. 8 går det fram at det totale forbruket holdt seg relativt lågt gjennom sekstiåra.²²³

Eit luksusproblem

I samfunn utan misbruk trengs heller ikkje rørsler for å stanse misbruket. Befolkinga i landet kan verke for edruelege til at alkoholmisbruk vart oppfatta som noko stort problem. Når totalfråhaldsrørsla solgte eit produkt kjøparane ikkje hadde nytte av, gjekk salet därleg. Asbjørn Kloster flytta til Kristiania i 1861 for å plante totalfråhaldstanken der. Det skulle vise seg at ophaldet ikkje vart slik han hadde håpa. Totalfråhaldstanken fekk omtrent ikkje støtte. I slutten av 1863 flytta han difor tilbake til Stavanger for å söke å styrke totalfråhaldstanken frå plattforma som eksisterte der.²²⁴

Same år meldte distriktslegane i Telemark at drukkenskapen auka fleire stadar i amtet. Drukvenskapen i dei vestfjeldske distrikta i Øvre-Telemark hadde blitt «almindeliger i det forløbne Aar», medan nytting av brennevin ikkje fann stad i dei austfjeldske distrikta.²²⁵ Året etter vart det hevda at misbruk av spirituøs drikke i amtet kun fann stad ved gjestebod og ved store høgtider.²²⁶ Særleg gjaldt dette i jula, då distriktslegen i 1865 meinte det også kunne nytast ei «temmelig stor Mængde.»²²⁷ I Kviteseid legedistrikt hadde det blitt vanlegare å nytte bayersk øl og fruktvin, medan øldrikkinga var «betydeligt indskränet» i Lårdal.²²⁸ Det same

²¹⁷ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1860, 64

²¹⁸ Amtmannen var likevel «[...]tilbøielig til at tro, at disse Misbrug maaskee nu snarere ere noget mindre end for nogle Aar tilbage.» (Jf. Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1861-1865, H, 5)

²¹⁹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1861, 59

²²⁰ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1862, 55

²²¹ Frå Kragerø legedistrikt står det at ein særleg merka nedgangen i brennevinsdrikken i landdistrikta. I byane merka ein ingen forandring. (Jf. Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1862, 55)

²²² Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1861-1865, H, 5

²²³ Jf. NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*.

²²⁴ Halvorsen, 1909, 7-11

²²⁵ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1863, 54

²²⁶ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1864, 71

²²⁷ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1865, 72

²²⁸ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1865, 72

gjaldt brennevinsdrikken i Lårdal i 1867.²²⁹ Året før skreiv distriktslegen at «Misbrug af spirituøse Drikke var i Tiltagende i alle Dele af Landfysikatet [...].»²³⁰ Til Lårdal vart det innført «store Masser» av brennevin i 1868, «uden at egentlig Drikfældighed hersker».²³¹ Brennevin vart stadig misbrukt i Landfysikatet.²³² Distriktslegen meinte den store fattigdomen i Sauland i 1869 gjorde drikfeldigheita vanlegare i distriktet, og også i dei øvrige distrikt satte økonomisk forhold hindringar for edruelege fremskritt.²³³ Meldingane viser at det fanst store edruelege forskjellar i dei ulike legedistrikta i Telemark.

Jaktar ein drikkevondet, var det i byane ein måtte leite. Det var her dei største utfordringar knytt til drukkenskapen eksisterte. I ei melding frå Porsgrunn i 1863 kjem det fram at «Brændevisdrik der er bleven almindeligere».²³⁴ Året etter meldast drikfeldigheita blant arbeidsklassa i Kragerø å vere «temmelig stor».²³⁵ I 1865 var misbruket av spirituøs drikke tiltakande – særleg i arbeidsklassa i Skien by og omegn. I Kragerø sporast det ingen skilnad.²³⁶ Skilnadene mellom by og land verkar å vere store når det gjeld skildringane i medisinalmeldingane, og dette må kunne seiast å eksistere gjennom omtrent samlede medisinalmeldingar. Årsaka til skilnadane kan mellom anna søkast i at befolkninga i byane hadde ein større moglegheit til å skaffe seg alkohol, samanlikna med befolkninga i landdistrikta. Men også at folk drog til byane frå kringliggjande distrikt for å drikke.

Amtmannen gav likevel Telemark ein god attest kva gjaldt drukkenskapen i femårs-perioden fram til 1870. Med unntak av at det somme stadar vart klaga over misbruk av bayersk øl, meinte han at edruelegdomen verka å vere god. «Brændevisdrik er vel i det Hele i Aftagende, skjønt Forandringen i Femaaret neppe er synderlig stor. [...] Ulovlig Brændevisbrænden er saa godt som ganske ophørt, og noget lovligt Brændevisbrænderi findes ikke i Amtet.»²³⁷

Totalisten Telemark

Det skulle gå 30 år frå det fyrste måtehaldslaget i Telemark vart stifta, til det dukka opp eit totalfråhaldslag i Telemark. 4. desember 1870 vart «Kragerø Totalavholdslag» stifta.²³⁸ I 1875

²²⁹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1867, 72

²³⁰ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1866, 70

²³¹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1868, 66

²³² Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1868, 66

²³³ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1869, 59

²³⁴ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1863, 54

²³⁵ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1864, 71

²³⁶ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1865, 72

²³⁷ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1866-1870, H, 5-6

²³⁸ Nordstoga, 1998, 15

hadde laget 73 medlemar.²³⁹ Laget var det ellevte laget i landet som gjekk inn for totalt fråhald. Fråhaldstanken var ikkje framand då totalfråhaldslaget vart stifta. «Kragerø Afholdsforening» hadde eksistert sidan 1845. Same år vart «Kragerø Nykterhedsforening» stifta, og i 1858 dukka ei ny «Kragerø Afholdsforening» opp.²⁴⁰ Totalfråhaldslaget i Kragerø vart skipa av dampskipsekspeditøren N. P. Olsen.²⁴¹ Nordstoga skildrar Olsen som ein «dugande, akta og sindig person» som hadde god kontakt med Asbjørn Kloster.²⁴²

Totalfråhaldslaget i Kragerø var visstnok eit av dei beste og mest solide laga i nokon bykommune i landet i mange år etter stiftinga. «Laget dreiv eit mykje aktivt arbeid, hadde eigen fane, eige hus og ei tid au eigen båt, dampskipet ‘Turist’, som kosta 3000 spd. i 1876. Det vakte stor oppsikt at laget greidde skaffe seg denne båten.»²⁴³

Fuglum gir den initiativrike lagstiftaren og fråhaldsagenten løytnant Vincenc Berg mykje av æra for at laget i Kragerø vart eit levedyktig lag.²⁴⁴ Berg vert skildra som den fyrste brukbare fråhaldsagenten engasjert av sentralstyret, og dei fyrste reisene tok han i 1871.²⁴⁵ Berg vitja Kragerø ved to anledningar, og Fuglum meiner dette var viktig for totalfråhaldslaget sitt beståande.²⁴⁶ Han var mellom anna ein av dei fyrste av ei lang rekke dyktige talarar i laget²⁴⁷, samstundes som han var kontroversiell grunna den vekta han la på kristendom i fråhaldsarbeidet.²⁴⁸

Etter skipinga i Kragerø, spreidde totalfråhaldstanken seg til kringliggjande område. Fleire av leiarane og medlemene i laget drog rundt og skipa nye lag. N. P. Olsen stifta slik fire nye lag i Telemark på fyrste helvta av 1880-talet.²⁴⁹ Det vart også skipa eigne kvinne- og barnelag. Mellom anna vart «Kragerø kvindeindustriforening til totalavholdets fremme» skipa

²³⁹ I 1892 hadde talet auka til 505, men gjekk deretter nedover grunna at mange i staden tok del i godtemplarordenen som vart etablert.

²⁴⁰ Leiaren for «Kragerø Nykterhedsforening» var Cand. Jur. G. Thommesen. (Nordstoga, 1998, 12)

²⁴¹ Med seg på stiftinga hadde han målar Chr. Olsen, arbeidar Andreas Nielsen, skomakar O. Gullbrandsen, og arbeidar Jens Olsen. (Nordstoga, 1998, 15-17)

²⁴² Nordstoga, 1998, 15-17

²⁴³ Nordstoga, 1998, 16

²⁴⁴ Fuglum, 1984, 54

²⁴⁵ Halvorsen, 1909, 85

²⁴⁶ Den direkte årsaka til av Berg sine besøk var viktige for totalfråhaldslaget sitt beståande kjem ikkje fram. Det kan verka som om Fuglum trekkjer slutninga fordi han veit at Berg hadde stor tyding for andre lag han besøkte i landet. Fuglum gir han på lang veg skulda for å ha forsterka totalfråhaldssaka som eit byfenomen på 1870-talet. Dette fordi Berg hovudsakleg agiterte i byane og tettstadane på Sør- og Austlandet. (Fuglum, 1984, 54)

²⁴⁷ Nordstoga, 1998, 15. Laget fekk med seg mange av landet sine fremste talarar som opplyste om «Afholdssagens store Betydning for et Folks Velfærd.» I løpet av åra fram mot folkerøystinga, gjesta mellom anna sogneprest Lunde, Sven Arrestad, skuleinspektør Larsen, pastor Halvorsen, Elisabeth Edland og redaktør Isene laget. (Jf. Krog Steffens, *Kragerø by's historie, 1666-1916*, Kristiania, 1916, 447-448)

²⁴⁸ Under eit generalmøte i Bergen i 1872 diskuterte ein om det framleis var ynskjeleg å ha Berg som fråhaldsagent. Mange ynskte dette, men det var også dei som ytra missnøye ettersom han «fremholdt saken som en religiøs sak i motsætning til generalmøtets opfatning». (Halvorsen, 1909, 85)

²⁴⁹ RA/PA-0419/A/Ac/L0090: DNT, Skien kretsprotokoll, 1889-1903

i 1873.²⁵⁰ Skal ein tru kretsprotokollen frå DNT frå 1903, tok ikkje lagdanningane ordentleg til før etter 1880. Ifylgje denne vart det berre stifta eit nytt lag i Telemark før dette. Det skjedde i Skien i 1876.²⁵¹ Nordstoga skriv at det i 1876 eksisterte ni lag under «Kragerø kreds» av DNT.²⁵² Kretsen vart stifta i 1876 og bestod då av 790 medlemar.²⁵³ Kretsen hadde Chr. Olsen som formann, og gjekk frå Tvedstrand til Tønsberg. Alle laga trong difor ikkje ha vore frå Telemark. I 1878 vart namnet på kretsen endra til «Skiens kreds».

Fylkeslaget skulle vere eit bindeledd mellom landsstyret og lokallaga og mellom anna hjelpe til med reisetalarar. Nordstoga skriv at oppgåvene i laget varierte mellom å «gjeve inspirasjon og informasjon til lokallaga, skipa nye lag, samordna arbeidet innan fylket, taka oppgåvne som melde seg til ei kvar tid, økonomi og arbeidet med alt som kunne fremja saka.»²⁵⁴ Grunnleggjande gjekk fråhaldsarbeidet ut på å stenge flest mogleg alkoholkrærer – «so ikkje alkoholen rann ut, skadde og drap folk».²⁵⁵ Då alkoholkonsumet auka på 1870-talet, såg fråhaldsfolket at deira arbeid var eit naudsyn.

Auka alkoholkonsum skapar vekst i totalfråhaldsrørsla

I Vedlegg nr. 8 går det fram at den avgiftsbelagte alkoholbruken i landet auka frå 4,2 liter rein alkohol per innbyggjar over 15 år i 1870, til 6,9 liter i 1875.²⁵⁶ Talet på personar som vart straffa for «politiforseelsar» vart samstundes fordobla.²⁵⁷ Dette fekk tyding for den framgangen totalfråhaldsrørsla erfarte på 1870- og 1880-talet.

I 1868 hadde Kloster flytt tilbake til Stavanger og tatt over som formann for totalfråhaldsselskapet. «Den fremgang, som var, fandt sted paa vestlandet, hvor Kloster og hans venner arbeidet med sin varme kjærlighet og store dygtighet,» skriv Halvorsen.²⁵⁸ Då Kloster tok over som formann, hadde selskapet kring 1800 medlemar. I 1875 hadde medlemstalet stigi til 7000-8000 medlemar fordelt på kring 50 foreiningar.²⁵⁹ Like før Kloster gjekk av som formann, stifta han «Det norske Totalafholdsselskab» (DNT) under eit generalmøte i

²⁵⁰ Nordstoga, 1998, 15-18

²⁵¹ RA/PA-0419/A/Ac/L0090: DNT, Skien kretsprotokoll, 1889-1903. Ikkje alle lag er registrert i protokollen. Det er sikkert at det fanst eige DNT-lag i Porsgrunn før 1880, då fleire kjelder viser til dette.

²⁵² Nordstoga, 1998, 20

²⁵³ Før dette hadde Telemark vore samordna i ein krets kalla «Arendals kreds». (Nordstoga, 1998, 20)

²⁵⁴ Nordstoga, 1998, 19

²⁵⁵ Nordstoga, 1998, 19

²⁵⁶ NOS XII, No. 245, Historisk statistikk 1968, 575

²⁵⁷ Fuglum, 1984, 59

²⁵⁸ Halvorsen, 1909, 10

²⁵⁹ Halvorsen, 1909, 10

Kristiansand 9. juli 1875.²⁶⁰ Då hadde organisasjonen allereie vist at den tolte motgang. Kloster døydde i 1876, 52 år gammal.

Frivillige sammenslutninger behøver i regelen, det viser all erfaring, en introduksjons- og modningstid før deres bærende idé og program blir akseptert i større bredde. Folk trenger tid før gamle tankebaner, nedarvede vaner og tradisjoner kan brytes ned og settes i deres sted. Ganske særskilt var en slik tilpassingsperiode nødvendig for en bevegelse som i den grad som totalavholdsørsla brøt med overleverte og dypt rotfestede sedvaner.²⁶¹

Fuglum kallar perioden frå slutten av 1860-åra til midten av 1870-talet for «en av de store nybrottstider på foreningssektoren her i landet», og trekker mellom anna fram bondevenrørsla, forbruksrørsla (forløparen til samvirkelaget), ulike religiøse stiftingar og tiltak som fremja nynorsk (Det Norske Samlag, Vestmannalaget).²⁶² Ikkje minst var totalfråhaldsrørsla sin framgang årsaka av kvinnene sitt engasjement, eit engasjementet som også eksisterte i andre organisasjonar. Totalfråhaldssaka si frambrotstid stod slik ikkje i nokon særstilling. Den føya seg inn i ein grunnleggjande tendens i den norske organisasjonshistoria.²⁶³

DNT stod ikkje åleine om å ville gjere Noreg til eit land tufta på totalfråhald. Den 8. mars 1877 vart balansen i den norske fråhaldsrørsla rokka då skipskapteinen Carl Reynolds, i lag med sju andre, stifta «Første Norske» i Porsgrunn.²⁶⁴ Godtemplarane hadde inntatt Noreg.

Godtemplarordenen

Allereie 22. januar 1876 hadde Carl Reynolds stifta «Porsgrunds Totalafholdsforening». Fram til då hadde det ikkje eksister noko totalfråhaldslag i Porsgrunn. Måtehaldslaget frå 1844 hadde gått inn i 1856.²⁶⁵ Stiftinga av «Første Norske» var godtemplarane sin inngang til Noreg.²⁶⁶ Reynolds hadde blitt gripi av «ordenens ideer og lærdomme» då han vart innvigd i ei godtemplarlosje i Hull i England.²⁶⁷ Han tok med seg ideane sjøvegen til Porsgrunn. På 1870- og 1880-talet blomstra pietismen i Grenlandsområdet. Den fyrste indremisjonsforeininga i Noreg vart danna i Skien i 1853.²⁶⁸

DNT og godtemplarane hadde den same målsettinga for sitt arbeid. Dei ville gjere landet til ein totalfråhaldande nasjon med innbyggjarar frie frå drikkevondet si undergraving av mennesket sine moglegheiter og liv. Det var organisasjonsmodellane, dei sakrale innslaga i

²⁶⁰ Fuglum, 1984, 64. På DNT si heimeside reknast likevel 29.12.1859 for å vere den offisielle stiftingsdagen for selskapet (Jf. <http://www.dnt.no/om-dnt/historikk/> (kl. 15.00, 05.12.13)

²⁶¹ Fuglum, 1984, 60

²⁶² Fuglum, 1984, 60

²⁶³ Fuglum, 1984, 15

²⁶⁴ Idar Handagard, *Carl Reynolds og fyrste godtemplarlosja i Noreg*, Oslo, 1951, 9

²⁶⁵ Joh. N. Tønnesen, *Porsgrunns historie: fra trelast og skipsfart til industri 1807-1920*, Oslo, 1957, 477

²⁶⁶ Godtemplarordenen var, som måtehalds- og fråhaldsrørsla, stifta i staten New York, nærmere bestemt Utica, i 1851. (Walther Strøm, *Hva hver Godtemplar bør vite om I. O. G. T.*, Trondheim, 1944, 19)

²⁶⁷ G. Krogshus og Jon Rian, *Godtemplarordenen i Norge 1892-1927: Norges Storlosje*, Trondhjem, 1928, 3

²⁶⁸ Fuglum, 1984, 15

godtemplarordenen og strategiane lagt for å nå målet som hovudsakleg skilte dei frå kvarandre. Godtemplarordenens sakrale innslag slo godt ann i Porsgrunn, men vart ikkje sett upåakta hen av leiinga i DNT.

Godtemplarane spreidde seg ved at dei tok over fråhaldslag som låg organisert under DNT sin administrasjon. Dei verka slik som ein ny faktor i motkultur-tilhøvet som allereie byrja å gjelde i norsk organisasjons- og samfunnsliv. Dei fyrste losjane etter «Første Norske» oppstod i Vestfold, Bergen, Stavanger, Kristiania og Grenmar-distriktet. Då den fjerde losja vart stifta, skjedde det i Skien.²⁶⁹

På DNT sitt generalmøte i Kragerø i 1877 vart problemet med den nye konkurrenten tatt opp. På møtet var godtemplarane «særskilt repræsenteret», ettersom dei enno ikkje hadde etablert eit eige organisasjonsapparat.²⁷⁰ I DNT var det mange som meinte at godtemplarane hadde kvarandre sitt liv og trivsel for auge i større grad enn arbeidet med totalfråhaldssaka. «Ja, der var dem, som hadde faat indtryk og forstaaelse av, at goodtemplarne ikke hadde imot, at foreningene gik ind, naar kun deres medlemmer kom ind i logerne,» skriv Halvorsen.²⁷¹ I DNT frykta ein difor at logene skulle øydeleggje foreiningane, «[...] ogsaa komme til at berøve de foreninger hus og eiendom, som hadde saadanne».²⁷²

Godtemplarane sjølve såg si inntrenging som nødvendig i fråhaldskampen. Dei meinte ein trond noko solid og fast som «[...] kunde øve en kontrollerende og opdragende virksomhet i foreningene».²⁷³ Dei reine DNT-arane vart krenka av påstandane. Det kom krav om at godtemplarane måtte ut av selskapet sine foreiningar og finne eigne plattformer å kjempe drikkevondet frå. Fram mot DNT sitt generalmøte i Kristiania året etter, slutta fleire seg til kravet. Under møtet vart det difor avgjort at medlemar av den eine organisasjonen, ikkje fekk vere medlem i den andre.²⁷⁴ «Striden og spliden i foreningene friedes man fra, og der opstod en arbeidets fordeling, som har vist sig at være til held for avholdssaken i vort land», skrev Halvorsen i 1909.²⁷⁵

I 1880 skreiv amtmannen at «Good Templar-Ordenen» hadde verka betydeleg til å innskrenke brennevinsdrikken i Porsgrunn.²⁷⁶ Frå Brevik i 1885 skildrast eit totalfråhaldslag

²⁶⁹ Losja i Skien gjekk inn like etter stiftinga. (Krogshus, 1928, 4)

²⁷⁰ Halvorsen, 1909, 16. 14. juli 1878 vart det skipa ei eiga storlosje for Noreg, der Lauritz Balle vart Stor-Templar (sjef). (Strøm, 1944, 25)

²⁷¹ Halvorsen, 1909, 16

²⁷² Halvorsen, 1909, 16

²⁷³ Halvorsen, 1909, 16

²⁷⁴ Halvorsen, 1909, 16-17

²⁷⁵ Regelen om at ein berre kunne vere medlem at eit selskap vart ståande til 1896. (Halvorsen, 1909, 17)

²⁷⁶ Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 21. Skildringa er knytt til godtemplarane si motarbeidning av brennevinnssamlaget i Porsgrunn.

av «Good Templars»-retning som verka til fremme for edruelegdomen, «hviss Medlemsantal fra 1881 til 1885 gik op fra 37 til 48 Medlemmer».²⁷⁷ I 1890 fanst det 194 godtemplarar fordelt på 5 losjar i det som vart kalla «Grenmar-distriktet». På fem år steig medlemstalet til 808.²⁷⁸ Ifylgje losjeoversikta til IOGT, fanst det fem losjer i Telemark heilt fram til hundreårsskiftet. Fyrst etter 1904 spreidde godtemplarane seg nordover i fylket, og i 1919 eksisterte det 42 losjar i Telemark.²⁷⁹ Desse hadde eit medlemstal på nesten 3 600 personar. At det tok tid før godtemplarordenen for alvor vaks, hang saman med stridigheter i organisasjonen.²⁸⁰ Året folkerøystinga vart holdt, var det totale medlemstalet i godtemplarordenen 111 554 personar.²⁸¹

Totalfråhaldssaka sit nedslagsfelt

Det var omtrent berre blant det Halvorsen kallar «smaafolket» at totalfråhaldssaka i byrjinga vant innpass.²⁸² Svært få frå dei høgare klassene ville leggje seg på ei totalfråhaldande side. Dei gongene det skjedde, vart totalfråhaldet hovudsakleg nytta som redningsmiddel for eigen drukkenskap.²⁸³ At totalfråhald vart ei sak for dei lågare laga i samfunnet, er ikkje overraskande. Den same tendensen fanst i den tidlegare fråhaldsrørsla. I ei melding frå fråhaldsagenten H. Halling til Den norske Foreining mod Brændeviinsdrik i 1854, står det at «Det lyder endvidere som en almindelig Beklagelse, at de merer Dannede staae udenfor Sagen og ei ville Skjænke den Opmærksomhed, noget, som ogsaa Agenterne med Bedrøvelse have

²⁷⁷ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 41. Amtmannen skreiv allereie i 1890 at losja var nedlagt. (NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 49.) Nordstoga skriv at losja stadig var i drift i 1998, og isofall tek amtmannen feil. Losja hadde visstnok eige samlingshus kalla «Godtemplarheimen» som låg på Grubbehaugen i Brevik. (Nordstoga, 1998, 69)

²⁷⁸ Jf. RA/PA-0380/1/A/L0004/0022: IOGT forhandlinger, U.O.G.T. Forhandlingerne 23. årsmøte, 1900.

²⁷⁹ RA/PA-0380/P/L0474, RA/PA-0380/P/L0475, RA/PA-0380/P/L0476: Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 0-1924, Norges Storlosje av IOGT.

²⁸⁰ I 1876 innførte ei losje i Kentucky ein paragraf i lovene sine om at svarthuda ikkje kunne bli medlemar av dei vanlege losjane, men i staden måtte danne sine eigne losjer. Ved årsmøtet i Louisville i 1876 vart paragrafen foreslått underkjent, men dette første ikkje fram. Mindretalet, med Joseph Malins i spissen, braut ut frå Godtemplarordenen og rekonstruerte ordenen på det gamle grunnlaget – utan raseparagrafen. John Hickman heldt fram arbeidet som ordenssjefen for den gamle ordenen. Brotet i Godtemplarordenen i USA skulle få tyding også for godtemplarane i Noreg. Carl Reynolds si «Første Norske» var av «malinsk» art, men i 1879 vart den «hickmanske» retninga også representert i Porsgrunn. Walther Strøm skriv at striden vanskeleggjorde og skada arbeidet på mange måtar. Dei to retningane vart ført saman att i 1887, men i Noreg fungerte ikkje samarbeidet. I 1888 braut størstedelen av den hickmanske retninga ut og forma «Den Norske Godtemplarorden». Det var den malinske retninga som etter kvart vart den største. I 1902 bestod denne av 428 losjer med 21 728 medlemar, i tillegg til 162 barnelosjer med 11 597 medlemmer. (Jf Strøm, 1944, 22-26)

²⁸¹ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistik 1918-1919*, tabeller. Her har eg lagt saman medlemstalet frå dei to godtemplarretningane «International Order of Good Templars» (102 281 medl.) og «Den norske Godtemplarorden» (9 273 medl.).

²⁸² «Småfolk» tolkar eg som «arbeidsfolk».

²⁸³ Halvorsen, 1909, 19

erfaret.»²⁸⁴ Med unntak av prestane, heldt dei fleste akademikarane seg utanfor fråhaldsrørsla i byane. Enno vanskelegare var det å plante fråhaldstanken blant forretningsfolk og industrieigarar.²⁸⁵

I dei høgare klassene eksisterte det ein annan drikkekultur som mellom anna var knytt til selskapslivet. Der vart ikkje nødvendigvis berre alkoholsterke drikkar nytta; vinen og andre alkoholsvake drikkar var varer som ein heldt eit godt tak om. Når drikkevondet fyrst råka, råka det heller ikkje like valdsamt der ressursane sat. I dei lågare laga var vegen til absolutt katastrofe langt kortare, og når dette vart oppfatta i samfunnet, var det kanskje også ein av årsakene til at det var her totalfråhaldstanken stod sterkest.

Totalfråhaldstanken sin framvekst hang saman med den edruelege utviklinga og fall elles inn i den naturlege organisasjonsveksten som skjedde på midten av 1800-talet. Men den gjekk også hand i hand med vedtaka frå Stortinget. Også her hadde ein lagt merke til den auka drukkenskapen på 1870-talet. Styresmaktene var i ferd med å leggje om eit lovverk som ikkje lengre fremja edruskapen.

Som me har sett kom det nye skattereglar knytt til brennevinssproduksjon i 1827. I 1845 kom det lover som i praksis avskaffa husbrenninga, samstundes som rettane til detaljhandel med brennevin vart innskrenka.²⁸⁶ Sjølv om innstrammingane var store når ein samanliknar lovverket etter 1816 med det etter 1845, må det framleis ha vore gunstig å drive brennevinssutsal. I Skien skal det i 1860-åra ha vore ikkje mindre enn 16 brennevinssutsal i byen.²⁸⁷ I 1866 vart det vedtatt ei lov som sa at når brennevinshandlarar var «avgaaede», skulle det vere opp til kommunestyret å gi nye brennevinssrettar.²⁸⁸ Lova verka førebyggjande på lengre sikt. På 1870-talet handla lovarbeidet i stor grad om den nye brennevinssamlagsordninga.

²⁸⁴ RA/PA-1234/F/L0002: 18, Aarsberetning for 1854 B, Oversigt over de indkomne Beretningers Indhold, meddelelse af H. Halling. Berre i Grimstad bestod fråhaldsforeininga hovudsakleg av «Byens dannede Folk».

²⁸⁵ Jf. Fuglum, 1972, 127

²⁸⁶ NOS V, No. 124, *Alkoholstatistik*, 4

²⁸⁷ Kr. Jahnsen, *Litt historikk vedrørende Skiens samlag for brændevinshandel, Skiens private brændevinshandel og Fruerne Backe og Vauverts fond*, Skien, 1931, 4

²⁸⁸ Jahnsen, 1931, 4

Kapittel 5: Omlegging av sals- og skjenkeordningane: 1871-1884

I 1871 vart samlagsordninga innført i Noreg. Ordninga kan sjåast på som ein forløpar til dagens vinmonopol, og føydde seg inn i rekka av lover som sidan 1827 hadde verka til innskrenking for brennevinsrettane både når det gjaldt produksjon og sal. Samlagsordninga vart innført gjennom lov av 3. mai 1871. Det handla eigentleg ikkje om ei eiga lov, men eit «Tillæg til Lov af 9de Juni 1866». I tillegg heitte det at rett til handel med brennevin skulle kunne gis til samlag som plikta seg til å nytte verksemda sitt overskot til «almennyttigt Øiemed», og som hadde fått godkjent vedtekten sine av byen sine formenn og representantar. Samлага kunne ha medlemar som i utgangspunktet ikkje hadde bevilling til brennevinssal. Dei kunne ha fleire utsalsstadar innanfor byen sine grenser, men kvar utsalsstad måtte tilsette ein påliteleg styrar, godkjent av magistraten og formennene i byen.²⁸⁹

Ordninga var adoptert frå eit system som allereie fanst i Gøteborg.²⁹⁰ «Bolagsystemet er visstnok det beste restriksjonsmiddelet, som ennå er oppfunnet mot rusdrikktrafikken», skreiv J. L. Nydahl om det svenske systemet i 1896.²⁹¹ Tanken bak lova var å fjerne inntektene frå brennevinssalet frå dei private sine hender. Ved å plassere samlag under det offentlege, ville ein enklare kunne styre omsettinga. Då slo ein like godt to fluer i ein smekk, og let brennevinssalet finansiere tiltak som verka førebyggjande mellom anna i det edruelege arbeidet. Dei som hadde fronta lova spådde at samlaga kom til å drive med tap. I så fall var dette eit gode i seg sjølv. Det skulle imidlertid vise seg at samlagsvenene sine spådomar ikkje vart realisert.

Frå private til offentlege hendar

For kommunane vart samlaga ei verdfull ressurs. Gjennom samlagsoverskotet kunne dei finansiere prosjekt og tiltak dei tidlegare ikkje hadde hatt råd til. Årsaka låg i den vase forklaringa lova gav om kvar overskotet skulle nyttast. Med «almennyttigt Øiemed» meinte ein i utgangspunktet tiltak som kommunane ikkje var plikta å yte bevilling.²⁹² Problemet var berre at eit «almennyttigt Øiemed» vart tolka svært forskjellig.²⁹³ Overskotet gjekk til kommunale prosjekt som låg heilt på grensa av kva som kan definerast som ålmennyttig. I ettertid kan det òg vere problem å fatte kva som eigentleg var meint med denne ordbruken. Lova førte

²⁸⁹ Otto Mejlænder, *Almindelig norsk Lovsamling for Tidsrummet 1871-1880, i Udtog og med Henvisninger*, Christiania, 1882, 9

²⁹⁰ Fuglum, 1972, 286

²⁹¹ J. L. Nydahl, *Avholdssagens historie*, Minneapolis, 1896, 76 (Denne oppfatninga deler også historikaren Kjell Indrehus i Kjell Indrehus, *Alkoholmonopolet i Norge inntil 1920*, Oslo, 1955, 71)

²⁹² N. G. Berg, *Om samlags-afstemning*, Chra, 1898, 1

²⁹³ Fuglum, 1972, 289

til at interessa av å tene pengar på brennevinssal slettes ikkje fall bort, den vart berre flytta frå private til kommunale hender.²⁹⁴

Noreg sitt fyrste samlag vart etablert i Kristiansand 16. september 1871. Mot slutten av 1895 hadde 51 av dei 54 byane i Noreg eige samlag. Stathelle var ein av dei tre byane som enno stod utanfor ordninga.²⁹⁵ I 1871 fanst det seks byar i Telemark. Kragerø, Skien, Porsgrunn og Brevik var kjøpstadar, medan Langesund og Stathelle var ladestadar.²⁹⁶ Det var i desse byane samlagsordninga kom til å få spesiell betydning.

I tillegg til samлага, fanst det private brennevinsutsal med særskilte rettar. Det eksisterte også utsals- og utskjenkingsstadar i fogderia. Vertshus, skyttelstasjonar og hotell var blant dei føretaka som framleis kunne få bevilling til omsetting av brennevin. Ofte kom bevillingane med avgrensingar – mange vertshus hadde til dømes ikkje lov til å servere til lokale kundar, berre til reisande. Årsaka til dette var mellom anna ynskje om å fremje turistnæringa. Ettersom det var overklassefolk som stod for turisttrafikken, gjekk deira behag framfor konfliktane slike avgrensingar kunne føre med seg.

Edruelegdomen i byane då samлага vart oppretta

Det fyrste samlaget i Telemark vart oppretta i Porsgrunn allereie i 1872, og kom i drift året etter.²⁹⁷ «[...] [D]et kan neppe være tvivlsomt, at dette er en væsentlig Forbedring, fremfor at Brændeinstrafikken drives af Sælgere, hvis Næring og Indtægt fremmes ved en stor Om-sætning,»²⁹⁸ skreiv amtmannen om det nye føretaket i 1875. Likevel meinte han samlaget sin eksistens ikkje var einsbetydande med at edruelegdomen ville bli betra. «Da Brændeins-samlagets Virksomhed falder i en Periode, som paa Grund af den gode Arbeidsfortjeneste har medført større Fristelser til Umaadelighed i Brændeinsdrik, kan det ikke ventes [...] at Ædrueligheden under saadanne Forholde skulde gaa fremad[...].»²⁹⁹ Forsiktigheit frå ut-

²⁹⁴ Berg, 1898, 1 og Indrehus, 1955, 71. Delar av overskotet frå samлага vart likevel nyitta til å støtte fråhaldslag og fråhaldsrelaterte prosjekt. Ordninga kan høyast merkeleg ut, men sanninga er at det enno i dag praktiserast ei liknande ordning knytt til Vinmonopolet. I Vinmonopolet AS sine etiske retningsliner heiter det: «Gjennom regulert omsetning, ikke å stimulere til økt salg og strenge krav til kontroll med salget, bidrar Vinmonopolet til at totalkonsumet av alkohol i samfunnet begrenses.» (Vinmonopolet, «Våre etiske retningslinjer», <http://www.vinmonopolet.no/artikkel/om-vinmonopolet/samfunnsansvar/etikk/etiske-retningslinjer-i-vinmonopolet> (lest kl. 16.00, 26.5.14). Rusdrikklova frå 1927 sa at Vinmonopolets og samlagenes nettoutbytte skulle tilfalle to særskilte fond; 20 prosent til Rusdrikkfondet, og 80 prosent til Invalidefondet. (*Rusdrikkloven og Beverterloven med anmerkninger av Reidar Sveen og Sverre Riisnæs*, Oslo, 1928 i Olav Hamran og Christine Myrvang, *Fiin gammel: Vinmonopolet 75 år*, Oslo, 1998, s. 71))

²⁹⁵ Dei to andre byane var Son og Hølen. (Jf. SSB, *Meddelelser fra det statistiske centralbureau*, 23. bind 1905, Kristiania, 1906, 170)

²⁹⁶ Jf. Helland, *Norges land og folk*, VIII Bratsberg Amt, 1900 og amtmannsmeldingane.

²⁹⁷ Jf. SSB, *Meddelelser fra det statistiske centralbureau*, 23. bind 1905, Kristiania, 1906, 170

²⁹⁸ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 9-10

²⁹⁹ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 9-10

seljarens side ville aldri gjere at «Tilbøieligheden hos Drankerne kan overvindes,» meinte han.³⁰⁰

Amtmannen såg det likevel som svært positivt at styret til samlaget berre hadde medlemar som «ikke kunne faa anden Fordel end simpel Rente [...].»³⁰¹ Samlaget var ifylgje han den einaste utsalsstaden som hadde rett til detaljskjenking og detaljsal av brennevin i Porsgrunn i 1875, men Tønnessenskriv at dette ikkje vart tilfelle før i 1887.³⁰²

Årsoppgjeren frå samlaget viser at brennevinsomsettinga nesten vart halvert i perioden 1876-1879.³⁰³ Amtmannen meinte nedgangen hang saman med «de flae Tider» og det frivillige arbeidet som særleg var knytt til godtemplarane sin framvekst.³⁰⁴ «Hvad Forbrydelser, Usædelighed og Drukkenskab betræffer, maa Tilstanden siges at have været god», var meldinga i 1885.³⁰⁵

I Kragerø hadde frå byrjinga av 1874 eit samlag tatt over salet og skjenkinga av brennevin.³⁰⁶ Det hadde blitt sett ned ein komité for å forberede danninga av føretaket, og 27. november 1873 vart det lagt fram ei liste til teikning av 60 aksjar til ein verdi av 100 spd. Lista vart raskt fylt opp, og 1. januar 1874 kom samlaget i gang med drifta.³⁰⁷

I 1865 hadde det eksistert 6 brennevinshandlarar i byen³⁰⁸, men fleire hadde vist interesse for å avstå sine rettar til samlaget. Distriktslegen meldte i 1870 at fire personar var råka av «Drankersygdomme», og at éin hadde omkomme.³⁰⁹ Omgrepene «Drankersygdomme» nyttja i medisinalmeldingane, omhandlar beteikningar som "Delirium Tremens", "Alcoholismus", "Drankergalskab" og "chronisk Alcoholisme", og vart alle forårsaka av høgt alkoholkonsum.³¹⁰ Slike tilfelle kan ha gjort brennevinshandlarane tilbøyelige til å avstå retten til brennevinshandel. Brennevinshandlarane fekk også ein kompensasjon dersom dei avsto retten til brennevinshandel, og dette hadde nok ei enno større tyding for avgjersla deira.³¹¹

³⁰⁰ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 9-10

³⁰¹ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 9-10

³⁰² Ifylgje Tønnessen fekk samlaget einderett først i 1887. Samlaget sitt overskotet økte kraftig som fylgje av dette. I 1895 var omsetninga på 77 847 kr, og overskotet på 15 255 kr. (Jf. Tønnessen, 1957, 477)

³⁰³ Ifylgje amtmannen gjekk omsetninga ned frå 31 385 Potter i 1876 til 15 541 Potter i 1879. I 1880 steig omsetninga til 16 222 potter, men dette er framleis svært lågt samanlikna med nivået i 1876. (Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 21)

³⁰⁴ Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 21

³⁰⁵ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 38

³⁰⁶ Amtmannsmeldingane, NOS I, C No. 2, 1871-1875, VIII, 10

³⁰⁷ Steffens, 1916, 457-458. Nordstoga skriv at samlaget i Kragerø vart opna så seint som i 1893, men dette stemmer ikkje. (Jf. Nordstoga, 1998, 28)

³⁰⁸ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1861-1865, H, 7-8

³⁰⁹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1870, 53

³¹⁰ Jf. Medisinalmeldingane, div. nr. i perioden 1860-1870 og 1880-1895.

³¹¹ Som me skal sjå, var dette noko som også skjedde då brennevinssamlaget i Skien vart oppretta.

I 1875 meinte amtmannen at edruelegdomstilstanden i Kragerø var «mindre god». ³¹² I denne perioden var det sterkt tilstrøyming av folk fra landdistrikta til byen, noko som truleg var ein del av årsaka til den negative utviklinga. Distriktslegen meldte i 1880 at ni personar var råka av «Drankersygdomme». ³¹³ I same melding skreiv han at drikkfeldigheita hadde gått ned sidan opprettinga av samlaget, og han la til at «Afholdsforeningen og Goodtemplarlogerne, som der tæller mange Medlemmer, virke med Nytte». ³¹⁴ Amtmannen meinte også at brennevinskonsumet i byen hadde vore stabil i perioden 1880-1885. ³¹⁵ Likevel kom to dødsfall som fylgle av drikk, og ei rekke tilfelle av «Drankersygdomme» i løpet av denne perioden. ³¹⁶ «Brændevinsdrik er etter i Tiltagende uagtet Bolag og Goodtemplarloge,» skreiv distriktslegen i 1884. ³¹⁷ Amtmannen meinte likevel at «Ædruelighedstilstanden har været god,» og fra 1886 fram til 1888 hadde omsettinga av brennevin i byen vore vesentleg lågare enn i den førre femårsperioden. ³¹⁸ Men i 1889 og 1890 hadde «de gode Aar for Sømænd og Arbeidere, specielt i Byens Omegn,» fengje forbruket til å stige ganske betydeleg. ³¹⁹ Samlaget hadde då alle ølutsjenkings- og brennevinsrettar som fanst i byen. Tre av utskjeningane skjedde frå samlaget sine lokalar. Ein var overlat til eit hotell, medan den siste ikkje vart nytta. ³²⁰

I Langesund fortalte amtmannsmeldinga frå 1875 at detaljhandelen og utskjeninga av brennevinet var overtatt av eit samlag i 1874. ³²¹ I 1880 meldte amtmannen at edruelegdomstilstanden hadde vore upåklageleg, og meinte årsaka fanst i dei dårlege økonomiske tidene, «[...]foruden at Brændevinssamlaget ogsaa her har virket gavnligt i denne Henseende.» ³²² I neste femårsperiode hadde drikkevondet møtt motbør frå «en ganske fremtrædende religiøs Vækkelse, hvortil Indremissionens Virksomhed paa Stedet i væsentlig Grad har bidraget.» ³²³ Også ein kafé, «med det Formaal derigjennem at modarbeide Drukkenskaben ved at give

³¹² Amtmannsmeldingane, NOS I, C No. 2, 1871-1875, VIII, 10

³¹³ Medisinalmeldingane, NOS II, C, No. 4, 1880, 86

³¹⁴ Medisinalmeldingane, NOS II, C, No. 4, 1880, 90

³¹⁵ Amtmannen skal ha henta denne opplysninga frå samlaget sine årsmeldingar. Han hevder handelen og utskjeninga av brennevin vart overtatt av Kragerø Samlag i 1879, men det rektige årstalet skal vere 1874. Dette kjem fram i eldre amtmannsmeldingar, i tillegg til i Steffens, 1916, 457. (Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 47)

³¹⁶ Det vart meldt om to dødsfall i 1882, i tillegg til tre tilfelle av «Drankersygdomme». I 1884 var det fire tilfelle av «Drankersygdomme». (Jf. Medisinalmeldingane, NOS III, No. 10, 1882, 85 og NOS III, No. 31, 1884, 79)

³¹⁷ Medisinalmeldingane, NOS III, No. 31, 1884, 82

³¹⁸ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 47

³¹⁹ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 47

³²⁰ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 47

³²¹ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 11

³²² Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 27

³²³ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 45

Publikum Anledning til at erholde billig og god Beværtning istedetfor berusende Drikke», var blitt oppretta i Langesund.³²⁴ Det skjedde i 1884.

I 1874 meldte distriktslege Paus at drukkenskapen var avtakande i Brevik og i land-distrikta som grensa til kjøpstaden.³²⁵ Samlaget i Brevik trådde i kraft i byrjinga av 1876.³²⁶ I 1877 skreiv Paus at den arbeidande klassa i Brevik og omegn levde «[...]mindre rigelig paa Grund af den mindre gode Fortjeneste i det forløbne Aar» og «Misbrug af Spirituosa var i Aftagende.»³²⁷ I 1880 meldte amtmannen at «Ædruelighedstilstanden maa betegnes som meget god og antages at have forbedret sig» sidan samlaget vart oppretta. Han gav «de daarlige Tider» ei vesentleg betydning for dette, men samlaget hadde også, «udentvivl», ei stor del av æra for den positive utviklinga.³²⁸ Den same prisinga gav distriktslegen i 1880, som meinte at drukkenskapen hadde avtatt år for år sidan opprettinga av samlaget.³²⁹

Også utover 1880-talet stod edruelegdomen sterkt i Brevik. «Ædrueligheden har utvivlsomt gaaet betydeligt fremad blandt Stedets Befolkning», skreiv amtmannen i 1885. Omsettinga til samlaget vart redusert.³³⁰ I tillegg var det vekst i godtemplarlosja i Brevik.³³¹ I 1890 hadde den positive trenden snudd. Godtemplarlosja hadde gått inn. «Ædrueligheden kan ikke siges at have gaaet fremad blandt Stedets Befolkning.»³³²

I Skien vart det oppretta samlag i 1881.³³³ I 1875 hadde amtmannen meldt at det grunna fleire eldre rettar til brennevinsal, enno ikkje hadde vore råd å få stabla samlag på beina.³³⁴ I meldinga for 1880 skreiv amtmannen at «Brændevinsdrikken blandt Byens Befolkning er kjendelig aftaget. Forberedende Arbeider til at danne Samlag for Brændevins-handelen ere i Femaaret foregaaede, og Samlag er ogsaa senere opprettet.»³³⁵ «Skien Samlag» vart oppretta etter at Christen Backa og fru Vauvert overlot utøvinga av sine rettar som brennevinsseljarar til samlaget. Samlaget betalte deretter kvar av dei ei årleg avgift på 1200 kroner. 36 aksjonærar teikna 50 aksjer à 50 kroner, som var med på å finansiere starten. I 1885 meinte amtmannen at opprettinga av samlaget hadde verka positivt på edruelegdomen,

³²⁴ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 45

³²⁵ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1874, 59

³²⁶ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 10

³²⁷ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1877, 66

³²⁸ Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 25

³²⁹ Medisinalmeldingane, NOS II, C, No. 4, 1880, 90

³³⁰ «Byens Samlag for Brændevinshandel havde i 1881 en Omsætning af 15 137 Liter Brændevin og 16 958 Fl. Øl, medens den i 1885 udgjorde 12 698 Liter Brændevin og 20 240 Fl. Øl.» (Jf. Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 40)

³³¹ Medlemstalet auka frå 37 medlemar i 1881 til 48 medlemar i 1885. (Jf. Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 41)

³³² Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 49

³³³ Jahnsen, 1931, 4

³³⁴ Amtmannsmeldingane, NOS I, C No. 2, 1871-1875, VIII, 9

³³⁵ Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 13

«skjønt de tiltagende Arrestationer for Drukkenskab tyde paa det modsatte [...].»³³⁶ Ifylgje amtmannen var hovuddelen av dei som vart arrestert som fyll, hovudsakleg «omvandrende, fremmede Personer, hvoraf et Flertal er Svensker.»³³⁷ «Arbeiderbefolkningen» i Skien stod på «et høit sædeligt Standpunkt» i 1885, og det hadde dei visstnok gjort sidan 1875.³³⁸

Stathelle var den siste byen i Telemark, og ein av dei siste i landet, som fekk samlag. Det skjedde gjennom samlagsrøystinga i 1897.³³⁹ Virkninga mangelen på samlag hadde på edruelegdomstilstanden i byen, ser ikkje ut til å ha vore spesielt alvorleg. Distriktslegen skreiv i 1875 at «Beboerne af Bamle skildres som arbeidsomme, nøyisomme og ordentlige; Spirituosa nydes næsten kun ved høitidelige Leiligheder.»³⁴⁰ Det er usikker kor mange private utsalssstadar det fanst i byen før 1897. I 1880 skreiv amtmannen at «Ædruelighedstilstanden maa ansees for god, og har muligens forbedret sig lidt.»³⁴¹ I 1885 forteljast det at «Ædrueligheden paa Stedet har ladet adskillig tilbage at ønske,» noko som kan ha samanheng med at det ikkje hadde eksistert noko fråhaldslag i perioden.³⁴²

Sjølv om edruelegdomen ikkje peikar seg ut på nokon spesiell måte, er det forunderleg at Stathelle valte å ikkje innføre samlag. Det er vanskeleg å forstå årsaka utan å vita om det fanst private brennevinshandlarar. Dersom det var tilfelle at det ikkje eksisterte brennevins-handlarar i byen, kan det vere årsaka til ynskjet om ein samlagsfri by. Årsaka kan ligge i at edruelegdomen var god. Ein ynskte difor ikkje å endre på eit system som allereie fungerte. I Bratsberg Blad stod det i 1897 at det i dei seinare år «saagodtsom ikke har været drukkenskab paa Stedet». ³⁴³ I løpet av 1895 vart berre fem personar arrestert for fyll. «Disse Tal taler et tydeligt Sprog: de viser at Befolkningen er en ordentlig og brav befolkning, der ikke nyder Spirituosa til Overmaal, og for hvilken Forbud ikke er nødvendigt.»³⁴⁴ Innlegget i Bratsberg Blad talar ein sak det er viktig å ikkje gløyme; at forbod og fråhald ikkje alltid gjekk hand i hand. Det er i så måte spanande å sjå utviklinga fram til 1919, då dette delvis endra seg.

³³⁶ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 33

³³⁷ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 33

³³⁸ Jf. Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 33

³³⁹ Samlagsrøystingane vert behandla i kapittel 7.

³⁴⁰ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1875, 61

³⁴¹ Amtmannsmeldingane, NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 27

³⁴² Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 46

³⁴³ Innlegg i Bratsberg Blad 7.4.1897 i Johnny Sørensen (red.), *For hundre år siden: Brevik, Stathelle, Langesund: Utdrag frå avisene «Adressetidende for Brevig, Stathelle og Langesund», «Bratsberg Blad», «Breviksposten»*, 1897, Brevik, 1997, 9

³⁴⁴ Innlegg i Bratsberg Blad 7.4.1897

Byane si interesse av å ha samlag

Som me har sett vart samlagsordninga 1871 lagt opp slik at bykommunane fann interesse av å stifte samlag. Samlaga sine overskot skulle gå til ålmennytige formål av den typa som kommunane frå før ikkje var plikta å yte bevilling.³⁴⁵ Kva vart eigentleg samlaga sitt overskot nytta til?

Spesifikasjonane for kvar «Skiens Brændevinshandel» bidrog med økonomisk stønad, eksisterer fyrst frå 1897. Der er det teikna 108 postar, der det høgste beløpet i løpet av perioden 1897-1907 var på heile 109 698 kr og gjekk til «Skiens Forsamlingslokale og Badeanstalt». Elles støtta samlaget skular, museum, bibliotek, barneheimar, hospital, vegbygging, skyttarlag, idrettsforeininga Odd og Skiens Arbeiderforening m.m. På Gjerpen vart eit tuberkulosesanatorium oppretta med støtte frå mellom anna Skiens Samlag for Brændevins-handel. Jahnsen skriv at det i perioden 1908-1917 vart gitt 14 500 kroner til «Sanatoriet Høgaas».³⁴⁶ Tre andre slike sjukehus skulle snart bli reist innan amtet sine grenser – alle med stønad frå samlaget.³⁴⁷ Omrent 10 000 kroner gjekk til «Selskapet til Byens Forskjønnelse», og «Skiens bymusikk» fekk over 13 000. Som det fremgår, er imidlertid årstala for denne oversikta langt nyare enn den perioden me finn oss i. Kva vart overskota frå samlaga nytta til på 1800-talet?

Tønnessen fortel at «Folkebadet» i Porsgrunn både vart bygd og drive av samlaget sitt overskot.³⁴⁸ Samlaget i Kragerø ytte 28 500 kroner til «Pigeskolebygningen» i perioden 1879-1884, «hvilket antagelig er dens Kostende».³⁴⁹ Sjukehusfondet vart også fullstendig finansiert av samlaget sitt bidrag på 19 750 kroner. Fattigpleie og hjelp til trengande fekk ein stor del av overskotet. Amtmannen skrev i 1885 at torget i Langesund vart utvida, samstundes som ein ny veg vart lagt frå torget til kyrkja - «[...]alt for Penge udredede af Brændevins-samlaget.»³⁵⁰

På Stathelle vart det på generalforsamlinga 24. desember 1898 bestemt at hovuddelen av overskotet frå samlaget skulle gå til dei trengande. Til saman var dette beløpet på 1400 kr. Ved sidan av å støtte ei rekke foreiningar, bidrog samlaget med materiell til skulebruk, og til direkte støtte av studierelaterte føretak. «N. P. Bergs Brygge» vart støtta med 500 kr, medan det vart gitt 1000 kr til eit «Søbadehus» og 1480 til «Stathelle Forskjønnelse & Vel».³⁵¹ Til

³⁴⁵ Jf. Berg, 1898, 1

³⁴⁶ Jahnsen, 1931, bilag 1

³⁴⁷ Amtmannsmeldingane, NOS, VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 97

³⁴⁸ Tønnessen, 1957, 477

³⁴⁹ Steffens, 1916, 460

³⁵⁰ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 45

³⁵¹ Bratsberg Blad, «Stathelle Samlag», 26.04.1899 i Sørensen (red.), 1999, 18

saman var samlaget sitt overskot dette året på nesten 10 000 kroner – langt lågare enn i dei store byane.³⁵²

Sjølv om fråhaldsfolket hadde kjempa hardt mot opprettinga av samlaget i Kragerø, fekk dei 500 kr til agentverksemد kring 1893.³⁵³ Til saman støtta samlaget i Kragerø fråhalds-relaterte føretak med 5 600 kroner i perioden 1884-1896.³⁵⁴ Frå samlaget på Stathelle vart «Stathelle Totalafholdsforening» løyva 150 kr i 1899, medan losja «Grundet Haab» fekk 200 kr.³⁵⁵ «Den norske Totalavholdsforening» fekk 600 kr av «Skiens Brændevinshandel» i løpet av perioden 1897-1907.³⁵⁶ «Samlagsfolket hadde gjerne ikke stort tilovers for avholdsarbeidet», skreiv Halvorsen.³⁵⁷ Til gjengjeld vart samlagspengar gjerne betrakta som «blodpengar» av fråhaldsforeiningane. Særleg gjaldt dette blant godtemplarane i Porsgrunn.³⁵⁸

I 1904 stod pengane til «direkte fremme af Afholds- og andet Ædruelighedsarbeide» for berre 2,2 prosent av det totale overskotet som skulle gå til ålmennytige formål i heile landet.³⁵⁹ Dette svara til litt over ein halv million kroner. Undervisningsvesenet fekk den største biten av kaka; 16,1 prosent, medan kommunikasjonsvesenet fekk 10,8 prosent. Også «Vandværker» fekk meir pengar enn det fråhaldsarbeidet gjorde (7,7 prosent).³⁶⁰

Ein kan spørje seg korleis samlaga sitt overskot til ålmennytige føremål vart oppfatta blant innbyggjarane. Det er usikkert i kva grad dei brydde seg over kvar pengane kom ifrå. Dersom overskotspengane skapte reaksjonar i folkedjupet kan det ha vore med å forma dei seinare tankane kring forbod som stadig vann større plass. Slike «målingar» ser ikkje ut til å eksistere, anna enn dei sokalla «forbodslistene» som skal handsamas i neste kapittel.

Forbruket aukar på 1870-talet

I Noreg sin offisielle statistikk over forbruket av alkohol i heile landet, syner det seg at forbruket var høgt på 1870-talet, noko som går fram i Vedlegg nr. 8. Oversikta syner eit veksande forbruk av både brennevin og øl, særleg på midten av 1870-talet. Det vart framleis nyttalite vin. I 1860 skreiv distriktslegen at nyttinga av bayersk øl og vin i Skien og Porsgrunn

³⁵² Jf. Helland, 1900, 227-228

³⁵³ Nordstoga, 1998, 28

³⁵⁴ «Totalavholdsforeningen» fekk 2900 kr, «Goodtemplarforeninger» fekk 1350 kr, «Nøgterhedscaféen» fekk 1250 og logene «Haabets Morgen» og «Fredens Hjem» fekk 50 kr kvar. (Jf. Steffens, 1916, 462)

³⁵⁵ Bratsberg Blad, «Stathelle Samlag», 26.04.1899 i Sørensen (red.), 1999, 18

³⁵⁶ Jahnsen, 1931, bilag 1.

³⁵⁷ Halvorsen, 1909, 165

³⁵⁸ Tønnessen skriv at det var mange røyster som reiste seg mot brenneinspengane frå samlaget i Porsgrunn, særleg etter at godtemplarane kom på banen. Knytt til samlagskampen, gjekk desse saman med m. a. indremisjonen og frikyrkja og stifta bladet «Giv Akt», som gjekk laus på tilhengarane av samlaget. (Jf. Tønnessen, 1957, 479)

³⁵⁹ Meddelelser fra Det Statistiske Centralbureau, 23. bind, 1905, 184

³⁶⁰ Meddelelser fra Det Statistiske Centralbureau, 23. bind, 1905, 184

framleis var vanleg, «[...] i hvorvel ogsaa heri fra enkelte Steder omtales en Indskrænkning paa Grund af de trange Tider.»³⁶¹

Auka tilslutning til fråhaldsrørsla kom som ein reaksjon på det høge forbruket av alkoholhaldige drikkevarer på 1870-talet. Som me såg i førre kapittel, gjekk veksta på begge arenaer hand i hand. Samstundes vart lovverket som gjaldt brennevinet stadig strengare. Alle desse faktorane gjorde det vanskeleg å overleve for eit drikkevonde i naud.

Det er spanande at forbruket gjekk opp i tida etter at samlagsordninga var trådd i kraft. Som me har sett, vart samlaga oppretta utover heile 1870-talet. Slik vart det ikkje nokon brå overgang frå privat til offentleg styring. Det kan tenkast at det vart selt meir brennevin og øl i tida samlaga vart oppretta fordi folk frykta dei ikkje kom til å få tak i desse varene like lett når omsetninga vart styrt frå eit samlag. Men årsaka var nok meir innfløkt enn dette. Meldingane frå amtmennene kring opprettingane av samlaga i dei ulike byane i Telemark, fortalte at samlaga verka fremjande på edruelegdomen. Denne utviklinga kjem klårt fram frå forbruksstatistikken, då det totale forbruket fall med halv annen liter rein brennevin per innbyggjar i perioden 1876-80 i heile landet. Årsaka kan ikkje forklarast med opprettinga av samlaga åleine, noko som kjem fram i dei same meldingane.

Utsalsstadane i fogderia i Telemark

Som me har sett vart samlaga berre opna i bykommunane i Telemark. Kva så med utsalsstadane i fogderia – dei delane av fylket som ikkje var byar? I 1860- og 1870-åra fortel Einung at det hadde kome landhandlarar til Tinn som ville gjere kundane ei teneste med å skaffe «liksovel ‘vaate’ som ‘tørre’ varur fraa byen.»³⁶² Meldingane frå amtmennene viser at det fanst skjenkerettar spreidd utover heile amtet. Mange av desse var rettnok avgrensa til berre å omfatte skjenking av vin og øl. I 1885 fans det til saman 32 ølrettar spreidd over Bamble, Nedre-Telemarken og Øvre-Telemarken fogderi. Dette talet auka til 58 i 1890. Det var i Øvre-Telemarken at auka var størst. I den femårige perioden auka ølrettigheitene frå 15 til 38.³⁶³ Frå 1890-1895 gjekk talet tilbake til 23. I «Bamle fogderi» stod det berre att 2 ølrettigheitar, medan det i «Nedre-Telemarken fogderi» stod att 6 – til saman 31 ølrettigheiter i 1895.³⁶⁴

³⁶¹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1860, 64

³⁶² På same stad skriv han at «[...]stiget fraa brennevinsagent til brennevinshandlar er kje langt, og umsetnaden vart so stor, at justitsen maatte ta ein rassia rundt i ‘bulerne’». (Einung, 1926, 504)

³⁶³ I «Nedre Telemarken fogderi» aukte ølrettigheitene frå 10 til 12 i same periode, medan auken gjekk frå 7 til 8 i «Bamle fogderi». (Jf. Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 27-28)

³⁶⁴ Opplysningane var ifylgle amtmannsmeldinga henta frå «Lensmændene meddelte Opgaver». (Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 315, I, 1891-1895, VIII, 16)

I 1900 var fordelinga av ølrettigheitene slik: Eidanger: 1 (innskrenka), Solum: 11 (begrensa), Hollen: 1, Hitterdal: 2 (innskrenka), Tinn: 4 (innskrenka), Gransherred: 4 (innskrenka), Hjartdal: 2 (innskrenka kun for sumaren), Hvideseid: 1 (innskrenka), Mo: 2 (innskrenka kun for sumaren), Laardal: 4 (innskrenka) og Vinje: 6 (innskrenka).³⁶⁵ Til saman 38 ølrettigheiter. I amtmannsmeldinga står det ikkje kva som meinast med «innskrenka» og «begrensa» rettar. Det er fruktbart å hevde at det er snakk om *kven* som fekk nytte seg av utsalsstadene – at omsetting berre var lovleg til omreisande gjester, og ikkje til lokale bønder. Dette hadde vore ein vanleg praksis ved skjenkeordningane etter 1816. I ein vedtaksprotokoll frå Mo heradsstyre går det fram at drukkenskapen var i ferd med å bli ei ulukke på Dalen og kringliggjande distrikt, samt «for dei mengder av ferdafolk, turistar og andre som kjem til staden», etter at Lårdal heradsstyre hadde gitt løyve til fire utskjenkingsstadar på staden.³⁶⁶ Det kan difor tenkjast at retten var knytt til kva sesong skjenking var lovleg.

I løpet av femårsperioden 1901-1905 hadde talet utskjenkingsstader gått ned til 26. Då omfatta det «Rettigheder til Skjænkning af Øl, Vin, Frugtvin og Mjød», medan det verkar som det berre omfatta skjenking av øl tidlegare. 21 av desse rettane var innskrenka, 1 gjaldt skjenking av alkoholsvakt øl, medan 4 var alminnelege. Av desse fire fanst ein i Solum – «der tillige omfatter Brændevin», ein i Hollen og to i Laardal.³⁶⁷

Fram mot 1910 vart rettane kutta kraftig. Då stod det berre att åtte. Det fanst ein alminneleg rettighet «[...] som fra gammel tid har været knyttet til færgestedet Spjósod i Kviteseid». Vedsidan av denne fans fire innskrenka rettar i Gransherred, to i Hovin og ein i Rauland.³⁶⁸

40 potter brennevin i posten

Det er usikkert i kor stor grad det var mogleg for folk i fogderia å få tilgang til brennevin. Det ser ikkje ut til at det eksisterte utsalsstadar andre stadar enn i byane. Det var framleis mogleg å bestille brennevin frå byane, men detalj grensa på 40 potter gjorde at få hadde råd eller lyst til å bestille så stort kvanta åleine. Difor føregjekk brennevinssal på den måten at «[...] Flere slaa sig sammen om et Parti paa 40 Potter eller derover, som de hjemføre og dele».³⁶⁹

I femåret før samlagslova vart vedtatt skreiv amtmannen at «Ulovligt Brændeviinssalg foregaar antagelig hyppigst paa den Maade, at Nogen paatager sig som Kommissionær for Flere at indkjøbe et større Parti, som derpaa deles mellem Vedkommende, saaledes at Kom-

³⁶⁵ Amtmannsmeldingane, NOS IV, No. 106, I, 1896-1900, VIII, 34

³⁶⁶ Olav Grimdal, *Mo bygdebok: Kultursoga: Bind II*, Tokke kommune, 1996, 26

³⁶⁷ Amtmannsmeldingane, NOS V, No. 93, I, 1901-1905, VIII, 42

³⁶⁸ Amtmannsmeldingane, NOS VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 50-51

³⁶⁹ Amtmannsmeldingane, NOS I, C No. 2, 1871-1875, VIII, 7

missionæren har en direkte eller indirekte Fordeel, hvilket dog i mange Tilfælde er vanskeligt at oplyse».³⁷⁰ Det var det å ta seg betalt som ein slags «privatimportør» som var ulovleg. Det kunne setje heile sals- og utskjenkingssystemet i fare. Amtmannen merker i 1875 at når «ingen Enkelt betinger sig en særskilt Fordel, rammes det ikke af Loven, og naar der under samme skjuler sig et Salg af Kommissionæren, er det i de fleste Tilfælde vanskeligt at faa Sammenhængen saaledes oplyst, at Vedkommende kan fældes.»³⁷¹ Det er vanskeleg å fastslå kor utbreidd praksissen var. Utifra amtmannsmeldingane kan det verke som det skjedde nokså hyppig. Praksissen gjekk heller ikkje hus forbi i Stortinget, der saka vart diskutert i 1881.

Især er det almindeligt i Landdistrikterne, at naar en reiser til Byen, skyder Naboen og Kjendinger sammen til et Anker. At mange derved ladersig lokke til at kjøbe mere Brændevin, end de vilde have gjort om Prisen ankervis var den samme som Pottevis, er faktisk. Naar vedkommende da er kommen hjem fra Byen, gaar det ofte løs med Svir og Drik . . . Mangen «Byslusk» nærer og vedligeholder ogsaa sit Hang til Drik ved at søge Selskab med saadanne Bønder, der under Opholdet i Byen har slaaet sig sammen om et Anker og da gjerne ere spandable med det stærke ...³⁷²

Med det eksisterande lovverket, var det ikkje noko særleg styresmaktene kunne gjere, anna enn å endre det. «Lovgiverne havde ganske vist tænkt sig, at det kun sjeldent vilde forekomme, at nogen enkelt Forbruger vilde paa engang gjøre Indkjøb af et større Kvantum end 40 Potter, og at saaledes i Regelen alt Salg af Brændevin i Smaat skulde rammes af den nævnte Salgsafgift», kom det fram i Næringskomiteen No. 2.³⁷³ Saka førte til at komiteen la fram eit lovforslag som sa at «Udsalg af Brændevin i mindre Partier end [...] 230 Liter er forbudt Andre end dem, der overensstemmende med de gjeldende Regler har erhvervet særskilt Bevilling til Salg af Brændevin.»³⁷⁴ Ifylgje Fuglum var ikkje tida moden for ei slik endring næringskomiteen foreslo.³⁷⁵ Men som me skal sjå vart kvantumsgrensa tatt oppatt kring Brennevinslova av 1894.

Telemarkskanalen som mål på edruelegdomen i Øvre Telemark

Oversikta over det totale forbruket av alkohol fortel oss lite om korleis forbruket var i Telemark. Telemark kan ha skilt seg ut frå landsstatistikken. Det eksisterer ikkje oversikt over omsettinga frå utsalstadene i fogderia i Telemark. Slik kan ein ikkje finne noko nøyaktig tal over forbruk. Ein peikepinn på korleis forbruket var, er å studere innføringa av øl og brennevin gjennom Telemarkskanalen. Løveid sluser ligg i nærleiken av Skien. Kanalen delar seg i

³⁷⁰ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1866-1870, H, 5-6

³⁷¹ Amtmannsmeldingane, NOS I, C No. 2, 1871-1875, VIII, 7

³⁷² St. forh. 1881, V, dok. nr. 7 i Fuglum, 1972, 367

³⁷³ St. forh. 1881, V, dok nr. 7 Angaaende Forandringer i Lovgivningen om Udsalg og Udkjænkning af Brændevin, Øl og Vin.

³⁷⁴ St. forh. 1881, V, dok nr. 7

³⁷⁵ Fuglum, 1972, 369

enden av Nordsjø, der den eine kanalen går til Notodden, medan den andre går til Dalen. Det er usikkert korleis varene var fordelt gjennom kanalen, då det ikkje har dukka opp oppgåver over kva stoppestader varene vart levert til. Frå 1890 eksisterer det eigne tal over innførselen gjennom Ulefoss sluser. Derifrå gjeng kanalen gjennom det Eilert Sundt kallar Øvre Telemarkens Vestfjeldske provsti. Fyrst då ser ein korleis varene vart fordelt mellom dei to retningane kanalen tok. Frå 1870 eksisterer berre oversikt over importen av øl. Ølet som vart importert på siste halvdel av 1800-talet var hovudsakleg av bayersk type. På 1870-talet vart «flasker» nytta som mål. Truleg meinast det flasker av «murar-størrelse» (0,7 liter).³⁷⁶ Frå 1880 vart hektoliter nytta som måleining i staden.

Frå 1871 til 1880 auka innførselen av øl gjennom Løveid sluser frå kring 90 000 flasker til 165 000 flasker.³⁷⁷ Forbruksmønstret som eksisterte på landsnivå, var med andre ord også gjeldande i Øvre Telemark. Kring 1870 stod framleis brennevin for hovuddelen av forbruket. Bayersk øl hadde enno ikkje blitt ein folkedrikk. Særleg i Øvre Telemark nytta ein hovudsakleg heimebrygga øl. Forbruket var likevel stort nok til å vekkje distriktsleganes bekymring i Telemark. I meldingane frå legedistrikta i Øvre Telemark vert ikkje det bayerske ølet omtalt før i 1865. Då vart det skrivi at nytinga av bayersk øl og fruktvin var «[...]bleven almindeligere end før» i Kviteseid, medan øldrikk i Lårdal legedistrikt var «betydeligt indskrænket».³⁷⁸

På 1870-talet vart det på det høgste importert 204 705 flasker øl i 1878. Fordelt på dei østfjeldske og vestfjeldske delane av Øvre Telemark var ikkje dette mykje. Folketeljinga frå 1875 viser at det budde kring 40 000 menneske, i alle aldrar, i dei delane av amtet som kunne dra nytte av kanalen.³⁷⁹ Det blir kring fem flasker øl per person i løpet av året. Den offisielle statistikken viser at det i gjennomsnitt vart nytta 21,5 liter øl per person i 1878.³⁸⁰ Øl av ikkje-bayersk type må isofall ha stått for ein ganske stor del av forbruket dersom talet var gjeldande i Øvre Telemark. Distriktslegen skreiv at «Indførselen og Nydelsen af det bayerske Øl» hadde «naaet en foruroligende Grad» i 1877.³⁸¹ Likevel meinte han at edruelegdomstilhøvet ikkje kunne kallast ille. Om det heimelaga ølet skriv han ingenting.

³⁷⁶ Då det er usikkert kva storlek flaskene hadde, vågar eg ikkje å rekne mengda om til liter. Det er mest truleg at flaskestorleiken var 0,7 liter fordi omrekninga passar betre inn med innførselen på 1880-talet. (I 1880 vart det innført 165 064 flasker øl, noko som dermed vert 115 545 liter, mot 114 500 liter i 1881.)

³⁷⁷ Amtmannsmeldingane, NOS I, C, No. 2, 1871-1875, VIII, 7, og NOS II, C, No. 2, 1876-1880, VIII, 8

³⁷⁸ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1865, 72

³⁷⁹ Her har eg rekna både Tinn, Laardal, Hvideseid, Sauland og Holden lægedistrikt. (Jf. Medisinalmeldingane, NOS II, C, No. 4, 1879, 80)

³⁸⁰ NOS V, No 124, *Alkoholstatistik I*, 1910, 25

³⁸¹ Medisinalmeldingane, NOS I, C, No. 4, 1877, 67

Distriktslegane klagar i det heile lite over øldrikken. Årsaka var truleg at ølet hadde ein lengre tradisjon enn brennevinet, og difor vart akseptert i større grad. I tillegg var ølet svakt samanlikna med brennevinet. Ølet vart difor ikkje rekna som eit like stort vonde som det brennevinet vart.

Oversikta over brennevinsinnførselen gjennom Telemarkskanalen eksisterer fyrst frå 1880-talet, og går fram i Vedlegg nr. 9. Det er særleg 1882 og 1890 som utmerkar seg, då innførselen nådde nesten 130 000 liter brennevin av uviss alkoholstyrke. I den offisielle statistikken nytta ein «50 volumprosent alkohol» som mål, og det er difor grunn til å tru at det same var tilfelle her. Fordelar ein dei 130 000 literane på dei 40 000 innbyggjarane som drog nytte av kanalen, gir dette 3,25 liter per person. Det berekna forbruket for heile landet var i 1882 3,52 liter per person.³⁸² Tala avviker lite. Det kan likevel ikkje avvisast at brennevin vart skaffa på anna vis. Sjølv om det ikkje eksisterte brenneri i Telemark, kunne brennevin koma frå brenneria i dei kringliggjande fylka. I same periode auka også ølinnførselen, men den største veksten kom ikkje før i 1910, noko som går fram i Vedlegg nr. 10.

Den offisielle alkoholstatistikken på landsnivå viser at det totale forbruket gjekk opp, men veksten var lita. Det kan tenkast at det heimelaga ølet vart bytta ut med det bayerske. I 1885 meldte amtmannen at ei stor mengde øl vart ført til Telemark over Kongsberg.³⁸³ Kvar dette ølet hamna, er vanskeleg å fastslå, men det viser at Telemarkskanalen ikkje kan nyttast som mål på alkoholforbruket åleine. Telemarkskanalen er likevel eit interessant mål som, når ein samanliknar med den offisielle alkoholstatistikk, ser ut til å vise trenden i forbruket.

Omlegginga av sals- og utsalsordninga var med på å flytte inntektene av alkoholsalet frå private til offentlege hender. Slik vart overskotet fordelt på ein meir rettferdig måte enn før. Framleis var fordelinga av inntektene urettferdig i høve til eit by/land-perspektiv. Kommunane på landet fekk ikkje dei same inntektene som bykommunane. Då fråhaldsfolket gjekk inn i 1880-åra, vart kurset lagt om frå den apolitiske arbeidsforma i 1870-åra. Fråhaldskjempa Sven Arrestad hadde markert seg etter at han i 1883 tok over som redaktør for Menneskevennen. Her fronta han ei meir politisk tilnærming for å nå målet med å tørrleggje landet. Taktikkane som i 1880-åra vart ført, skilte seg hovudsakleg gjennom kva tempo tørrlegginga skulle føregå i. Rett før innføringa av parlamentarismen, såg ein byrjinga på «listearksjonen» i Noreg. Fram til då var dette den mest omfattande aksjonen totalfråhaldsfolket hadde gjennomført.

³⁸² NOS V, No 124, *Alkoholstatistik I*, 1910, 22

³⁸³ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 12

Kapittel 6: Forbodstanken ved partipolitikken sin barsel: 1884-1894

Utover 1880-talet vart forbodstanken ein stadig større del av fråhaldsarbeidet i Noreg. Fyrste gong «statsmonopol tanken» vart lagt fram for Stortinget var i 1885. Forslaget var satt fram av Ivar Fløistad frå Nedenes Amt, men vart aldri noko av.³⁸⁴ Samstundes vart det jobba hardt i fråhaldsorganisasjonane for å teste stemninga i folket kring tanken om ei forbodslov.

Listeaksjonen på 1880-talet er ei viktig kjelde for å finne folkemeininga om forbodet kring parlamentarismen sin barsel. Aksjonen har fått lita merksemd i den alkoholhistoriske litteraturen. Mange forfattarar nemner aksjonen, men få har tatt den i nærmere augesyn. Årsaka ligg truleg i at aksjonen vart oppfatta som ein fiasko i samtid, og difor vart nytta lite i fråhaldsarbeidet. Som me skal sjå var ikkje aksjonen ein fiasko i heile landet. I Telemark rørte den ved store delar av befolkninga – særleg i Øvre Telemark.

Fråhaldssak på den partipolitiske arenaen

Parlamentarismen i Noreg vart innført i 1884. Då vart både Venstre og Høgre danna. Usemjekring alkoholpolitikken var aldri årsak til framveksten av dei fyrste politiske partia. Forholdet mellom Venstre og Høgre vart heller ikkje råka av motsetningane på det alkoholpolitiske felt i den fyrste tida etter 1884. Det skyldtes at partia sjølv ynskte å halde alkoholrelaterte spørsmål utanfor den dagsaktuelle debatten.³⁸⁵

Både Venstre og Høgre var frå byrjinga tilbakehaldne når alkoholpolitiske spørsmål kom opp i Stortinget. Samstundes viste dei velvilje til totalfråhaldsrørsla. Høgre la seg på ei avventande moderasjonsline, medan Venstre var meir splitta i synet på alkoholpolitikken.³⁸⁶ Til Venstre høyrdet dei fleste leiarane i fråhaldsrørsla og storparten av dei organiserte fråhaldsmennene i Stortinget. Samstundes sokna dei mest aggressive motstandarane av forbodstanken til partiet.³⁸⁷ Blant desse var Viggo Ullmann, som representerte Bratsberg amt, blant dei mest radikale. Bratsberg plasserte seg som amt nummer tre i landet når det kom til Venstre-tilslutning i 1882.³⁸⁸

Sjølv om dei to partia frå byrjinga stort sett let vere å uttale seg kring alkoholpolitiken, vart det jobba hardt i fråhaldsleirane for å fremje edruelegdomen. I Skien behandla by-

³⁸⁴ Fuglum, 1972, 375

³⁸⁵ Per Fuglum, 1999, 33

³⁸⁶ Den fyrste store alkoholpolitiske konfrontasjonen kom ifylgje Fuglum under spørsmålet om brennevinslova 1894. (Jf. Fuglum, 1999, 34)

³⁸⁷ Fuglum, 1999, 33

³⁸⁸ Jf. Knut Kjeldstadli, «Finnes faktisk en radikal Telemark-tradisjon?», i *Telemark Historie nr. 25: Jubileumsbok Telemark Historielag 25 år: Den stridbare Telemarkingen*, 2004, 73

styret i 1884 ei nær einstemmig innstilling frå formannskapet om at vintermarknaden i Skien måtte stengast grunna den overstadige brennevinsfylla under marknaden i februar. Nedlegginga vart vedtatt, under den føresetnad at marknadane i Drammen, Kongsberg og Kristiania også vart nedlagt. Dette var nyttelaust, og marknaden i Skien fekk leve vidare.³⁸⁹ Episoden viser likevel kor alvorleg ein byrja å ta brennevinsdrikken.

Blant dei edruelege sakene det vart arbeidd med på 1880-talet, er det arbeidet med listeaksjonen som peiker seg ut som det mest interessante. Aksjonen kan bli sett som ein motsetnad til den politikken Arrestad fremja frå 1890 om gradvis nedtrapping av alkoholtilgangen – «Arrestadlina». Listeaksjonen var ein politisk aksjon som tok sikte på å samle underskrifter til støtte for eit forbod mot all rusande drikk for deretter å ta desse til Stortinget. Det er i så måte interessant å sjå korleis listeaksjonen utspelte seg i Telemark.

«Listeaksjonen» 1883-1887

Listeaksjonen var ei underskriftskampanje som skulle undersøke korleis folk stilte seg til forbodstanken. Dersom aksjonen vart vellukka, kunne listene leggjast fram for Stortinget for vidare utgreiing. Fråhaldsrørsla var delt når det gjaldt kva taktikk som skulle føras for å betre edruelegdomen på byrjinga av 1880-talet. Det fanst dei som hadde tiltru til samlagspolitikken frå 1870-talet, og dei som meinte det måtte gjerast meir for å fremje edruelegdomen. I dette låg tanken om *forbod* som stadig vart ein større del av fråhaldsarbeidet.

Fråhaldsrørsla var ikkje berre delt når det kom til kva taktikk som skulle førast. Godtemplarar og DNtarar arbeidde framleis side om side i fråhaldsarbeidet. Som me skal sjå, vart listeaksjonen ein viktig faktor for å sameine dei to retningane.

Det fyrste initiativet til «listeaksjonen» vart tatt under eit godtemplarmøte i Fredrikstad i juli 1883. Då fans det kring 5000 godtemplarar i landet.³⁹⁰ Årsaka til at medlemstalet enno ikkje var større, var visstnok at den indre spliden i organisasjonen hadde ført til «meningsløst kraftspille».³⁹¹ Det er difor interessant at det var godtemplarane som kom med initiativet.

Fuglum skriv at den nye bylgja av forbodsagitasjon som rulla over Nord-Amerika i 1880-åra, var båre fram gjennom samarbeid mellom dei ulike grinene i totalfråhaldsrørsla.³⁹² No såg ein den same utviklinga i Noreg. Totalfråhaldsfolket gjekk saman for å organisere

³⁸⁹ Einar Østvedt, *Skiens historie, bind III, Fra 1870 til ca. 1925*, Skien, 1959, 144

³⁹⁰ Jf. RA/PA-0380/1/A/L0004/0005, IOGT forhandlinger, *U.O.G.T. Forhandlingerne 6. årsmøte*, 1883

³⁹¹ Erling Sørli, *Avholdsfolkets samarbeid gjennom femti år: Avholdsfolkets Landsnemnd 1895-1945*, Oslo, 22

³⁹² Fuglum, 1972, 354

forbodssak! Striden mellom DNT og godtemplarane på slutten av 1870-talet såg ut til å vere gløymd.

Det var tolv menn som i hovudsak stod bak «listeaksjonen». I november 1883 sette desse ned ein såkalla «Afholdskomité». Dei tolv medlemene var ei blanding av DNTarar og godtemplarar, i tillegg til metodistar og «Frimenighedsmedlemmer». ³⁹³ For å måle temperaturen for eit snarleg forbod, vart det sendt ut lister til heile landet der folk vart oppmoda til å skrive under dersom dei ynskte at «Tilberedelse og Indførsel af berusende Drikke – Brændevin, Vin og bayersk Øl – ved Lov forbydes.» ³⁹⁴ Listene skulle returneras til komiteen, som deretter skulle ta saka til Stortinget.

Frå fyrste augneblikk ideen om forbodslistene vart lansert, fekk den kritikk frå personar i totalfråhaldsrørsla. Dei meinte mange fråhaldsvener var i besittelse av «mere Iver end Klogskab». ³⁹⁵ Opinion måtte skapas i folket. Denne opinion var enno ikkje vakt til live. ³⁹⁶ Stortemplar Balle, som sat som redaktør i godtemplarane sitt blad «Den Norske Good Templar», tok det same standpunktet. Listeaksjonen ville «kun føre til et skjebnesvangert Nederlag for vor Sag og blot udhale Oppnaaelse af det Maal, vi Totalafholdsmænd arbeider hen til.» ³⁹⁷ Arrestad, som sat som redaktør for Menneskevennen, hadde også tatt eit negativt standpunkt til saka. Han meinte, som Balle, at ein opinion måtte skapas før ein slik aksjon kunne gjennomførast.

Under DNT si generalforsamling i Haugesund i juli 1884, hevda representantar frå Stavanger at kring 10 000 personar frå Stavanger og kringliggjande distrikt allereie hadde skrivi under på erklæringa. Totalisten Peder Sunde meinte ein ville få med seg $\frac{3}{4}$ av befolkninga. Han stod oppført som ein av underteiknarane då dei fyrste listene vart sendt ut frå styret i Stavanger Totalafholdsforening 2. november 1883. ³⁹⁸ Formann i DNT, Oscar Nissen, endra i «all denne begeistringens brusen og storm» standpunkt i løpet av generalforsamlinga. Stikk i strid med Arrestad sitt standpunkt, vart eit framlegg som sa at arbeidet med forbodslistene kunne overlatas til hovudstyret i DNT, vedtatt mot tolv stemmer. ³⁹⁹

³⁹³ Den Norske Good Templar, nr. 9, 1883-84, 22-23, i Fuglum, 1972, 354

³⁹⁴ RA/PA-0419/E/Eh/L0681: DNT, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslist» 1884, 1

³⁹⁵ Elling Kristoffersen var godtemplar i Oslo og skrev fleire artiklar om listeaksjonen i «Den Norske Good Templar». (Jf. Nr. 14, 1883-84 og nr. 16 1883-84) Fuglum meiner sitatet er ei representativ meinung blant dei delane av fråhaldsrørsla som var motstandarar av listeaksjonen. (Fuglum, 1972, 355)

³⁹⁶ Elling Kristoffersen, Den Norske Good Templar, nr. 14, 1883-84, og eit seinare innlegg i same, nr. 16 1883-84 i Fuglum, 1972, 355

³⁹⁷ Stortemplar Balle i Den Norske Good Templar, nr. 16, 1883-84, i Fuglum, 1972, 355

³⁹⁸ RA/PA-0419/E/Eh/L0681: DNT, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslist» 1884, 3, Listene frå Telemark er hovudsakleg frå 1884. Berre frå Fyresdal ser det ut til å vere ei liste frå 1883.

³⁹⁹ Fuglum, 1972, 357

Dermed vart det sendt ut lister direkte frå «Hovedbestyrelsen for det norske Totalafholds-selskab» i november 1884. I erklæringa som hang med listene stod det:

Paa det norske Totalafholdselskabs 17de Generalmøde i Haugesund i Sommer udtaltes der af de deputerede, at det med Synet paa den Fremgang, som Kampen mod de berusende Drikke gjør baade i vort og særligt i andre Lande, skulde være af Interesse at vide, hvorledes Stemningen inden vort Land vilde være lige over for en Forbudsløv. I den Anledning overdroges Hovedbestyrelsen for Selskabet at forelægge for enhver myndig Mand og Kvinder i Landet, – over 21 Aar – det Spørgsmaal, hvorvidt de ønsker, at Tilberedelse og Indførsel af berusende Drikke – Brændevin, Vin og bayersk Øl – ved Lov forbydes.⁴⁰⁰

Erklæringa var radikal på fleire måtar. For det første vart kvinnene spurt. Dei var det ikkje tatt omsyn til i undersøkinga til Eilert Sundt kring 25 år tidlegare. Dei hadde heller ikkje stemmerett ved politiske val før i 1913. Årsaka til at kvinnene vart innlemma i den demokratiske undersøkinga, var truleg at ein blant fråhaldsfolket såg at kvinnene engasjerte seg omrent like mykje som det mennene gjorde. Noko anna radikalt, var aldersgrensa på 21 år. Ved stortingsvala var aldersgrensa for å stemme 25 år heilt fram til 1920. Fyrst i 1946 vart grensa senka til 21 år.⁴⁰¹ Som me skal sjå i neste kapittel, vart også aldersgrensa ved samlagsrøystingane lagt på 25 år. I tillegg kunne menn som ikkje hadde ålmenn stemmerett delta i undersøkinga.

På DNT sitt generalmøte på Hamar i august 1885 vart det opplyst at det hadde kome inn 21 732 underskrifter på forbodslistene. Av desse var 13 955 skrive under av menn og 7 777 av kvinner. Mennene var med andre ord dei som på landsbasis utgjorde størstedelen av engasjementet for forbodet. To år seinare, i 1887, var det samla talet underskrifter 65 604. Kring halvparten av desse kom frå Kristiansands stift, som Telemark var del av fram til 1918.⁴⁰²

Telemarkingen sitt svar på listeaksjonen

Listene som vart sendt frå DNT sitt hovudstyre i 1884, hadde tre rubrikkar som skulle fyllast ut; ein rubrikk for namn, ein for alder og ein for arbeidsstilling. På kvar liste skulle det også fyllast ut kva herad listene gjaldt for. Denne siste rubrikken vart gløymd ved ein stor del av listene – truleg også ved lister frå Bratsberg amt. Dette problematiserer grunnlaget i undersøkinga betrakteleg. I denne undersøkinga har alle lister utan opplyst herad blitt utelatt.

⁴⁰⁰ RA/PA-0419/E/Eh/L0681: DNT, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudsliste» 1884, 1
Erklæringa var signert Oscar Nissen sjølv, med A. Halvorsen som sekretær.

⁴⁰¹ I 1920 vart aldersgrensa senka til 23 år. (Ragnhild Rein Bore, «Stemmeberettigede ved Stortingsvalg ere de norske Borgere...», i SSB Valgaktuelt 2005: <http://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/stemmeberettigede-ved-stortingsvalg-ere-de-norske-borgere>, publisert 8.8.2005. (henta kl. 18.00, 20.7.2014))

⁴⁰² Fuglum, 1972, 357

I Telemark skreiv 4971 personar under på erklæringa. Av desse var kring 60 prosent menn, og 40 prosent kvinner. Vedlegg nr. 6 viser at det mest truleg manglar lister frå ei rekke herad; som Tinn (berre 58 underskrifter), Gransherad (berre 51 underskrifter) og Kragerø. Mange herad er ikkje ein gong representert. Dette gjeld mellom anna byane Porsgrunn, Bamble og Stathelle. Årsaka er anten at listene har forsvunne, eller at namnet på heradet ikkje har blitt oppført. I førre kapittel såg me at fråhaldstanken stod relativt høgt, og edruelegdomen var relativt god i dei byane det ikkje eksisterte lister. Då er det lite truleg at forbodstanken ikkje var representert i desse delane av amtet i det heile.

Innsamlinga av underskrifter ser ut til å ha blitt gjennomført på to måtar. På nokre lister er det nytta ulik handskrift og ulik skrivereiskap. Listene er i desse tilfella svært medtatt. Nokre lister har mellom anna vasskader. Dette tyder på at listene er vorte sendt frå husstand til husstand.

På andre lister er det nytta same handskrift. Nokre lister er ordna etter kjønn, der mennene har blitt skrivne opp først, og deretter kvinnene. Desse listene er stort sett i god stand. Mykje tyder på at det er *ein* person som har tatt seg av innsamlinga av underskriftene, eller gjort ei finskriving av dei. Dette kjem tydelegast fram på listene frå Fyresdal, der P. Kjelland, stiftaren av totalfråhaldslaga under DNT i Fyresdal og Vrådal, har notert: «Det bemerkes, at jeg traf ingen, som ikke vilde skrive under, men folk bor saa spredt her, at alle er ikke med ligevel.»⁴⁰³

Nota hans peiker på eit viktig problem ved listeaksjonen; at folk i Telemark budde spreidd og at dette gjorde innsamlinga vanskeleg. Det er difor høgst tenkeleg at det manglar ein stor del underskrifter frå folk som kunne seie seg samd i erklæringa utan at dei fekk moglegheita. At alle Kjelland møtte skrev under på erklæringa tyder på det same.

Fyresdal er det heradet med flest underskrifter i Øvre Telemark.⁴⁰⁴ Dette til tross for Kjelland si note. Det går fram at heile 440 personar skrev under i heradet. For å teste om dette talet er logisk, kan ein samanlikne det med medlemstalet i fråhaldsforeininga i heradet. Fråhaldslaget i Fyresdal vart stifta i 1882 av Kjetil og Paal Kjelland.⁴⁰⁵ Frå 1887 til 1889 auka medlemstalet i fråhaldslag frå 56 til 282 medlemar. I 1894 stod laget oppført med 509 medlemar i DNT sin kretsprotokoll.⁴⁰⁶ Samanlikninga styrkar truverdet til listeaksjonen i

⁴⁰³ RA/PA-0419/E/Eh/L0682: Det norske Totalavholdsselskap, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslist» 1884, 6, nr. 114-116 Det kan her merkast at den eine lista frå Fyresdal (nr. 113) låg i ei anna eske enn dei andre listene. Det kan slik tenkas at denne lista var den som vart sendt rundt, medan Kjelland sjølv tok seg at innsamlinga i dei mest sentrale strøka.

⁴⁰⁴ Jf. Vedlegg nr. 6

⁴⁰⁵ Taraldlien skriv «Kiland» i staden for «Kjelland». (Jf. Bendik Taraldlien, *Fyresdal*, Kristiania, 1910, 97)

⁴⁰⁶ Jf. RA/PA-0419/A/Ac/L0090: DNT, Skien kretsprotokoll, 1889-1903

Fyresdal. Den skaper også ei ny hypotese; mobiliserte forbodslistene folk til å melde seg inn i fråhaldslag?

I Tinn går det fram at det ikkje fanst noko målmedvite arbeid for fråhaldssaka før i 1880-åra. «Den 28de februar 1886 vart det fyrste avhaldslag skipa i eit møte paa Sandviken. 9 medlem skreiv seg inn, og prost Kielland vart formann.»⁴⁰⁷ I Vinje vart «Vinje Avhaldssamlag» stifta 7. januar 1885.⁴⁰⁸ Her vart fråhaldssak og religionssak skilt frå kvarandre i 1889, men laget hadde likevel 199 medlemar etter brotet.⁴⁰⁹ Andre faktorar spelte også inn når det gjaldt medlemsauka og nyoppretinga av lag i 1880-åra, men det er likevel spanande at utviklinga skaut fart akkurat i perioden etter at listene vart signert.

Då det er innsamlinga av underskrifter frå Øvre Telemarkens fogderi som ser ut til å ha vore mest fullstendig, er det interessant å sjå nærmare på denne delen av fylket. Sjølv om det høgst truleg manglar lister også her, vil ei slik avgrensing vere meir nøyaktig enn dersom me tek for oss heile fylket. Då det ikkje eksisterer folketeljing frå 1884, er det vanskeleg å finne det nøyaktige talet på innbyggjarar i denne delen av amtet. Folketeljinga i 1875 er ikke fullstendig, noko som er ein svakheit når me reknar kor mange av det totale innbyggjartalet over 21 år som skreiv under på aksjonen. Av dei 14 617⁴¹⁰ personane som var 21 år og eldre i Øvre Telemarkens fogderi i 1875, skreiv 2 577 under. Dette tyder at 18 prosent av befolkninga over 21 år skreiv under.

Å nytte den same framgangsmåten for å finne kor mange prosent som skreiv under på landsnivå, vil vere for omfattande. Men dersom me ikkje tek omsyn til alder, viser det seg at dei 65 604 underskriftene på landsnivå berre stod for 3,6 prosent av befolkninga.⁴¹¹ Ved å nytte same framgangsmåte i Øvre Telemarkens fogderi, gir dette eit prosenttal på 11 prosent. Det var med andre ord ein langt større del av befolkninga som skreiv under i Øvre Telemark enn i landet elles.

Like interessant er det å studere oppfatninga om at edruelegdomen står spesielt høgt på Sør- og Vestlandet. Fuglum skriv at over halvparten av underskriftene (35 025) kom frå

⁴⁰⁷ Einung, 1926, 505

⁴⁰⁸ Stiftinga skjedde etter eit førebuande møte kyrkjesongaren Kjetil Kiland kalla inn til i jula 1884. Laget vart leia av presten Th. Frette og klokkaren J. Saudesund frå 1887. (Berge, 1975, 214)

⁴⁰⁹ Berge, 1975, 214-215

⁴¹⁰ Befolkingstalet er henta frå registreringssentralen for historiske data ved Universitetet i Tromsø. Det er tatt utgangspunkt i folketellinga 1875. Då det i mange kommunar i Øvre Telemarkens fogderi berre var registrert delar av befolkingstalet (kun 2 %), måtte talet reknast om, og er difor ikkje heilt nøyaktige. Berre i Vinje og Rauland kommune var befolkingstala fullstendige.

⁴¹¹ Under folketeljinga i 1875 vart folketalet opplyst å vere 1 840 332. Befolkningsutviklinga frå 1875 til 1884 var negativ i Telemark. Dette hang saman med den kraftige utvandringa til Amerika. Talet vert difor unøyaktig, men det kunne ihvertfall ikkje vere lågare enn det som er vist. Den negative befolkningsutviklinga var heller ikkje like stor i heile landet.

Kristiansands stift.⁴¹² I 1875 hadde stiftet eit befolkningstal på 458 486 innbyggjarar.⁴¹³ Dersom me ikkje tek omsyn til alder betyr dette at 7,6 prosent av befolkninga i stiftet sat namnet sitt på listene. Frå Øvre Telemarken fogderi var talet høgare enn frå dei delane av landet som har gått for å vere på landstoppen edruskapsmessig.

Då Eilert Sundt gjorde si undersøking kring tjuge år før listeaksjonen, nytta også han ei geistleg inndeling. Resultatet frå «Christiansands stift» går fram i Vedlegg nr. 7. Denne viser at andelen «ædruelige» låg langt høgare i provsti som ikkje omfatta Øvre Telemark. Dersom ein godtek listeaksjonen og undersøkinga til Sundt, kan det difor vere fruktbart å påstå at overgangen til forbodstanken skjedde raskare og meir dramatisk i Øvre Telemark enn i dei andre provstia i stiftet.

Listeaksjonen si tyding for edruelegdomsarbeidet

Listeaksjonen viser kva oppslutning forbodstanken hadde kring midten av 1880-talet. Den representerer truleg ei langt lågare oppslutning enn den som fanst i Noreg i perioden. Årsaka var at aksjonen var halvhjarta. Nokre stader forstod ein ikkje eingong kva ein skulle skrive under på. «Det er mærkligt, hvor faa Navne der endnu er at se paa denne Liste; men der er sagt at en del Folk har misforstaaet den saaledes, at naar man skrev under sit Navn her, saa skrev man med det samme sig ind som Afholdsmand.», skreiv T. Olsen som samla underskrifter kring Holmestrand i 1885.⁴¹⁴

Listeaksjonen vart kalla ein «Fjasko» av Oscar Nissen. Han meinte utbyttet av aksjonen ikkje hadde vore anna enn «et stor Pengeudlæg for Selskabet og meget Arbeide for Hovedbestyrelsen og alle dem, som havde været behjælpelige.»⁴¹⁵ Den same skuffelsen viste Sven Arrestad i 1933. Han meinte skuffelsen i fråhaldsrørsla hang saman med at forventingane hadde vore enorme før aksjonen vart satt i gang. Skuffelsen handla også om at det på same tid som aksjonen vart gjennomført, eksisterte kring 100 000 totalfråhaldsfolk i landet. Ein hadde ikkje ein gong fått alle desse med seg.⁴¹⁶

Det herska ikkje berre negative oppfatningar om listeaksjonen. Den Norske Good Templar meldte at listene hadde gitt «Afholdsarbeidet i vort Land et Fremstød, som maaske intet andet.»⁴¹⁷ Dette viser seg kan hende også i Telemark, der medlemstalet og nyopprett-

⁴¹² Fuglum, 1972, 357

⁴¹³ Jf. folketellinga 1875 i medisinalmeldingane, NOS III, No. 31, 1884

⁴¹⁴ RA/PA-0419/E/Eh/L0682: DNT, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslistar» 1884, 5. Sitatet står på ei liste frå «Ulfale og Skale» 14 Juni 1885. Namna på hereda er ulesleige, men utifra etternamna på dei som har skrivi under, kan det sjå ut som dei ligg i nærleiken av Holmestrand.

⁴¹⁵ Menneskevennen, nr. 9, 1887, i Fuglum, 1972, 358

⁴¹⁶ Sven Arrestad, *Spredte trekk fra kampen om forbudet i Norge*, Arendal, 1933, 24

⁴¹⁷ Den Norske Good Templar nr. 14, 1885-86 i Fuglum, 1972, 358

tingane av fråhaldslag auka etter at aksjonen vart gjennomført. Ein måtte likevel innsjå at ein stod langt unna Peder Sunde si antaking om at ¾ av befolkninga kom til å skrive under. Den låge oppslutninga gjorde at saka aldri vart tatt til Stortinget. Forbodet måtte difor vente. Arrestad skreiv seinare at listene aldri vart tatt i bruk i fråhaldsarbeidet – «De blev ikke engang ofret videre omtale.»⁴¹⁸

Fråhaldsmenn, forbodsmotstandarar og forbodsforeiningane

Blant dei kring 100 000 organiserte totalistane som eksisterte i Noreg medan listeaksjonen vart gjennomført, var ein stor del under 21 år. Det er på det reine at det innad i fråhaldsrørsla fanst dei som viste direkte motstand mot aksjonen. På Det norske Afholdsselskab sitt årsmøte i 1885 vedtok ein mellom anna at ein ikkje kunne tiltre forbodslistene anna enn for brennevinets vedkomande.⁴¹⁹ Blant dei 65 604 personane som skreiv under, reknar Fuglum difor at ein stor del stod utanfor fråhaldsforeiningane.⁴²⁰ Dette støttast av dømet frå Fyresdal.

Det presise talet over kor mange fråhaldsmenn som var forbodsmotstandarar er likevel umogleg å finne. Eit mål, som til dels kan gi innsikt i dette, er talet på medlemar i «forbodsforeiningane» som vart stifta i kjølevatnet av listeaksjonen.

På siste helvta av 1880-talet vart det vanlegare å nytte opne diskusjonsmøte som arena for forbodsagitasjon. Våren 1886 vart det til dømes vedtatt ein resolusjon under eit massemøte i Porsgrunn som sikta mot å få kommunale organ til å setje i verk lokale omsettingsforbod. På møtet skal det ha deltatt 250-300 menneske.⁴²¹ Under eit liknande massemøte 19. februar 1887 i Sandar i Vestfold, vart det fyrste forbodslaget i landet stifta.⁴²² I statuttane til laget stod det at foreininga sitt formål var, ved lovlege midlar, å arbeide for at all innførsel, tilverking og sal av spirituøse drikkar i landet «bliver forbudt ved Lov.»⁴²³ I den ni mann store komiteen meinte ein forbodsforeiningar ville kunne arbeide meir direkte mot målet om forbod enn det dei alminnelege fråhaldsforeiningane kunne gjere. Forbodsforeiningane samla «Folk under et fælles Maal», heitte det i Menneskevennen.⁴²⁴

Forbodsforeiningane må betraktas som politiske pressgrupper i samtida. Dei knytte seg ikkje til noko spesielt parti. «Vi maa ved alle Valg arbeide for Kandidater, som er med

⁴¹⁸ Arrestad, 1933, 24

⁴¹⁹ Jf. Forhandlingsprot. 21.6.1885 i Fuglum, 1972, 358 (sjå note 18, s. 595)

⁴²⁰ Jf. Fuglum, 1971, 358

⁴²¹ Den Norske Good Templar nr 45, 1886, i Fuglum, 1972, 359

⁴²² Fuglum, 1972, 359

⁴²³ Fuglum, 1972, 361. Fuglum skriv at statuttane som vart laga til det fyrste laget truleg også vart vedtatt i uendra form i andre forbodsforeiningar.

⁴²⁴ Menneskevennen nr. 10, 1887, i Fuglum, 1972, 360

os», heitte det i eit sirkulære sendt frå komiteen i Sander.⁴²⁵ Oscar Nissen stilte seg skeptisk til forbodssaka. Han peika på den oppslutninga listeaksjonen hadde fått, og fann at forbodsrørsla sin politikk ikkje kunne sameinas med den politikken DNT førte. Arrestad stod på same standpunkt som før listeaksjonen. Under DNT sitt generalmøte i Horten sumaren 1887, vart spørsmålet om DNT skulle støtte forbodsforeiningane ved å ta opp statuttane frå laget i Sander som gjaldt motarbeidning av innførsel, tilverking og sal av spirituøse drikkar på sitt program. Generalmøtet fann ikkje forbodstanken stridande med DNT sine grunnsetningar og lover, men «anser det dog for heldigst for Tiden ikkje at give Arbeidet for Afholdssagen nogen politisk Karakter [...]»⁴²⁶. Den same meldinga kom frå godtemplarane.⁴²⁷

I 1888 vart det halde massemøte om forbodssaken mellom anna i Kragerø. Det vart ikkje meldt om forbodsforeiningsdanningar i Telemark i fyrste omgang, men under forbodsrørsla sitt årsmøte i Horten i 1889, kom det fram at det mellom anna var danna forbodslag i Gjerpen og Brevik.⁴²⁸ I 1890 skal det ha vore 40 lag med i forbodsrørsla på landsbasis. Til saman hadde desse kring 9000 medlemmar. Det er usikker kor mange av desse som kom frå Telemark.

«[...][F]orbudsbevegelsen stod særlig sterkt i Smålenenes amt [...], og særlig da i de mest industrialiserte delene av amtet», skriv Fuglum.⁴²⁹ At forbodsrørsla vart etablert i byane i Telemark er difor ikkje overraskande. Byane i grenlandsområdet var industrialisert i 1870-åra. Særleg gjaldt dette Skien og Porsgrunn. Ettersom forbodsrørsla aldri vaks større enn 10 000 medlemmar, er det lite truleg at rørsla strakk seg mot dei øvre delane av fylket. Der hadde det enno ikkje oppstått byar. Likevel viste listeaksjonen at forbodsiveren var stor i denne delen av fylket.

Ei hypotese på kvifor forbodsrørsla ikkje vart etablert i nokon større grad i Øvre Telemark, er at det vart danna ein type motkultur i fråhaldsrørsla på same måte som den motkulturen ein finn mellom andre tankesett. Når kampen om medlemane stod mellom fråhaldslaga og forbodslaga var det dei etablerte fråhaldslaga som vant. Forbodsrørsla vart dermed aldri ei folkerørsle slik fråhaldsrørsla vart. Medlemstalet frå 1890 viser at berre ein tiandedel av det organiserte totalfråhaldsfolket vart medlemar i forbodsrørsla. Årsaka var visstnok at ein aldri lykkas å bringe rørsla «ut av det smalspor, som den fra først av blev kjørt

⁴²⁵ Menneskevennen nr. 10, 1887, i Fuglum, 1972, 360

⁴²⁶ Fuglum, 1972, 363

⁴²⁷ Den hickmanske greina av godtemplarane var rett nok meir positive til forbodsforeiningane sin politikk, men Fuglum nemner ikkje at dei gjekk inn å støtta den. Den mest tallrike ordensgreina, den malinske, var langt meir negative, og kom med liknande uttalelsar som DNT. (Jf. Fuglum, 1972, 363-364)

⁴²⁸ Arrestad, 1933, 39-41

⁴²⁹ I Fredrikshald møtte visstnok 800-900 til eit massemøte i 1887/1888. (Jf. Fuglum, 1999, 35)

inn på ved fastsettelsen av forbudsloven som eneste program.»⁴³⁰ I samtidia fanst det ikkje nokon som kunne gå til val på forbodssak åleine. Slik vart rørsla «hengende i luften uten noe ‘botnarfeste’ i den praktiske politikk.»⁴³¹

At berre ein tiandedel av fråhaldsrørsla var medlemar av ei forbodsforeining i 1890, viser eit spanande trekk ved samtidas debatt; vegane til edruelegdomen var forskjellige, og forbod såg ikkje ut til å vere i majoriteten si interesse. Dette kom mellom anna fram då eit forslag til lov om forandring i brennevinlovgivinga vart debattert på Stortinget i 1886. Den eine debattanten var venstremannen og grundtvigianar Viggo Ullmann. Ullmann grunnla Seljord Folkehøgskule kring 1880, og stod som ein viktig aktør i folkehøgskulerørsla.⁴³² Då hadde han allereie forsøkt å plante folkehøgskuletanken på Sør- og Vestlandet, noko som ikkje hadde fått gjennomslag.⁴³³ På Stortinget representerte han Bratsberg Amt frå 1885-1900.

Kritikken Ullmann kom med var ikkje retta mot fråhaldsrørsla sitt mål om eit meir edrueleg samfunn. Han var einig i at edruelegdom gagna heile befolkninga. Kritikken var retta mot forbodsfolket som ville nytte tvang som middel for å nå målet. 31. mars 1886 uttalte han:

Jeg vil have Frihed til at drikke mig drukken; men jeg vil ikke benytte mig af denne Frihed. Jeg vil have Ret til at stille mig ligeoverfor det, der hører til det moralske Liv saaledes; at jeg selv har den personlige Følelse af Ansvar, og jeg vil ikke være med paa at opmuntre en Bevægelse, en Tankegang, der vil fornægte det moralske Ansvar her omkring i vort Land.⁴³⁴

Ullmann meinte at om det så berre fanst ti personar som sa seg ueinige i fråhaldsrørsla sin tankegang, ville desse bli umyndiga – deira moralske ansvar ville bli røva dersom forbodet vart innført. Slik hjalp det ikkje å gjennomføre nokon folkerøyting om forbod. Ein ville aldri få hundre prosent oppslutning. «Naar det derfor fra de nordamerikanske Fristater er sagt et saa sterk Ord som dette, at Vedkommende hellere ønskede, at alle Mennesker var Drankere af fri Villie, end at alle Mennesker var Totalafholdsmænd af Tvang, saa underskriver jeg det Ord, saa voldsomt sat paa Spidsen det end er.»⁴³⁵

⁴³⁰ Arrestad, 1933, 43-44

⁴³¹ Arrestad, 1933, 43-44

⁴³² Rasmus Stauri, *Fire folkelærarar: Herman Anker, Olaus Arvesen, Christopher Bruun, Viggo Ullmann*, Oslo, 1930 og Tov Flatin, *Seljord I*, 2. oppl., Oslo, 1976. Viggo Ullmann var født i Christiania, men fluttet til Telemark kring 1880. Som stortingsmann sat han for Bratsberg Amt. Han arbeida som lærar både i Drangedal, Gjerpen og Vinje, i tillegg til på folkehøgskulen i Seljord.

⁴³³ Nilson, 1974, Del A, 26

⁴³⁴ Viggo Ullmann i Storthingstidende, beh. O.tid. 92—123, 31. Marts 1886, Sag No. 6. Indstilling fra Næringskomiteen No. 2 angaaende et af Chr. Johnsen indgivet og af Repræsentanten H. E. Berner fremsat Forslag til Lov om Forandring i Brændevinslovgivningen, s. 95

⁴³⁵ Viggo Ullmann i Storthingstidende, beh. O.tid. 92—123, 31. Marts 1886, Sag No. 6. Indstilling fra Næringskomiteen No. 2 angaaende et af Chr. Johnsen indgivet og af Repræsentanten H. E. Berner fremsat Forslag til Lov om Forandring i Brændevinslovgivningen, s. 95

På tross av dette skriv Nordstoga at Ullmann ikkje kom med kritikk av brennevinslova som kom i 1894. Han skal ha uttrykt glede over «det demokratiske drag». ⁴³⁶ Som me skal sjå, døydde ikkje forbodstanken med forbodsforeiningane. «Den vokste sig sterk og stor i disse årene og blev avholdsfolkets bevisste mål hele landet over.» ⁴³⁷

Monopolkomiteen

I november 1888 vart monopolkomiteen satt ned av Stortinget. Den skulle behandle moglegheita for at staten kunne få inntekt frå brennevinsindustrien gjennom eit statsmonopol eller auka forbruksavgift. Den behandla difor lovreglane frå 1845 og 1871 som gjaldt sal og skjenking av brennevin. Næringsinteressene som i 1871 var flytt frå private brennevinsseljarar til kommunane, måtte opphøyre, og det var monopolkomiteen si oppgåve å finne ei formålstenleg løysing for korleis omlegginga skulle gjennomførast.

Monopolkomiteen bestod opphavleg av H. E. Berner, O. N. Hals og C. A. Jenssen. Berner var jurist og venstrepolitikar. Han var også med på å stifte «Norsk Kvindesagsforening» saman med Gina Krog i 1884, der han sat som foreininga sin fyrste formann. ⁴³⁸ Etter departementets oppmading kom snart også Arrestad til som representant for fråhaldsfolket sine synspunkt. ⁴³⁹

Tanken om eit statleg monopol hadde lite støtte blant fråhaldsleiarane på 1880-talet. Under DNT sitt generalmøte i 1886 hadde Arrestad uttalt at han ikkje ville gjere staten til ein brennevinshandlar. Arrestad sin taktikk hadde heile tida vore å nedkjempe alkoholen på det kommunale planet. Det var gjennom den progressive tørrlegging av kommunane Arrestad ville vinne sigeren. Det må difor ha verka løysande at han fekk ta del i komiteen som nettopp skulle avgjere korleis vegen skulle leggjast vidare.

I DNT fekk motstanden mot det statlege monopolet oppslutning også ved generalmøtet i 1890. Mot fem stemmer vart det vedtatt ein resolusjon som indirekte tok avstand frå statsmonopoltanken. ⁴⁴⁰ Likevel vart ein samd om at det burde innføras eit samlagsmonopol tufta på det som kom til å bli heitande «Arrestadlina». Måten den gradvise tørrlegginga vart gjennomført på, er tema for neste kapittel.

⁴³⁶ Nordstoga, 1998, 31

⁴³⁷ Arrestad, 1933, 44

⁴³⁸ Hagbard Emanuel Berner. (2012, 29. august). I Store norske leksikon. Henta 14. august 2014 frå http://snl.no/Hagbard_Emanuel_Berner.

⁴³⁹ Halvorsen, 1909, 169

⁴⁴⁰ Fuglum, 1972, 385

Kapittel 7: Innskrenking av alkoholtalgangen: 1894-1904

På siste helvta av 1880-talet hadde styresmaktene erfart at samlagslova frå 1871 ikkje verka optimalt. Det var ikkje berre den gunstige ordninga for kommunane som var problematisk når det gjaldt samlagslova. Lova gjorde det lønsamt for kommunane å selje mest mogleg alkoholhaldig drikke, og verka dermed ikkje like innskrenkande på alkoholtalgangen som det styresmaktene hadde sett for seg.

For samlagspenger bygget de sig vandverk og lysverk, gater, kirker og skolehuser, betalte sine jernbanebidrag, anla parker og fontæner, opprettet legater til byens vel o.s.v. Jo mere folk vilde drikke brændevin, desto bedre kunde byerne blive utrustet med alt som nyttigt, godt og hyggelig var.⁴⁴¹

Oppfatninga folk hadde av samlaga, var også ei bekymring for fråhaldsfolket. Medan dei gamle brennevinsutsala hadde «bitt hodet av skammen»⁴⁴² av dei som handla der, var ikkje samlaga like skambelagt. Dette fall naturleg nok i därleg jord hos fråhaldsfolket.

Det var monopolkomiteen som utarbeida forslaget som vart handsama i odelstinget i 1894 og som resulterte i ei ny brennevinslov. Dei viktigaste endringa i forslaget frå komiteen var at dei ynskte å fjerne kommunane si interesse av samlaga i enno større grad enn tidlegare. I tillegg var det folket sjølv som skulle bestemme om dei ville ha tilgang til brennevin i sine respektive kjøp- og ladestadar. Dei som budde utanfor byane hadde lite dei skulle ha sagt.

Monopolkomiteen føreslo at størstedelen av inntektene frå samlaga skulle gå til statskassa.⁴⁴³ «[...] [I] forhold til de lækkerier, der tidligere kunde tilfingres kommunerne af samlagets overskud, vil det ben, de herefter bliver tildelt i medfør af loven blive magert at gnage paa»⁴⁴⁴, skreiv «overretssagfører» N. G. Berg om den endelige brennevinslova som vart vedtatt i 1894. Vidare føreslo monopolkomiteen å heve grensa for lovleg sal av brennevin utanfor samlagsordninga frå 40 til 250 liter. Samlaga skulle berre kunne opprettas i kjøps- og ladestadar, og berre dersom befolkninga på desse stadane ynskte det. Befolkninga sitt ynskje skulle avgjera gjennom folkerøysting, der både menn og kvinner over 25 år skulle ha røyste-rett.⁴⁴⁵ Forslaget kan bli oppfatta som radikalt når det kom til den kvinnelege røysteretten.

⁴⁴¹ Halvorsen, 1909, 165

⁴⁴² Halvorsen, 1909, 164

⁴⁴³ 15 prosent av eit samlag sitt nettooverskot skulle stillas til rådighet for vedkomande kommune. 20 prosent skulle bli overlatt samlaget til fordeling mellom fråhaldsforeiningar og andre institusjonar og selskap i byen samt kringliggjande landdistrikt for å fremje ålmennytige augemed. Overgangen frå den gamle til den nye fordelingsordninga skulle skje trinnvis. Dei nye reglane skulle gjelde for fullt frå 1901. Då skulle staten leggje beslag på heile 65 prosent av overskottet, i tillegg til det den mottok i form av produksjonsavgift og det samlaga ytte i statleg inntektskatt. (Jf. Fuglum, 1972, 413 i tillegg til § 15 i brennevinslova 1894 i Mejlænder, 1900, 339)

⁴⁴⁴ Berg, 1898, 8

⁴⁴⁵ Halvorsen, 1909, 169

Men som me såg i førre kapittel vart kvinnene også innlemma i listeaksjonen. Det må difor ha verka naturleg å innlemma dei òg når det kom til avgjerslene om samlaga sitt beståande.

Monopolkomiteen var ferdig med sitt lovutkast i 1891. Det tok likevel lang tid før regjeringa våga å legge det fram for odelstinget. Årsaka var mellom anna protestar frå dei næringsdrivande.⁴⁴⁶ Samstundes var det Emil Stang d.e. frå Høgre som sat som statsminister. Under ei høgreregjering må ein ha rekna det som vanskelegare å få gjennom ei lov som i så stor grad gjekk mot næringsfridomen og mot alkoholen. Ein måtte vente heilt til 1894 før det vart vedtatt noko lov.

«Lov om Brændevins Salg og Udkjænkning» av 24. juli 1894⁴⁴⁷

«Lov om Brændevins Salg og Udkjænkning» (heretter «Brennevinslova 1894») inneholdt 32 paragrafer. På same måte som dei tidlegare alkohollovene på 1800-talet, skilte Brennevinslova av 1894 mellom byane og landdistrikta. Den fyrste paragrafen i lova sa at brennerieigarar og destillatørar⁴⁴⁸ fekk rett til å selje brennevin i parti på 250 liter til «alle og enhver». Grensehevinga av partisal fra 40 til 250 liter var i tråd med monopolkomiteen sitt forslag i utkastet fra 1891. Brennerieigarane og destillatørane kunne i tillegg selje brennevin i mindre kvantum til samlag og andre med sals- og utskjenkingsrett.⁴⁴⁹

I kjøpstadar og ladestadar fekk handelsborgarane som hadde fått handelsborgarskap før lova si kunngjering, rett til å drive handel med brennevin i parti på 250 liter eller meir. Det var altså salet av mindre kvanta som vart råka hardast. I paragraf fem stod det: «I Kjøbstæder og Ladesteder med eget Kommunestyre maa Handel med Brændevin i mindre Dele end 250 Liter samt Udkjænkning af Brændevin [...] alene drives af Samlag, hvis Vedtægter er godkjendte af Stedets Kommunestyre og stadfæstede af Kongen.»⁴⁵⁰ Talet på utskjenkings- og utsalsstader skulle bli bestemt av kommunestyret, og samlagsstyraren skulle godkjennast av magistrat og formannskap.

Mest radikalt i lova var røysteparagrafen. Før kommunestyret kunne godkjenne eit samlag si oppretting, skulle det ved alminneleg val, der alle menn og kvinner over 25 år hadde røysterett, avgjerast om eit samlag skulle opprettas eller halde fram å eksistere. Samlaget kunne ikkje opprettas eller få fornya godkjenning av sine vedtekter dersom fleirtalet stemte imot. Heimesitarane vart rekna for å støtte den gjeldande samlagssituasjonen, noko som

⁴⁴⁶ Halvorsen, 1909, 169

⁴⁴⁷ Otto Mejlænder (red.), *Almindelig norsk Lovsamling for Tidsrummet 1892-1896, i Udtag og med Henvisninger*, Christiania, 1900, 337-341.

⁴⁴⁸ I denne lova meinast handelsborgarar som dreiv omdestilering av råsprit.

⁴⁴⁹ Brennevin kunne også gå til eksport, samt, der kongen gav særskilte høve, til teknisk, medisinsk eller vitskapleg formål.

⁴⁵⁰ Mejlænder, 1900, 337

tydde at der det eksisterte samlag, vart dei rekna til å støtte samlaget sitt beståande. Der det ikkje fanst samlag, vart dei rekna som motstandarar av samlagsopprettinga. Dersom eit samlag vart stemt ned, vart det kravd nytt røystingsfleirtal for at samlaget igjen kunne bli oppretta. Avgjerslene gjaldt for fem år.

Dersom det ikkje kom oppmoding frå minst tjuge prosent av dei røysteføre om at dei ynskte ny røysting minst seks månadar før utløpet av femårsperioden, skulle den gjeldande avgjersla også vere gjeldande for neste femårsperiode. Det vart slik innbyggjarane sjølv som måtte ta initiativ til å forandre samlagssituasjonen på sin heimstad.

For å presse dei handelsborgarane som hadde eldre rettar ut av det gode selskap, sa paragraf sju at avgifta skulle vere lik for alle som dreiv brennevinssal innan same by.⁴⁵¹ Ved å legge lik avgift på alle brennevinshandlande innan same by, vart det ikkje lengre like lønsamt å drive privat brennevinsutsal som for dei aksjebaserte samlaga.⁴⁵²

Ettersom samlag berre kunne opprettas i byane, var lova annleis i landdistrikta. Der sa den at dei som allereie hadde rett til utsal og utskjenking av brennevin beholdt denne retten. Utsalet av brennevin kunne i utgangspunktet berre skje frå brenneria åleine, medan utskjenking berre kunne skje med heimel i kongeleg bevilling. Slike bevillingar skulle berre gis til gjestgivarar, hotellvertar og restauratørar ved sanatorium og badestadar med den virkning at dei berre kunne skjenke til reisande og gjester. Samstundes skulle alle som dreiv utsal eller utskjenking av brennevin betale ei avgift der 35 prosent av denne gjekk til heradskassa. Resten skulle gå til statskassa der pengane vart plassert i eit fond «viss Benyttelse der bliver at bestemme ved særskilt Lov.»⁴⁵³ Avgifta vart bestemt av heradsstyret på grunnlag av mengda brennevin styret rekna med at ville bli selt i løpet av året.

Ved sidan av dei særskilte reglane for byane og landdistrikta, vart det bestemt at det ikkje lengre var lov å bestille brennevin «i Partier eller mindre Dele» av ålmenta.⁴⁵⁴ Kva ein meinte med «Partier eller mindre Dele» vart ikkje skildra, men truleg tydde det sal i kvanta mindre enn 250 liter. Slik vart det vanskelegare for privatpersonar å spleise på bestillingar, slik praksisen somme stadar hadde vore medan grensa låg på 40 potter.⁴⁵⁵

⁴⁵¹ Dei som gjennom lova frå 6. september 1845 hadde rett til sal av brennevin i smått, fekk mellom anna behalde denne retten. Det finst ein kontinuitet i styresmaktene sitt forsøk på å presse småhandlarane ut av det gode selskapet. Lova frå 1837 la til dømes ein ekstraordinær skatt på dei som selde brennevin i mindre kvanta enn fem potter. (Jf. kapittel 3)

⁴⁵² Kommunestyret kunne også tildele samlaget ei bestemt mengd utskjenkingsrettar som kunne overføras til hotelleigarar, vertar for selskap og restauratørar ved teater. Desse kunne berre skjenke til eigne gjester.

⁴⁵³ Mejländer, 1900

⁴⁵⁴ Det var berre samlaga og dei med utskjenkings- og salsrett som heretter hadde denne retten.

⁴⁵⁵ Elles sa lova at utsal eller utskjenking av brennevin ikkje måtte finne stad før klokka 8 om morgonen eller etter kl. 13 dagen før søndagar og heilagdagar, ei heller på slike dagar.

Samlagsrøystingane i Telemark

I 1894 fanst det seks byar i Telemark som ville bli særleg råka av brennevinslova 1894; Kragerø, Brevik, Porsgrund og Skien var kjøpstadar, medan Langesund og Stathelle var ladestadar.⁴⁵⁶ I byane var det dermed innbyggjarane si avgjersle gjennom folkerøysting som ville bli den endelege. Med unntak av Stathelle, hadde alle byane samlag før 1894. Dei fyrste folkerøystingane om samlag i Telemark vart gjennomført i 1895. Den siste røystinga var i 1907. Resultata frå røystingane såg slik ut:

Samlagsrøystingane i Telemark ⁴⁵⁷									
År	Byar	Folke-mengde	Stemme-berettigede	Godkjendte stemmer		Godkjendte stemmer i %		Forkasta stemmer	Røystings-resultatet
				Nei	Ja	Nei	Ja		
1895	Brevik	2 073	1 088	566	449	52 %	41 %	73	Nedstemt
	Skien	8 979	4 249	2 553	1 644	60 %	39 %	52	Nedstemt
1897	Porsgrund	3 996	2 138	1 195	887	56 %	41 %	56	Nedstemt
	Stathelle	373	226	106	120	47 %	53 %	0	Oppretta
1898	Kragerø	5 753	2 578	1 916	630	74 %	24 %	32	Nedstemt
1899	Langesund	1 365	641	298	328	46 %	51 %	15	Uforandra
1900	Brevik	2 802	1 012	845	162	83 %	16 %	2	Uforandra
1902	Stathelle	500	253	168	85	66 %	34 %	8	Nedstemt
1903	Kragerø	5 220	2 496	1 811	685	73 %	27 %	0	Uforandra
1904	Langesund	1 407	707	432	275	61 %	39 %	0	Nedstemt
1907	Porsgrund	4 965	2 324	2 188	136	94 %	6 %	0	Uforandra

Ettersom heimesitjarane vart rekna for å støtte den beståande samlagssituasjonen, er det vanskeleg å finne i kor stor grad samlagsrøystingane fekk auka oppslutning. Sten Sparre Nilson skriv at det gjennom dei oppgåver som føreligg, var ytterst få som møtte opp for å demonstrere mot nedlegginga.⁴⁵⁸ At det berre vart haldt val *ei* gong i Skien er eit godt bevis på dette, ettersom det må bety at det ikkje fanst meir enn tjuge prosent interesse for å gjennomføre røysting om å opne samlaget att i 1900.

Fuglum skriv at det i dei elleve byane der samлага vart stemt ned i 1895, stemte 73,1 prosent av dei røysteføre kvinnene, medan talet berre var 59,6 prosent blant dei røysteføre

⁴⁵⁶ Jf. Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 315, 1891-1895, VIII, Bratsberg Amt.

⁴⁵⁷ Tala er henta frå Halvorsen, 1909, 172-176. Då talet for «stemmerberettigede» i 1904 ikkje stemte, måtte eg gå til «Meddelelser fra Det Statistiske Centralbureau, 23. bind, 1905» for å finne dette. Elles stemmer ikkje tala frå 1900 og 1902. Desse avvika er sopass små at dei ikkje har nokon stor betydning for oversikta (dvs. 3 stemmer for få i 1900 og 8 stemmer for mange i 1902). Diverre opererer ingen av desse kjeldene med kjønnsdeling av stemmene.

⁴⁵⁸ Sten Sparre Nilson, *Politisk avstand ved norske folkeavstemninger*, Oslo, 1972, 49. (Nilson nyttar «Sven Arrestad, *Fra samlagsstriden 1895*, Kra. 1896» for å opplyse dette.)

mennene.⁴⁵⁹ I Skien stemte 68,6 prosent av dei røysteføre kvinnene, og 56,3 prosent av dei røysteføre mennene. I Brevik stemte 66 prosent av kvinnene og 51,1 prosent av mennene.⁴⁶⁰ «Kvinderne ... opfattede i almindelighed sin votering som en hellig pligt, en kjærkommen anledning til at gjøre godt. Ikke sjeldent lagde de sine religiøse følelser i handlingen. Flere ganger hørte man et 'I Jesu namn' når seddelen blev sluppet i urnen», heitte det i Varden etter røystinga i Skien.⁴⁶¹ Kjønnsfordelinga for dei andre byane ligg ikkje føre, men det er grunn til å tru at kvinnene sitt engasjement i stor grad også var høgst representativt her. I totalfråhaldsrørsla hadde kvinnene stått på lik line med mennene i fleire år. Dei vart valt inn i ei rekkje styre, og det var ei leiande oppfatning at kvinner jobba like hardt for å fremje edruskapen som det menn gjorde.⁴⁶²

Som tabellen viser var det berre innbyggjarane i Stathelle og Langesund som ynskte å opprette eller behalde samlag ved den første runden av røystinga. Det er verdt å merke seg at det var få stemmer som skilte mellom eit ja eller eit nei til samlag i begge byane. I 1897 skilte berre 18 stemmer i Stathelle, medan det berre skilte 30 stemmer i Langesund i 1899. Der det var ja-fleirtal var skilnadane større. Det er spanande at det var i ladestedane innbyggjarane i første omgang ynskte å oppretthalde samlaga.

Samlagsrøystingstaktikk

I samtida sin alkoholdebatt fanst det ulike oppfatningar om korleis alkoholdrikken kunne bli avgrensa. At ein ynskja eit beståande samlag var ikkje synonymt med at ein ynskte brennevins beståande. Ved å plassere brennevinet i samlagas hender, ville ein hindre andre interesser i å få del i brennevinsalet. Når brennevinsalet var avgrensa til samlaga, var kontrollen lettare for styresmaktene. Mange frykta at denne kontrollen ville bli borte dersom samlaga vart nedstemt. Argumentet var stikk i strid med taktikken i Arrestadlina. Den skilte seg også fra argumenta Ullmann hadde nytta i 1886, der den personlege fridomen stod i sentrum. Ein kan lure på om samlaget sitt beståande i Langesund og Stathelle var eit resultat av «kontroll-argumentet».

Ein av dei som var usamdi i bruken av nemnte taktikk var overretssagfører N. G. Berg. I 1898 skreiv han:

Der har [...] været talt om, at man nu stod over for et valg mellom kontrolleret og ikke kontrolleret salg og forbrug. *Saadant valg forestaar ikke*; thi kontrollen er i alde tilfælder som tenestemæssig pligt tilstede. Vi regner med regler ikke med undtagelser. Stod man end over for

⁴⁵⁹ Fuglum, 1972, 407

⁴⁶⁰ Nilson, 1972, 49

⁴⁶¹ Referert frå Varden i Nilson, 1972, 51

⁴⁶² Bjørg Ida Berget, «*[D]et første skritt paa offentlighedens bane*: innføring av alminnelig stemmerett i Brennevinsloven av 1894», masteroppgave i historie, IAKH, UiO, 2011, 83-84

et saadant valg, man gjorde under nuværende forholde ikke uren i at nedstemme samlaget.
*Brændevinshandelen har ved dette länge nok siddet i høisædet, og der er der den mindst hører hjemme.*⁴⁶³

Kva gjorde nedlegginga av samlaga med edruelegdomstilstanden i amtet?

Det er vanskeleg å slå fast den direkte effekten samlaga hadde på edruelegdomen. Utifrå amtmannsmeldingane verkar det som at samlaga har hatt ulik edrueleg effekt frå stad til stad. Som me har sett, rekna amtmanns- og medisinalmeldingane samlaga for å vere ein av årsakene til den betra edruelegdomen utover 1880-talet. Men forbetrin ga edruelegdomen var ikkje lengre god nok. Ville det då hjelpe å fjerne samlaga frå byane?

Etter at Kragerø samlag overtok handelen og utskjenkinga av brennevin i Kragerø, meldte amtmannen i 1885 at forbruket av brennevin i gjennomsnitt låg på same nivå som i den føregåande femårsperioden.⁴⁶⁴ Frå 1886-1888 skal omsetninga ha vore langt lågare. «I 1889 og 1890 bragte derimod de gode Aar for Sømænd og Arbeidere, specielt i Byens Omegn, Forbruget til at stige ganske betydeligt.»⁴⁶⁵ Omsetninga for heile femårsperioden var likevel lågare enn i den føregåande.

Frå 1891 fram til samlaget i Kragerø vart stemt ned i 1898, var tendensen at omsetninga sank. Frå å omsetje 51 024 liter i 1891, omsetje samlaget berre 33 489 liter i 1896. Dei to siste åra samlaget var i drift auka omsetninga att. I 1898 omsette samlaget 42 463 liter.⁴⁶⁶ Opinionen mot dei rusande drikkanne hadde vore merkbar også før Brennevinslova 1894. Allereie i 1888 hadde 1300 menn og kvinner underteikna ei erklæring der dei oppmoda bystyret til å stenge «Brændevinsbolaget». Samlagskampen skal ha blitt leia av adjunkt Kofod Olsen, som seinare vart sokneprest.⁴⁶⁷

Samlaget i Kragerø vart stemt ned 28. mars 1898, og avslutta verksemda ved utgangen av det same året.⁴⁶⁸ «Ædruelighedstilstanden har siden Samlagets Nedlæggelse forbedret sig betydeligt», meldte amtmannen i 1905.⁴⁶⁹ Overskotet samlaget hadde på nesten 14 000 kroner vart overført til «Legatet og Kragerø By's Vel».⁴⁷⁰

Nedlegginga verka altså positivt på edruelegdomen i Kragerø. I Porsgrunn var situasjonen ein annan. Samlaget i Porsgrunn vart stemt ned i 1897. Det var «Afholdsvennernes

⁴⁶³ Berg, 1898, 8

⁴⁶⁴ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 47

⁴⁶⁵ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 47

⁴⁶⁶ Amtmannsmeldingane, NOS III, No. 315, I, 1891-1895, VIII, 34 og NOS IV, No. 106, I, 1896-1900, VIII, 71

⁴⁶⁷ Steffens, 1916, 447-448

⁴⁶⁸ Amtmannsmeldingane, NOS IV, No. 106, I, 1896-1900, VIII, 71. Steffens skriv at samlagets verksemrd formelt vart heva 13.10.1899, men det verkar ikkje som om det har vore omsetting i løpet av 1899 (Jf. Steffens, 1916, 561)

⁴⁶⁹ Amtmannsmeldingane, NOS V, No. 93, I, 1901-1905, VIII, 64

⁴⁷⁰ Steffens, 1916, 561

Fællesudvalg» som førte hovudkampen. Utvalet var danna av fråhaldsfolk innan metodistkyrkja, indremisjonen, frikyrkja, ynglingeforeininga og godtemplarane.⁴⁷¹ Interessa for å få lagt ned samlaget viser seg særleg når ein studerer medlemstalet i godtemplarlosja «Første Norske». I midten av 1880-åra fanst det berre 30 medlemar i losja, men under kampen mot samlaget vokser medlemstalet til kring 350 medlemar.⁴⁷²

Nedstemminga av samlaget i Porsgrunn vart ført med pietistiske argument. Avisa «Grenmar» skreiv at ein hadde skremt «gamle, syke kvinner der går på gravens rand, med helvetes straffer viss de ikke stemte Samlaget ned.»⁴⁷³

Da magistraten ved halv elleve tiden forkynte resultatet frå et av Rådhusets vinduer til mengden utenfor, «brøt jubelen ut i rungende hurraer der syntes aldri skulle ta slutt liksom også salmen «Lov og takk» ble avsунget. Da hørtes en salvesesfull stemme utrope: Det er Herren Vår Gud der har utrettet dette, ham alene tilkommer æren og takken!»⁴⁷⁴

Nedlegginga betra visstnok ikkje edruelegdommen i Porsgrunn. Brennevin vart selt ulovleg og laddevin vart eit stadig større problem.⁴⁷⁵ «Avholdsfolkene arrangerte demonstrasjonstog og massemøter, sendte politiet anmeldelse for ulovlig salg av brennevin og klaged over at det var altfor slapt i slike saker.»⁴⁷⁶

Då det på ny vart stemt over om samlaget skulle bli opna i 1907, stemte likevel berre 136 av dei 2324 røysteføre «Ja». Dette vitnar om at fråhaldet stod sterkt i byen. På tross av røystingsresultatet forekom det 67 fyllearrestasjoner i 1908 og 83 i 1909.⁴⁷⁷ Totalfråhaldet gjaldt altså ikkje for heile byen.

Den edruelege utviklinga i byane i Telemark var ganske forskjellige etter nedlegginga av samlaga. Kva så med den edruelege utviklinga i landdistrikta?

Koleradråpar, kamferdråpar og andre aromatiske dråpar

Så seint som i 1917 skreiv distriktslegen i Kviteseid legedistrikt at «saa länge der er adgang til at faa kjøpt nafta, haarvand og andre spiritusholdige varer, vil der altid forekomme misbruk og fyld». ⁴⁷⁸ Legedistriktet bestod av kommunane Seljord, Kviteseid og Nissedal. Distriktslegen sitt utsegn var ikkje overdrive. Frå 1893, heilt fram til forbodstida, vart det meldt om eit stort misbruk av sprithaldige varer som opphavleg ikkje var meint at skulle nyttas til drikk.

⁴⁷¹ Tønnessen, 1957, 479

⁴⁷² Tønnessen, 1957, 479

⁴⁷³ Grenmar 1906 18.-23/5 i Tønnessen, 1957, 479

⁴⁷⁴ Tønnessen, 1957, 479

⁴⁷⁵ Schrumpf, 2006, 369

⁴⁷⁶ Tønnessen, 1957, 479-480

⁴⁷⁷ Schrumpf, 2006, 369

⁴⁷⁸ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 3, 1917, 88

Apoteket i Kviteseid vart opna i 1891. Det var underlagt «Ulefos Apotek» fram til 1900, då det vart sjølvstendig.⁴⁷⁹ «Fra Kviteseids Distrikt bemærkes, at siden Filialapotheket oprettedes, og samtidig Herredsstyrelsens Forbud mod Ølutsalg i Herredet udstedes, drives der ikke lidet Misbrug med Naphta som Berusningsmiddel», meldte distriktslege J. Heidenreich i 1893.⁴⁸⁰ Samstundes skreiv han at effektiv kontroll av salet var umogleg. I 1894 skreiv han at «Æther benyttes fremdeles i høi Grad som Berusningsmiddel, særlig nu, da man ikke længer kan faa Brænevin hjemført i Pakkeposten[...]. Fra saakaldte ‘Totalafholds’ bygder rekvireres indtil pæglevis af Æther fra Apotheket.»⁴⁸¹ Som forklaring på misbruk av eter nytta ein paragraf 13 i Brennevinslova 1894, som heva kvantumgrensa for å bestille brennevin «i Partier eller mindre Dele». Løysinga for den tørste vart difor surrogatsprit. «Naftamisbrugen øger stadig; Nafta benyttes tilsat Øl, billig Vin og Kaffe, foruden ublandet paa Sukker. Desuden benyttes Politur og Hoffmannsdraaber (og Jernchinavin) som Berusningsmidler», skreiv Heidenreich i 1895.⁴⁸²

Brennevinslova 1894 fremja også hagedyrkinga i Kviteseid. I 1896 vart det rapportert at hagedyrkinga var i framgang – «[...] der er plantet mange Frukttrær og Bærbuske, og der laves ikke lidet Bærvin og Safter.» I mangelen på brennevin vart det likevel nytta «Æther, Hoffmannsdraaber og Kamferspiritus».⁴⁸³ Koleradråpar, kamferdråpar og andre aromatiske dråpar gjorde at usedeligdomen stadig auka utover 1890-talet.⁴⁸⁴ I 1900 meldte Heidenreich at «Omreisende Skræddere og Bagersvende oplærer [...] Folket til at benytte tr. aromatica, Vingaire, Eau de Cologne, ‘Dr. Hals’ og andre spirituøse Vædsker som Berusningsmiddel.»⁴⁸⁵

I 1904 fekk fråhaldsrørsla i legedistriket fotfeste i større grad enn tidlegare. I kretsprotokollen til DNT går det ikkje fram kva år fråhaldslaga i Kviteseid legedistrikt vart stifta⁴⁸⁶, men meldinga frå distriktslegen viser at laga i alle fall fekk medgang frå 1904. «Nafta forbrugtes i stor Mængde under Influenzaepidemien og under Hestemarkedet; i 4 Maaneder konsumeredes 30 Kilo», skreiv distriktslegen i 1904.⁴⁸⁷ Om eit slikt forbruk var stort for ei befolkning på kring 7800 personar er usikkert.⁴⁸⁸ Ettersom distriktslegen viser sopass bekymring som det han gjer, må forbruket i alle fall reknast til å vere problematisk.

⁴⁷⁹ Johs. Sætherskar (red.), *Det norske nærinngsliv: Telemark Fylkesleksikon*, Bergen, 1949, 814

⁴⁸⁰ Medisinalmeldingane, NOS III, No. 252, 1893, 101

⁴⁸¹ Medisinalmeldingane, NOS III, No. 274, 1894, 94

⁴⁸² Medisinalmeldingane, NOS III, No. 290, 1895, 100

⁴⁸³ Medisinalmeldingane, NOS III, No. 317, 1896, 96

⁴⁸⁴ Jf. Medisinalmeldingane, NOS III, No. 327, 1897, 90

⁴⁸⁵ Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 55, 1900, 100

⁴⁸⁶ Nordstoga skriv at «Kviteseid Nykterhedsselskab» vart stifta i 1847, men som det går fram frå namnet, var ikkje selskapet totalfråhaldant. (Nordstoga, 1998, 12)

⁴⁸⁷ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 23, 1904, 99-100

⁴⁸⁸ Befolkingstalet er henta i medisinalmeldinga NOS V, No. 23, 1904, 90.

Kviteseid legedistrikt ser ut til å ha vore eit belasta område når det gjaldt misbruk av alkohol og då særleg surrogatsprit.⁴⁸⁹ Dette kan ha vore ein mogleg årsak til at fråhaldslaga i distriket fekk medgang. Særleg hadde dei ynskje om å verne ungdomen frå drikken. «Drik og Usædelighed er tiltaget i de senere Aar blandt Ungdommen»⁴⁹⁰, skreiv distriktslegen i 1903, og skildringa vitnar om eit aukande problem.

I 1904 heitte det at fråhaldsrørsla hadde vunne «ikke liden Fremgang rundt om i Bygderne, især blant Ungdommen. Dennes Foreninger virker i det Hele til at hæve det kulturelle Niveau, idet der søges vakt Interesse for Literatur og Kunst, for Maalsagen samt for Sparsommelighed og Arbeidsenergi.»⁴⁹¹ I 1907 meldte Heidenreich at «Ungdommen i hele distriket har stor lærelyst, samler sig nu mere i foreninger, hvor man driver literære sysler, øver sig i sang og spiller komedie. Dette bidrar ikke litet til, at drikfældigheten blandt ungdommen er avtat; der melder sig ogsaa stadig flere ind i avholdsforeninger, som paa disse kanter tilsteder nydelse av baade hjemmelavet vin og øl.»⁴⁹² «Bærplukning har øket meget, og bærvin og syltetøier anvendes ikke litet i husholdningen», meldtest det i 1906.⁴⁹³ I 1910 fanst det berre ein rett til skjenking av øl, fruktvin og mjød att i Kviteeid legedistrikt. Den var knytt til kanalen.⁴⁹⁴

Arbeidarpartiet og alkoholen

«Det er ingen Tvivl om, at den røde Radikalisme leder til Misbrug af spirituøse Drikke, om ikke hos Lederne saa i ethvert Fald hos Masserne»⁴⁹⁵ skreiv professor Dr. Lochmann i 1884. Sitatet er henta frå eit skriv kalla «Alkohol» gitt ut av «Folkeopplysningens Fremme». Foreininga var også delaktige i Eilert Sundt sitt forskingsarbeid på 1850-talet. Kvar Lochman fekk denne oppfatninga frå er usikkert. Sikkert er det at arbeidarklassen si oppfatning av alkohol kom til å gå gjennom ei kraftig forvandling kring hundreårsskiftet.

Det Norske Arbeidarparti vart stifta i 1887. Frå byrjinga var ikkje partiet opptatt av edruelegdomskamp. Tvert imot. Før 1900-talet hadde Carl Jeppesen og Chr. Holtermann Knudsen i Arbeidarpartiet vist lite interesse for edruelegdomsspørsmål og direkte fiendeskap til totalfråhaldsrørsla. Årsaka til dette var samansett.

⁴⁸⁹ Ingen stadar i Telemark vert det skildra om så mykje misbruk av surrogatsprit som i Kviteeid legedistrikt.

⁴⁹⁰ Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 128, 1903, 103

⁴⁹¹ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 23, 1904, 99-100

⁴⁹² Medisinalmeldingane, NOS V, No. 98, 1907, 95

⁴⁹³ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 72, 1906, 103

⁴⁹⁴ Amtmannsmeldingane, NOS VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 50-51. Den omtalte retten var knytt til «færgestedet på Spjósod».

⁴⁹⁵ Lochmann, 1884, 21

Arbeidarrørsla hadde hatt eit nært forhold til dei danske og tyske systerorganisasjonane. Her var haldningane til alkohol langt meir tollerante enn i Noreg.⁴⁹⁶ Mange av dei faglege og politiske arbeidarforeiningane var òg direkte avhengige av lokale alkoholinteresser. Fleire av foreiningane sine lokalar var finansiert gjennom ølsjapper og samarbeidsavtaler med bryggjeria.⁴⁹⁷

Samankoplinga mellom kristendom og fråhaldssak hadde også vore ein av dei tinga som hadde vore problematisk. Jeppesen hadde sjølv hevda at fråhaldsrørsla var som pietismen; «gledesdrepande og livsfornekende»⁴⁹⁸. For mange i arbeidarrørsla vart alkoholproblemet betrakta som eit symptom på urettferd i samfunnet, heller enn som årsaka til sosiale problem. Karl Marx åtvara mot fråhaldsrørsla som i hans auge var ein del av den konservative, kapitalsterke middelstanden som ynskte å gripe inn i dei sosiale misforhold for å sikre det borgarlege samfunns beståande.⁴⁹⁹ Slik kunne fråhaldsrørsla bli oppfatta som ein konkurrent til arbeidarrørsla.

På byrjinga av 1900-talet gjorde Arbeidarpartiet ei endevending som kom til å få stor tyding for kampen mot alkoholen fram til folkerøystinga i 1919. Dette merka ein også i Telemark då Sam Eyde sette i gang sine prosjekt på Rjukan og Notodden. Denne delen av alkoholhistoria skal handsamast i neste kapittel.

⁴⁹⁶ Fuglum, 1995, 51

⁴⁹⁷ Fuglum, 1999, 78

⁴⁹⁸ Fuglum, 1999, 59

⁴⁹⁹ Fuglum, 1999, 51-52

Kapittel 8: Drukkenskap i industrialiseringa sin tidsalder: 1904-1914

Då samlagstida i Telemark gjekk mot slutten, byrja samstundes ei ny epoke i Telemark sin historie. Industrialiseringa starta for alvor på Notodden og Rjukan. Samstundes førte endringar i fråhaldsrørsla sitt arbeid til ein meir effektiv edruskapspolitikk. Dei fylgjene desse faktorane fekk for edruelegdomen i Telemark, er det som skal handsamast i det fylgjande.

Avholdsfolkets Landsnevnd

I 1906 vart valsystemet med einmannskrinsar innført i Noreg. Systemet gjekk ut på at ein i staden for å stemme på eit parti, skulle stemme på representantar frå den valkretsen ein høyrde til. Dette gav pressgrupper moglegheit til å påverke saker i større grad enn før. Fråhaldsrørsla fann difor at dei burde organisere seg på nye måtar. I desember 1905 vart det oppretta eit permanent fellesorgan for fråhaldsfolket ved namn «Avholdsfolkets Landsnevnd». Nemnda var ei samansetning av dei største fråhaldsorganisasjonane i landet. Då felleskomiteen vart satt saman, inneheldt den representantar frå DNT, IOGT, DNGTO, Det Blå Bånd, Norske kvinners Totalavholdsselskap, og Arrestad var formann. Samstundes vart «Avholdspartiet» stifta (heretter «Fråhaldspartiet»), som i praksis var eit anna namn på nemnda når den engasjerte seg politisk.⁵⁰⁰

Fråhaldspartiet hadde eit partiprogram som utelukkande handsama alkoholpolitikk. Dersom kandidatane på Stortinget støtta programmet, ville fråhaldsfolket oppmøde veljarane til å støtte kandidatane. «Ingen Afholdsmand eller Kvinde burde stemme paa nogen, som ikke gav Afholdsprogrammet sin Tilslutning i dets Helhed. Hvis der ikke er Kandidater for et af de politiske Partier, som tilfredsstiller denne Fordring, burde man opstille egen Kandidat», skreiv Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad i 1909.⁵⁰¹ Fråhaldspartiet verka slik som eit viktig pressorgan på Stortinget, men òg ved lokalval.

Politiseringa av fråhaldssaka skjedde òg frå andre. I 1904 vart det mellom anna sendt ut ei oppmøding frå fylkesstyret til DNT i Telemark, der alle fråhaldslaga vart oppmoda til å lage eigne vallister der det berre skulle førast opp fråhaldsfolk. Ifylgje Nordstoga, førte dette til at mange fråhaldsfolk kom inn i kommunestyra i Telemark.⁵⁰² Resultata frå kommune- og stortingsvala fram mot forbodsrøystinga, viser at Telemark ikkje gjekk fri frå Fråhaldspartiet.

⁵⁰⁰ Fuglum, 1999, 131-132

⁵⁰¹ Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad, Nr. 14. 1909

⁵⁰² Nordstoga, 1998, 19

I Kragerø hadde partiet i fleire år fleirtal i bystyret, og ved stortingsvalet i 1915 fekk dei flest stemmer.⁵⁰³ Fråhaldspartiet var også det største partiet under kommunevalet i 1916.⁵⁰⁴

Fram mot krigen vart det politiske biletet i Telemark endra, då arbeidarrørsla stadig veks i takt med industrialiseringa. Dei alkoholpolitiske føringane som tidlegare gjekk i disfavør av fråhaldsrørsla, vart etter kvart snudd til rørsla sin fordel.

Frå Venstre til Sosialdemokratane

Etter samlagsstriden sokna dei fleste fråhaldsfolk til Venstre. Ut over 1900-talet gjekk ein stadig større del av fråhaldsfolket sine stemmer til Arbeidarpartiet. Medan 1880- og 1890-åra hadde vore den venstrelojale arbeidarrørsla si glanstid, såg ein no ei rørsle mot Arbeidarpartiet. Stadig fleire arbeidarsamfunn i byane vart erobra av partiet, medan dei fleste arbeidarsamfunna i bygdene framleis sokna til Venstre.⁵⁰⁵ Den same utviklinga skjedde i Telemark. «Notodden regnes vistnok nu for en av socialismens faste borge i Telemark», skrev distriktslegen i Sauland i 1906.⁵⁰⁶ Ved stortingsvalet same året, gjekk majoriteten av stemmene fra Notodden til Venstre. Ved valet i 1909, var det sosialdemokratane som hadde tatt over leiinga, og ved stortingsvalet i 1912 gjekk heile 534 av dei 1063 stemmene fra Notodden til Arbeidarpartiet. 443 gjekk til Venstre.⁵⁰⁷ Ved sidan av den politiske utviklinga skjedde det ei kraftig omstilling kva gjaldt den sosiale samansetjinga i byen. I ei melding frå politimeisteren i Hjartdal til Sosialdepartementet i 1916, går det fram at «[d]rikkeondet var i jevnt avtagende i distriktet, indtil den store arbeidstrafik med industrielle anlæg med bybebyggelse samt vei- og jernbaneanlæg begynte i Øst-Telemarken. Siden har det tiltat litt etter hvert [...].»⁵⁰⁸ Korleis vart arbeidaren sitt syn på alkohol forma i dette miljøet?

«Nu kommer slusken»

«A/S Notodden Salpeterfabriker» vart stifta 9. juli 1904, og året etter vart Norsk Hydro etablert.⁵⁰⁹ Føretaka fekk stor innverknad på samfunnet i Notodden. Fabrikkane trakk til seg arbeidarar frå både inn- og utland. Desse arbeidde òg med dei mange vegane og jernbanane som vart bygd ut i perioden. Lausarbeidarane jobba periodevis. Når dei hadde samla nok kontantar, drog dei til nærmeste by for å «leve». «Brændevinsgauker har selvfølgelig spekulert i

⁵⁰³ Steffens, 1916, 447-448

⁵⁰⁴ Fråhaldspartiet spelte også ei viktig rolle i Porsgrunn i mellomkrigsåra. (Jf. Olav Rovde, «Telemark som fråhaldsregion» i Ingvar Skobba (red.), *Telemark historie, tidsskrift for Telemark Historielag, Festkultur og drikkeskikkar i Telemark*, nr. 34, 2013, 36)

⁵⁰⁵ Fuglum, 1999, 42

⁵⁰⁶ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 72, 1906, 103

⁵⁰⁷ Jf. Vedlegg nr. 10

⁵⁰⁸ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser. Sosialdepartementet, 2. sosialkontor D. Alkohollovgivning. Ædruelighetslovgivning.

⁵⁰⁹ Jens Christian Hansen, *Notodden*, Notodden, 1963, 81 og 85

disse løstsittende penger, men kontrollen fra de overordnedes side har været saavidt streng, at orden i det hele tat har været nogenlunde overholdt,» skreiv distriktslegen i Sauland i 1906.⁵¹⁰

Med dei gode økonomiske tidene som fylgde med utbygginga i distriktet i 1907, klaga distriktslege H. F. Holst over «den umiskjendelige forøkelse av brændevinsbruket. [...]】

Brændevinsgaukeri drives – især på Notodden – i en ganske utrolig grad.»⁵¹¹

[...] der brukes ikke saa ganske litet av spirituosa, og konsumet av denne vare synes heller at ha tiltat end avtat i de senere aar. For Notoddens vedkommende arter i ethvert fald livet sig paa en litet tiltalende maate; ædrueligheten staar ikke høit der, og den forholdsvis store barneflok fører et gateliv, som neppe er heldig hverken i fysisk eller moralsk henseende. Møter man strømmen av skolebarn efter endt skoletid, faar man ikkje indtrykket av nogen sund og kraftig opvoksende slekt.⁵¹²

Brennevinsbruken hadde heller ikkje avtatt i 1911 – «[...] misbruk ser man dog væsentlig kun hos ungdommen.»⁵¹³ Det er vanskeleg å tolke kva som meinast med «ungdommen», då det ikkje var uvanleg at unge folk var framandarbeidarar.

Etter at Notodden fekk bystatus i 1913, er det mogleg å studere dei rapporterte tilfella av drukkenskapsbrotsverk. På Notodden vart 7,3 prosent av innbyggjane arrestert for fyll i 1913.⁵¹⁴ Då er det imidlertid ikkje tatt omsyn til at personar kunne bli arrestert fleire gonger.⁵¹⁵ Politimeister Jensen på Notodden fekk i 1910 eit telegram med fylgjande melding: «Gjör finckan ren för bönder och lus. Nu kommer slusken. Ärbödigst Elektriska-Pelle.»⁵¹⁶ Åtvaringa frå den svenske rallaren ser ut til å ha vore berettiga. Kring krigsutbrotet låg Telemark på landstoppen kva gjaldt drukkenskapsbrotsverk.⁵¹⁷

Den frie arbeidar – forbodspartiet Arbeidarpartiet

På Arbeiderpartiet sitt landsmøte i Skien i 1895 vart uttalelsen «Der eksisterer ikkje noget Motsetningsforhold mellem Socialismen og Totalafhold» vedtatt.⁵¹⁸ Frå å ha eit avslappa forhold til alkoholen i 1880-åra, hadde arbeidarrørsla oppdaga at alkoholen slettes ikkje spelte på deira lag. Ein arbeidar som ikkje klarte å halde seg unna alkoholen vart ikkje oppfatta som eit fritt, sjølvstendig tenkande menneskje. «Han var et offer for sine drifter, en ‘slave av sine

⁵¹⁰ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 72, 1906, 103

⁵¹¹ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 98, 1907, 95

⁵¹² Skildring frå distriktslege Holst i Sauland legedistrikt i Medisinalmeldingane, NOS V, No. 181, 1910, 94

⁵¹³ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 216, 1911, 92

⁵¹⁴ Jf. NOS VI, No. 78, *Drukkenskapsførseelser: 1913-1915*, Kristiania, 1916

⁵¹⁵ I 1911 vart dei 41 342 rapporterte forseelsane på riksniå redusert til å gjelde 27 696 personar. Talet frå Notodden i 1913 må difor reknast å vere lågare enn 7,3 prosent. (NOS VI, No 143, *Drukkenskapsførseelser 1916-1917*, Kristiania, 1918, 3)

⁵¹⁶ Telegram frå «Elektriska Pelle» til politimeister Jensen på Notodden. (Hansen, 1963, 124)

⁵¹⁷ Drukkenskapsførseelsane kring krigsutbrotet vert handsama i neste kapittel.

⁵¹⁸ Fuglum, 1995, 52

lidenskaper'. Han var rå, dyrisk og uvitende.»⁵¹⁹ Bruk av alkohol vart sett på som et middel til å kue arbeidarklassen. Ein arbeidar kunne ikkje reise seg i protest mot urettferdige forhold dersom han låg under for alkoholmisbruket. Han kunne heller ikkje betre sine eigne sosiale og økonomiske kår. Misbruket gjorde at han mista kampkraft.⁵²⁰

Tanken om «den frie arbeidar» var berre eit av motiva for å avstå frå alkoholen. Omsynet til familien var eit anna; ein kunne ikkje forsørgje familien når ein drakk opp løna. «De penger som brennevinsfabrikantene og gauker stjal fra arbeiderne sitt fortjente lønn, skulle arbeiderne bruke til å løfte sin klasse opp til høyere kultur og større kunnskap og dermed til større makt og innflytelse i samfunnet, ‘thi kunnskap er magt, husk det, du arbeider’».»⁵²¹ Fråhaldsfolket i arbeidarrørsla nytta også medisinske argument. Vitskapen hadde vist at arbeidaren sitt immunforsvaret vart svekka ved hyppig alkoholdrikk. Alkohol var årsak til dårleg ernæring, dårlege butilhøve og eit usunt arbeidsmiljø. Ein rekna drukken-skap som årsak til barnemishandling, ulykker, dødsfall, sjølv-mord, sinnssjukdom og prostitution.⁵²²

Alle desse momenta gjorde at det skjedde ei gradvis tilnærming mellom arbeidar- og fråhaldsrørsla kring hundreårsskiftet. Under landsmøtet i Arbeidarpartiet i 1906 vart Oscar Nissen valt til partiformann. Han hadde fortid som formann i DNT. Med seg fekk han fleire sterke fråhaldsfolk, mellom anna Martin Tranmæl frå IOGT, LO-leiar Ole O. Lian og Adam Egede-Nissen.⁵²³

Under eit ekstraordinært landsmøte i Kristiania i 1909 låg det føre tre resolusjonar med krav om forbod. Den eine resolusjonen kom frå Øst-Telemarkens kretsforeining. Landsmøtet vedtok ein resolusjon som sette alkoholforbod som det endeleg målet for alkoholpolitikken. Dei vedtok også ein uttalelse som sa at kampen mot drikkevondet måtte bli rekna som «en avgjørende betingelse for arbeiderklassens reising.»⁵²⁴

Paradoksalt nok hadde arbeidarrørsla tilknyting til øl- og brennevinsindustrien. Dette må reknast som problematisk for eit parti der mange av leiarane og veljarane var fråhaldsfolk. Mange av foreningshusa til arbeidarrørsla hadde avtaler med dei store bryggjeria som gjekk ut på at bryggjeria støtta finansieringa av foreningslokala, mot at foreiningane forplikta seg

⁵¹⁹ Øyvind Bjørnson, *På klassekampens grunn 1900-1920* i Arne Kokkvoll og Jakob Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge 2*, Oslo, 1990, 1990, 310

⁵²⁰ John Johnsen, «Alkoholpolitikk i Arbeiderpartiet, Noen historiske tilbakeblikk», i AEF-INFO, *Arbeiderbevegelsens rus- og sosialpolitiske forbund NR 2/2013*

⁵²¹ Utsegn frå streiken mot Norsk Hydro på Rjukan i 1911 i Dahl, 1983, 280

⁵²² Jf. Bjørnson, 1990, 313

⁵²³ I tillegg kom Meyer Foshaug, Jørg Berge, Anders Buen og Andreas Hansen med i partiet. Dei var alle fråhaldsfolk. (Jf. Fuglum, 1995, 53)

⁵²⁴ Fuglum, 1995, 53

til å nytte bryggjeria når dei skulle bestille alkoholhaldige varer. Bjørnson meiner slike leveringsavtaler mest truleg var ei vanleg ordning før 1900, med lokale variasjonar.⁵²⁵ Landsmøtet vedtok at Arbeidarpartiet sine foreiningar og pressorgan snarast måtte avbryte ein kvar tilknyting med alkoholkapitalen. Ein måtte arbeide «energisk» for størst mogleg innskrenking av alkoholhandelen – med landsforbod som endeleg mål! Berre Carl Jeppesen stemte imot resolusjonen.⁵²⁶

På same tid viste ein ny listeaksjon i 1909 at det fanst forbodsvilje i folket. I løpet av vinteren vart menn og kvinner over 18 år spurt om tida var inne for å innføre eit fullstendig og permanent rusdrikkforbod. 1 884 298 personar svarte ja, medan berre 16 851 svarte nei. Ja-stemmene utgjorde heile 56 prosent av Noreg si vaksne befolkning.⁵²⁷

Ved landsmøtet i Arbeidarpartiet i 1912 vart det siste loddet lagt på vektskåla til fråhaldsfolket i partiet. Der vart uttalelsen «Bekjæmpelse av drikketrafikken med en lov-givning, som leder frem til statsforbud,» vedtatt med 188 mot 109 stemmer. Fire program-postar som samsvarer med valprogrammet frå 1909 og Fråhaldspartiet sitt program vart deretter einstemmig vedtatt. I tillegg vart ein post som handla om at minst ein prosent av staten sine direkte alkoholinntekter skulle settast i eit fond som hadde som formål å nedkjempe alkoholindustrien.⁵²⁸ Den alkoholpolitiske kurser i Arbeidarpartiet var lagt i lang tid. Ved stortingsvalet same året fekk partiet 26 prosent av stemmene.⁵²⁹

Femti prosent stemte Arbeidarpartiet på Notodden ved same stortingsval. Det kan vere freistande å påstå at dette hadde med alkoholpolitikken å gjere. På Notodden ser det i alle fall ut til at fråhaldstanken var godt representert. Godtemplarlosja «Rjukan» vart stifta 7. juli 1907⁵³⁰, og 29. januar 1911 vart losja «Ny von» stifta på same staden.⁵³¹ Frå før eksisterte DNT-laga «Silleherred», «Notoddens», «Yli og Strands», «Tuddal» og «Vestfjorddalens».⁵³² Det kom til ei fråhaldsavisa, «Notodden Nyheds- og Avertissementsblad», fyrste gong utgitt

⁵²⁵ Bjørnson, 1990, 305

⁵²⁶ Fuglum, 1995, 53

⁵²⁷ Fuglum, 1995, 49. Korleis befolkninga i Telemark forholdt seg til listeaksjonen i 1909 har eg ikkje evna å oppdrive. Det hadde vore interessant å sjå denne listeaksjonen i ljós av den som vart gjennomført i 1884 for å finne om tanken om forbod hadde endra seg mykje i løpet av dei 25 åra. Samstundes såg me at listeaksjonen i 1884 hadde ei rekke svakheiter kva gjaldt kor representativ den var med tanke på folkemeininga. Ei samanlikning ville difor kan hende vore fånyttes.

⁵²⁸ Jf. Fuglum, 1995, 54. Fuglum har nytta DNA sin landsmøteprotokoll frå 1912.

⁵²⁹ Knut Kjeldstadli og Vidar Keul (red.), *DNA – fra folkebevegelse til statsstøtte*, Trondhjem, 1973, 233

⁵³⁰ «Rjukan» hadde både eiga kaffistoge og fråhaldsblad kalla «Fosseiduren». I 1916 og 1917 stelte dei istand massemøter til fordel for forbodet. Medlemstalet kulminerte i 1915, då laget hadde 156 medlemar. (Jf. Arent Midtbø, *Losje Rjukan 1907-1957*, 8)

⁵³¹ RA/PA-0380/P/L0475: IOGT, Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 824-1503

⁵³² RA/PA-0419/A/Ac/L0113: DNT, Telefylket kretsprotokoll, 1902-1922

1. mai 1909. Redaktøren, Axel Andersen, var «avholdsmann med liv og sjel»⁵³³. Bladet trykte i 1909 ein artikkel som åtvara mot å kjøpe brennevin til jul. Drikken førte til «Skraalende mennesker paa gader og veie, ulykkelige hjem med grædende hustruer og forskrämt børn, mishandlete dyr, der blir jaget frem under de mest grusomme soobeslag.»⁵³⁴ Lærarskulen på Notodden var òg med på å forme fråhaldstanken på Notodden. Skulen vart stifta i 1895 av Asbjørn Knutsen Øyan som tidlegare hadde verka som fråhaldstalar for DNT.⁵³⁵ Skulen hadde eit eige fråhaldslag kalla «Andvake».⁵³⁶ I tillegg til desse, vart fråhaldsorganisasjonen «Verdandi» sitt sentrum i Telemark, lagt til Notodden i 1915.

Verdandi

Verdandi var arbeidarrørsla sin kamporganisasjon mot alkoholbruk. Organisasjonen fekk norsk rikslosje i 1902.⁵³⁷ Den vart brukt til Noreg frå Sverige, der organisasjonen vart etablert allereie i 1896. Det skal ha skjedd etter at IOGT-losja «St. Gøran» i Stockholm tok opp eit medlem som svarte nei på spørsmålet om han trudde på ein allmektig gud.⁵³⁸ IOGT bygde på eit kristent grunnlag, og «St. Gøran» vart difor utvist frå IOGT.⁵³⁹ Fleire andre losjer skal deretter ha blitt utvist fordi dei deltok på 1. mai-demonstrasjonar. «St. Gøran» utarbeida nye statuttar og lover og danna «Nykterhets-Orden Verdandi» 2. februar 1896.⁵⁴⁰

Verdandi skilte seg frå dei andre fråhaldsorganisasjonane gjennom at den la større vekt på ulikskapane i samfunnet som årsak til alkoholmisbruk. Som ein organisasjon i arbeidarrørsla, såg ordenen «samfundselendigheten og arbeidernes økonomiske og sociale undertrykkelse» som resultat av at «produktions- og samfærdselsmidlerne er overlatt en enkelt klasse [...].»⁵⁴¹ I kampen mot «den private spekulation» måtte ein rydde vekk «alt som stænger vor fremmarsj, alt som vil holde os ned i usseldom, alt som hemmer kampen og sløver og fornedrer.»⁵⁴² Alkoholen øydela arbeidarklassa økonomisk og moralsk og var «en væsentlig hindring for klassekampens fulde utfoldelse.»⁵⁴³ Under den norske ordenens fyrste

⁵³³ Berner Hansen, *Avis må til!: En oversikt over aviser i Telemark fra 1830 til 1970*, Skien, 1970, 129

⁵³⁴ Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad, Nr. 32. 1909

⁵³⁵ Nordstoga, 1998, 32

⁵³⁶ «Andvake» var organisert under «Norges Studerende Ungdoms Avholdsforening».

⁵³⁷ Bjørnson, 1990, 309

⁵³⁸ I godtemplarane sine «Almindelige Regler» heitte det at «Ingen Person kan faa Adgang til denne Orden som Medlem, undtagen han tror paa den almæktige og evige Gud, som hersker over alle Ting, og er villig til at aflægge vor Forpligtelse for Livstid.» I Noreg vart regelen tatt vekk, og medlemane kunne ha kva religion dei sjølv ville. (Handagard, 1951, 10)

⁵³⁹ Utvisninga skjedde 3.11.1895

⁵⁴⁰ Ole Øisang, *Bli med i Verdandi*, Trondhjem, 1916, 10

⁵⁴¹ Øisang, 1916, 3

⁵⁴² Øisang, 1916, 3

⁵⁴³ Øisang, 1916, 4

landsmøte i 1910 vart fylgjande utsagn slått fast: «En viktig årsak til fattigdommen, folkets økonomiske og åndelige undertrykkelse ser ordenen i rusdrikktrafikken.»⁵⁴⁴

I 1908 bestemte Noregs Rikslosje av Verdandi at ordenen skulle stykkast opp i mindre kretslosjar, og det vart slik stifta eiga kretslosje for Bratsberg på Notodden 26. juni 1915.⁵⁴⁵ Under kretslosja fall også dei losjer som hadde oppstått andre stader i fylket, og av desse fanst den største i det nye industrisamfunnet på Rjukan.

«[...] [I]kke mors bedste barn [...]»

Under bygginga av dammen på Møsvatn kring 1905 skreiv distriktslegen i Tinn at befolkninga engsta seg over den hærskare av lausarbeidrarar som ville strøyme til dalen; «mange av dem er jo ikke mors bedste barn- og kan komme til at volde megen fortræd.»⁵⁴⁶

Etter at Sam Eyde hadde etablert Norsk Hydro på Rjukan i 1907, trondt arbeidrarar for å byggje opp den nye næringa.⁵⁴⁷ «Paa Saaheim i Tinn er [...] vokset op en by paa 3 a 4 000 innbyggere», skreiv amtmannen i 1910.⁵⁴⁸ Industrialiseringa hadde allereie satt spor kva gjaldt sedskapen på Notodden. Kom det til å gå på same vis på Rjukan?

Industrialiseringa endra befolkningssamansetninga i lokalsamfunna. På Rjukan gjekk ein frå å vere eit lukka bondesamfunn til å bli eit opent samfunn der impulsar vart brakt inn utanfrå. Industrialiseringa var med på å skape betre ferdsselsårer til Tinn. «Turistene som kom til Tinn fikk bøndene til å forstå betydningen av gode kjøreveier og i begynnelsen av det 19. hundreåret ble det satt mere fart i veiarbeidet», skreiv Sverre Kjeldstadli i 1942.⁵⁴⁹ Med vegutbygginga kom ny arbeidskraft med nye kulturelle ståstadar.

Kjeldstadli kallar Tinn eit «absorbsjonsdistrikt». Med dette meiner han at andelen av innflyttarar var større enn andelen av dei som opphavleg budde der.⁵⁵⁰ I Tinn var 2689 av dei 4832 innbyggjarane innflyttarar i 1910.⁵⁵¹

Ein del av dei nye innflyttarane var rallarane, og med desse fylgde det mykje fyll og spetakkel.⁵⁵² Kulturelle skilje kunne fort føre til problem mellom bygdefolket og rallaren.

⁵⁴⁴ Svanteson, 1944, 18

⁵⁴⁵ Svanteson, 1944, 34

⁵⁴⁶ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 55, 1905, 98

⁵⁴⁷ «A/S Rjukanfos» vart stifta allereie 30. april 1903. (Jf. Dahl, 1983, 28)

⁵⁴⁸ Amtmannsmeldingane, NOS VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 95

⁵⁴⁹ Sverre Kjeldstadli, *Industrisamfunnet i dets forhold til bondesamfunnet*, 1942, 3

⁵⁵⁰ Det var særleg i industridistrikta det oppstod absorbsjonsbygder. I jordbruksdistrikta oppstod det istaden det Kjeldstadli kallar «dispersjonsdistrikt». Med dette meiner han at det var utflytting frå bygda. Ifylgje Morgenbladet 10.1.1911 auka 23 kommunar med meir enn 1000 innbyggjarar frå 1900-1910. 26 kommunar minka med meir enn 200 innbyggjarar i same tidsrom. (Sverre Kjeldstadli, *Rjukan: Et moderne eventyr om industri- og bondesamfunn*, (2. utg.), Oslo, 1944, 91)

⁵⁵¹ Kjeldstadli, 1944, 92

⁵⁵² Kjeldstadli, 1942, 90

«Rallaren hadde ein heilt annan måte å tenkje på, dei var liksom ein annan rase enn bygdefolket,» skreiv Kristofer Uppdal, som sjølv hadde vore rallar på Rjukan.⁵⁵³

Om det faktum at mange rallarar var svenske hadde noko å seie for edruelegdomen, er usikkert. Av dei 430 medlemene i Rjukan Arbeidsmandsforening, var 27 prosent svenske i 1908/09.⁵⁵⁴ Dei var med andre ord ein viktig faktor i samfunnet. At svenskane lettare fall for drukkenskapen er vanskeleg å prova. På Notodden hevda ein politimann at det var finnane som var dei verste. «Svenskene var ikke verre enn nordmennene.»⁵⁵⁵

Rjukan gjekk for å vere Skandinavias verste og tøffaste anlegg, berre slått av Porjus i Sverige. Den som hadde jobba og slite på Rjukan og overnatta «langs de tusen veger», han var «ekte bus, en ramsalt rallararistokrat.»⁵⁵⁶ Kva fylgjer fekk den nye befolkningssamsetjinga for sedskapen på Rjukan? Rallaren Stein-Kalle skildra tilstanden på Rjukan kring 1910 slik:

Til Rjukan kom nedlusa boms, sjuke prostituerte kvinner, hallikker, spritgauker, alkoholiserte kranglefanter, profesjonelle spillere, spåkjerringer og knivsprettere, arrete tatere og kriminelle. Der blei løsaktige kvinnfolk smugla inn gjennom rørgata, og en rallar blei partert med øks av tilreisende forbrytere. På en stor slette bygde de bordhytter og brente bål døgnet rundt. De usanitære forholda var en sann pest. Kniver rispa folk til blods, ja, miljøet var så farlig at rallarne blei advart av sine overordna om å holde seg inne etter mørkets frembrudd, da det herska åpenbar fare for at de kunne bli robba til skinnet og merka for livet, hvis de fikk beholde det.⁵⁵⁷

«De urolige forhold på Saaheim skyldtes for det aller meste gaukene og langerne [...],» skriv Kjeldstadli.⁵⁵⁸ Særleg gjaldt dette etter at jernbanen opna i 1909. Spritlanginga frå Kongsberg var så omfattande at bedrifta på Rjukan fekk stoppa sendinga av brennevinet. «Det var grunn til å tro at det var flere gauker på Saaheim enn det var gresshopper i Egypten [...]» stod det i Bratsberg-Demokraten i 1910.⁵⁵⁹ Dei vonda industrialiseringa på Rjukan hadde ført med seg, hadde gitt byen eit elendig rykte, og i dette låg alkoholen som ein viktig faktor.⁵⁶⁰

«Om ædrueligheds-tilstanden» i Tinn

I 1903 skreiv distriktslegen i Tinn at det vart nytta for mykje brennevin, «specielt blandt Ungdommen; det ansees ikke endnu for nogen Skam at vise sig beruset.»⁵⁶¹ Det er ingenting som seier at ungdommen ikkje kunne vere framandarbeidarar, ettersom det var vanleg at unge

⁵⁵³ Jf. Kr. Uppdal, *Kongen*, 45 i Kjeldstadli, 1944, 104

⁵⁵⁴ Per Fuglum, *Norge i støpeskjeen 1884-1920*, 1978, 299

⁵⁵⁵ Hansen, 1963, 124-125

⁵⁵⁶ Bengt-Arne Røine, *Rallar-Dronningen og Stein-Kalle*, Oslo, 1978, 135

⁵⁵⁷ Røine, 1978, 135-136

⁵⁵⁸ Kjeldstadli, 1942, 98

⁵⁵⁹ Bratsberg-Demokraten, 8.11.1910 i Kjeldstadli, 1942, 98

⁵⁶⁰ At Såheim ei tid visstnok var ein deportasjonsstad for lauslatne straffefangar frå Kristiania kan vere ein årsak til dette ryktet. (Bratsberg-Demokraten 27.9.1909 i Kjeldstadli, 1944, 92)

⁵⁶¹ Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 128, 1903, 104

folk tok slike jobbar. «[...] [I]ndustrien trekker ungdommen bort fra landbruket,»⁵⁶² skriv Kjeldstadli. I 1903 hadde enno ikkje det store innrykket av framandarbeidarar kome. Det er difor fruktbart å spørje om edruelegdomen var därleg også i utgangspunktet.

Gjennom undersøkinga til Eilert Sundt såg me at «Øvre Thelemarken østfjeldske provsti» var det provsti i landet, med prosentvis tredje størst del «forfaldne» på 1850-talet.⁵⁶³ Dersom ein reknar tala frå Tinn prestegjeld åleine, hamnar 29 av dei 642 gifte menn i kategorien «forfaldne».⁵⁶⁴ Desse utgjorde berre 4,5 prosent av totalen. Talet var langt lågare enn det som gjaldt for heile provstiet, og tyder at innbyggjarane i Tinn ikkje var dei som trakk talet for heile provstiet oppover.⁵⁶⁵

Sundt hevda at drukkenskapen hang saman med oppvekstkåra; at ein i arbeidsklassa hadde meir fritid, og dermed oftare vart drankar enn det som var tilfelle blant dei som tente på gardane.⁵⁶⁶ Men blant dei 2109 innbyggjarane busett i absorbsjonsdistriktet Rjukan 1910, var 1621 anleggs- og faglærte arbeidarar. Desse utgjorde 75 prosent av befolkninga.⁵⁶⁷ I heile Tinn høyarde framleis 45 prosent av befolkninga til landbruket, og 55 prosent til i industrien i 1910.⁵⁶⁸ I dei skildringane som her har blitt studert, kan ein spørje seg om Sundt sine reglar og teoriar heldt mål i det nye samfunnet?

Byen som ikkje var klar

Dei sosiokulturelle skilnadane som skjedde på Rjukan må ikkje underdrivast. Samfunnsendringane var kolossale, noko som både hang saman med endringane i befolkningsmassa og endringane i by-strukturen. Rjukan rakk ikkje å omstille seg frå ei landbruksbygd til ein by raskt nok; renovasjons-, sunnheits-, politi-, brann-, bolig- kultur- og skulevesen var ikkje på plass då bygda vart ein by.⁵⁶⁹

I industrisamfunna eksisterte det eit anna samspel enn i bygdesamfunna. Individ etablerte fellesskap på tvers av familien, og bortfallet av tryggleiksnættet som bondefamilien var, gjorde ein kvar til sin eigen lykkes smed. Eit slik samfunn krev eit overordna kontrollvesen, noko som var nær fråverande på Rjukan. By-ekspansjonen skilte seg slik frå andre

⁵⁶² Kjeldstadli, 1942, 91

⁵⁶³ Jf. kapittel 3 og Sundt, 1976, 12-13

⁵⁶⁴ NB Ms. Fol 604B: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i Christiansands Stift

⁵⁶⁵ Kva gjeld Sundt sin teori om at den prosentvise fordelinga av «forfaldne» ville vere størst i den minste gruppa, kan det sjå ut som at dette stemmer med fordelinga i Tinn. I Tinn talte arbeidsklassa 256 personar, medan eigedomsklassa talte 386 personar. 5,1 prosent av arbeidsklassa vart rekna som «forfaldne», medan det same talet i eigedomsklassa var 4,1 prosent. Då det ikkje eksisterer nokon statistikk som svarar til dei tala Sundt nyttar, er det ikkje mogleg å etterprøve denne teorien for 1910.

⁵⁶⁶ Jf. kapittel 3 og Sundt, 1976, 49-50

⁵⁶⁷ Kjeldstadli, 1942, 106

⁵⁶⁸ Kjeldstadli, 1942, 124

⁵⁶⁹ Jf. Kjeldstadli, 1942, 120

industribyar som i samtida vaks fram, som på Notodden – der hadde det eksistert ein grunnleggjande by-struktur før ekspansjonen.

Dårleg kontroll var truleg årsak til at lovverk vart utnytta av kreative innbyggjarar. Ein kafè på Rjukan hadde spiseplikt, men det heitte at plikta vart overholdt ved å plystre på ei kjøtkake som låg på ein tallerken ved sidan av serveringsluka. Kjøtkaka vart ført til bordet saman med drikkevarene, og når mennene hadde drukke opp, vart kjøtkaka lagt tilbake.⁵⁷⁰

«For sandhet og sett vil vi sammende staa, og rusdrikken vil vi bli kvitt!»⁵⁷¹

Dersom ein studerer fråhaldsarbeidet som har gått føre seg i Tinn på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet, er det tydeleg at arbeidet kom seinare i gang enn på mange av dei andre stadane me har studert. Nordstoga nemner til dømes ingen stifting av måtehaldslag i Tinn. Einung nemner at det vart skipa eit «avhaldslag» i februar 1886,⁵⁷² og fyrst i 1899 kjem det fram at det vart stifta lag under DNT på Rjukan. Dette ser imidlertid ut til å ha gått inn allereie i 1901.⁵⁷³ Det kan difor sjå ut til at Rjukan hadde lite å forsvare seg med når drikkevondet angrep. Dahl skriv at fråhaldslag som «Saaem», «Lysglint», «Saaheims Fremtid», «Gaustafjell» og «Rjukan» etter kvart verka til betring av edruelegdomen på Rjukan, men dei fleste av desse kom til kring 1910.⁵⁷⁴ «I den gamle bygdeopinion, som ikke fandt det at være noget særlig dadelværdig, om ungdommen ved festlige sammenkomster drak sig fuld, synes der nu at indtræde nogen forandring, idet en totalavholdsforening tæller ikke saa medlemmer,» skrev distriktslege Sandved i 1909.⁵⁷⁵ Det kan vere verdt å spørje; kom fråhaldsrørsla for seint?

Sjølv om medlemstalet i Verdandiordenen var lågt på riksplan, er det interessant for vår del at ei av dei største losjane i landet eksisterte på Rjukan.⁵⁷⁶ Den heitte «Saaheims Fremtid». ⁵⁷⁷ På Rjukan var Saaheims Fremtid med på å stifte Tinn og Rjukan Arbeidarparti i

⁵⁷⁰ Knut Kjeldstadli, *Mine fire besteforeldre: En familiefortelling om framveksten av det moderne Norge*, Oslo, 2010, 39

⁵⁷¹ NIA00048, saksakt 1A 48-4: Arne Kylandet, «Vekta», Nr. 3, 12. aargang, 12/10-1925

⁵⁷² Einung, 1926, 505

⁵⁷³ Jf. RA/PA-0419/A/Ac/L0090: DNT, Skien kretsprotokoll, 1889-1903

⁵⁷⁴ Dahl, 1983, 201

⁵⁷⁵ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 152, 1909, 97

⁵⁷⁶ Verdandiordenen kunne aldri måle seg med dei største fråhaldsorganisasjonane i Noreg. I 1907 bestod ordenen av 16 losjer med 627 medlemmar. Samanlikna med den svenske moderorganisasjonen hadde den norske Verdandiordenen ei beskjeden oppslutning. Ved utgangen av 1911 talte den 48 losjer med 1 500 medlemmar. Dertil kom 7 barnelosjar med kring 800 medlemmar. I 1914 auka talet til 42 losjer med 2100 medlemmar. (Svanteson, 1944, 34)

⁵⁷⁷ Fuglum opplyser ikkje kor stor «Saaheims Fremtid» var, og det eksisterer heller ikkje opplysningar om medlemstalet i losja sitt arkiv. (Fuglum, 1999, 129)

1912.⁵⁷⁸ At ordenen vart etablert før det eksisterte noko sosialdemokratisk parti, er i så måte interessant. Med på stiftinga var rett nok to andre sosialdemokratiske foreiningar.⁵⁷⁹ At losja var sosialdemokratisk kjem mellom anna fram ved å studere losja sitt organ «Fjellklang», der mottoet «Frihet, Likhet, Brorskap» vart nytta.⁵⁸⁰

Resultata frå stortingsvala i Tinn viser også at den sosialdemokratiske tanken ikkje var ukjend før partiet vart stifta. I 1906 var Venstre det klart største partiet, og fekk heile 96 prosent av stemmene frå Tinn.⁵⁸¹ I 1909 kom sosialdemokratane på banen og fekk heile 310 av dei 886 godkjente stemmene. Venstre fekk 414, medan Høgre og Frisinnede Venstre fekk 162. I 1912 var framleis Venstre det største partiet. Då fekk dei 556 av dei 999 godkjente stemmene. Arbeidarpartiet fekk 396.⁵⁸² Her ser me den velkjente veljarvandringa frå Venstre til Arbeidarpartiet som var gjeldande i mange norske byar på byrjinga av 1900-talet. At ikkje fleire gjekk over, hang saman med at store delar av befolkninga i Tinn framleis høyrd til bondestanden der Venstre stod sterkt.⁵⁸³ Kjeldstadli peikar også på at arbeidarkulturen på Rjukan frå byrjinga ikkje var særleg politisk aktiv, mellom anna fordi innflyttarane ikkje hadde hatt stemmeret tidlegare. Han kallar arbeidarane «en nokså treg materie å arbeide med» for dei politiske organisasjonar.⁵⁸⁴

Helge Dahl skriv at drikkevondet samla mange gode krefter mot seg. «Ikke minst tok arbeiderne striden opp, for problemet angikk i første rekke dem, ikke bare økonomisk og moralsk, men også politisk.»⁵⁸⁵ Dette visast i høgste grad på Rjukan, der arbeidarane hadde sterke meininger om alkoholdrikken. Under fråhaldsfolket sin dag i juni 1910 skal trearbeidarane ha sendt ut ein resolusjon der det stod at «Rusdrikkens avskaffelse er det største skritt til arbeiderklassens frigjørelse.»⁵⁸⁶ Frå 16. juli til 25. august 1911 var det lockout på Rjukan. «Kong Alkohol ble boikottet så lenge lockouten varte,» skriv Dahl.⁵⁸⁷ Jern- og metallarbeidarane skal ha uttalt at «[d]en som viste seg beruset, skulle miste en ukes understøttelse».«⁵⁸⁸ På eit massemøte på Folkets Hus fann ein at alkoholstreik var eit utmerka våpen mot dei kapital-

⁵⁷⁸ Partiet heitte frå stiftinga i 1912 Saaheim Arbeiderparti. I 1916 skifta det namn til Rjukan Arbeiderparti. I 1966 vart det heitande Tinn og Rjukan Arbeiderparti. (Helge Dahl, *Frihet Likhet Brorskap, Tinn og Rjukan Arbeiderparti 75 år, 1912-1987*, Rjukan, 1986, 3-4)

⁵⁷⁹ Dei to andre foreiningane var «Saaheim Social-Demokratiske Forening» (stifta i februar 1911) og «Saaheim Social-Demokratiske Kvinforening» (stifta våren 1911). (Dahl, 1986, 3)

⁵⁸⁰ NIA1046: Fjellklang, Nr. 11, 6. årg. Losja nytta også mottoet «Afhold. Oplysning. Menneskeverd.»

⁵⁸¹ I 1909 fekk Venstre 215 av dei 224 godkjente stemmene. Det manglar tal over kvar resten av stemmene gjekk. Jf. Vedlegg nr. 12

⁵⁸² Jf. Vedlegg nr. 12

⁵⁸³ Jf. Kjeldstadli, 1942, 124

⁵⁸⁴ Kjeldstadli, 1942, 114

⁵⁸⁵ Dahl, 1983, 280

⁵⁸⁶ Dahl, 1983, 280

⁵⁸⁷ Dahl, 1983, 280

⁵⁸⁸ Dahl, 1983, 280

sterke. «Hver arbeider som viser seg beruset under lockouten, bør betraktes som en dårlig kamerat!» vart det sagt.⁵⁸⁹ Fagforeningsmannen Lars Kjeldstadli meinte uttala ikkje var radikal nok. «Den som viser seg beruset, bør i pressen stemples som streikebryter!»⁵⁹⁰

Sjølv om arbeidarane viste at dei ikkje hadde noko problem med å leggje seg på ei edrueleg line i 1911, viser distriktslege Sandved sine skildringar at ikkje alle gjorde det same. I 1909 prisa han rett nok totalfråhaldsforeininga som betra edruelegdomen blant ungdomen, og som talte «ikke saa faa medlemmer.»⁵⁹¹ I 1912 vart det derimot meldt at edruelegdomen var mindre god; «de nye forhold synes ikke at ha hat nogen god indflydelse paa ungdommen.»⁵⁹²

Arbeidarrørsla tok aldri noko einheitleg stilling til alkoholen, og dei som ikkje hadde rot i lokalsamfunnet, for ein stor del rallaane, avviste normene som eksisterte på førehand. «Ædruelighetstilstanden er som ventelig blandt en stor arbeidsstok ikke altid god. Foruten de fastboende arbeidere har der været adskillig konflux av de løseste eksistenser fra alle kanter; og da politiopsynet har latt adskillig tilbake at ønske, har der været megen drukkenskap,» meldtest det i 1910.⁵⁹³ På Tinn fanst det i utgangspunktet berre éin lensmann, men han fekk hjelp av ein betjent på industriannlegget då utbygginga skaut fart. Då lensmannen budde to mil unna Rjukan, måtte «politibetjenten i Vestfjordddalen» patruljere strekninga frå Møsvatn og fire mil nedover. I 1909 vart fire nye politibetjentar tilsett, men dette var ikkje nok til å halde styr på dei kring to tusen arbeidarane.⁵⁹⁴

Handhevinga av drukkenskapen ser likevel ut til å ha betra seg, og i dette låg at politiet etter kvart fekk betre kontroll. Gjennom strenge straffer såkte ein å skremme folk frå å uttøve brotsverk knytt til alkoholen. Ein tidlegare ustraffa arbeidar vart ved «meddomsrett» på Såheim kjend skuldig for å ha selt ei halv flaske brennevin ulovleg. Mannen fekk 150 kroner i bot, 24 dagar i fengsel, samt pålagt å betale ti kroner i saksomkostningar. Då han anka den strenge straffen, hamna saka i Lagmannsretten der anka vart avslått. «Den idømte straf vil saaledes bli staaende, og kan tjene som en advarsel for andre på Såheim, som jo er et for «gaugeri» meget berømt sted,» uttalte retten.⁵⁹⁵

⁵⁸⁹ Uttalelse frå Ephraim Rubinstein i Dahl, 1983, 280

⁵⁹⁰ Uttalelse frå Lars Kjeldstadli i Dahl, 1983, 280

⁵⁹¹ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 152, 1909, 97

⁵⁹² Medisinalmeldingane, NOS VI, No. 19, 1912, 93

⁵⁹³ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 181, 1910, 95

⁵⁹⁴ Kjeldstadli, 1942, 97

⁵⁹⁵ E. TollefSEN, *Rjukan politilag gjennom 50 år, 1912-1962*, 1962, 117

Personlege livslange rettar til brennevinssal

Anleggsarbeidarane sin drukkenskap ser ut til å ha vore problematisk også i andre byar i Telemark. I ei notis i Teledølen frå 1908 står det at «Anlægsarbeiderne fra Telemarken passerer i disse dage Skien[...]. Forleden dag vrimalde det i Skien av berusede anlægsarbeidere.»⁵⁹⁶ I same utgåve står det at «Paasken ser ut til at bli rolig: næsten alle anlægsarbeidere bortreist i paasken.»⁵⁹⁷ Edruelegdomstilstanden i Skien som skildrast i Teledølen var mest truleg reell. Skien låg i landstoppen i oversikta over drukkenskapsbrotsverk i dei norske byane. Ikkje i nokon annan by vart ein større del av befolkninga tatt for drukkenskapsbrotsverk enn i Skien i 1901. Det same gjaldt i 1915. Skien låg i toppsjiktet også i åra imellom.⁵⁹⁸ Brennevins-samlaget i Skien vart nedstemt allereie i 1895, men det fanst likevel brennevin å få tak i, då eldre livslange rettar til brennevinssal eksisterte i byen.⁵⁹⁹

I dei andre byane ser edruelegdomen ut til å ha vore ganske lik. Frå Langesund rapporterte distriktslegen i 1905 at «[m]ed hensyn til misbruk av berusende drikke spores ingen bedring etter nedlæggelsen av samlaget i Langesund.»⁶⁰⁰ Takka vere ein nyopprettet brennevinshandel i Brevik, hadde drikketrafikken auka i Kragerø i 1906 – «[...] der drikkes ikke konjak eller akevit, men «fineste fuselfri sprit», der serveres som toddy.»⁶⁰¹

Dei livslange rettane til sal av brennevin var ei torn i auget for fråhaldsfolket. Det var lite som kunne gjerast for å hindre dei i å uttøve rettane sine. Som me skal sjå, var dette eit av argumenta for forbodstanken. Kva så med dei delar av fylket som ikkje vart industrialisert i same grad som dei store byane?

Forbruksendringar

Frå 1900 fram til 1914 sank det totale berekna alkoholforbruket per innbyggjar over 15 år frå 4,74 til 3,99 liter rein alkohol.⁶⁰² Nedgangen gjaldt både for øl, vin og brennevin, og hang

⁵⁹⁶ Notis i Teledølen 15.4.1908 (opplysninga skal ha blitt henta frå skiensavisa «Fremskrift») i Hansen, 1963, 124

⁵⁹⁷ Notis i Teledølen 15.4.1908 i Hansen, 1963, 124

⁵⁹⁸ NOS VI, No. 143, *Drukkenskapsforselser: 1916-1917*, Kristiania, 1918

⁵⁹⁹ Skien var ein av tre byar som framleis hadde eldre rettar i 1917. Dei andre byane var Stavanger og Sarpsborg. (Jf. NOS VI, No. 143, *Drukkenskapsforselser: 1916-1917*, Kristiania, 1918, 5)

Telefine Backe og Ida Vauvert, som i 1881 hadde overført sin handelsrett til brennevinssamlaget i Skien, var nokre av dei som framleis hadde rett til å selje brennevin etter at samlaget vart stemt ned i 1895. Denne kunne imidlertid ikkje utøvast gjennom samlaget. Det vart difor oppretta ei ny forretning i januar 1896, der store delar av overskotet gjekk til eit fond som mellom anna støtta bekjempelsen av drikkevondet. «Fruerne Telefine Backe og Ida Vauverts fond til almennyttige formål for / eller innretninger i Skiens by» støtta også Skiens Arbeiderforening med 2 695 000 kr i perioden 1897-1917. Dette var ein av dei største postane fondet ytte støtte til. I 1918 fall salsretten til forretninga bort. Fondet heldt likevel fram å eksistere. Grunna tapt inntekt gjekk Vauvert til søksmål mot Sosialdepartementet i 1920. Søksmålet førte ikkje fram. (Jf. Jahnsen, 1931)

⁶⁰⁰ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 55, 1905, 97

⁶⁰¹ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 72, 1906, 102

⁶⁰² Sjå Vedlegg nr. 8. NOS XII, No. 245, Historisk statistikk, 575-576.

saman med den økonomiske krisa i 1899.⁶⁰³ Då det tek tid før økonomiske konjunkturar påverkar forbruket, byrja alkoholforbruket for alvor å synke kring 1902/1903. I tillegg vart importtollen på vin nær firedobla i 1904, og maksimalgrensa for alkoholinnhaldet i vin senka frå 23 til 21 volumprosent.⁶⁰⁴ Ei ny alkohollov vedtatt 17. mai 1904, samla avgjerslene om alle dei alkoholhaldige drikkane under ei lov.⁶⁰⁵

Omleggingane hang mellom anna saman med «Laddevinspesten» som sidan 1894 hadde blitt ei stor otte for både fråhaldsrørsla og politikarane. Laddevin var ein rusdrikk beståande av billig vin, sprit og ulike smakstilsetjingar. Den sørte smaken og billige prisen gjorde den ettertrakta for dei som sökte ein rus.⁶⁰⁶ Frå 1894 til 1897 vart det totale vinforbruket firedobla, men forbruket var framleis ikkje stort. I 1897 vart det drukke 3,43 liter vin per innbyggjar over 15 år i Noreg.⁶⁰⁷ Laddevin var hovudsakleg eit byfenomen, og størstedelen av omsetjinga skjedde i hovudstaden. I Telemark verkar det som at vinen høyrdet til dei store byane, då det omtrent ikkje har dukka opp skildringar som knyt laddevin til landdistrikta.⁶⁰⁸

Frå Lårdal legedistrikt meldtest det i 1901 at innførselen av brennevin gjennom Telemarkskanalen var kraftig redusert til fordel for ølimport. Frå 1900 fram til 1909 minka innførselen frå 400 til 243 hektoliter. I 1910 vart det berre innført 99 hektoliter brennevin gjennom kanalen.⁶⁰⁹ Samstundes auka ølimporten frå 2 350 hektoliter i 1900 til 4 866 hektoliter i 1910.⁶¹⁰ Dette går fram i Vedlegg nr 9 og 10. Det eksisterer ikkje tal for vinimporten.⁶¹¹

Det kan sjå ut som at alkoholsvake varer tok over for brennevinet. I medisinalmeldinga frå Kviteseid legedistrikt i 1896, går det fram at det stadig vart vanlegare å nytte

⁶⁰³ Jf. Fuglum, 1972, 420

⁶⁰⁴ Jf. Øyvind Horverak, «Har norsk alkoholpolitikk favorisert svakere drikker?», publisert 24.09.2012. (<http://www.forebygging.no/Artikler/2013-2012/Har-norsk-alkoholpolitikk-favorisert-svakere-drikker/>) (lest kl. 16.00, 13.03.14). I fylgje brennevinslova av 1894 § 31 heitte det at «Enhver med Brændevin blandet eller tilberedet Drik samt Vin af større Alkoholstyrke end 21 pCt. bliver efter nærværende Lov at anse som Brændevin». (Otto Mejländer, 1900.) Det er difor merkeleg at det var grunn til å senke maksimalgrensa for alkohol i vin til 21 volumprosent når sterkare vin likevel måtte bli rekna som brennevin.

⁶⁰⁵ I landdistrikta vart lova for brennevinet uendra. I byane var endringane hovudsakleg knytt til kva dagar og til kva tid samlaga hadde rett til sal og skjenking. I tillegg vart røystingsperioden for oppretthaldelse av samlaga forlenga frå fem til seks år. (Jf. Ragnar Hauge, *Norsk alkohollovgivning gjennom 1000 år*, Oslo, 1998, 166-167)

⁶⁰⁶ Jf. Per Ormestøyl, «Laddevinen – totalfråhaldsfolket sitt uynskte barn», i Henrik Olav Mathiesen (red.), *Fortid* nr. 2/2014, s. 65-75

⁶⁰⁷ NOS XII, No. 245, Historisk statistikk, 575

⁶⁰⁸ Det vart m.a. klaga over laddevinsbruk då samlaget i Porsgrunn vart stemt ned i 1897. (Schrumpf, 2006, 369)

⁶⁰⁹ Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 77, 1901, 103. Sjå Vedlegg nr. 11.

⁶¹⁰ Sjå Vedlegg nr. 10.

⁶¹¹ Samstundes som øl og vin vart vanlegare, auka kaffibruken. Statistikken frå Løveid sluser viser ein importauke på 40 tonn frå 1900 til 1910. (Amtmannsmeldingane: NOS V, No. 93, I, VIII, 52 og NOS VI, No. 47, I, VIII, 77) Etter dagens målestokk var ikkje innførselen stor i 1910 (kring 300 tonn), men ein såg ein klar tendens til at kaffedrikken var i framgang.

frukt og bær til både saft- og vinlegging.⁶¹² I legedistriket nytta til og med fråhaldsrørsla dei alkoholsvake vinane. Fråhaldslaga «[...] tilsteder nydelse av baade hjemmelavet vin og øl,» heitte det i medisinalmeldinga frå 1907.⁶¹³

I Lårdal legedistrikt var situasjonen ein annan. Der forsøkte ein «paagaaende avholdsbevægelse» å fortrenge heimelaga maltøl og vin. I staden vart det forsøkt innført «alkoholfri vin» som erstatning. «[...][S]aadan har man i begravelser seet anvendt malagavin og forskjellige likører.»⁶¹⁴ I Lårdal hadde fråhaldsrørsla «[...] faaet et godt Tag i den almindelig Opinion trods Nedgang og Ophør af enkelte lokale Foreninger. Berusede Folk hører og ser man nu sjeldnere end før faa Aar tilbage.»⁶¹⁵ Det same meldte distriktslegen i Drangedal legedistrikt i 1906, der «avholds- og ungdomsbevægelsen [...] i dette stykke virket meget godt.»⁶¹⁶

Frå Holla meldte distriktslege Paulsson i 1904 at det «senere Aars ihærdige Afholdsarbeide har baaret gode Frugter ; Brændevin anvendes sjeldnere og sjeldnere ved festlige Anledninger, og Indkjøb af Spirituosa til de store Høitider er sterktaftaget; i dette Arbeide deltager Ungdommen af begge Kjøn med lige stor Interesse.»⁶¹⁷

Fråhaldsrørsla var aldri den einaste agitatoren mot alkoholen i landdistrikta i Telemark. «Kirken står i Bondens Tanke paa et højt Sted» skreiv Bjørnstjerne Bjørnson i «Synnøve Solbakken».«⁶¹⁸ Det gjorde den også i Telemark. Frå Kviteseid skreiv distriktslege Heidenreich i 1909 at «[d]e religiøse møter som en tid var præget av den Barrattske retning og fremkaldte noksaa megen hysteri, har nu etter en mere nøktern karakter.»⁶¹⁹ Den barrattske retninga var forløparen til pinserørsla i Noreg, og stod for eit alkoholfiendtleg standpunkt.⁶²⁰ I Mo, Lårdal og Vinje meldte mange seg ut av kyrkja og let seg døype inn i pinserørsla. I Nedre Telemark var rørsla allereie godt representert.⁶²¹ I Bamble meldte distriktslegen at drukkenskapen var redusert, «hvilket muligens skyldes den udstrakte Emissærvirksomhed og den religiøse Vækkekelse i Bygden.»⁶²² Frå Fyresdal skreiv distriktslegen at edruelegdoms-

⁶¹² Jf. Medisinalmeldingane, NOS III, No. 317, 1896, 95 Distriktslegen meldte at ein også tok til å laga cider i 1897. (Jf. Medisinalmeldingane, NOS III, No. 327, 1897, 90)

⁶¹³ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 98, 1907, 95

⁶¹⁴ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 55, 1905, 98

⁶¹⁵ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 23, 1904, 100

⁶¹⁶ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 72, 1906, 102

⁶¹⁷ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 23, 1904, 99

⁶¹⁸ Bjørnstjerne Bjørnson, *Synnøve Solbakken*, 2. utg., Christiania, 1858, 17

⁶¹⁹ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 152, 1909, 96

⁶²⁰ Tor Edvin Dahl og John-Willy Rudolph, *Fra seier til nederlag: Pinsebevegelsen i Norge*, Oslo, 1978, 69

⁶²¹ Henrik Friis, *Det brenner i bygda: Trekk frå vekkelsesliv i Telemark*, Oslo, 1963, 58

⁶²² Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 103, 1902, 111

tanken var i framgang, «[...] for en stor Del jevnsides med og forårsaget af religiøs Vækkelse, til dels ogsaa af politiske Bevægelser i Pressen og paa Møder.»⁶²³

Alt i alt vart edruelegdomen betra i dei fyrste åra av 1900-talet. Brennevinsinnførselet gjennom Løveid sluser hadde ein kraftig nedgang, og drukkenskapsbrotsverka i landdistrikta heldt eit lågt nivå. Betringa i edruelegdomen kan ikkje seiast å vere ein sær-telemarkisk trend, då forbruksgrafen på riksnivå også viser eit lågt forbruk.⁶²⁴ I 1910 gav amtmannen i Telemark denne attesten om edruelegdomstilstanden i landdistrikta i fylket:

Ædruelighetstilstanden maa i det hele siges at være bedre end tidligere. Befolkingen i landdistrikterne nyter i det daglige liv sjeldan spirituøse drikke, og den usikr at drikke sig overstadiig beruset ved festlige sammenkomster begynder at bli avlægs. Opfatningen av, at det er en skam at være beruset, synes at vinde fremgang, og det er et oppmuntrende tegn, at «Telefylket Avholdsslug» i 1910 hadde omrent 60 foreninger utover i amtet og til sammen over 6 000 medlemmer. Paa enkelte steder i amtet kan man konstatere, at drikkfældigheten er i sterk avtagende; men på andre steder gaar det smaat hermed.⁶²⁵

Kring 1907 snudde forbruksnedgangen, og byrja å stige som vist i Vedlegg nr. 8. I 1909 meldte distriktslege Heidenreich at den økonomiske situasjonen i distriktet var betra.⁶²⁶ Med gode konjunkturar vart det meldt om aukande drikkfældigkeit. Auka var særleg stor i Kviteseid og Nissedal. Dette gjaldt spesielt blant dei unge, «som skal være med paa alle de møter, der nu holdes, og hvor de avstedkommer megen forstyrrelse og uhygge.»⁶²⁷ Til tross for eit «energisk avholdsarbeide» heldt drikkfældigheta i Kviteseid legedistrikt seg uforandra fram til krigen.⁶²⁸

Den alkoholpolitiske røynda anno 1914

I løpet av dei siste fire åra før verdkriga braut ut, var den politiske debatten prega av andre politiske tema enn alkohol.⁶²⁹ Ved stortingsvalet i 1912 leid Høgre og Frisinnede Venstre nederlag. Det var ei leiande oppfatning i samtidia at årsaka til nederlaget var den upopulære statusen partia hadde hjå fråhaldsfolket. «På en totalist og en pietist bet ingen argumentasjon,» skal Ivar Sælen frå Høgre ha uttalt etter valet.⁶³⁰ I Venstre hadde ein knytt seg tettare til fråhaldsfolket. Då Gunnar Knudsen tok over regjeringa i 1913, tok han med seg fråhaldsmennene Lars Abrahamsen, Aasolv Bryggesa og Johan Castberg og plasserte dei som

⁶²³ Medisinalmeldingane, NOS IV, No. 27, 1899, 101

⁶²⁴ Sjå Vedlegg nr. 8. Statistikken viser ein langsam stigning i det totale forbruket av alkoholhaldig drikke frå kring 1904. Denne toppar seg i 1916, då det totale forbruket per innbyggjar over 15 år var 4,5 liter rein alkohol. I 1900 var det totale forbruket 4,7 liter. (NOS XII, No. 245, Historisk statistikk, 575-576)

⁶²⁵ Amtmannsmeldingane, NOS VI, No. 47, 1906-1910, VIII, 95-96

⁶²⁶ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 152, 1909, 96

⁶²⁷ Medisinalmeldingane, NOS V, No. 152, 1909, 96

⁶²⁸ Jf. Medisinalmeldingane, NOS V, No. 122, 1908, 92 i tillegg til medisinalmeldingane fram til krigen.

⁶²⁹ Fuglum, 1995, 59

⁶³⁰ Fuglum, 1995, 58

ministrar for Justis-, Kyrkje- og Handelsdepartementet – viktige stillingar i eit alkoholpolitisk augemed. Etter valet sat det 54 organiserte totalfråhaldsmenn på tinget. Ytterlegare 45 representantar støtta Fråhaldspartiet sitt valprogram. 99 av dei 123 medlemene på Stortinget var dermed forplikta på fråhaldsprogrammet.⁶³¹

Dei alkoholpolitiske sakene som i størst grad oppheldt fråhaldspolitikarane i perioden fram til krigen, var handelstraktaten med Frankrike⁶³² og samlagsordninga. Heilt sidan Brennevinslova av 1894 hadde ein sett samlaga falle i heile landet. Som me har sett, vart det siste samlaget i Telemark nedstemt i 1904. Det eksisterte likevel samlag i fleire andre norske byar etter dette. Då den fjerde runden av samlagsrøystingane var avvikla i 1913, stod berre 12 byar att med samlag. 15 samlag vart stemt ned det året. Dei samlaga som stod att, vart nytta som argument for å halde fram å støtte visjonen i Arrestadlina – ein såg den raske framgangen! Samstundes bidrog røystinga til å styrke ynsket om forbod; dei siste samlagsbastionane var vanskelege å fjerne gjennom røysting – var det mogleg i det heile? Hovudfokuset til fråhaldsfolket vart etter 1913 difor den siste og avgjerande strid – striden om landsforbodet.

⁶³¹ Fuglum, 1995, 55

⁶³² Forhandlingane om handelstraktaten med Frankrike føregjekk i 1908-09. Franske alkoholinteresser var skremt av den framgangen fråhaldsrørsla hadde i Noreg. Overdrivne meldingane om forbodskrav og forbodsplanar hadde funne vegen til franske aviser. Som reaksjon på dette truga Frankrike med å ikkje ville gi statslån og lån til halvstatlege institusjonar frå Noreg. Norske verdipapir ville heller ikkje bli notert på Parisbørsen. Noreg måtte stille seg meir velvillige til importen av fransk vin og brennevin. Forhandlingane resulterte i ein deklarasjon som var eit tillegg til den gjeldande handelstraktaten frå 1891. Mellom anna skulle tollen på vin som vart innført på fat senkast frå 40 til 34,5 øre pr. kilo. I ei note som følgde med avtala, stod det at den norske alkohollovgivinga ikkje måtte endrast slik at den leid skade for importen av vin og spirituosa frå Frankrike. Sjølv om Noreg ikkje hadde plikta seg til denne nota, såg ein frå fransk side avtala som oppheva dersom den ikkje vart følgt.

For fråhaldsrørsla fekk traktatstriden stor tyding. Scharffenberg nytta Arrestad sin haldning til spørsmålet som argument for å bryte samarbeidet. Han innleia dermed kampen for ein radikal forbodspolitikk. Traktatstriden bidrog også til å svekke virkninga av Høgre og Frisinnede Venstre si liberale markering i alkoholpolitikken. (Jf. Per Fuglum, *Én skute – én skipper: Gunnar Knudsen som statsminister 1908-10 og 1913-20*, 1989, 107-109)

Kapittel 9: Krigen si tyding for edruelegdomen: 1914-1918

Hundre år etter at Napoleonskrigane vart avslutta og Grunnlova vart signert, byrja ein ny krig. Dei fyrste hendingane førte med seg Brennevinsslova av 1816 og framveksten av drikkevondet. Under Fyrste Verdskrig skulle det bli temja. I løpet av krigen skjedde det ei rekke større og mindre innstrammingar som påverka edruelegdomstilstanden i stor grad. Saman la dei grunnlaget for forbodstida. Edruelegdomen kring dei to kriganå åg difor heilt forskjellig ut, og det er edruelegdomen under den siste krigen som no skal handsamas.

Augustforboda

Under Fyrste Verdskrig var Noreg nøytrale. Krigen var likevel merkbar på omtrent alle norske samfunnssektorar, og vart ein stor del av kvardagen til det norske folk. Som under Napoleonskrigane fann styresmaktene det naudsynt å innføre forbod mot å nytte korn og poteter til framstilling av alkoholhaldige nyttingsvarer. Omsynet til korn- og potetlagra var ikkje det einaste argumentet for å innføre forboden, slik tilfellet i stor grad hadde vore hundre år før; denne gongen handla det i større grad om sosialpolitikk.⁶³³ Difor vart det også vedtatt forbod mot sal og skjenking av brennevin.⁶³⁴ Tre dagar seinare fekk dei lokale politiorgana fullmakt til å forby skjenking og sal av øl og vin når samfunnsmessige omsyn kravde det.⁶³⁵ Frå 18. august vart forboda fatta av Stortinget og dermed gjort varige.⁶³⁶

Augustforboda vart ikkje ståande lengje. Etter 20. november vart det igjen lov til å brygge øl på importert malt, brenne og selje brennevin og til slutt også å skjenke. Styresmaktene meinte skjenking i kontrollera former var betre enn flaskesal frå samlag, då flaskesal førte drukkenskapen inn i det private rom og til arbeidsplassane.

Ein kan spørje seg om krigsutbrotet var den einaste årsaka til den edruelege lina staten la seg på i august 1914? Det er ingen tvil om at dei raske forboda berre kunne bli innført i

⁶³³ Jf. Wilhelm Keilhau, *Norge og verdenskrigen*, Oslo, 1927, i James T. Shotwell (red.), *Verdenskrigens økonomiske og sociale historie*, 30

⁶³⁴ Ifylgje Fuglum kom det ikkje til uttrykk nokon prinsipiell motstand i løpet av dei fyrste krigsdagane. Forboden, som vart vedtatt 4. august, vart sett på som ei sjølvfølgje. (Jf. Fuglum, 1995, 65)

⁶³⁵ Denne fullmakta vart visstnok tolka svært forskjellig i dei ulike politidistrikta, og vart eit av hovudtema i den komande diskusjonen. Aftenposten meldte at mellom anna politimesteren i Porsgrunn hadde overskreden sin myndighet i ei slik sak, og at avgjersla var blitt endra av departementet. Kva overskridelsen dreidde seg om, er usikkert. (Jf. Aftenposten 23.8.1914 i Fuglum, 1995, 66)

⁶³⁶ Same dag som Stortinget fatta forboden, starta meiningsvekslinga frå motstandarane. Då angrep den tidlegare redaktøren i Morgenbladet, Nils Vogt, dei raske slutningane som no var tatt. Argumenta som vart nytta mot forboda handla både om politiet sin rett til å etablere lokale tilleggsforbod (slike slutningar meinte han heller burde bli fatta av Stortinget) og næringslivet sine interesser og dei økonomiske konsekvensane forboden hadde for desse og for staten. Ifylgje den alkoholliberale Ole Thommessen gagna forboden berre dei utanlandske brennevinshandlarane. Han anslo skattetauet som fylgje av forboden, til å vere 1 mill. kr i månaden. (Jf. artiklane i Tidens Tegn, 17/8 og 22/8 1914 i Fuglum, 1995, 67) Til det økonomiske poenget gjaldt særleg omsynet til potetbrenneria. Dei råstoff som der vart nytta kunne neppe nyttas til anna enn brennevin. Det var snakk om store verdiar som ville gå tapt. Det var dette siste argumentet som vart nytta då forboda vart oppheva. (Fuglum, 1995, 67-68)

krigstid. Samstundes peika Stortinget mot ei alkoholpolitisk innstramming, og fråhaldsrørsla var større enn nokon gong.

Fråhaldsfolket 1914

Krigen skulle skape ein ny plattform for det sosialpolitiske reformarbeidet fråhaldsfolket hadde sett for seg. Augustforboda hadde på mange måtar oppfylt det forbodstilhengarane var ute etter, og der ein kunne vente sterk motstand frå forbodsmotstandarane, kom det få protestar i byrjinga.⁶³⁷ Krig var krig, og då måtte ein ta forhandsreglar.

I 1913 var «Telemark fylke av DNT» den tredje største krinsen i landet med 9 500 medlemar. Krinsen var ei vidareføring av «Skiens krets», danna i 1876.⁶³⁸ DNT hadde 139 500 medlemar i heile landet i 1913.⁶³⁹ I løpet av 1914 vert det berre protokollert eit nytt lag under DNT i Telemark; «Aaklungen» totalfråhaldslag i Eidanger. Ettersom ei rekkje lag ikkje er oppført med årstal for stiftinga, er det mogleg at det fanst ei rekkje andre stiftingar dette året. Heller ikkje i 1913 står det opplyst at det vart stifta lag under DNT, sjølv om dette var eit rekordår for organisasjonen på riksplan. Aaklungen vart lagt ned allereie i 1916.⁶⁴⁰

På IOGT sin losjeprotokoll vert det opplyst om seks nye losjestiftingar i 1914 i Telemark. Fem av desse vart stifta av den tidlegare redaktøren i Ny Tid, I. Angell Olsen. Tre losjar vart stifta i Skien, i tillegg til i Tinn, Vrådal og Gvarv.⁶⁴¹ Det er interessant at alle losjane vart stifta etter 21. oktober. Då var allereie forbodet mot å selje brennevin oppheva. Forboden mot skjenking var framleis ståande. Augustforboda kan difor ha auka motivasjonen for å engasjere seg i fråhaldsrørsla. I Skien eksisterte det framleis private skjenkestadar, og stiftingane kan synleggjere ynskje om å få fjerna desse.

I tida kring krigsutbrotet gir medisinalmeldingane liten informasjon om den edruelege tilstanden i amtet. Heller ikkje amtmannsmeldingane fortel noko større om denne.

Edruelegdom i særklasse

Oversikta over drukkenskapslovbrota set Telemark i ei særstilling samanlikna med andre norske fylke kring krigsutbrotet. «For landdistriktenes vedkommende vil man særlig lægge merke til den sterke økning for Bratsberg amt», skreiv H. E. Berner om den kraftige auken i drukkenskapslovbrota i 1915.⁶⁴² Berner laug ikkje. I 1915 vart 20 av 1000 innbyggjarar i

⁶³⁷ Fuglum, 1995, 59

⁶³⁸ Nordstoga, 1998, 18-20

⁶³⁹ Fuglum, 1984, 111

⁶⁴⁰ Jf. RA/PA-0419/A/Ac/L0113: DNT, Telefylket kretsprotokoll, 1902-1922

⁶⁴¹ Jf. RA/PA-0380/P/L0475, IOGT, Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 824-1503

⁶⁴² NOS VI, No. 78, *Drukkenkapforseelser: 1913-1915*, 3

landdistrikta i Telemark straffa for fyll. Nærast etter Telemark var Akershus og Finnmark. Der vart berre 4 av 1000 innbyggjarar straffa for det same.⁶⁴³

Korleis kunne landdistrikta i Telemark skilje seg så mykje frå resten av landet? At industrialiseringa hadde skapt ein rekkje tettstadar som ikkje vart rekna som byar, forklarar ikkje det høge talet åleine. Sjølv om tettstadar som Rjukan, Ulefoss og Gjerpen vart del av statistikken for landdistrikta, eksisterte det til samanlikning ei rekkje slike tettstader også i andre fylke.

Drukkenskapsbrotsverka i landdistrikta i Telemark var mange, men det var i byane ein sleit mest med drukkenskapen. Blant byane i Telemark var det særleg i Skien drukkenskapen skilte seg ut. I juli månad 1914 vart det rapportert inn 139 lovbroter frå byen. Skien vart berre slått av Kristiania (1570 lovbroter), Bergen (215) og Stavanger (164), men slo byar som Trondheim, Fredrikstad, Sarpsborg og Drammen. I august hamna Skien på ein sjuande plass (då vart det rapportert om 79 lovbroter), ei plassering dei også hadde i september (84 lovbroter). Dersom ein reknar kor mange arrestasjonar det førekomm per 1000 innbyggjarar for heile 1914, hamnar Skien på ein andre plass med heile 135 arrestasjonar – berre slått av Kristiania med 139.⁶⁴⁴

Sjølv om det stadig eksisterte handel med brennevin gjennom eldre rettar i Skien, kan ikkje dette forklare det høge talet på lovbroter åleine. I dei norske byane som framleis hadde samlag, var tala langt lågare. Skien var sentrum for ei rekkje mindre industri-forstadar, og mange må ha dratt til Skien for å drikke. Samanlikna med dei andre byane i Telemark, stod Skien i ei særklasse edruskapsmessig. Nærast etter Skien kom, kanskje ikkje overraskande, Notodden, der 91 av 1000 innbyggjarar vart arrestert for drukkenskapsbrotsverk i 1914. I alle dei andre byane låg talet under 50 arrestasjonar per 1000 innbyggjarar.⁶⁴⁵

Kva gjaldt drukkenskapslovbrota, heldt den same tendensen seg i 1915. Skien trona dette året øvst på lista over arrestasjonar for drukkenskapslovbrot per 1000 innbyggjarar i heile landet. I Skien vart 112 av 1000 personar arrestert for drukkenskapslovbrot i løpet av året. På andre plass stod Notodden, der 109 av 1000 vart arrestert for det same. «Notodden red gjennom verdenskrigen på en konjunkturbølge den ikke helt mestret,» skriv Hansen.⁶⁴⁶ Difor klara den ikkje å utnytte den til sin fordel. Dersom gode konjunkturar førte til meir drukkenskap, verkar Notodden å vere eit bevis på dette.

⁶⁴³ Jf. NOS VI, No. 78, *Drukkenkapsforseelser: 1913-1915*, 27

⁶⁴⁴ Alle tall er henta frå NOS VI, No. 78, *Drukkenkapsforseelser 1913-1915*, Kristiania, 1916

⁶⁴⁵ Jf. NOS VI, No. 78, *Drukkenkapsforseelser 1913-1915*, Kristiania, 1916

⁶⁴⁶ Hansen, 1963, 223

I dei andre byane i Telemark var talet på drukkenskapsbrotsvert framleis lågt. Høgst av byane stod Brevik, der 37 av 1000 innbyggjarar vart arrestert.⁶⁴⁷

Forbodstanken

Dei fleste restriksjonar som vart lagt på alkoholstyringa som fylgje av krigsutbrotet, var oppheva innan 1915. Det politiske arbeidet handla i stor grad om framtidsretta tiltak. Det gjaldt både å stabilisere den relativt rolege situasjonen som herska i landet, samstundes som løysingar for den vidare vegen etter krigen sin slutt vart handsama. Ingen visste kor lenge krigen kom til å vare, men det var den gjengse oppfatning at det berre var snakk om månadar før ein fekk fred.⁶⁴⁸

I 1910 var det blitt satt saman ein alkoholkommisjon som i utgangspunktet skulle ha som formål å «undersøke drikkeondets omfang i vort land, den gjeldende lovgivnings resultater og hensigtsmæssigheten av forandringer i lovgivningen, derunder også forbud og andre foranstaltninger til drikkeondets bekjempelse».⁶⁴⁹ Kommisjonen var satt saman av representantar frå dei rørte næringsinteresser, og tre representantar frå fråhaldsrørsla. Blant dei tre siste, var Arrestad, Scharffenberg og Egede-Nissen.⁶⁵⁰ Då kommisjonen i 1915 la fram si innstilling, hadde temaet for innstillinga endra seg frå det som i utgangspunktet var hensikta. Innstillinga handla i det store om forbodstanken.

Kommisjonen hadde naturleg delt seg i to, og kommisjonen kom med ei fleirtals- og ei mindretalsinnstilling. Scharffenberg hadde brote med alle, og leverte si innstilling våren 1916.⁶⁵¹ Fleirtalsinnstillinga arta seg som ein polemikk mot forbodstanken. Fare for smugling, heimebrenning, surrogatmisbruk og ulovleg handel med brennevin vart nytta som argument, i tillegg til det økonomiske aspektet og omsynet til landa Noreg hadde handelsavtaler med. Det var i denne fraksjonen medlemene med interesser i dei rørte næringar sat, og bodskapen i innstillinga var difor ikkje overraskande. Rusdrikken måtte kjempast gjennom opplysning og moralsk påverknad – ikkje forbod og tvang. Samlaga skulle behaldast, men ein ynskte å

⁶⁴⁷ NOS VI, No. 78, *Drukkenskapsforselser 1913-1915*, Kristiania, 1916

⁶⁴⁸ Fuglum, 1995, 73-74

⁶⁴⁹ Jf. St.forh. 1916 IIIC, ot.prop nr. 43, innst. s. 2 i Fuglum, 1995, 77

⁶⁵⁰ Fuglum, 1995, 51

⁶⁵¹ Arrestad og Scharffenberg hadde frå før eit turbulent forhold. Medan Arrestad fylgde si line for å nå forbodet, ynskte Scharffenberg at forbodet måtte koma så fort som mogleg. Under Fråhaldspartiet sitt Landsting i 1911 hadde Scharffenberg fått med seg 32 mot 22 stemmer for å vedta ein prinsipputtalelse til fordel for forbod på partiet sitt program. Som svar la Arrestad ned sitt verv som formann i Avholdsfolkets Landsnevnd, men vart seinare attvalt. Samstundes vart Scharffenberg «gjennom sin steilhet og sine personlige utfall mot avholdslederne» ført meir og meir inn i isolasjon. (Fuglum, 1995, 56)

innføre «det brattske system», adoptert frå ei ordning i Stockholm som var tufta på individuell kontroll og rasjonering.⁶⁵²

I Mindretalskommisjonen presenterte Arrestad og Egede-Nissen ei løysing som, for brennevinet sitt vedkomande, braut med omtrent alle punkta fleirtalet hadde lagt fram. Det endelege målet for deira innstilling var totalt alkoholforbod. Vegen dit måtte gå gjennom ein progressiv tørrleggingsprosess. Det brattske systemet sin bruk av individuell kontroll var den viktigaste årsaka til at Arrestad og Egede-Nissen valde å ikkje støtte ordninga.⁶⁵³ I tillegg var dei av den oppfatninga at det utan bruk av alkohol, heller ikkje ville førekome misbruk. Begge innstillingane vart lagt fram for Stortinget, men det tok lang tid før dei vart handsama.

Alkoholpolitisk radikalisering

I 1915 skulle det haldast stortingsval. Valet kunne bli viktig for forbodslina, men ettersom det var krig, handla valet i større grad om krigen og krigen sine konsekvensar enn alkoholpolitikk. Likevel teikna det seg opp klåre skilje kva gjaldt alkoholpolitikken til partia.

25. april 1915 markerte statsminister Gunnar Knudsen seg som forbodstilhengar under ei tale på Kongsvinger. Han braut dermed med Venstre sin alkoholpolitikk, og Fråhaldspartiet sitt program.⁶⁵⁴ Han støtta likevel ikkje eit totalforbod mot alkoholen, men eit lovfesta delforbod mot brennevin. Dette kan bli sett på som eit ynske om forlenging av dei forboda som vart innført i august 1914. Verken fleirtals- eller mindretalskommisjonen hadde sett dette som ei løysing på forbodsspørsmålet. Knudsen si markering skapte difor heftige debattar i pressa, blant forbodsfolk, politikarar, og dei som sokna til Venstre. Måtehaldslina Knudsen la seg på, kunne bli oppfatta som fiendtleg mot forbodsfolket og deira tanke om eit totalt forbod.

Alkoholsynspunkt som før stortingsvalet 1915 vart skildra i Venstre sitt partiprogram, vart til slutt endra til eit måtehaldsstandpunkt, henta frå Knudsen si ånd.⁶⁵⁵

Samstundes som Venstre markerte seg som eit måtehaldsparti, gjekk Arbeidar-demokratane på ny inn og støtta Fråhaldspartiet sitt program. Arbeidarpartiet forandra ikkje

⁶⁵² Dr. Ivan Bratt var lege i Stockholm der det brattske systemet vart introdusert i 1914. Systemet gjekk ut på at ein måtte eige ei motbok (rasjoneringskort) for å kunne kjøpe brennevin. Brennevinssalet skulle berre kunne skje frå bolag/samlag. Det ville dermed ikkje vere vanskeleg å vidarebringe systemet til å også gjelde vin og øl. Samlaga skulle føre opp kor mykje brennevin kvar einskild kjøpar fekk utlevert. Dei kunne føre svartelister, og var plikt til å inndra motboka frå dei som misbrukte alkoholen. Fleirtalskommisjonen la til enkelte endringar på systemet. I Stockholm var det berre unntaksvise at kvinner kunne få utlevert eiga motbok, medan ein i Noreg ville sidestille kjønna. (Jf. Fuglum, 1995, 79)

⁶⁵³ Mindretalskommisjonen såg dei positive effektene av det brattske systemet, men meinte det ikkje gav noko langsiktig løysing på drukkenskapsproblemet. Dei fann mellom anna at det ville bli problem knytt til utdelinga av kvotene og i korleis samlaga vart styrt. Samlaga si interesse av brennevinssal måtte fjernast før mindretalelet fekk tiltru til at systemet ville fungere. (Jf. Fuglum, 1995, 81)

⁶⁵⁴ Fuglum, 1995, 84

⁶⁵⁵ Fuglum, 1995, 85-86

sitt alkoholsynspunkt frå 1912 i det heile, og var framleis det einaste partiet som støtta eit riksomfattande totalforbod. I Høgre ville ein dempe striden om alkoholpolitikk, og ved stortingsvalet stilte partiet utan eige alkoholsynspunkt på partiprogrammet. Landmandsforbundet stod nøytrale i fråhaldssaka, men vart oppfatta som motstandarar av forbodet i fråhaldspressa.⁶⁵⁶

Resultatet frå stortingsvalet gav Venstre framleis fleirtal. Arbeidarpartiet gjekk fram, medan Høgre og Frisinnede Venstre gjekk tilbake. Fråhaldsfolket hadde for første og einaste gong i historia sikra seg reint fleirtal på Stortinget. Blant dei 123 representantane på det nye Stortinget, var 62 organiserte totalistar. I tillegg kom 26 representantar som støtta Fråhaldspartiet sitt program. Meir enn 2/3 av Stortinget stod dermed bak Fråhaldspartiet sitt krav om å fjerne dei livsvarige rettane til sal og skjenking av rusdrikk, organisere sjølvbestemte lokalforbod i kommunane og flytte heile overskotet frå samlaga si omsetting direkte til statskassa.⁶⁵⁷

Fuglum skriv at det var paradoksalt at det føregjekk ei alkoholpolitisk radikalisering etter ein valkamp der alkoholproblematikken hadde spelt ei sopass beskjeden rolle. Han meiner opprøret kom frå grasrota – mot partileiingane sin kompromissviljuge strategi på det alkoholpolitiske felt.⁶⁵⁸

Drukkenskap og dyrtid

Krigen trakk ut – mykje lengre enn nokon hadde spådd på førehand. Dette fekk konsekvensar for den økonomiske situasjonen i Noreg. Særleg kom dette til syne i 1916, då levekostnadene i Noreg auka med ein fjerededel.⁶⁵⁹ Mange hadde dermed ikkje råd til basisvarer. Statistisk Sentralbyrå sin statistikk viser at 57 prosent av utgiftene i eit vanleg hushald i Skien gjekk til mat i 1916/1917.⁶⁶⁰ Det var i stor grad desse problema som opptok regjeringa etter stortingsvalet, og som kravde raske avgjersler. Saker som likevel aktualiserte alkoholspørsmålet vinteren 1915/16, var, ved sidan av Scharffenberg si innstilling som medlem av alkoholkommisjonen, to lovproposisjonar som handla om pliktig fråhald for enkelte yrkesgrupper, og om innløysing av eldre salsrettar. Den første proposisjonen vart vedtatt i 1916, medan den siste vart vedtatt året etter.⁶⁶¹

⁶⁵⁶ Fuglum, 1995, 86-87

⁶⁵⁷ Jf. Avholdsfolket sitt program før stortingsvalet 1915 i Sørli, 1945, 66

⁶⁵⁸ Fuglum, 1995, 88

⁶⁵⁹ Her er levekostnadene for desember 1915 samanlikna med levekostnadane for desember 1916. (Jf. Fuglum, 1995, 93)

⁶⁶⁰ NOS VI, No 124, *Dyrtidens virkninger på lelevilkaarene, 2den del*, Kristiania, 1918, 19

⁶⁶¹ Opphevinga av dei livsvarige sals- og skjenkerettar skjedde først gjennom lov av 7. juni 1917. Lova om pliktig fråhald for enkelte yrkesgrupper vart vedtatt i 1916. Fuglum ser denne siste lova som ein milepål i norsk

Sjølv om levekostnadane auka kraftig i løpet av 1916, såg ein ei farleg utvikling kva gjaldt alkoholforbruket. Medan forbruket av rein alkohol per innbyggjar hadde ligge på 2,65 liter i både 1914 og 1915, steig talet til 3,03 liter i 1916.⁶⁶² Også tala over drukkenskapsbrotsverk på riksplan viste den same trenden.⁶⁶³ Tala frå Telemark viser derimot ei anna utvikling. Dei rekordhøge tala frå enkelte byar i Telemark i 1914 og 1915, var no på veg ned att. I Skien vart 72 av tusen innbyggjarar arrestert for drukkenskap i 1916; ein nedgang på 36 prosent frå året før. I landdistrikta vart berre 14 av 1000 tatt for drukkenskapslovbrot, men talet plasserte likevel fylket på landstoppen.⁶⁶⁴

Styresmaktene såg at alkoholkonsumet auka. For å kartleggje edruelegdomen, bad Sosialdepartementet amtmannene om å hente opplysningar frå lensmennene i byrjinga av desember 1916.

«Skiens Brændevinssamlag» skjenkar Telemark

Politiuttalelsane vart lagt ved ei foreslått forbodslov som vart handsama i Sosialdepartementet i desember 1916. I denne samanheng kom det også edruelegdomsskildringar frå lensmennene i Telemark. Desse tener godt til å skildre den edruelege tilstanden i fylket i 1916.

Frå Kviteseid kom det meldingar om at forverringa ved edruelegdomstilstanden særleg gjaldt blant ungdomen og arbeidarane. Forverringa hang visstnok saman med den gode arbeidsfortenesta i distriktet. «[...] [J]o mera de fortjener, desto mera kjøber de av brændevin.»⁶⁶⁵ Brennevinet vart ført til Kviteseid frå Skiens Brændevinssamlag, og solenge brennevinshandelen var i drift, frykta lensmannen at det ikkje ville bli rå å få stogga drikken i Telemark. «Folk sender i posten og telegraferer etter brændevin, og dette kommer med baaten gjerne næste dag og saa har man drikkeondet gaaende.»⁶⁶⁶ Det same var tilfelle i Lårdal. «Ungdommen og andre faar nogenlunde regelmæssig sine pakker frå Skiens Brændevins-

alkoholpolitikk. Lova var eit steg i retning av å fjerne alkoholen frå arbeidslivet. Den forbodsvenlege avis Sosial-Demokraten frykta likevel at lova ville føre til at arbeidarane ville drikke til overmål etter at arbeidsdagen var over. For å fjerne drukkenskapsproblemet heilt, måtte forbod innførast! (Jf. Fuglum, 1995, 92)

⁶⁶² Scharffenberg, 1925, 21. Fuglum nyttar eit tal henta frå «NOS XII, No. 245, Historisk statistikk 1968, Oslo, 1969, 576» for å vise forbruket i 1916. Han samanliknar imidlertid dette talet med tal henta frå ei anna kjelde (truleg Scharffenberg, 1925, 21) når det gjeld åra 1914/15. Desse tala er langt lågare enn dei som visast i Historisk statistikk. Der er talet på liter rein alkohol per innbyggjar i 1914 3,99 liter, og i 1915 3,94. Rett nok skriv Fuglum at det er snakk om «det beskattede forbruk» i 1914/15, men då burde han også nytta den same definisjonen for talet i 1916. For tala eg har nytta, er det snakk om «det beregnede alkoholforbruk». Den enorme veksten Fuglum viser til er med andre ord ikkje så stor som det kan virke. (Jf. Fuglum, 1995, 93-94)

⁶⁶³ I heile Noreg viste tala over drukkenskapslovbrota denne utviklinga: **1914: 49 132, 1915: 52057, 1916: 62281** (Jf. NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, Kristiania, 1920, 17)

⁶⁶⁴ Jf. NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistik 1918-1919*

⁶⁶⁵ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁶⁶ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

handel til hver uke, og er det da en fest eller en anden offentlig sammenkomst, vil der gjerne bli uvenskap og ugreie med paafølgende melding og mulktering for slagsmaal og fyld.»⁶⁶⁷

Skien Brændevinshandel ser ut til å ha skjenka store delar av Telemark i 1916.

Lensmannen i Gransherad meldte at tilførselen av brennevin til distriktet skjedde på den måten at brennevinet først vart frakta frå brennevinshandelen i Skien til Notodden. Frå Notodden kørdest vanlegvis to-tre lass med brennevin til Tinnoset. Varene vart distribuert vidare derifrå; størsteparten av forsendelsen gjekk til Rjukan og Tinn, men varer vart også frakta til Hovin. Transporten skjedde vanlegvis kvar laurdag.⁶⁶⁸

På tross av forsendelsen frå Skien, meldte lensmannen i Tinn at drikkevondet dei siste åra var avtatt. «Dette har etter lensmandens mening sin aarsak i, at en stor del av anlægsarbeiderne har forlatt stedet[...]. Det maa saaledes siges, at ædruelighedstilstanden har bedret sig og drukkenskapsforseelsene avtat noget.»⁶⁶⁹ Den periodiske drikkefeldigheita som likevel forekom, forklara han med variasjonen i tilførselen av alkoholhaldige drikkar.⁶⁷⁰

«[...][A]ldrig har der været saa meget drik og fyld i bygden som nu.»

Lensmannen i Mo skreiv at drikkevondet særleg var knytt til fabrikkstrøket, der han såg «usedelighet og en mængde med uegte barn» som «en frugt av drikken». ⁶⁷¹ I Sauherad meldtest det at store delar av den gode arbeidsfortenesten gjekk til berusningsmiddel. Særleg gjaldt dette blant anleggsarbeidarane som hadde busett seg i distriktet. «Dette liv med drik og roligetsforstyrrelser og andre daarligheter maa siges at ha øvet en uheldig indflydelse paa en del av bygdens befolkning, især paa dens ungdom.»⁶⁷²

Lensmannen i Heddal meldte at dersom forbodet nokonsinne skulle bli ansett som nødvendig, så måtte det vere under dei noverande forhold. Lensmannen i Hjartdal skreiv at «[d]et er blandt arbeiderne og ungdommen, at drikkevondet har sin oprindelse og av de høie daglønninger; men desværre viser det sig, at neppe 5 pct. blandt anleggsarbeiderne har kunnet gaa klar av drikkeondets herjinger. Om den mere sindige, jevne bondestand maa det siges, at drikkeriet blandt dem i betydelig grad er avtat.»⁶⁷³

⁶⁶⁷ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁶⁸ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁶⁹ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁷⁰ I eit forslag til program for godtemplarlosja Saaem på Rjukan, kjem det på denne tida fram at det vart diskutert om tida var moden for å innføre eit forbod. Berre forslag til program eksisterer i arkivet – ikkje kva møtet kom fram til. (Jf. NIA 1047, IA47-2: Saaems Fremtid, Forslag til program for Losje Saaem for kvartalet August, September, Oktober 1916.)

⁶⁷¹ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁷² RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁷³ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

Til Fyresdal høyrdet det største fråhaldslaget innan DNT i Telemark. I 1913 stod laget med 668 medlemar.⁶⁷⁴ Lensmannen meldte likevel at drukkenskapen hadde ei negativ utvikling. «Det er en almindelig talemaate blandt folk, at aldri har der været saa meget drik og fylt i bygden som nu.» Drukkenskapen, og «raaskaben», hadde tiltatt, og særlig blant den yngre oppvoksande slekt «som skal være fremtidens bærere. [...] Det vilde saaledes være høist paakrævet, at statsmyndighetene snart tok sig herav og fik sat en stopper herfor.»⁶⁷⁵

Taktikkeri og forbod

I Sosialdepartementet sitt arkiv går det fram at edruelegdomstilstanden ikkje var heilsvart. Det var den heller ikkje i Telemark. Men dei skildringane som viste gode edruelege forhold, vart sløyfa frå det endelege bilaget. Både frå Eidanger, Gjerpen, Solum, Hollen, Bø, Nissedal, Vinje og Rauland vitna lensmennene om gode edruelege forhold. Det same gjaldt i Seljord, der lensmannen meinte årsaka låg i at «Seljord er en rolig fjeldbygd, som faar føle virkningen av dyrtiden, utenat den økonomiske opgangstid i tilsvarende grad har gjort sig gjældende». ⁶⁷⁶ At berre dei negative skildringane til slutt vart tatt med kan ha vore ein taktikk frå Sosialdepartementet si leiing for å fremskynde forboden.

16. desember 1916 utarbeida Justisdepartementet ei innstilling som vart lagt til grunn for ein kongelege resolusjon som forboud sal og skjenking av brennevin fram til 8. januar 1917. Lova vart gjort gjeldande 18. desember same året, og vart kalla «Juleforbodet».

Det var ikkje berre det stigande forbruket, dei hyppige drukkenskapslovnbrota og det auka presset på den norske nøytraliteten som førte til forboden.⁶⁷⁷ Tidleg på sumaren 1916 hadde det oppstått ei rekke streikar som gjorde at regjeringa såg det naudsynt å innføre forbod og restriksjonar i alkoholstyringa. Midlertidige forbod mot sal og skjenking av brennevin var blitt innført i perioden streikane hadde vart, men desse var blitt fjerna allereie i slutten av juni. Den urolege tilstanden som eksisterte mange stader, låg som eit bakteppe for innføringa av Juleforbodet. Det må heller ikkje gløymast at den alkoholpolitiske radikaliseringa var ein vesentleg føresetnad for at forboden i det heile kom til å eksistere, og det var dette grunnlaget som i ettertid gjorde at forboden vart ståande – langt lengre enn til 8. januar. Fuglum ser juleforboden som det eigentlege startskotet til forbodstida i Noreg.⁶⁷⁸

⁶⁷⁴ Jf. Nordstoga, 1998, 35

⁶⁷⁵ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁷⁶ RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.

⁶⁷⁷ Frå august 1916 vart den tyske ubåtkrigen intensivert, og gjennom vinteren same året vart situasjonen ytterlegare tilspissa av den britiske kullblokada. Sidan ein ikkje visste om Noreg kom til å bli dratt inn i krigen, var det viktig å gi forsyningsspolitikken høgste prioritet, og i dette låg mellom anna omsynet til korn og poteter. (Jf. Fuglum, 1995, 93)

⁶⁷⁸ Fuglum, 1995, 95-96

«[...] [S]lik stille jul har der vel aldri været her i dalen nogensinde før.»

Medisinalmeldingane gir ei rekke meldingar om at juleforbodet var til hjelp for edruelegdomen i Telemark. «Ædruelighetstilstanden var meget god trods de mange løsarbeidere, som var beskjæftiget ved alle nyanlæg i anledning av det mekaniske verksteds utvidelse», meldtest det frå Langesund – «At forbudet ydet sin store og gavnlige indflydelse er utvilsomt.»⁶⁷⁹ I Drangedal meldtest det at bruken av rusdrikk praktisk talt var borte grunna forbodet.⁶⁸⁰ I Fyresdal var «ædruelighedsforholdene upaaklagelige», takka vere forbodet. «Det er betegnende, naar man hører gamle folk si, at slik stille jul har der vel aldri været her i dalen nogensinde før,»⁶⁸¹ skreiv distriktslegen, noko som står i sterk kontrast til lensmannen si skildring av tilstanden før forbodet vart satt i verk. Også i Tinn merka ein effekten forbodet hadde. «Brændevinsforbudet har været heldig; slagsmaal og fyld hører nu ikke længer til dagens orden,»⁶⁸² skreiv distriktslege Sandved i 1917.

Etter at Juleforbodet var satt ut i livet, fekk Sosialdepartementet vinteren 1916/17 ei rekke meldingar frå forbodsvenlege kretsar frå heile landet. Dei 400 meldingane Sosialdepartementet mottok, inneheldt oppmodingar om å behalde forbodet lengre enn til 5. januar. Mange fremja også ynskje om ei skjerping av alkoholrestriksjonane. Fuglum meiner meldingane øva eit betydeleg press på regjeringa.⁶⁸³

Ei rekke meldingar vart i denne samanheng sendt frå forbodsvenner i Telemark til Sosialdepartementet. Kragerø formannskap uttalte i eit telegram 5. januar 1917 at forbodet hadde «virket meget heldig, og nærer derfor det haab, at det maa kunne gjøres gjeldende fremover». ⁶⁸⁴ I Langesund var 135 menn og kvinner samla til møte i Langesund kyrkje nyttårsdagen 1917 i «den Evangeliske Verdens Alliance». Dei takka regjeringa for det midlertidige forbodet, men ytra samstundes «den mest indtrængende bøn» om at forbodet måtte bli forlenga «indtil fredelige forhold indtrær i Europa». ⁶⁸⁵ Forsamlinga var sikre på at praktisk talt alle dei som hadde stemmerett i byen, delte den same oppfatninga.

250 eldre og yngre fråhaldsvenner var samla av godtemplarungdomslaget «Vaarheim» i Porsgrunn i romjula, der dei oppmoda regjeringa om å forlenge det provisoriske forbodet så

⁶⁷⁹ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 3, 1917, 88

⁶⁸⁰ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 3, 1917, 88

⁶⁸¹ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 3, 1917, 88

⁶⁸² Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 3, 1917, 88

⁶⁸³ Fuglum, 1995, 96

⁶⁸⁴ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917). Lov om midlertidige rusdrikkforbud. Henstillinger til Statsmyndighetene. Sosialdepartementet, 2. sosialkontor D. Alkohollovgivning. Ædruelighetslovgivning.

⁶⁸⁵ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

lenge krigen varte. Same oppmading kom frå «Avholdsvenners Fællesutvalg» i Porsgrunn, som representerte 400 vaksne menn, og ifrå «Porsgrund magistrat og formandskap». ⁶⁸⁶

På eit massemøte i Skien 29. desember 1916 kom det ynskje om forbodsforlenging så lenge krigen og dei vanskelege økonomiske forhold varte. «Det maa for alle være indlysende, at penge i denne tid, navnlig for de mindre bemidlede, ikke for nogen del bør anvendes til rusdrik.»⁶⁸⁷ Samstundes viste dei til dei «overordentlig gavnlige følger» forbodet allereie hadde hatt på edruelegdomen. I Skien formannskap hadde ein, med ni mot tre stemmer, fatta ei henstilling til regjeringa om å forlenga forbodet ytterlegare utover 8. januar. Eit tilleggsforslag frå ordføraren som lød «Forsaavidt landets love og forpligtelser gjør dette mulig», vart på same møte forkasta med åtte mot fire stemmer.⁶⁸⁸ At ein ikkje ein gong tok omsynet til dei utanriks-politiske konsekvensane forbodet kunne føre til, seier mykje om forbodsviljen i Skien.⁶⁸⁹

Formannskapet på Notodden oppmoda i eit telegram 5. januar 1917 regjeringa til å forlenga forbodet. Frå eit massemøte 2. januar, vart regjeringa, «paa det bestemteste», rådd frå å oppta ei ordning som omfatta individuell kontroll. Samstundes oppmoda massemøtet regjeringa til å utvide forbodet til også å gjelde vin og sterkare ølsortar.⁶⁹⁰ Med tala over drukkenskapslovbrot frå Notodden i 1915 i minne, var kan hende ikkje dette så rart.

I godtemplarlosja Hellefjord sitt lokale utanfor Kragerø, kom det 3. januar oppmading frå seksti menn og kvinner om forlenging av det provisoriske forbodet fram til regjeringa var trådt saman. Heradstyret på Gjerpen oppmoda einstemmig regjeringa om å snarast mogleg forby alt sal av rusdrikk 16. desember. Gjerpen kredsting oppmoda om det same, ihverfall fram til krigen var over. Same melding kom ifrå Solum formannskap, og frå eit massemøte med kring 250 deltagarar på Skotfos.⁶⁹¹

Over 100 mænd og kvinder, hvorav 20-22 organiserte avholdsfolk, samlet til juletræfest i Kilebygden 3dje juledag 1916, anmoder enstemmig paa det varmeste Regjeringen om at forlænge tiden for det gjeldende rusdrikforbud, ialfald saa länge dyrtiden varer; men helst for al fremtid.⁶⁹²

Omlag 250 kvinner og menn var samla til julefest i Bø Avhaldslag 3. januar, og sendte riksstyret si varmaste takk for gjennomføringa av det midlertidige forbodet. Samstundes støtta dei ei vidareføring av forbodet. Frå fråhaldslaget i Seljord vart det oppmoda om å drygja ut

⁶⁸⁶ Oppmodinga frå magistraten i Porsgrunn kom 4. januar 1917.

⁶⁸⁷ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁸⁸ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁸⁹ Jf. handelstraktatane med vinlanda.

⁶⁹⁰ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁹¹ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁹² RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

forbodet til Stortinget hadde tatt si avgjersle. Heradstyra i Heddal, Hovin og Kviteseid ynskte forbodet sitt beståande sålenge krigen varte. Liknande meldingar kom frå Brevik. Tinn heradsstyre ynskte at forbodet skulle bli ståande «längst mulig». ⁶⁹³

Under eit «Aalmannamøti» med 250-300 kvinner og menn samla i Fyresdal 6. januar 1917, vart det på det innstendigaste oppmoda om å la forbodet stå ved lag. Samstundest ynskte ein at Storting og Regjering tok dei rådgjerder som kunne gjerast, «so forbod kann verta gjenomført so snart raad er.»⁶⁹⁴

Oppmadingane regjeringa fekk frå dei ulike laga, massemøta og administrasjonane i Telemark, står i sterkt kontrast til meldingane lensmennene leverte før Juleforbodet var vedtatt. Juleforbodet ser ut til å ha hatt ein stor effekt på edruelegdomen i amtet.

Då varigheita til juleforboda nærma seg slutten, vart det ved kongeleg resolusjon av 6. januar vedtatt at forbodet skulle forlengast for brennevinet sin del.⁶⁹⁵ Vinsal vart, med nokre avgrensingar, tillat. Ved kongeleg resolusjon av 25. mai vart det vedtatt at det intill vidare skulle vere forbode å innføre, selje, skjenke og sende brennevin innan riket. Forbodet gjaldt også vin med meir enn 15 prosent alkoholstyrke. Samstundes vart regjeringa pressa hardare frå vinlanda som hadde handelsavtaler med Noreg. Både frå fransk, spansk og portugisisk side vart det vist uro for det provisoriske forbodet. 28. juni vart det høgste tillate alkoholnivået i vin senka til 12 prosent. Det vart også forbod mot brygging av øl, ikkje berre i skatteklasse 3, men også i klasse 2.⁶⁹⁶ For å selje øl og vin måtte ein ha løyve dersom det ikkje vart selt direkte frå bryggjeria. I 1914 vart det gitt 358 bevillingar til sal av alkoholsvakt øl i Noreg, medan talet steig til 645 i 1920.⁶⁹⁷ Lundetangen bryggeri fekk ny omsettingsrekord i perioden 1918/1919 fordi dei framleis fekk selje tynnøl frå sitt bryggeri.⁶⁹⁸

Årsaka til at styresmaktene strakk forbodet lengre enn det dei i utgangspunktet hadde lova, hang saman med at perioden april-juli 1917 var ein særskilt kritisk fase for norsk nøytralitet i krigen.⁶⁹⁹ I tillegg byrja knappheita på forsyningar å gjere seg gjeldande, samstundes som

⁶⁹³ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁹⁴ RA/S-1269/H/Hh/L0294: Ot. prp. nr. 23 (1917).

⁶⁹⁵ I fyrste omgang vart det bestemt at forbodet skulle bli forlenga til utgangen av mars, men denne avgjersla vart seinare forlenga enno lengre. (Jf. Fuglum, 1995, 96)

⁶⁹⁶ Fuglum, 1995, 96-97

⁶⁹⁷ N. Rygg skriv at det vart opplyst om at «man til dels går ut fra» at det ikkje behøvdest bevilling til småsalg, slik at sal av alkoholsvakt øl truleg føregjekk i ei langt større grad enn gjennom dette antall bevillingar. (Jf. NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919, 4* og 9**)

⁶⁹⁸ Omsettinga for perioden var på 831 935,31 kr, mot 765 149,95 kr i den førre perioden. Dahl skriv at årsaka var at det vart lov å omsette pils og bayer gjennom ei lov av 15. juni. (Lausen Dahl, *Lundetangens bryggeri gjennom nitti år 1854-1944: med forhistorie og trekk vedrørende ølet og bryggerinæringen*, Skien, 1943, 167)

⁶⁹⁹ Fuglum skriv at USA sin inngang i krigen var hovudårsaka til at den norske nøytraliteten vart svekka. (Fuglum, 1995, 97)

inflasjonen var eit faktum. Oppmodingane frå dei ulike fråhaldskretsane må også ha spelt inn på regjeringa sine avgjersler.⁷⁰⁰

Forbodssuksessen

Tross brennevinet sin bortgang, viser forbruksstatistikken ein relativt kraftig nedgang kva gjaldt dei andre alkoholhaldige varene. Det skatta forbruket av vin og øl målt i rein alkohol per innbyggjar over 15 år, sank frå 1,99 liter i 1916 til 1,49 liter i 1917. I 1918 låg forbruket på berre 0,61 liter.⁷⁰¹ Tala over drukkenskapslovbrot, viser ein tilsvarande nedgang. Medan det i 1916 vart rapportert over 62 000 drukkenskapslovbrot i heile landet, sank talet til kring 31 000 i 1917 og 23 000 i 1918.⁷⁰²

I Skien vart 72 av tusen innbyggjarar arrestert for drukkenskapslovbrot i 1916, berre 27 i 1917, og 8 i 1918. Den same utviklinga såg ein i omrent alle byar i Telemark. I landdistrikta sank talet på drukkenskapslovbrot per 1000 innbyggjarar frå 14 i 1916 til 3,4 i 1917 og 1,7 i 1918.⁷⁰³ Drukkenkapslovbrota i Telemark samsvarar slik med den overordna forbruksstatistikken og meldingane frå distriktslegane.⁷⁰⁴

Ettersom tala var sopass klare, var det vanskeleg for antiforbodsfolket å finne godt skyts. Fråhaldsrørsla jobba i byrjinga av 1918 mot eit varig forbod, og det var folkerøystings-spørsmålet som stod i sentrum. I 1918 skulle det haldast nytt stortingsval, og alkoholpolitikk kom til å bli ein viktig del av den politiske agitasjonen fram mot valet. I regjeringa jobba ein for å ta alkoholkommisjonen si innstilling vidare og lage ei ny alkohollov.

Ny lov – nær forbod

Våren 1918 var det nærmere tre år sidan innstillingane frå alkoholkommisjonen om ei ny alkohollov var satt fram. Enno hadde ikkje regjeringa gjort noko. Årsaka var splid om saka i Venstre og regjeringa, og utanrikspolitiske omsyn. Det var heller ikkje alle fråhaldsfolk som

⁷⁰⁰ Det fanst likevel motstand mot dei etterkvart så mange provisoriske forboda kring alkoholdrikken. Desse vart særleg representert i avisene på høgre-sida. (Jf Fuglum, 1995, 99)

⁷⁰¹ NOS XII, No. 245, *Historisk statistikk* 1968, Oslo, 1969, 576

⁷⁰² NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk, 1918-1919*

⁷⁰³ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk, 1918-1919*. Unntaka var Stathelle, der var det ein svak auke på 1,4 arrestasjonar, og Brevik, der talet på arresterte per 1000 innbyggjarar steig frå 41 i 1916 til 63 i 1917, men i 1918 sank det tilbake til 11.

⁷⁰⁴ Fuglum problematiserer forboda som årsaksforklaring til nedgangen i både forbruket av alkoholvarer og i drukkenskapslovbrota. I dette ligg at det er vanskeleg å finne i kor grad krigssituasjonen åleine spelte inn på edruelegdomen. (Jf. Fuglum, 1998, 100-102) Overlege Hans Olav Fekjær har studert ei rekke felt innan helseulykkes- og kriminalstatistikken, og konkluderer med at det på desse felta også fanst ein nedgang. (Jf. Hans Olav Fekjær, *Ny viten om alkohol*, Oslo, 1980, 103-107 i Fuglum, 1995, 102) Kriminolog Per Ole Johansen peiker samstundes på kor vanskeleg det er å konkludere *tendensar*, kva gjeld statistikken over forfrysning, vådeskot, drap og mord. Det er vanskeleg å vite om desse har skjedd når subjekta var under alkoholpåverknad. Endringane i løpet av åra er likevel minimale. (Jf. Per Ole Johansen, *Brennevinskriegen: En krønike om forbudstidens Norge*, Oslo, 1985, 176 og Fuglum, 1995, 102)

ynskte ei ny alkohollov. Dei mest radikale ville ta snarvegen direkte til eit brennevinsforbod. Arrestad uttalte i denne samanheng at ei forbodslov når som helst kunne opphevast av Stortinget, og at det difor måtte ligge ei alkohollov til grunn som ein i so fall kunne falle tilbake på.⁷⁰⁵ Fråhaldsfolket ville ikkje gjere seg avhengig av at fråhaldsfolk sat i regjeringa, då utfallet av stortingsvalet enno var uvisst. «[...] [S]aalenge Gunnar Knudsen sitter ved roret er det ikke farlig, han ophæver ikke forbudet, men selv Gunnar Knudsen med sin tilsynelatende uopslitelige arbeidsevne maa engang gi op,» skreiv Isene, redaktøren i Menneskevennen.⁷⁰⁶

Det hadde vore opp til Sosialdepartementet å handsame innstillingane frå alkohol-kommisjonen, men grunna utfordringane knytt til krigen, hadde ikkje departementet klart å handsame innstillinga. Departementet la difor fram forslag knytt til dei mest kritiske delane av alkoholstyringa; salet og skjenkinga av brennevin. Proposisjonen som vart lagt fram for odelstinget i slutten av mai 1918, var difor ikkje eit forslag til ny alkohollov, men eit forslag til ny brennevinslov.

Brennevinslova som til slutt vart vedtatt, sa mellom anna at røystingsreglane for samlaga skulle endrast slik at heimesitjarane som før hadde blitt rekna til å støtte den gjeldande samlagssituasjonen no skulle reknast til å støtte nedlegging av samlaga. I praksis tydde dette at samlaga ville bli nedlagt ved konsesjonstida sitt utløp i 1919, og at forbodet dermed ville bli «innført bakvegen».⁷⁰⁷ Venstre sitt landsmøte vedtok omtrent samstundes eit framlegg som sa at forbodet skulle innførast utan å halde folkerøysting.⁷⁰⁸

Dersom Venstre heldt fram i regjering etter stortingsvalet, kunne forbodet i praksis bli ein realitet. Avgjerslene i Brennevinslova av 1918 hadde til slutt lita tyding for den norske alkoholpolitikken, då den i realiteten aldri trådde i kraft ettersom delforbodet vart innført i staden for.⁷⁰⁹ Likevel aktualiserte diskusjonen kring lova forbodsspørsmålet i tida før stortingsvalet. I korte trekk var lovutkastet i tråd med Knudsen, Abrahamsen og Arrestad sin alkoholpolitikk.⁷¹⁰

⁷⁰⁵ Fuglum, 1995, 115

⁷⁰⁶ Ole Steffensen Isene, *Den avholdspolitiske situation og stortingsvalget*, Efter referat av et foredrag av redaktør Isene, Kristiania, ukj. årst., 12-13

⁷⁰⁷ Øidne, 1984, 168

⁷⁰⁸ Øidne, 1984, 170

⁷⁰⁹ Etter opphevinga av forbodet i 1927 vart grunntrekka i brennevinslova 1918 tatt inn i det nye lovverket. (Fuglum, 1995, 120)

⁷¹⁰ Fuglum, 1995, 115-120

Kapittel 10: Den siste skanse: 1918-1919

Våren 1918 vart Noreg ramma av spanskesjuken. Medisinalmeldingane fortel at det vart meldt inn 29 938 tilfelle av epidemiske sjukdomar i 1918 i Telemark åleine. Av desse omkom 691 personar. I 1917 hadde talet på tilfelle av epidemiske sjukdomar ligge på 9 485 tilfelle,⁷¹¹ og i 1919 sank det til 15 044 trass i at det siste utbrotet skjedde våren 1919.⁷¹² Spanskesjuken var slik ei relativt kortvarig «affære», men dei få åra spanskesjuken herja, var likevel den einaste perioden i fredstid at det døydde fleire personar enn det vart født i løpet av det tjugande hundreåret.⁷¹³ I Noreg vart 1,2 millionar menneske smitta, og mellom 13 000 og 15 000 døydde.⁷¹⁴

Då det ikkje fanst gode medisinar til kurering av epidemien, greip ein til restane frå 1800-talet si legebok.⁷¹⁵ Folk farta til apoteka for å få utlevert brennevin og hetvin – fyrst og fremst konjakk. Ut av dette dukke det opp «brennevinsdoktorar» som gjorde butikk av den kritiske sjukdomssituasjonen.⁷¹⁶ Frå Langesund meldte distriktslege Hougen at trua på «universalmidlet konjak» var så sterk «at det var helt haabløst at forsøke at haandhæve myndigheternes krav paa, at spiritus kun skulde foreskrives etter bestemte medicinske indikationer.»⁷¹⁷ For å motvirke misbruken av reseptbelagt brennevin, la Sosialdepartementet føringar på kor mykje brennevin det var lov å skrive ut. I august vart det også forbode å utlevere hetvin på resept.

Kritikken mot føringane frå Sosialdepartementet let ikkje vente på seg, og mykje av kritikken kom frå legane. Den trua norske legar hadde til alkohol som legemiddel er oppsiktsvekkjande når ein samanliknar med andre land. I USA var det til dømes brei semje om totalforbod blant legane. Nyare forsking hevda også at alkoholen ikkje var eit middel mot sjukdom.⁷¹⁸ For å redusere utskrivinga av sjukebrennevinet, vart det 5. november 1918 bestemt at det kunne bli utlevert ei halv flaske konjakk eller whisky mot eit klipp i brød- og kaffekortet.⁷¹⁹

⁷¹¹ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 58, 1918, 87

⁷¹² Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 108, 1919, 79

⁷¹³ Aina Schiøtz, *Det offentlige helsevesen i Norge 1603-2003, bind 2, Folkets helse – landets styrke 1850-2003*, Oslo, 2003, 220

⁷¹⁴ Schiøtz, 2003, 218

⁷¹⁵ Det eksisterte ikkje effektiv behandling mot spanskesjuken frå byrjinga av. Etterkvart kom det nye kjemiske middel som vart nytta mot den ondarta lungebetennelsen som ofte vart forårsaka av spanskesjuken. (Einar Østvedt, *Skiens apotek gjennom 250 år*, Skien, 1968, 124)

⁷¹⁶ Brennevinsdoktoren Dr. G. Michelsen i Kristiania vekte stor skandale i 1918. Han nytta falske namn som «Arrestad» og «Abrahamsen» for å dekke over den ulovlege utskrivinga av reseptar. 13. mars 1918 vart han dømt til 40 dagar i fengsel for å ha skrivi ut tusenvis av reseptar sidan nyttår 1917. (Jf. Fuglum, 1995, 120)

⁷¹⁷ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 58, 1918, 87

⁷¹⁸ Jf. Fuglum, 1995, 121

⁷¹⁹ Fuglum, 1995, 120-122

Mot stortingsvalet 1918

Same dag som 1. Verdskrigen vart avslutta 11. august 1918, vart stemmeurnene frå stortingsvalet lukka. Gjennom valkampen hadde, ein sett at krigen gjekk mot slutten. Dette hadde ført valkampen inn mot dei langsigte mål. Brennevinslova av 1918 og spanskesjuken forsterka det fokuset alkoholspørsmåla fekk.⁷²⁰ I tillegg gjorde fråhaldsfolket sitt fleirtal på Stortinget, at alkoholpolitikken måtte bli ein viktig del av valkampen.⁷²¹ Kva skulle skje med dei provisoriske forboda når det ikkje lengre var krisetid?

Valet i 1918 var siste gong ordninga med einmannskrinsar vart nytta. Fråhaldsfolket fekk difor nytte den same taktikken som dei tidlegare hadde gjort for å få valt sine kandidatar til Stortinget. Fråhaldspartiet tok for første gong opp eit lovfesta landsforbod mot all rusdrikk som inneheldt meir enn 12 volumprosent alkohol på sitt program. Eit forslag om å ta opp totalforbod på programmet, vart samstundes nedstemt.⁷²²

På Venstre sitt partiprogram vart eit delforbod lansert som løysinga på forbods-politikken. I mars 1918 hadde Gunnar Knudsen uttalt at «[...] det er urimelig og uklogt at berøve nationen nydelsesmidler som svakt øl og lettere vine; en måteholden bruk av sådanne drikke virker ikke nedbrytende på den enkelte og således heller ikke på nationen.»⁷²³ Arbeidardemokratane sitt program var identisk med det til Venstre, medan Arbeidarpartiet heldt fast på totalforboden i sitt partiprogram, med eit tillegg om at avgjersla måtte skje etter ei folkerøysting.⁷²⁴

Høgre meinte det midlertidige forboden måtte avløysast av ei ordninga med sal under individuell kontroll når forholda, med omsyn til krigen, gjorde dette forsvarleg. Synspunktet var tufta på fleirtalsinnstillinga frå alkoholkommisjonen. Samstundes meinte partiet at ei folkerøysting måtte bli den avgjerande faktor for korleis avgjerslene skulle bli tatt.⁷²⁵ Frisinnede Venstre meinte at så snart det midlertidige forboden kunne opphevast, burde det erstattast med eit system tufta på individuell kontroll. Partiet ynskte «[i]ntet varig forbud mot alkohol,» men i staden innføring av «[s]trenge straffer for drukkenskabsforgåelser». ⁷²⁶

Alkoholpostane på partia sine program viste konkrete løysingar som forsterka polariseringstendensen blant dei som skulle stemme. Resultatet frå stortingsvalet kunne bli viktig for kampen om forboden. Fråhaldsfolket hadde fleirtal på Stortinget, men det ville

⁷²⁰ Kjell Fossen, *Innføringen av brennevinsforbuden i 1921 og de politiske partier*, hovd.oppg., Bergen, 1967, 21
⁷²¹ Fossen, 1967, 19

⁷²² Verken Arrestad eller Haljem hadde funne totalforboden tilrådeleg. (Sørli, 1945, 72)

⁷²³ Bergens Tidende, sitert etter Menneskevennen 19.3.1918 i Fuglum, 1995, 106

⁷²⁴ Fuglum, 1995, 126-128

⁷²⁵ Fuglum, 1995, 130

⁷²⁶ Jf. Fuglum, 1995, 130

hjelpe dersom stortingsvalet viste eit enno klårare forbodsynskje i folket. Resultatet ville avgjere kva arbeid fråhaldsfolket måtte gjere for å klyve over den siste skansen som hindra dei frå å nå sitt mål; eit lovfesta forbod mot rusdrikk.

Resultatet frå stortingsvalet 1918

Med det store fleirtalet fråhaldsfolket allereie hadde på Stortinget, og det ynskje som fanst hjå dei forbodsvenlege kretsar, må valresultatet ha kome som ei overrasking. Valet viste ei radikal endring i samansettinga av Stortinget. For Venstre og Arbeidardemokratane vart mandattalet redusert frå 80 til 54. Arbeidarpartiet mista ein mandat. I Høgre og Frisinnede Venstre auka mandattalet frå 21 til 50 mandatar. Landmannsforbundet fekk 3 mandat.

Før omvala hadde Knudsen sett kvar det bar. Han skifta difor standpunkt i spørsmålet om folkerøyning.⁷²⁷ Den venstreradikale Telemarksavisa Varden, hevda at ei folkerøyning ville gi forbodet «større moralsk tyngde og kraft»⁷²⁸, men snuoperasjonen hadde kome for seint. På tross av det svake valet for Venstre sin del, stod fråhaldsfolket framleis med 41 kandidatar på Stortinget. I tillegg var 26-27 forplikta på Fråhaldspartiet sitt program.⁷²⁹ Det var framleis forbodsfeirtal på Stortinget.

Fuglum meiner resultatet frå stortingsvalet mellom anna hang saman med ein reaksjon mot reguleringsstaten. Regjeringa vart skulda for krigsåra si innverknad på dei forverra levekåra. Redsel for dei revolusjonære tendensane i arbeidarrørsla, meinte han også kunne ha spela inn.⁷³⁰ Ein kan likevel ikkje sjå bort ifrå at det i samtida herska ei leiande oppfatning om at det var alkoholpolitikken som i størst grad hadde felt Venstre. Dette er eit syn fleire historikarar, deriblant Fuglum, har delt i ettertid.

Kjell Fossen kallar stortingsvalet i 1918 for eit «forbudsvalg», og i dette legg han mellom anna at opposisjonspartia sin valtaktikk i stor grad gjekk ut på å skape stemningsbylgjer ved hjelp av enkle saker, minst mogleg realopplysning og mest mogleg gjentaking. Til dette var forbodssaka godt egna.⁷³¹

Gabriel Øidne meiner Venstre sitt nederlag i stor grad kan forklara gjennom samarbeidet mellom partiet og mål- og fråhaldsrørsla. Venstre tapte veljarar grunna dei kontroversielle avgjerslene partiet vart «tvungne» til å gjere som fylgje av samarbeidet, og nederlaget var størst i byane. Etter valet i 1915 meiner Øidne at venstremann og fråhaldsmann

⁷²⁷ Fuglum, 1995, 106

⁷²⁸ Varden i Menneskevennen, 19.3.1918 i Fuglum, 1995, 108

⁷²⁹ Fuglum, 1995, 134


⁷³⁰ Fuglum, 1995, 132

⁷³¹ Fossen, 1967, 22

var blitt synonyme ord, og, om ikke i like stor grad, gjaldt det same om «målmannen». ⁷³² Problemet målsaka skapte for Venstre ved stortingsvalet, viste seg mellom anna gjennom regjeringa, og særleg kyrkjeminister Løvland, sitt angrep på «det danske unionsmerke». Regjeringa forsøkte å gjennomføre radikale endringar knytt til fornorskinga av etablerte uttrykk og stadnamn. Dette skapte særleg veljarflukt på vestlandet, der «Bergen» vart forsøkt døypt om til «Bjørgvin». Øidne meiner endringane vart oppfatta som «tvangspolitikk» av veljarmassane, og foydde seg inn i rekka med «det skjulte forbodet» mange meinte partiet hadde forsøkt «lurt inn bakvegen» gjennom vedtaka i Brennevinslova av 1918.⁷³³ Det skapte ei stemning blant store delar av Venstreveljarane som vart fanga opp av slagorda frå valkampen: «Hver stemme for Høyre er en protest mot denne udemokratiske og frihetsfiendtlige politikk.»⁷³⁴

Stortingsvalet 1918 i Telemark

Ved stortingsvalet i 1918 møtte 50 prosent av dei røysteføre menn, og 43 prosent dei røysteføre kvinnene fram. Oppslutninga kring valet viste store variasjonar i fylket. I Vinje og Rauland nytta berre 19 og 13 prosent av kvinnene stemmeretten, medan 62 og 68 prosent av kvinnene nytta stemmeretten i Porsgrunn og på Notodden. På Holla møtte i underkant av fem prosent av kvinnene fram, då berre 47 av dei 986 kvinnene stemte.⁷³⁵ Resultatet frå stortingsvalet går fram i Vedlegg nr. 13. I Telemark fordele stemmene seg slik:



⁷³² Gabriel Øidne, «Om noen politiske flaskehals», i Ottar Grepstad og Jostein Nerbøvik (red.), *Venstres hundre år*, Oslo, 1984, 165

⁷³³ Øidne, 1984, 166-167

⁷³⁴ Øidne, 1984, 170

⁷³⁵ Vedlegg nr. 13

⁷³⁶ Framstillinga er utforma gjennom Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.

For vår del verkar ikkje Høgre sin framgang å vere like stor som det Øidne viser til for landet elles. Høgre og Frisinnede Venstre fekk kring 3 300 av dei omrent 28 500 godkjente stemmene. Partia stilte også med ei uavhengig liste i Skien som ved omvalet fekk heile 2 327 stemmer (desse representerast i søyla «spredte stemmer»).⁷³⁷ Samanlikna med valet i 1915, der dei to partia fekk 16 prosent av stemmene i Telemark, gjekk partia, medrekna tala frå Skien, fram med tre prosentpoeng. Den valdsame framgangen Høgre hadde i resten av landet, var ikkje like stor i Telemark.

Årsaka til at Høgre ikkje gjekk like kraftig fram i landdistrikta som i byane, meiner Øidne var fordi Høgre sin partiorganisasjon låg til nedfalls i 1918, og at partiet difor ikkje klarte å fange opp anti-forbodsstemninga i landdistrikta.⁷³⁸ Venstre og Arbeidar demokratane fekk 43 prosent av stemmene, medan Arbeidarpartiet fekk 31 prosent. Øidne skriv at stortingsvalet markerte slutten på Venstre si storheitstid i norsk politikk⁷³⁹, men partiet var framleis dominande i Telemark.

Mot folkerøyting

Etter stortingsvalet heldt Gunnar Knudsen fram som statsminister for ei mindretalsregjering av Venstre. Han tolka stortingsvalet dit hen at forbodsviljen i folket ikkje var så stor som det han på førehand hadde trudd. Han vart difor styrka i ynskjet om å avgjere forbodsspørsmålet gjennom ei folkerøyting.⁷⁴⁰

Dei provisoriske forboda var framleis gjeldande sjølv om krigstida var over. Regjeringa nytta «dyrtida» som argument for å halde på forboda, samstundes som opposisjonen meinte det måtte fremjast ny lov om brennevinsomsettinga før forboda kunne bli oppheva.⁷⁴¹ Det staka seg difor ut to kursar for det framtidige arbeidet kring alkoholspørsmålet; skulle ein oppretthalde forbodet gjennom ei forbodslov, eller innføre eit kontroll- og rasjoneringssystem tufta på Høgre og Frisinnede Venstre sitt partiprogram?

På grunn av den usikre parlamentariske situasjonen,asta det for fråhaldsfolket å få på plass dei nødvendige lovene slik at forbodet kunne tre i kraft. Venstre var i stor grad avhengige av støtte frå sosialdemokratane, og blant desse herska det uro. Sjølv om Arbeidarpartiet hadde ført totalforbod opp på sitt partiprogram, var ikkje dette einstydande med at alle sosialdemokratar støtta forbodssaka. Sten Sparre Nilson har tatt utgangspunkt i William Lafferty si undersøking om at dei radikale delane av Arbeidarpartiet, delvis den delen av

⁷³⁷ NOS VI, No. 150, *Stortingsvalget 1918*, 193

⁷³⁸ Øidne, 1984, 164

⁷³⁹ Øidne, 1984, 159

⁷⁴⁰ Fuglum, 1995, 144

⁷⁴¹ Fuglum, 1995, 143

Arbeidarpartiet som stod att etter at dei moderate hadde brutt ut og danna Norges Sosial-demokratiske Arbeidarparti i 1921, viste ei langt større avstand til forbodstanken i 1919 enn det dei moderate i partiet gjorde.⁷⁴² Nilson laga i den samanheng ei inndeling av Noreg etter kriterium som i stor grad fall saman med den regionale kategoriseringa til Øidne.⁷⁴³

Dei radikale stemmene viste seg særleg i arbeidsstrøka i Kristiania, Bergen og Trondheim i 1919.⁷⁴⁴ I Telemark skilte Øvre Telemark seg ut, der arbeidarmiljøa heldt fast i «den gamle retning», medan arbeidarane i Nedre Telemark slutta opp om den nye.⁷⁴⁵ Det fanst likevel unntak. Anleggsarbeidarane og arbeidarmiljøa på Rjukan var ei hovuddrivkraft bak «den nye retning»⁷⁴⁶, noko som kan forklare det låge Ja-fleirtalet ved forbodsrøystinga. Fuglum meiner imidlertid at «i den grad det har eksistert et sammenfall mellom radikale sosialistiske strømninger og antiforbudsholdninger, har det nok for en vesentlig del hatt sammenheng med at de radikale miljøene stort sett befant seg i områder der forbudsfiendtlige holdninger også ellers rådde grunnen.»⁷⁴⁷

På Stortinget stod slaget sumaren 1919. Då vart det tatt opp tre saker som ville bli avgjerande for alkoholpolitikken; reglane for samlagsrøystingane, handelstraktaten med Portugal, og om voteringane over folkerøystingane.⁷⁴⁸

På Avholdsfolkets Landsnevnd sitt ekstraordinære landsting 21. og 22. februar 1919 hadde spørsmålet om folkerøysting blitt behandla. Der vart det gitt tilslutning til at det skulle bli gjennomført ei alminneleg folkerøysting før ei slik lov trådde i kraft.⁷⁴⁹ Resolusjonen kravde at Stortinget vedtok landsnemnda sitt synspunkt.

Venstre gjekk i april 1919 mot kravet frå Landstinget. Partiet ynskte å «fristille» forbodssaka, slik at det i større grad var veljarane som tok avgjersla. Låg det ein lovproposisjon og ei lovbehandling til grunn for forbodslova, ville ikkje dette bli oppnådd i same grad. Ein ynskte å distansere seg frå ansvaret for forboden for å korte ned den eventuelle

⁷⁴² Jf. William M. Lafferty, *Economic development and the Response of labor in Scandinavia: A multi-level analysis*, Oslo, 1971

⁷⁴³ Sten Sparre Nilson, *Fortsettelse av politisk avstand ved norske folkeavstemninger*, Oslo, 1974, Del A, 21. I inndelinga vart Telemark plassert i tre ulike kategoriar kalla «Ytre sentrum», «Kyst og ytre fjorder» og «Daler, fjell og indre fjorder». Med «sentrum» meinte han hovudstaden og dei nærmaste strøka. Nedre Telemark høyрde til det ytre sentrum, medan dei sørvestlege delane av fylket fall under den andre gruppa, som i stor grad fall saman med «den mørke kyststripe». Øvre Telemark høyрde til den tredje gruppa, som fall saman med «folkehøgskule-regionen». Dei ulike gruppene viste at Nei-fleirtalet ved forbodsrøystinga i 1919 varierte i stor grad. I ytre sentrum stemte 50,5 prosent, medan berre 20,1 stemte nei i den andre gruppa. I den tredje gruppa stemte 22,5 nei. (Nilson, 1974, tabell 6)

⁷⁴⁴ Jf. Fuglum, 1995, 183-184

⁷⁴⁵ Bjørn Bering, «Radikale telemarkinger i ‘Det røde amt’», i *Glimt fra arbeiderbevegelsens historie i Telemark: LO 100 år, 1899-1999*, Skien, 1999, 71

⁷⁴⁶ Bering, 1999, 80

⁷⁴⁷ Fuglum, 1995, 184

⁷⁴⁸ Fuglum, 1995, 145

⁷⁴⁹ Sørli, 1945, 76

fallhøgda som kunne oppstå dersom forbodet ikkje vart ein realitet. Regjeringa frigjorde seg på same tid frå konfliktar som kunne oppstå i forhandlingane med vinlanda. Forbodet kunne bli slått fast som eit prinsipp bygd på folkemeininga.⁷⁵⁰

25. april fremja regjeringa ein proposisjon om folkerøysting over spørsmålet om lovfesta varig forbod mot tilverking, innførsel og omsetting av brennevin og het vin. Dei røysteføre måtte vere fylt 25 år og ein måtte ha budd i landet i minst 5 år. På stemmesettelen skulle folket svare «Ja» eller «Nei» på spørsmålet om ein ynskte eit delforbod. Det heile skulle skje med grunnlag i stemmeretsreglane for stortingsval.⁷⁵¹

I Stortinget var det næringskomité nr. 2 som skulle handsame proposisjonen. Komiteen var sett saman av tre venstrerrepresentantar, ein frå Arbeidarpartiet, to frå Høgre og ein frå Frisinnede Venstre. Komiteen gjekk inn for proposisjonen med det etterhald at det ikkje ville oppstå vanskar av politisk eller økonomisk art ved oppseiing av handelstraktaten med Portugal.⁷⁵²

Handelstraktaten hadde økonomiske fylgjer for Noreg då det vart eksportert ei stor mengd klippfisk til Portugal. Alle partar var likevel samde om at traktaten måtte seiast opp før ei lov om delforbod vart vedteke. Dei forbodsvenlege meinte traktaten måtte seiast opp før folkerøystinga, då folkerøystinga elles ville arte seg som eit ja-/nei-spørsmål om traktaten. Forbodsmotstandarane meinte ein måtte avvente utfallet av folkerøystinga, og, dersom det vart fleirtal, søkje å finne ei løysing.⁷⁵³ Knudsen spelte ballen taktisk over til Stortinget, og let representantane avgjere. 7 venstrerrepresentantar frå fylka nord i Noreg stemte i mot oppseiinga av omsynet til fiskerinæringa i sine respektive fylker. Saman med stemmene frå dei borgarlege partia og to frå sosialdemokratane, vart handelstraktaten ståande fram til folkerøystinga.⁷⁵⁴ Fråhaldsleiarane si frykt for at veljarane kom til å sjå det økonomiske aspektet som viktig for deira avgjersle vart ikkje velgrunna i 1919.⁷⁵⁵ I staden såg veljarane forbodssaka slik fråhaldsleiarane hadde ynskt det; som eit spørsmål om normer – «dels moralsk-religiøse, dels moralsk-sosiale».⁷⁵⁶

Ifylgje Brennevinslova av 1918 skulle det haldast samlagsrøysting etter kommunevalet i 1919, men dette vart utsatt inntil folkerøystinga var gjennomført. Samstundes kom det opp

⁷⁵⁰ Fuglum, 1995, 147

⁷⁵¹ Fuglum, 1995, 148

⁷⁵² Av dei fem landa som hadde interesse av vin- og brennevinseksport, hadde Frankrike, Hellas og Spania allereie sagt opp sine traktatar. Italia ville bli påverka i mindre grad, då dei hovudsakleg eksporterte svakare vinar. (Fuglum, 1995, 148-149)

⁷⁵³ Fuglum, 1995, 150

⁷⁵⁴ Fuglum, 1995, 155

⁷⁵⁵ Sten Sparre Nilson, *Politisk avstand ved norske folkeavstemninger*, Oslo, 1972, 102

⁷⁵⁶ Nilson, 1972, 100

eit forslag om å endre reglane kva gjaldt «heimesitjarane» si deltaking i samlagsrøystingane. Det vart hevda at valordninga stridde mot demokratiske reglar, men fråhaldsfolket meinte dei medisinske og sosialpolitiske omsyn vog tyngst, og at saka difor måtte bli styrt av spesielle reglar. Fråhaldsfolket førte i staden debatten inn på det dei meinte var urimeleg med ordninga, nemleg at byane sine kringliggjande distrikt ikkje fekk ta del i samlagsrøystingane. Til Stortinget kom det 149 protestar mot forslaget om å utelate heimesitjarane, mellom anna frå Bø. Lova vart til slutt ståande utan endringar. Fuglum ser protestaksjonen som eit viktig ledd kva gjaldt mobiliseringa blant forbodsfolket gjennom det samarbeidet ein klarte å ordne på tvers av organisasjonsgrensene. Frå Bø hadde protestane kome frå dei lokale fråhaldslaga, arbeidarforeiningane, eit kristent ungdomslag og frå heradstyret.⁷⁵⁷

Den endelege lova om folkerøysting vart til slutt vedtatt i byrjinga av juli, og samsvarer med regjeringa sitt lovutkast. No var det berre folkemeininga som kunne avgjere resultatet.

Forbodshæren

I 1913 var 10,1 prosent av befolkninga organiserte totalfråhaldsfolk då dei talte 247 500 personar. I 1919 var det tilsvarande talet 257 041, men dette utgjorde «berre» 9,7 prosent av befolkninga. I Telemark fanst det 12 347 organiserte fråhaldsfolk i 1913, som utgjorde 11,1 prosent av befolkninga. I 1919 var talet 12 008, og desse utgjorde berre 9,6 prosent av befolkninga.⁷⁵⁸


I Telemark fanst det 7 734 medlemmar berre i DNT i 1919, og samanliknar ein med rekordåret 1915, var nedgangen påfallande. Organisasjonen hadde tapt nesten to tusen medlemmar.⁷⁵⁹ I perioden 1914-1919 mista organisasjonen ein sjettedel av medlemane på riksnivå.⁷⁶⁰ Medlemsutviklinga ein såg i mellom anna Vinje totalfråhaldslag, kan gjere det vanskeleg å forstå kvifor det var så mange som stemte alkoholen ned i kommunen.

⁷⁵⁷ Fuglum, 1995, 156-157

⁷⁵⁸ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 56*

⁷⁵⁹ I 1915 fanst det 9 671 medlemmar i DNT. (NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919* og Nordstoga, 1998, 35)

⁷⁶⁰ Fuglum, 1995, 178



⁷⁶¹

Då medlemstalet i godtemplarordenen hadde gått fram i Telemark, vart ikkje talet på totalfråhaldsfolk redusert meir enn det vart. I Telemark sokna i overkant av 3 500 til godtemplarordenen i 1919. Nesten 700 sokna til mindre totalfråhaldsorganisasjonar.⁷⁶² Det går likevel ikkje fram at slike lag vart danna i Vinje.

Ved sidan av det organiserte totalfråhaldsfolket, var det mange medlemar av kyrke- og dissentersamfunn som støtta fråhaldssaka. Som me tidlegare har sett, stod desse for ein del av agitasjonen kring fråhaldssaka, og no kjempa dei også for forbodet. Eit dissenterting hadde satt ned ein komité til dette formål, og fann at «dissenterne bedst kan medvirke til en heldig seir i forbudskampen ved blandt andet at slutte sig til den fælles organisation av avholdsfolk som maatte findes paa hvert sted.»⁷⁶³ Der det ikkje fanst nokon fråhaldsorganisasjonar, vart dissenterane oppmoda til å organisere seg sjølve, og «gaa i teten under kampen».⁷⁶⁴

Det vart også lagt vekt på at kvinnene kom til å bli viktige for forbodsspørsmålet. Kor viktig alkoholspørsmålet var for kvinnene sin sak vart difor framheva både i skrift og tale. Fuglum skriv at kvinnene gjorde ein relativt beskjeden innsats i den store samanheng. Dette hang saman med at det aldri trådde fram nokon eigentleg leiarskikkelse. «Kvinnenes oppslutning om forbudssaken skjedde i Norge ikke i form av noen dramatisk revolte, men snarere som en stille protest og en personlig ansvarshandling, med stemmeseddelen som det uanselige våpen. For mange var det første gang de benyttet sin nyvunne demokratiske rett som fullverdige borgere.»⁷⁶⁵

⁷⁶¹ RA/PA-0419/A/Ac/L0090 og RA/PA-0419/A/Ac/L0113: Vinje afholdslag av DNT.

⁷⁶² Jf. NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*

⁷⁶³ Varden, 19.6.1919

⁷⁶⁴ Varden, 19.6.1919

⁷⁶⁵ Fuglum, 1995, 185

«Avholdsfolkets centralkomite for folkeavstemningen om forbod i 1919» vart stifta for å ta opp kampen for forbodet. I komiteen deltok mellom anna Avholdsfolkets Landsnemnd, i tillegg til representantar frå andre organisasjonar, kyrkjesamfunn og lokale samarbeidsorgan innan fråhaldsrørsla. På initiativ frå komiteen, samarbeidande organisasjonar og private initiativ, vart det bygd opp eit nett av lokale organisasjonar. Det vart organisert lokale komitear i byane, og bygde-, krets- og distriktsnemnder i landdistrikta. Ein tok til dels i bruk dei allereie eksisterande lokale samarbeidsorgan, gjennom fellesutval og underavdelingar av Landsnemnda og Fråhaldspartiet. Lokalavdelingar av forbodsvenlege politiske parti vart også nytta.⁷⁶⁶

Forbodsrørsla prenta 16 agitasjonsbrosjyrar i til saman 2,3 millionar eksemplar.⁷⁶⁷ Agitasjonen spegla seg også i forbodsvenlege aviser. Det økonomiske grunnlag vart forsøkt dekt mellom anna gjennom å søkje pengar frå kommunestyra. Slik vart kretsen i Vest-Telemark «paalagt» å «søkja dei lokale lag i bygdene, samt heradsstyrerne og bankanne um aa yta pengar til forbodskampen, og mest mogleg aa taka aktiv del i agitationen.»⁷⁶⁸ Praksissen vart forsøkt stoppa av forbodsmotstandarane, men forsøket fekk ikkje gjennomslag. På lærarskulen på Notodden var det blitt delt ut Ja-setlar til elevane, noko som også vakte misnøye i forbodsfiendtlege kretsar. Kyrkjeminister Løvland meinte denne form for agitasjon var uheldig, men han fann ikkje heimel i lova til å kunne forby praksissen.⁷⁶⁹

På Vest-Telemark krets av DNT sitt møte på Dalen 10. august, vart det vedtatt å prente plakatar med påskrifta: «Huks fedrelandets dag 5te og 6te okt. Møt fram og røyst rusdrikken ned!»⁷⁷⁰ Liknande tiltak skjedde i heile landet.

Ved kommunevalet i Telemark i 1919 viser forbodsmobiliseringa seg mellom anna i Skien, der Fråhaldspartiet og «Det Radikale Folkeparti» (Arbeidar demokratane) hadde slått seg saman som uavhengige, og fekk heile 27 399 stemmer og dermed 7 representantar.

Fråhaldspartiet i Kragerø fekk 9 575 stemmer og 8 representantar.⁷⁷¹

Nei til forbod!

Også blant forbodsmotstandarane mobiliserte ein til kampen om forbodet. Motstandarane hadde ein vanskelegare jobb enn deira motpart, då det ikkje låg noko godt organisasjonsapparat på botnen. Rett nok eksisterte det ei landsforeining; «Den Personlige Frihets Vern»,

⁷⁶⁶ Fuglum, 1995, 185

⁷⁶⁷ Fuglum, 1995, 186

⁷⁶⁸ IKAK/0829904/A/L0001: Vest-Telemark krins av DNT, Møtebok, 10. aug. 1919

⁷⁶⁹ Fuglum, 1995, 186-187

⁷⁷⁰ IKAK/0829904/A/L0001: Vest-Telemark krins av DNT, Møtebok, 10. aug. 1919

⁷⁷¹ NOS VI, No. 189, *Kommunevalgene 1919*, Kristiania, 1920, tabell 7 og 8.

men forbodsmotstandarane såg ikkje organisasjonen som ein tilfredstillande reiskap for forbodskampen. Medan arbeidet i forbodsleiren starta tidleg, byrja ikkje motstandarane agitasjonen før avgjersla om forbodsrøysting var eit faktum. I juli 1919 vart det utforma ein «arbeidskomite» med Axel Holst som formann. Holst var professor i medisin, og hadde fleire gonger uttalt sin skepsis til forbodet. I 1910 hadde han leia alkoholkommisjonen på Stortinget, og vart hausten 1918 også formann for ein alkoholkomité satt ned av «Den norske lægeforening». ⁷⁷²

Arbeidskomiteen arbeidde fram eit riksomfattande hovudopprop der dei negative sidene ved det provisoriske forbodet vart fronta. «De erfaringer man har høstet [...] har tilfulde bevist: at det ikke nytter at fremtvinge et alkoholforbud, og at et forbud uvilkaarlig fører til lovbrud i stor utstrækning og saaledes slapper folkets moral og respekten for lovene.»⁷⁷³ Auka komiteen såg i smugbrenninga og drukkenskapsarrestasjonane var hovudargumentet i forbodsmotstandarane sin agitasjon. Særleg vart det peika på problema knytt til surrogatdrikkinga, eit misbruk som fekk ei vekst under det provisoriske forbodet og som stadig vart større.

Statistikken som eksisterte om dei provisoriske forboda sine konsekvensar, vart tolka ulikt av dei to frontane. Forbodsfolket meinte motstandarane bevisst dreiv med feiltolking og manipulasjon. Det vakte reaksjonar mellom anna i Vest-Telemark krins av DNT. «Den framstilling dei gjev samsvarar ikkje med dei gode røynslor ein hev av det millombils forbod.»⁷⁷⁴ Frå same krins vart det protestera mot ei tale Holst hadde halde i samband med agitasjonen.

Folk fraa Vest-Telemarki samla til stemne på Dalen sundag 10 aug. uttalar ein harmfull og bestemt protest mot dei skuldingane som prof. Holst og den rusdrikvenlege presse stodt set fram um at der i Telemarki, gjeng for seg heimebrenning i so aa segja kvar manns husgard. Det er usant og krenkjande, og tener berre til aa skipla folkemeiningi.⁷⁷⁵

Det riksomfattande oppropet hevda at forbod ikkje var forsonleg med «en fribaaren nation», då det ikkje ville verke effektivt utan eit «spionagesystem». «Ædrueligheten maa indarbeides i folkets beivisthet, saaledes at det blir slaat fast, at misbruk av alkohol er en skam.»⁷⁷⁶ Oppropet føreslo systemet med rasjonering under individuell kontroll som alternativ til forbodet.

⁷⁷² Fuglum, 1995, 192-198

⁷⁷³ Varden, 3.10.1919 og Fuglum, 1995, 205

⁷⁷⁴ IKAK/0829904/A/L0001, Vest-Telemark krins av DNT, Møtebok, 10. aug. 1919

⁷⁷⁵ IKAK/0829904/A/L0001, Vest-Telemark krins av DNT, Møtebok, 10. aug. 1919

⁷⁷⁶ Varden, 3.10.1919

Oppropet vart lagt ut til signering i ei rekke offentlege lokalar i heile landet.⁷⁷⁷ Frå Skien, Gjerpen og Solum vart oppropet signert av kring 160 personar. 46 av desse var gardbrukarar. Elles utmerka legestanden seg, då heile 14 legar og farmasøytar hadde skrivi under.⁷⁷⁸ Til grunn for dette låg den breie semja om alkoholen si helbredande effekt som eksisterte i den norske legestanden. Argumenta som var blitt nytta av legane då spanskesjuken råka, vart dratt fram att. Axel Holst, som på mange måtar vart ein leiarskikkelse i antiforbodsrettsen, hadde tidlegare uttalt at alkohol nytt med måte, både betra livs- og arbeidsgleda. «Javist er alkohol til gavn for sunde mennesker. I stor utstrækning!».⁷⁷⁹

Store delar av legestanden delte denne oppfatninga. I medisinalmeldinga frå Hjartdal skreiv distriktslegen i 1919 at bøndene ofte hadde brennevin ståande i tilfelle det skulle oppstå sjukdom. «[...][H]er, hvor adkomsten til læge er lang og besværlig, og hvor man ofte under arbeide i skog og mark er utsatt for sterke påkjenninger i form av strabaser og kulde, må det anses å være et berettiget krav å ha litt brennevin i huset.»⁷⁸⁰ I Varden skreiv «divisjonslæge» H. Blich Holst, som også hadde signert oppropet, at av dei 25 000 mann han i løpet av karriera hadde undersøkt, hadde han berre notert éit tilfelle der misbruk av alkohol hadde forårsaka sjukdom. Kvart år, hevda han, vart fleire sjuke grunna misbruk av kaffi og tobakk. «Kaffe gjør for tiden større skade her i landet end brændevin; det tror jeg alle læger er enige om.»⁷⁸¹

Kva vog tyngst?

Debattane kring forbodet tok mange vegar då forbodsfolket og forbodsmotstandarane tørna saman. Ein nytta argument frå legevitkskapen og religionane og samanlikna med lærdomar frå andre land. Kriminalstatistikk, drukkenskapsstatistikk og statistikk over sjukdomar og dødsfall forårsaka av alkoholen vart handsama, ved sidan av dei økonomiske omsyn. Valte ein feil kunne ein oppleve ei stigning i talet på valdtekter, sjølvdrap, barnemishandling og anna ulykke. Heimebrenning, surrogatmisbruk og smugling kunne kome til å auke dersom forbod vart innført, medan andre frykta ein ville gjenoppleve «vild berserkergang»⁷⁸² dersom det motsatte skjedde. «Kiempernes Berserke-Gang» hadde Hans Jacob Wille knytt til telemarkingen sitt ølbruk allereie i 1786.⁷⁸³ Representantar frå bryggjeri- og brennerinæringa uttalte seg, i tillegg til legar og farmasøytar. Aldri tidlegare, kanskje heller ikkje seinare,

⁷⁷⁷ Jf. Fuglum, 1995, 189

⁷⁷⁸ Varden, 3.10.1919

⁷⁷⁹ Fuglum, 1995, 195

⁷⁸⁰ Medisinalmeldingane, NOS VII, No. 108, 1919, 86

⁷⁸¹ Varden, 1.10.1919

⁷⁸² O. S. Haukvik, «Væk med brændevin og sterke vin!», i Varden, 1.10.1919, 3

⁷⁸³ Wille, 1989, 117

hadde ei sosialpolitisk sak blitt diskutert på det nivå som forbodssaka vart. Til slutt stod striden om eit grunnleggjande val av verdiar. Kva vog tyngst; omsynet til medmennesket og samfunnet, eller den enkelte borgars personlege fridom?

Ettermæle

Det tek tid å forme ei folkemeining – nesten hundre år dersom ein studerer alkoholhistoria. Korleis folkemeininga vart forma i løpet av og etter forbodstida er eit kapittel som ikkje skal handsamast i dette, anna enn å konstatere at forbodstanken kom til å stå langt svakare i åra som fylgde.

16. oktober, berre dagar etter at folkerøystinga gav delforbodet eit overveldande fleirtal i Telemark, sendte Justisdepartementet eit rundskriv til fylkesmennene og bad dei hente opplysningar frå politimeistrane om misbruk av brennevin. Fylkesmannen skreiv i denne samanheng: «Efter hvad jeg har grunn til at tro foregår der adskillig smugbrenning olover i Telemark ; i de indre distrikter og byene her synes forholdet noget betre. Å få denne trafikk helt stanset må inntil videre antas ganske håpløst, hvor drastiske politiforanstaltninger man enn vil gripe til.»⁷⁸⁴

Både frå Notodden og Rjukan vart det meldt om lovbroten mot forboden. På Notodden hadde det skjedd heimebrenning i stor utstrekning. Lensmannen i Kragerø frykta misbruk kunne «[...] anta i dimensjoner som gjør kontrollen vanskelig, for ikke å si illusorisk.»⁷⁸⁵ Ei melding som gjaldt heile fylket, sa at det å stanse rusdrikktrafikken var håplaust. «Innen mange ellers lovlydige og lojale kretser av borgere er reaksjonen for sterkt mot de nye restriksjoner. Og når politiet ikke støttes av den almene opinion vil det stå mer eller mindre maktesløst.»⁷⁸⁶

I løpet av 1919 førekomm de 41 straffesaker om eige av brennevinsapparat eller tilvirking/medvirking til bruk av slike i Telemark.⁷⁸⁷ Ikkje i noko anna fylke var talet høgare. Den same utviklinga viste dei alminnelege drukkenskapslovbrota; frå 1. juli 1919 fram til 30. juni 1920 førekomm det 669 lovbroten i fylket. «[...] Telemark, som også har et forholdsvis stort forbudsflertall, har etter folkemengden mere smugbrenning enn noget annet fylke,» skreiv Rygg.⁷⁸⁸

⁷⁸⁴ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 25*

⁷⁸⁵ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 25*

⁷⁸⁶ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 31*-32*

⁷⁸⁷ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 34*

⁷⁸⁸ NOS VI, No. 190, *Alkoholstatistikk 1918-1919*, 37*

«Det er med avholdsfolket som med Terje Vigen: Bak ham laa verden med liv og lyst, men for baugen en vinter tung,» spådde Menneskevennen i slutten av august 1920.⁷⁸⁹ I stor grad verker spådommen å ha blitt oppfylt. I 1926 skulle det røystast over om delforbodet mot brennevin skulle bli oppheva.⁷⁹⁰ I heile landet stemte 55,7 prosent for å heve det opp. I Telemark ynskte 53,4 prosent av innbyggjarane å behalde det.

⁷⁸⁹ Menneskevennen sitert fra Fuglum, 1984, 128

⁷⁹⁰ Forbodet mot hetvin vart oppheva i 1923.

Konklusjon

I 1919 stemte 72,6 prosent av innbyggjarane i Telemark for at delforbodet mot brennevin og hetvin skulle bli innført. Valoppslutninga var på 66,8 prosent, noko som viser at forbodssaka engasjerte.⁷⁹¹ Dei alkoholhistoriske linene som vart ført i fylket frå 1814 til 1919, viste at fråhaldssak stod som eit viktig innslag i samfunnslivet heilt sidan dei fyrste måtehaldslaga vart etablert. Sjølv om måtehaldssaka ikkje representerte fleirtalet av borgarane sitt standpunkt i starten, viste utviklinga i fråhaldsrørsla at fråhaldssak vart stadig viktigare for folk flest.

Telemark utmerka seg på mange måtar når det kom til edruelegdomen. Dei tidlege skildringane frå amtmenn og geistlege embetsmenn viste at det eksisterte eit drukkenskapsproblem i store delar av fylket. Årsaka var den liberale alkoholpolitikken som hadde opna for fri brennevisproduksjon i landdistrikta gjennom Brennevislova av 1816. Det same problemet eksisterte i store delar av Noreg, og eskalerte kring 1830 då det vart målt eit rekordhøgt alkoholkonsum. Sjølv om edruelegdomen i denne tidlege fasen ikkje kan målast nøyaktig gjennom forbruksstatistikk, underbyggjast påstanden av at det var nett no folkeopprøret mot alkoholen tok til, og styresmaktene greip inn og gjorde lovverket strengare. Framveksten av måtehaldsrørsla på 1830-talet var den fyrste forma for organisert kamp mot rusdrikk.

Før den organiserte kampen mot alkoholen tok til, går det fram at det var dei geistlege embetsmenn som stod for den største agitasjonen mot rusdrikk. Det var også desse som var med på å stifte dei fyrste måtehalds- og fråhaldsrørslene. Når den fyrste totalfråhaldsrørsla vart stifta, skjedde dette med utgangspunkt i ei frilyndt rørsle. Godtemplarane var bygd på eit kristent grunnlag. Når fråhaldsrørslene vaks fram skjedde dette altså med utgangspunkt i kristne verdiar. Fråhaldsrørsla vart slik forma av kristen etikk, sjølv om graden av dette varierte mellom dei ulike laga og rørslene. Kjeldene frå dei ulike fråhaldslaga sine arkiv viser at det ofte låg eit kristent bodskap bak, noko som også viser seg gjennom argumenteringa kring forbodet. Gjennom heile perioden frå 1814 fram til forbodsrøystinga, vart det nytta religiøse argument for å fjerne drikkevondet. Dette skjedde både ved samlagsrøystingane og i forbodskampen.

Framveksten av fråhaldsrørsla fall i stor grad saman med veksten i dei frilyndte rørslene på midten av 1800-talet. I medisinalmeldingane går det fram at dei frilyndte rørslene også fekk gjennomslag i Øvre Telemark. I dette ligg truleg ein stor del av årsaka til at Ja-

⁷⁹¹ Jf. Vedlegg nr. 2 og 3

fleirtalet ved forbodsrøystinga vart så overveldande som det det vart i denne delen av Telemark i 1919.

Hovudmotstanden mot rusdrikken tok for alvor til i 1880-åra. Grunna det store forbruket på 1870-talet fekk totalfråhaldsrørsla kraftig tilvekst. Gjennom heile perioden me har studert, har edruskapstilstanden variert. Medisinal- og amtmannsmeldingane viste at edruelegdomen i Telemark i stor grad hang saman med forbruket på riksnivå. Ved fleire høve gjekk tilslutninga til fråhaldssaka opp i dei periodar då forbruket var høgt. Dette gjaldt særleg etter det høge forbruket etter 1816 og i 1870-åra. Dei åra ein merka mindre til drukkenskapen, dala interessa for saka. Fråhaldsrørsla var på sett og vis avhengig av drikkevondet.

Då fråhaldssaka vart politisert gjennom Arrestad sitt engasjement i Den Norske Totalavholdsforening, forsøkte ein tidleg å legge til rette for forbod. Dette skjedde mellom anna gjennom listeaksjonen i 1884. I kjeldene frå DNT sitt arkiv, går det fram at det vart stifta ei rekke nye totalfråhaldslag i denne perioden. Listeaksjonen kan difor ha verka som ein katalysator for oppretting og innmelding i DNT i Telemark på 1880-talet.

Politiseringa av fråhaldssaka mot brennevinet vart stadig meir aggressiv. Etter at Avholdsfolkets Landsnevnd vart oppretta i 1905, gjorde samarbeidet mellom dei ulike delane av fråhaldsrørsla at kampen i langt større grad kunne sameinast. Valsystemet med einmanns-krinsar gjorde at Landsnemnda sitt politiske våpen, Fråhaldspartiet, kunne verka som ei viktig pressgruppe på tinget. Stortinget fekk som fylgje av dette ei overveldande fråhaldsvenleg form som i stor grad gjorde forbodet til ein realitet.

Då forbodsrøystinga nærma seg, såg forbodsvenene til kvinnene. Dei hadde forstått at kvinneleg deltaking ved forbodsrøystinga kunne bli avgjerande for utfallet. I Telemark kom 48 prosent av stemmene frå kvinner i 1919. Heile 64 prosent av kvinnene nytta røysteretten, medan berre 43 prosent hadde gjort det same ved stortingsvalet i 1918. Den mannlige oppslutninga hadde også stigi. Ved stortingsvalet i 1918 var valoppslutninga 50 prosent, medan den var 70 prosent i 1919.

I Telemark var den kvinnelege deltakinga særleg stor i Fyresdal, der fråhaldsrørsla hadde kjempa mot drukkenskapen i ei årrekke. Forbodslistene viser at forbodstanken allereie var godt representert i kommunen. Heile 85 prosent av dei røysteføre kvinnene møtte fram til forbodsrøystinga.

Den kvinnelege oppslutninga var jamt over høg i Telemark, med unnatak av Eidanger, Solum, Holla og Hjartdal der knapt femti prosent nytta stemmeretten. I åtte kommunar var oppslutninga høgare blant kvinner enn menn.⁷⁹² Desse høyarde særleg til Øvre Telemark.

Dei historiske linene viser at kvinnene heile tida var engasjerte ved spørsmål om alkoholstyring. Ved listeaksjonen i 1884 stod den kvinnelege andelen av underskriftene for nærmere 40 prosent. Frå Vinje, Kviteseid og Stilnæstangen ved Kragerø skreiv fleire kvinner enn menn under. Kvinneleg deltaking viste seg òg ved samlagsrøystingane i byane. Dei tala som ligg føre, viste at den kvinnelege valdeltakinga var større enn den mannlige i både Skien og Brevik, og den same tendensen eksisterte truleg også i dei andre byane.

På Notodden var valoppslutninga blant kvinner høgare enn blant menn ved stortingsvalet i 1918, då heile 66 prosent av kvinnene møtte fram. I 1919 var det same talet 58 prosent. Det kan difor sjå ut som om politikk var viktigare enn forbodssak blant kvinnene på Notodden. Det kvinnelege oppmøte var også høgt i Tinn. 58 prosent av kvinnene nytta stemmeretten i 1918 – ei oppslutning som også gjaldt i 1919. Det er her truleg snakk om ei kvinneleg politisk radikalisering.

Fråhaldsrørsla si framgang og deira innlemming av kvinnene i organisasjonslivet, førte kvinnene inn i det politiske Noreg. Kvinnene fekk snart moglegheit til å påverke politiske avgjersler, og rørsla må difor kunne reknast som ein viktig årsak til at kvinnene fekk ålmenn stemmerett i 1913. Historia viser at kvinner fekk kontinuerleg større makt frå den gong kvinnene vart utelatt, som i Eilert Sundt si undersøking, fram til tida då fråhaldsrørsla innlemma dei i organisasjonslivet og gav dei stemmerett gjennom Brennevinslova av 1894.

Gjennom heile perioden frå 1816 fram til forbodsrøystinga eksisterte det eit edrueleg skilje mellom by og land. Etter 1816 verka det liberale alkohollovverket til at drukkenskapen eskalerte i store delar av landdistrikta i Telemark. Dette vitnar skildringane frå perioden om. Endringane av lovverket på 1830- og 1840-talet førte til at brennevinsproduksjonen vart industrialisert. Samstundes gjorde lovverket at folk i landdistrikta måtte reise til byane for å få tak i brennevin.

Då sals- og skjenkeordninga i byane vart lagt om frå private til offentleg styring på 1870-talet, er det interessant at styringa av alkoholsalet ikkje endra seg mellom byar med forskjellige styringsmodellar. I mange byar tok det tid før ordninga vart lagt om. I dette ligg at edruskapen i stor grad hang saman med andre faktorar enn organisasjonsmodellane for sal.

⁷⁹² Langesund, Stahelle, Hovin, Tinn, Nissedal, Fyresdal, Mo og Vinje.

Brennevinslova av 1894 let borgarane sjølve avgjere om dei ynskte sal av alkohol gjennom samlag i sin by. Samlagsrøystingane viste at forbodstanken stod sterkt i Telemark. Kampen mot brennevinssamlaga vart i stor grad kjempa av fråhaldsrørslene og frilynte rørslar. Det var i stor grad desse som forma folkemeininga til det forbodsvenlege synspunktet som stemte samlaga ned kring 1900 og delforbodet opp i 1919.

Skiljet mellom by og land kjem best til syne på Rjukan. Her verka overgangen frå bonde- til bysamfunn uheldig på edruelegdomen. Eilert Sundt si undersøking viste at edruelegdomen hadde vore relativt god i Tinn samanlikna med dei kringliggjande prestegjelda. Amtmanns- og medisinalmeldingane viste heller ikkje at drukkenskapen var spesielt ille før byen vaks fram. Det var først gjennom industrialiseringa drikkevondet vaks. Dei sosiokulturelle endringane gav eit negativt utslag i edruelegdomen. Befolknings-samansettinga verka også uheldig, då framdarbeidarane ikkje gjekk overeins med bondekulturen. Dette hang i stor grad saman med drikkekulturen. At fråhaldsarbeidet kom seint i gang må også ha verka som ein viktig faktor for eit svakt Ja-fleirtal.⁷⁹³

Folkerøystinga i 1919 viser at det var i landdistrikta forbodssaka stod sterkest. Landdistrikta var fråhaldsrørsla si høgborg heilt sidan fråhaldstanken sin barsel. I byane var forbodstilslutninga stort sett mindre. Det var dei minste byane som hadde størst Ja-fleirtal. Dette gjaldt kystbyane Langesund, Brevik og Stathelle, der både fråhaldssak og frilyndte rørslar var eit sterkt innslag i kulturlivet. Ja-fleirtalet låg på mellom 73 og 84 prosent. I Kragerø, som hadde kring dobbelt så mange røysteføre, var Ja-fleirtalet på 68. Dette må reknast som høgt til så stor by å vere. Fråhaldssaka var mellom anna representert gjennom den store tilslutninga til Fråhaldspartiet i byen. I Skien, Porsgrunn og Notodden låg Ja-fleirtalet på rundt rekna 60 prosent, medan det i Tinn, der Rjukan låg, berre var 51,5 prosent Ja-fleirtal.

I kommunane i landdistrikta gjekk det eit overordna skilje som kan bli forklart gjennom kommunane si politiske forankring. Kommunane som gav dei forbodsvenlege partia Venstre og Arbeidardemokratane eit overveldande fleirtal ved stortingsvalet i 1918, viste også ein overveldande forbodsvilje i 1919. Dette gjaldt dei fleste kommunane i Øvre Telemark, der forbodsrøystinga viste eit Ja-fleirtal på over 80 prosent⁷⁹⁴, men òg den Sørvestlege delen av fylket; Nissedal, Drangedal, Skåtøy og Sannidal, heilt ned til Bamble. I kommunane i Midt-Telemark stod sosialdemokratane som ein vesentleg utfordrar til dei andre forbodsvenlege

⁷⁹³ I Hovin stemte 61 prosent Ja i 1919. Ved stortingsvalet fekk Venstre heile 75 prosent av stemmene. Dei resterande gjekk til sosialdemokratane. Det kan sjå ut som om det låge ja-fleirtalet hang saman med nærleiken til dei industrialiserte byane. Hovin var nabokommunen til Tinn.

partia. Forbodsrøystinga viste i desse kommunane eit Ja-fleirtal på mellom 60 og 80 prosent.⁷⁹⁵ Dei resterande kommunane i Nedre-Telemark høynde til Høgre og Frisinnede Venstre sin veljarkrets. Dette gjaldt Eidanger, i tillegg til Brevik, Porsgrunn og Skien.

Valoppslutninga ved stortingsvalet og folkerøystinga viser at forbodssaka stort sett var viktigare enn politiske val i Telemark. Med unnatak av Notodden, Tinn, Hjartdal og Hovin, stemte fleire ved forbodsrøystinga enn ved stortingsvalet. Frå 1918 til 1919 gjekk valoppslutninga opp frå 53 til 67 prosent i heile Telemark. Fylket kom på åttande plass blant dei norske fylka, kva gjaldt valoppslutning i 1919.

Folkemeininga utgjorde eit massiv press på politikarane, både gjennom agitasjon frå lokalt hold og representert gjennom Fråhaldspartiet. Det kan difor vere fruktbart å seie at politikken ikkje styrte forbodstanken, men at forbodstanken styrte politikken. I dette ligg mellom anna det faktum at veljarane ikkje tok omsyn til utanrikspolitiske og økonomiske konsekvensar forbodet ville få. Dette viste seg mellom anna ved protestaksjonen i 1916/17 då det gjekk ei rekke oppmodingar frå forbodsvenene i Telemark til Sosialdepartementet om å vidareføre det provisoriske forbodet. Historia har vist at fråhaldsfolket forstod dei politiske systema før forbodet kom til.

Når Gabriel Øidne skriv at fråhaldssak er noko austlendingane uløyseleg knyt til vestlendingane, verkar ikkje dette å vere tilfelle for telemarkingens sin del. Store delar av Telemark var like opptatt av fråhaldssaka som det delar av Vestlandet var. Kanskje ligg det noko i det Dyre Vaa ein gong sa⁷⁹⁶; at Telemark er Austlandet når det drøymer om Vestlandet.

⁷⁹⁴ Her har eg rekna kommunane Vinje, Fyresdal, Seljord, Lårdal, Mo, Kviteseid, Rauland og Hjartdal. Mo må rekna som eit unntak, då heile 42 prosent stemte Arbeidarpartiet i 1918. (Jf. Vedlegg nr. 13)

⁷⁹⁵ Dette omfatta kommunane Bø, Heddal, Siljan, Holla, Lunde, Sauherad, Solum, Gransherad og Gjerpen. I Lunde stemte heile 87 prosent Ja i 1919, og må difor rekna som eit unntak. Venstre fekk heile 73 prosent av stemmene ved valet i 1918. Elles skilte Holla seg ut som eit svakt forbodsbytte (63 prosent Ja) ettersom heile 90 prosent stemte Venstre i 1918. Valoppslutninga var svak ved begge vala, særleg blant kvinner. I Solum stemte heile 39 prosent Arbeidarpartiet, medan Venstre fekk 37.

⁷⁹⁶ Attfortalt av Olav Vesaas i Olav Vesaas, *Telemark: dikt og draum*, Slovenia, 1992, 14

Litteraturliste

- Aarrestad, Sven, *Spredte trekk fra kampen om forbudet i Norge*, Arendal, 1933
- Berg, N. G., *Om samlags-afstemning*, Chra, 1898
- Berge, Rikard, *Vinje og Rauland III*, 1940-1944
- Berge, Rikard, *Vinje og Rauland II*, 1973
- Berge, Rikard, *Vinje og Rauland IV*, 1975
- Berget, Bjørg Ida, «[D]et første skritt paa offentlighedens bane»: innføring av alminnelig stemmerett i Brennevinsloven av 1894, masteroppgave i historie ved IAKH, UiO, 2011
- Bering, Bjørn, «Radikale telemarkinger i ‘Det røde amt’», i *Glimt fra arbeiderbevegelsens historie i Telemark: LO 100 år, 1899-1999*, Skien, 1999
- Bjørklund, Tor, *Et lokalvalg i perspektiv: valget i 1995 i lys av sosiale og politiske endringer*, Oslo, 1999
- Bjørnson, Bjørnstjerne, *Synnøve Solbakken*, 2. utg., Christiania, 1858
- Bjørnson, Øyvind, *På klassekampens grunn 1900-1920* i Arne Kokkvoll og Jakob Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge 2*, Oslo, 1990
- Blom, Gustav Peter, *Das königreich Norwegen: Statistisch beschrieben*, Leipzig, 1843
- Bryson, Bill, *Hjemmet: En kort historie om de nære ting*, Litauen, 2013
- Dahl, Helge, *Rjukan Bind I: Fram til 1920*, Kragerø, 1983
- Dahl, Helge, *Frihet Likhet Brorskap, Tinn og Rjukan Arbeiderparti 75 år, 1912-1987*, Rjukan, 1986
- Dahl, Helge, *Skolen i Tinn: En oversikt ved 250 års jubileet for grunnskolen i Norge*, Tinn, 1989
- Dahl, Lausen, *Lundetangens bryggeri gjennom nitti år 1854-1944: med forhistorie og trekk vedrørende ølet og bryggerinæringen*, Skien, 1943
- Dahl, Tor Edvin og Rudolph, John-Willy, *Fra seier til nederlag: Pinsebevegelsen i Norge*, Oslo, 1978
- Einung, Halvor H., *Tinn Soga, Band I*, Rjukan, 1926
- Flatin, Tov, *Seljord I*, 2. uforandr. Opplag, Oslo, 1976
- Fossen, Kjell, *Innføringen av brennevinsforbudet i 1921 og de politiske partier*, hovedoppgave, Bergen, 1967
- Friis, Henrik, *Det brenner i bygda: Trekk frå vekkelsesliv i Telemark*, Oslo, 1963
- Fuglum, Per, *Kampen om alkoholen i Norge 1816-1904*, Oslo, 1972

- Fuglum, Per, *Norge i støpeskjeen 1884-1920*, i Knut Mykland (red.), *Norges historie bind 12*, 6. opplag, 1978
- Fuglum, Per (red), *125 år for Alles Vel: Det norske totalavholdsselskap 1859-1984*, Oslo, 1984
- Fuglum, Per, *Én skute – én skipper: Gunnar Knudsen som statsminister 1908-10 og 1913-20*, 1989
- Fuglum, Per, *Brennevinsforbudet i Norge*, Trondheim, 1995
- Fuglum, Per, *Et onde avskaffer man!, Arbeiderbevegelsen og alkoholen fra Marcus Thrane til forbudstiden*, Trondheim, 1999
- Grimdal, Olav, *Mo bygdebok: Kultursoga: Bind II*, Tokke kommune, 1996
- Halvorsen, A., *Det norske Totalavholdsselskap 1859-1909*, Kristiania, 1909
- Hamran, Olav og Myrvang, Christine, *Fiin gammel: Vinmonopolet 75 år*, Oslo, 1998
- Handagard, Idar, *Carl Reynolds og fyrste godtemplarlosja i Noreg*, Oslo, 1951
- Hansen, Berner (red.), *Avis må til!: En oversikt over aviser i Telemark fra 1830 til 1970*, Skien, 1970
- Hansen, Jens Christian, *Notodden*, Notodden, 1963
- Hauge, Ragnar, *Norsk alkohollovgivning gjennom 1000 år*, Oslo, 1998
- Hauge, Ragnar (red.), *Lover om alkohol i Norge: Fra landskapslovene til 1814*, Rusmiddeldirektoratet, Oslo, 1998
- Helland, Amund, *Norges Land og Folk, Topografisk-Statistisk Beskrevet VIII: Bratsberg Amt I*, Kristiania, 1900
- Holm, Edvard, *Fra Telemarken: Liv og skikke i det forrige aarhundrede*, Risør, 1911
- Indrehus, Kjell, *Alkoholmonopolet i Norge inntil 1920*, Oslo, 1955
- Inglis, H. D. [aka Derwent Conway], *A personal narrative of a Journey through Norway, part of Sweden, and the islands and states of Denmark*, 4. utg., London, 1837
- Isene, Ole Steffensen, *Den avholdspolitiske situation og stortingsvalget*, (Efter referat av et foredrag av redaktør Isene, Kristiania, ukj. årst..,
- Jahnsen, Kr., *50 år: Litt historikk vedrørende Skiens samlag for brændevinshandel, Skiens private brændevinshandel og Fruerne Backe og Vauverts fond*, Skien, 1931
- Johansen, Per Ole, *Brennevinskriegen: En krønike om forbudstidens Norge*, Oslo, 1985
- Johnsen, John, *Alkoholpolitikk i Arbeiderpartiet, Noen historiske tilbakeblikk*, i AEF-INFO, Arbeiderbevegelsens rus- og sosialpolitiske forbund NR 2/2013
- Keilhau, Wilhelm, *Norge og verdenskrigen*, i James T. Shotwell (red.), *Verdenskrigens økonomiske og sociale historie*, Oslo, 1927

Kjeldstadli, Knut og Keul, Vidar (red.), *DNA – fra folkebevegelse til statsstøtte*, Trondhjem, 1973

Kjeldstadli, Knut, «Finnes faktisk en radikal Telemark-tradisjon?» i *Telemark Historie nr. 25: Jubileumsbok Telemark Historielag 25 år: Den stridbare Telemarkingen*, 2004

Kjeldstadli, Knut, *Mine fire besteforeldre: En familiefortelling om framveksten av det moderne Norge*, Oslo, 2010,

Kjeldstadli, Sverre, *Industrisamfunnet i dets forhold til bondesamfunnet: Industrialismens gjennombrudd i Tinn*, Hovedoppgave til filologisk embeteksamen, Oslo, 1942

Kjeldstadli, Sverre, *Rjukan: Et moderne eventyr om industri- og bondesamfunn*, (2. utg.) Oslo, 1944

Kristiansen, Oskar, *Edruelighedsforhold i Norge 1814-1848*, Oslo, 1934

Krogshus, G. og Rian, Jon, *Godtemplarordenen i Norge 1892-1927*, første bind: *Norges Storlosje*, Trondhjem, 1928

Lafferty, William M., *Economic development and the Response of labor in Scandinavia: A multi-level analysis*, Oslo, 1971

Lochmann, Ferdinand, *Alkohol*, Utgitt av Selskabet for Folkeopplysningens Fremme, Kristiania, 1884

Lund, Johan Michael, *Forsøg til Beskrivelse over Øvre-Tellemarken i Norge*, København, 1785

Lund, Carl, *A. M. Schweigaard som stortingspolitiker*, Oslo, 1958

Lunde, Ove, *Thranittene I Bø I Telemark : En Sosialhistorisk Analyse*, Oslo, Universitetet i Oslo, 1978

Mejlænder, Otto, *Almindelig norsk Lovsamling for Tidsrummet 1871-1880, i Udtag og med Henvisninger*, Christiania, 1882

Mejlænder, Otto, *Almindelig norsk Lovsamling for Tidsrummet 1892-1896, i Udtag og med Henvisninger*, Christiania, 1900

Midtbø, Arent, *Losje Rjukan 1907-1957*, ca. 1957

Midtbø, Arent (red.), *Alles vel er vårt mål: 21 profilar i norsk edruskapsrørsle*, Oslo, 1960

Midttun, Olav (red.), A. O. Vinje, *Skrifter i samling, 1. band, Bladstykke i Morgenbladet, Andhrimner, Drammens Tidende, Den norske Tilskuer og Dølen*, Kristiania, 1916.

Munch, Johan Storm, *Nogle betimelige Ord om Nødvendigheden af at indskrænke Brændevinets Misbrug og den ved Lov af 1ste Juli 1816 tilladte Brændevinsbrænden i Fædrelandet: tilegnede Kongeriget Norges Femte ordentlige Storthing*, Christiansand, 1827

- Møller, Hans, *Om Fordærveligeden af umaadelig Nydelse af Brændeviin: En philosophisk, historisk, moralsk Afhandling*, Christiania, 1828
- Nilson, Sten Sparre, *Politisk avstand ved norske folkeavstemninger*, Oslo, 1972
- Nilson, Sten Sparre, *Fortsettelse av politisk avstand ved norske folkeavstemninger*, Oslo, 1974
- Nordstoga, Torvald, *Sol gjeng upp – sol gjeng ned: Trekk ved edruskapsarbeid i Telemark*, Strømmen, 1998
- Nydahl, J. L., *Avholdssagens historie*, Minneapolis, 1896
- Ormestøy, Per, «Laddevinen – totalfråhaldsfolket sitt uynskte barn», i Henrik Olav Mathiesen (red.), *Fortid* nr. 2/2014
- Pollan, Sonja, «Alkoholvanenes forankring i kulturmønstret: En studie av høgtids-skikker i en gammel bygd» i *By og bygd: Norsk folkemuseums årbok 1967, 20. bind*, Oslo, 1968
- Qvisling, J. L., *Fyresdals Prestegjelds og Presters Historie*, Skien, 1888
- Robbestad, Odd, *Kragerø 1810-1840: Sjøfart – handel – industri, økonomiske forhold under og etter krigen 1807-1814*, Kragerø, 1945
- Rolsted, B., (red.), *Norges statskalender for året 1920*, Kristiania, 1920
- Rovde, Olav, «Telemark som fråhaldsregion» i Ingvar Skobba (red.), *Telemark historie, tidsskrift for Telemark Historielag, Festkultur og drikkeskikkar i Telemark*, nr. 34, 2013
- Røine, Bengt-Arne, *Rallar-Dronningen og Stein-Kalle*, Oslo, 1978
- Scharffenberg, Johan, *Drikk, drukkenskap og forbud i Norge: Alkoholstatistiske oplysninger*, Oslo, 1925
- Schrumpf, Ellen, «*Berus eder!*»: *Norsk drikkekultur i de siste 200 år*, Oslo, 2003
- Schrumpf, Ellen, *Porsgrunns historie: Byen ved elva*, bind II, Porsgrunn, 2006
- Schiøtz, Aina, *Det offentlige helsevesen i Norge 1603-2003*, bind 2: *Folkets helse – landets styrke 1850-2003*, Oslo, 2003
- Seip, Jens Arup, *Problemer med metode i historiefaget*, Oslo, 1983
- Stauri, Rasmus, *Fire folkelærarar: Herman Anker, Olaus Arvesen, Christopher Bruun, Viggo Ullmann*, Oslo, 1930
- Steffens, Krog, *Kragerø by's historie, 1666-1916*, Kristiania, 1916
- Stenseth, Bodil, *Eilert Sundt og det Norge han fant*, Gjøvik, 2000
- Strøm, Walther, *Hva hver Godtemplar bør vite om I. O. G. T.*, Trondheim, 1944
- Sundt, Eilert, *Om ædrueligheds-tilstanden i Norge*, Oslo, 1976
- Svanteson, Erik og Kollerud, Halfdan, *Beretning over Arbeidernes Godtemplarorden Verdandis Virksomhet 1909 – 1944*, Oslo, 1944
- Sætherskar, Johs. (red.), *Det norske næringsliv: Telemark Fylkesleksikon*, Bergen, 1949

- Sørensen, Johnny (red.), *For hundre år siden: Brevik, Stathelle, Langesund: Utdrag frå avisene «Adressetidende for Brevig, Stathelle og Langesund», «Bratsberg Blad», «Breviksposten»*, 1897, Brevik, 1997
- Sørli, Erling, *Avholdsfolkets samarbeid gjennom femti år: Avholdsfolkets Landsnemnd 1895-1945*, Oslo, 1945
- Taraldlien, Bendik, *Fyresdal*, Kristiania, 1910
- Tollefsen, E., *Rjukan politilag gjennom 50 år, 1912-1962*, 1962
- Tønnessen, Joh. N., *Porsgrunns historie: fra trelast og skipsfart til industri 1807-1920*, Oslo, 1957
- Øidne, Gabriel, «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet» i Andreas Skartveit (red.), *Syn og Segn*, 81. årgang, Oslo, 1975
- Øidne, Gabriel, «Om noen politiske flaskehalsar», i Ottar Grepstad og Jostein Nerbøvik (red.), *Venstres hundre år*, Oslo, 1984
- Øisang, Ole, *Bli med i Verdandi*, Trondhjem, 1916
- Østvedt, Einar, *Skiens historie: bind II, fra 1814 til ca. 1870*, Skien, 1958
- Østvedt, Einar, *Skiens historie, bind III, Fra 1870 til ca. 1925*, Skien, 1959
- Østvedt, Einar, *Skiens apotek gjennom 250 år*, Skien, 1968
- Vesaas, Olav, *Telemark: dikt og draum*, Slovenia, 1992
- Wille, Hans Jacob, *Beskrivelse over Sillejords Præstegield i Øvre-Tellemarken*, Lokalhistorisk forlag, Ungarn, 1989 [på grunnlag av originalutgåva frå 1786] Kiøbenhavn, 1786

Arkiv

Lokalhistorisk arkiv i Vinje

- LAV A-1996-002: Vaarvon, Nr. 3, (ca. 1910)

Norsk Industriarbeidermuseum

- NIA1046: Fjellklang, Nr. 11, 6. årg.
- NIA1047, IA47-2: Saaems Fremtid, Forslag til program for Losje Saaem for kvartalet August, September, Oktober 1916
- NIA00048, saksakt 1A 48-4: Vekta, Nr. 3, 12. aargang, 12/10-1925

Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg)

- IKAK/0829904/A/L0001, Vest-Telemark krins av DNT, Møtebok, Forbodsavrøystingi 1919. 1926.

Riksarkivet

Den norske Forening mod Brændevinsdrik

- RA/PA-1234/F/L0001: Antegnelses-Protokol for Den norske Forening mod Brændeviinsdrik, No. 2.
- RA/PA-1234/F/L0001: Forhandlingsprotokoll for Den norske Forening mod Brændeviinsdrik, 1845-1869.
- RA/PA-1234/F/L0002: Aarsberetningen for 1854 A, Den norske Forening mod Brændeviinsdrik.
- RA/PA-1234/F/L0002: Den Norske Forening mod Brændeviinsdrik, Brev fra Eilert Sundt 1857.

DNT

- RA/PA-0419/E/Eh/L0681: Det norske Totalavholdsselskap, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslister», 1884.
- RA/PA-0419/E/Eh/L0682: Det norske Totalavholdsselskap, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudslister» 1884.
- RA/PA-0419/A/Ac/L0090: Skien kretsprotokoll, 1889-1903.
- RA/PA-0419/A/Ac/L0011: Telefylket kretsprotokoll, 1902-1922.
- RA/PA-0419/A/Ac/L0136: Det Norske Totalavholdsselskap, møtebøker, referatprotokoller, forhandlingsprotokoller o.l. Meldinger og oversikter, Årsberetninger fra fylkene, 1908/1909 II.

IOGT

- RA/PA-0380/P/L0474: Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 0-823, Norges Storlosje av IOGT.
- RA/PA-0380/P/L0475: Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 824-1503, Norges Storlosje av IOGT.

- RA/PA-0380/P/L0476: Lojefortegnelser, kronologisk etter stiftelsen, nr. 1504-1924, Norges Storlosje av IOGT.
- RA/PA-0380/1/A/L0004/0016: IOGT forhandlinger, U.O.G.T. Forhandlingerne paa det første Aarsmøde af Norges Storloge, Porsgrund, 1879.
- RA/PA-0380/1/A/L0004/0005: IOGT forhandlinger, U.O.G.T. Forhandlingerne 6. årsmøte, 1883.
- RA/PA-0380/1/A/L0004/0016: IOGT forhandlinger, U.O.G.T. Forhandlingerne paa Norges Storloges tredie Aarsmøde, Porsgrund, 1880.
- RA/PA-0380/1/A/L0004/0022: IOGT forhandlinger, U.O.G.T. Forhandlingerne 23. årsmøte, 1900.

Sosialdepartementet sitt arkiv

- RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser.
- RA/S-1269/H/Hh/L0205: Ot. prp. nr. 23 (1916) Lov om midlertidig rusdrikkforbud. Bilaget: politiuttalelser. Sosialdepartementet, 2. sosialkontor D. Alkohollovgivning. Ædruelighetslovgivning.

Nasjonalbiblioteket

Eilert Sundt

- NB-Ms. Fol 604: Eilert Sundt: Indsamlede oplysninger om Ædruelighedstilstanden i: A. Christiania Stift, B. Christiansands Stift, C. Bergens Stift, D. Trondhjems og Tromsø Stifter. 5 esker.
- NB-Ms.fol. 605: Eilert Sundt: Originale Tabeller om Ædruelighedsforholdene i Norge.
- NB-Ms.fol. 606: Eilert Sundt: Papirer Afholdssaken vedkommende. 1 eske.

Stortingsforhandlingar

- St. forh. 1881, V, dok nr. 7. *Angaaende Forandringer i Lovgivningen om Udsalg og Udkjænkning af Brændevin, Øl og Vin.*

- Storthingstidende, beh. O.tid. 92—123, 31. Marts 1886, Sag No. 6. *Indstilling fra Næringskomiteen No. 2 angaaende et af Chr. Johnsen indgivet og af Repræsentanten H. E. Berner fremsat Forslag til Lov om Forandring i Brændevinslovgivningen.*

Trykte kjelder

Det Statistisk Centralbureau, *Meddelelser fra det statistiske centralbureau*, 23. bind 1905, Kristiania, 1906.

Diverse frå Norges Offisielle Statistikk

NOS VI, No. 141, Lønninger og levevilkår i Norge under første verdenskrig, Kristiania, 1918.

NOS VI, No. 124, Dyrtidens virkninger på levevilkaarene, 2den del, Kristiania, 1918.

NOS VI, No. 150, Stortingsvalget 1918.

NOS VI, No. 189, Kommunevalgene 1919, Kristiania, 1920.

NOS XII, No. 245, Historisk statistikk 1968, Oslo, 1969.

NOS XII, No. 291, Historisk statistikk, Oslo, 1978.

Alkohol, og drukkenskap

NOS V. 124, Alkoholstatistik I, Forbruk av brændevin, vin og øl i Norge 1814-1909, Kristiania, 1910.

NOS V, No. 199, Alkoholstatistik II, Forbruk av Brændevin, vin og øl i Norge 1908-1911, Kristiania, 1913.

NOS VI, No. 190, Alkoholstatistikk 1918-1919, Kristiania, 1920.

NOS VI, No. 78, Drukkenskapsforseelser: 1913-1915, Kristiania, 1916.

NOS VI, No. 143, Drukkenskapsforseelser: 1916-1917, Kristiania, 1918.

Amtmannsmeldingane

NOS, No. 22b, 1829

NOS, No. 23b, 1835

NOS, No. 24b, 1836-1840

NOS, No. 25b, 1840-1845

NOS, No. 26b, 1846-1850
NOS, No. 27b, 1851-1855
NOS I, C. No. 2, 1856-1860
NOS I, C, No. 2, 1861-1865
NOS I, C, No. 2, 1866-1870
NOS I, C No. 2, 1871-1875
NOS II, C, No. 2, 1876-1880
NOS III, No. 102, I, 1881-1885
NOS III, No. 206, I, 1886-1890
NOS III, No. 315, I, 1891-1895
NOS IV, No. 106, I, 1896-1900
NOS V, No. 93, I, 1901-1905
NOS VI, No. 47, I, 1906-1910
NOS VII, No. 113, I, 1911-1915

Medisinalmeldingane

NOS I, C, No. 4, 1860
NOS I, C, No. 4, 1861
NOS I, C, No. 4, 1862
NOS I, C, No. 4, 1863
NOS I, C, No. 4, 1864
NOS I, C, No. 4, 1865
NOS I, C, No. 4, 1866
NOS I, C, No. 4, 1867
NOS I, C, No. 4, 1868
NOS I, C, No. 4, 1869
NOS I, C, No. 4, 1870
NOS I, C, No. 4, 1871
NOS I, C, No. 4, 1872
NOS I, C, No. 4, 1873
NOS I, C, No. 4, 1874
NOS I, C, No. 4, 1875
NOS I, C, No. 4, 1876

NOS I, C, No. 4, 1877
NOS II, C, No. 4, 1880
NOS III, No. 10, 1882
NOS III, No. 31, 1884
NOS III, No. 51, 1885
NOS III, No. 75, 1886
NOS III, No. 95, 1887
NOS III, No. 116, 1888
NOS III, No. 143, 1889
NOS III, No. 162, 1890
NOS III, No. 185, 1891
NOS III, No. 222, 1892
NOS III, No. 252, 1893
NOS III, No. 274, 1894
NOS III, No. 290, 1895
NOS III, No. 317, 1896
NOS III, No. 327, 1897
NOS IV, No. 1, 1898
NOS IV, No. 27, 1899
NOS IV, No. 55, 1900
NOS IV, No. 77, 1901
NOS IV, No. 103, 1902
NOS IV, No. 128, 1903
NOS V, No. 23, 1904
NOS V, No. 55, 1905
NOS V, No. 72, 1906
NOS V, No. 98, 1907
NOS V, No. 122, 1908
NOS V, No. 152, 1909
NOS V, No. 181, 1910
NOS V, No. 216, 1911
NOS VI, No. 19, 1912
NOS VI, No. 56, 1913
NOS VI, No. 94, 1914

NOS VI, No. 133, 1915

NOS VI, No. 186, 1916

NOS VII, No. 3, 1917

NOS VII, No. 58, 1918

NOS VII, No. 108, 1919

NOS VII, No. 138, 1920

Aviser

Eg har gjennomgått «Bratsberg Avholdsblad» sine to første årgangar i 1909 og 1910, samt Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad i same periode. Eg har ikkje funne grunn til å nytte desse kjeldene, då informasjonen som har kome fram stort sett er avgrensa til å gjelde saker som ikkje har vore aktuelle for denne oppgåva. Eg har i tillegg granska Varden, særleg gjennom 1919, men óg 1918. Dei utgåvane eg har nytta har til slutt avgrensa seg til desse:

Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad, Nr. 12. 1909

Notoddens Nyheds- og Avertissements-Blad, Nr. 14. 1909

Varden 19.6.1919

Varden 1.10.1919

Varden 3.10.1919

Varden 4.10.1919

Nettstadar

Hagbard Emanuel Berner. (2012, 29. august). I Store norske leksikon. Henta 14.8.2014 frå

http://snl.no/Hagbard_Emanuel_Berner

Johannes Bergh, Tor Bjørklund, «Innvandrernes lokalval», henta 11.10.2014 frå

<http://www.samfunnsforskning.no/Publikasjoner/Kronikker-og-andre-artikler/2011/2011-019#sthash.NG6p39OM.dpuf>

Bore, Ragnhild Rein, *Stemmeberettigede ved Storthingsvalg ere de norske Borgere...*, i SSB Valgaktuelt 2005, publisert 8.8.2005, henta kl. 18, 20.7.2014 frå

<http://www.ssb.no/valg/artikler-og-publikasjoner/stemmeberettigede-ved-storthingsvalg-ere-de-norske-borgere>

Det Norske Totalavholdsselskap, henta kl. 15.00, 5.12.2013 frå

<http://www.dnt.no/om-dnt/historikk/>

Edland-Gryt, Marit (red.), Sirus, *Rusmidler i Norge 2012*, 2012, henta kl. 17.00, 18.3.2013 frå

http://www.sirus.no/filestore/Import_vedlegg/Vedlegg_publikasjon/RusmidleriNorge20123.pdf

Horverak, Øyvind, *Har norsk alkoholpolitikk favorisert svakere drikker?*, publ. 24.9.2012, henta kl. 16.00, 13.3.2014 frå

<http://www.forebygging.no/Artikler/2013-2012/Har-norsk-alkoholpolitikk-favorisert-svakere-drikker/>

Jacobsen, Kirsti Lothe, «Poteter i norsk (mat)-rett, utstilling», 2008, henta, 10.4.2013 frå

<http://www.ub.uib.no/avdeling/jur/arkiv/potetutstilling.htm>

Steinkjer, Beate (red.), Forebygging.no, henta kl. 16.00, 3.4.2013 frå

<http://www.forebygging.no/en/Teori/Overordnede-perspektiver/Alkohol--og-narkotikapolitikk---samt-fakta-om-rusmidler/Store-svingninger---klar-trend/>

Regjeringa, henta kl. 13.00, 31.5.2013 frå

http://www.regjeringen.no/upload/LMD/Kampanje_potetens_ar/vedlegg/Potetplakat%205%20Potetproduksjon%20i%20Norge.pdf

Vinmonopolet, «Våre etiske retningslinjer», henta kl. 16.00, 26.5.2014 frå

<http://www.vinmonopolet.no/artikel/om-vinmonopolet/samfunnsansvar/etikk/etiske-retningslinjer-i-vinmonopolet>

Vedlegg

Vedlegg nr. 1: Dei ulike fylka rangert etter Ja-stemmer ved folkerøystinga i 1919.⁷⁹⁷

Nr.	Fylke	% Ja-stemmer 1919	% Oppslutning
1	Møre og Romsdal	88,0	78,8
2	Rogaland	82,7	73,6
3	Hordaland	80,8	66,2
4	Sogn og Fjordane	79,2	66,6
5	Nord-Trøndelag	77,8	63,3
6	Vest-Agder	77,6	74,2
7	Aust-Agder	76,3	66,8
8	Troms	74,1	52,4
9	Nordland	73,2	59,4
10	Telemark	72,6	66,8
11	Sør-Trøndelag	70,0	67,2
12	Finnmark	66,9	49,9
13	Østfold	65,4	67,2
	Heile landet	61,6	66,5
14	Oppland	59,4	64,1
15	Vestfold	49,9	63,0
16	Hedmark	49,2	66,3
17	Bergen	45,3	
18	Buskerud	42,4	62,7
19	Akershus	33,7	60,0
20	Oslo	21,0	70,6

⁷⁹⁷ NOS XII, No. 291, Historisk statistikk, Oslo, 1978, 647

Vedlegg nr. 2: Valoppslutninga ved folkerøystinga om delforbod i Telemark i 1919 med kommunegrenser frå 1926.⁷⁹⁸

Kommune	Antall stemmer gitt av			Valoppslutning bland		
	menn	kvinner	til saman	menn	kvinner	til saman
Kragerø	648	910	1 558	64,5 %	64,5 %	64,5 %
Langesund	296	348	644	68,8 %	78,7 %	73,9 %
Stathelle	82	108	190	66,7 %	75,0 %	71,2 %
Brevik	309	384	693	64,1 %	62,5 %	63,2 %
Porsgrunn	1 125	1 292	2 417	70,8 %	65,4 %	67,8 %
Skien	2 522	2 991	5 513	71,6 %	70,2 %	70,8 %
Notodden	1 003	778	1 781	64,7 %	58,3 %	61,8 %
Siljan	222	161	383	74,7 %	66,0 %	70,8 %
Gjerpen	1 237	1 041	2 278	74,6 %	59,8 %	67,0 %
Eidanger	520	386	906	51,0 %	46,0 %	48,7 %
Bamble	775	668	1 443	68,7 %	60,6 %	64,7 %
Skåtøy	637	626	1 263	71,8 %	67,5 %	69,6 %
Sannidal	428	415	843	73,2 %	66,6 %	69,8 %
Drangedal	846	729	1 575	82,0 %	76,4 %	79,3 %
Solum	1 043	835	1 878	68,1 %	51,3 %	59,4 %
Holla	694	485	1 179	69,1 %	50,4 %	59,9 %
Lunde	465	454	919	77,9 %	74,1 %	76,0 %
Bø	508	496	1 004	71,2 %	66,9 %	69,1 %
Sauherad	620	570	1 190	65,7 %	59,9 %	62,8 %
Heddal	562	490	1 052	74,9 %	60,5 %	67,4 %
Gransherad	230	193	423	71,7 %	57,1 %	64,2 %
Hovin	141	111	252	68,8 %	57,5 %	63,3 %
Tinn	1 790	1 236	3 026	56,6 %	58,1 %	57,2 %
Hjartdal	347	280	627	61,6 %	51,5 %	56,6 %
Seljord	602	449	1 051	88,7 %	66,6 %	77,7 %
Kviteseid	642	558	1 200	83,3 %	67,0 %	74,8 %
Nissedal	357	326	683	79,0 %	80,5 %	79,7 %
Fyresdal	424	487	911	75,7 %	85,1 %	80,5 %
Mo	297	261	558	65,9 %	69,2 %	67,4 %
Lårdal	273	236	509	75,8 %	69,2 %	72,6 %
Vinje	368	340	708	81,1 %	82,1 %	81,6 %
Rauland	199	176	375	79,0 %	71,0 %	75,0 %
Telemark	20 212	18 820	39 032	69,5 %	64,1 %	66,8 %

⁷⁹⁸ Dei data som her er nytta er henta frå Norsk samfunnsvitenskapelig datatjenestes kommunedatabase. NSD er ikkje ansvarlig for analyse av data eller for dei tolkingar som vert gjort.

Vedlegg nr. 3: Resultatet frå folkerøystinga om delforbod i Telemark i 1919 med kommunegrenser frå 1926.⁷⁹⁹

Kommune	Godkjende Ja-stemmer		Godkjende Nei-stemmer	
	Antall	Prosent	Antall	Prosent
Kragerø	1 060	68,0 %	491	31,5 %
Langesund	504	78,3 %	140	21,7 %
Stathelle	160	84,2 %	30	15,8 %
Brevik	506	73,0 %	182	26,3 %
Porsgrunn	1 426	59,0 %	989	40,9 %
Skien	3 361	61,0 %	2 092	37,9 %
Notodden	1 073	60,2 %	700	39,3 %
Siljan	296	77,3 %	84	21,9 %
Gjerpen	1 695	74,4 %	574	25,2 %
Eidanger	562	62,0 %	337	37,2 %
Bamble	1 203	83,4 %	233	16,1 %
Skåtøy	1 049	83,1 %	208	16,5 %
Sannidal	746	88,5 %	97	11,5 %
Drangedal	1 466	93,1 %	101	6,4 %
Solum	1 214	64,6 %	660	35,1 %
Holla	740	62,8 %	439	37,2 %
Lunde	801	87,2 %	118	12,8 %
Bø	796	79,3 %	208	20,7 %
Sauherad	917	77,1 %	270	22,7 %
Heddal	826	78,5 %	226	21,5 %
Gransherad	315	74,5 %	108	25,5 %
Hovin	153	60,7 %	99	39,3 %
Tinn	1 559	51,5 %	1 465	48,4 %
Hjartdal	511	81,5 %	114	18,2 %
Seljord	948	90,2 %	103	9,8 %
Kviteseid	1 008	84,0 %	190	15,8 %
Nissedal	614	89,9 %	67	9,8 %
Fyresdal	836	91,8 %	75	8,2 %
Mo	473	84,8 %	83	14,9 %
Lårdal	432	84,9 %	76	14,9 %
Vinje	688	97,2 %	20	2,8 %
Rauland	309	82,4 %	64	17,1 %
Telemark	28 247	72,4 %	10 643	27,3 %

⁷⁹⁹ Tabellen er utarbeida gjennom Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.

Vedlegg nr. 4: Resultat frå Eilert Sundt si undersøking i Telemark.⁸⁰⁰

Provsti i Telemark	Udfylde lister	Det oppgivne antal gifte mænd og enkemænd.				Forholdet procentvis			
		Sum	Ædruelige	Ikke sikkre	Forfaldne	Sum	Ædruelige	Ikke Sikkre	Forfaldne
Bamble	23	1647	974	602	71	100%	59,1%	36,6%	4,3%
Drangedal, Sannikdal, Skaatø, Kragerø, Bamle.									
Nedre Thelemarken	43	3163	1906	1172	85	100%	60,3%	37,1%	2,7%
Solum, Hollen, Lunde, Bø, Saude, Hitterdal.									
Øvre Thelemarkens østfjeldske	25	1856	592	1121	143	100%	31,9%	60,4%	7,7%
Tinn, Gransherred, Hjartdal, Seljord.									
Øvre Thelemarkens vestfjeldske	36	2100	893	1113	94	100%	42,5%	53,0%	4,5%
Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Mo, Laardal, Vinje, Rauland.									

⁸⁰⁰ Sundt, 1976, 12-13

Vedlegg nr. 5: Eilert Sundt si inndeling etter bygdelag og klasser.⁸⁰¹

	Provsti	Præstegjeld	Eiendoms-klassen.				Arbeids-klassen.			
			Sum	Ædruelige	Ikke sikre	Forfaldne	Sum	Ædruelige	Ikke sikre	Forfaldne
Ydre bygdelag	Nedre Thelemark	Solum, Hollen, Lunde, Bø, Saude, Hitterdal.	2348	1448	839	61	2462	1432	935	95
	Bamble	Drangedal, Sannikedal, Skaatø, Kragerø, Bamle.		61,7%	35,7%	2,6%		58,2%	38,0%	3,8%
Indre bygdelag	Øvre Thelemarkens østfjeldske	Tinn, Gransherred, Hjartdal, Seljord.	2134	890	1109	135	1822	595	1125	102
	Øvre Thelemarkens vestfjeldske	Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Mo, Laardal, Vinje, Rauland.		41,7%	52,0%	6,3%		32,7%	61,7%	5,6%

⁸⁰¹ Sundt, 1967, 54

Vedlegg nr. 6: Listeaksjonen 1883-1887 i Bratsberg amt.⁸⁰²

Stad	Antal underskrifter fra			Prosentvis fordeling	
	menn	kvinner	begge kjønn	menn	kvinner
Vinje	170	171	341	49,9 %	50,1 %
Rauland	117	88	205	57,1 %	42,9 %
Laardal	140	115	255	54,9 %	45,1 %
Mo hovudsokn	150	117	267	56,2 %	43,8 %
Skafsdå anneks	158	81	239	66,1 %	33,9 %
Treungen	132	105	237	55,7 %	44,3 %
Nissedal	158	132	290	54,5 %	45,5 %
Fyresdal	287	153	440	65,2 %	34,8 %
Kviteseid	88	96	184	47,8 %	52,2 %
Tinn	55	13	68	80,9 %	19,1 %
Gransherad	36	15	51	70,6 %	29,4 %
Bø	194	104	298	65,1 %	34,9 %
Ulefoss	111	64	175	63,4 %	36,6 %
Lunde	260	208	468	55,6 %	44,4 %
Gjerpen	356	200	556	64,0 %	36,0 %
Flaaberg	31	0	31	100,0 %	0,0 %
Eidanger	73	30	103	70,9 %	29,1 %
Skien	463	275	738	62,7 %	37,3 %
Brevik	31	8	39	79,5 %	20,5 %
Sannikedalen	229	179	408	56,1 %	43,9 %
Stilnæstangen v. Kragerø	60	64	124	48,4 %	51,6 %
Telemark	3012	1959	4971	60,6 %	39,4 %


⁸⁰² RA/PA-0419/E/Eh/L0682: DNT, Sakarkiv, Diverse enkeltsaker, Underskrifter «forbudsregister» 1884. Ulike nr.

Vedlegg nr. 7: Eilert Sundt si undersøking: Christiansands stift.⁸⁰³

Provsti	Lister	Det oppgivne antal gifte mænd og enkemænd				Forholdet procentvis			
		Sum	Ædruelige	Ikke sikkre	Forfaldne	Sum	Ædruelige	Ikke sikkre	Forfaldne
Øvre Thelemarkens østfjeldske	25	1 856	592	1 121	143		31,9 %	60,4 %	7,7 %
Øvre Thelemarkens vestfjeldske	36	2 100	893	1 113	94		42,5 %	53,0 %	4,5 %
Østre Nedenæs	35	2 034	1 446	571	17		71,1 %	28,1 %	0,8 %
Vestre Nedenæs	46	3 094	1 581	1 331	182		51,1 %	43,0 %	5,9 %
Robygdelaget	39	2 228	940	1 092	196		42,2 %	49,0 %	8,8 %
Mandal	47	3 259	1 851	1 244	164		56,8 %	38,2 %	5,0 %
Lister	48	3 331	1 872	1 269	190		56,2 %	38,1 %	5,7 %
Dalerne	43	2 699	1 856	693	150		68,8 %	25,7 %	5,6 %
Jæderen	31	2 265	1 265	948	52		55,8 %	41,9 %	2,3 %
Stavanger	26	2 086	1 251	763	72		60,0 %	36,6 %	3,5 %
Karmsund	40	2 732	1 837	823	72		67,2 %	30,1 %	2,6 %
Ryfylke	20	1 930	1 263	614	53		65,4 %	31,8 %	2,7 %
Christiansands stift	436	29 614	16 647	11 582	1 385		56,2 %	39,1 %	4,7 %

⁸⁰³ Sundt, 1972, 12-13


Vedlegg nr. 8: Forbruk av brennevin, vin og øl målt i rein liter alkohol per innbyggjar 15 år og eldre.



804


⁸⁰⁴ NOS XII, No 245, Historisk statistikk 1968, Oslo, 1969, 575-576

Vedlegg nr. 9: hektoliter brennevin som passerte gjennom Løveid sluser.



805

Vedlegg nr. 10: hektoliter øl som passerte gjennom Løveid sluser.



806

⁸⁰⁵ Tala er henta frå ulike utgåver av amtmannsmeldingane: NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 12, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 37, NOS III, No. 315, I, 1891-1895, VIII, 24, NOS IV, No. 106, I, 1896-1900, VIII, 55, NOS V, No. 93, I, 1901-1905, VIII, 52, NOS VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 77, NOS, VII, No. 113, I, 1911-1915, VIII, 67

⁸⁰⁶ Tala er henta frå ulike utgåver av amtmannsmeldingane: NOS III, No. 102, I, 1881-1885, VIII, 12, NOS III, No. 206, I, 1886-1890, VIII, 37, NOS III, No. 315, I, 1891-1895, VIII, 24, NOS IV, No. 106, I, 1896-1900, VIII, 55, NOS V, No. 93, I, 1901-1905, VIII, 52, NOS VI, No. 47, I, 1906-1910, VIII, 77, NOS, VII, No. 113, I, 1911-1915, VIII, 67

Vedlegg nr. 11: Resultat frå stortingsvala i Notodden.⁸⁰⁷

	1906		1909		1912	
Godkjente stemmer	372		1 004		1 063	
Socialdemokrater			564	56 %	534	50 %
Venstre	280	75 %	279	28 %	443	42 %
Høire og Frisinnede Venstre			149	15 %	86	8 %
Spredte stemmer			11	1 %		

Vedlegg nr. 12: Resultat frå stortingsvala i Tinn.⁸⁰⁸

	1906		1909		1912	
Godkjente stemmer	224		886		999	
Socialdemokrater			310	35 %	396	40 %
Venstre	215	96 %	414	47 %	556	56 %
Høire og Frisinnede Venstre			162	18 %	46	5 %
Spredte stemmer			9	4 %	1	0 %

⁸⁰⁷ Tabellen er utarbeida gjennom Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste. Det går ikkje fram kvar stemmene som manglar har hamna.

⁸⁰⁸ Tabellen er utarbeida gjennom Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste. Det går ikkje fram kvar stemmene som manglar har hamna.

Vedlegg 13: Resultatet etter fyrste runde av stortingsvalet 1918.⁸⁰⁹

Kommune	% oppslutning blant			Arbeidarpartiet	Venstre/Arb.dem.	Venstre	Høire og Frisinnde Venstre	Høire	Sprede stemmer	Andre
	kvinner	menn	begge							
Kragerø	55,9%	41,6%	60,7%	293	-	-	542	-	8	640
Langesund	22,1%	49,1%	38,3%	76	-	130	118	-	-	-
Stathelle	25,2%	46,9%	40,1%	44	-	18	34	-	-	-
Brevik	52,0%	44,5%	58,7%	138	-	187	335	-	-	-
Porsgrunn	62,8%	45,0%	67,3%	433	-	737	1 136	-	4	-
Skien	59,2%	46,3%	67,1%	1 598	-	1 429	-	-	46	1 960
Notodden	66,1%	54,9%	63,5%	1 011	-	447	319	-	-	-
Siljan	51,1%	55,5%	65,6%	115	-	211	17	-	-	-
Gjerpen	36,9%	51,1%	49,1%	376	-	983	235	-	4	-
Eidanger	33,0%	52,9%	45,6%	186	-	313	315	-	-	-
Bamble	22,0%	53,3%	38,3%	238	-	417	193	-	-	-
Skåtøy	32,2%	48,2%	43,3%	141	-	560	92	-	1	-
Sannidal	32,1%	49,1%	49,1%	106	-	454	37	-	-	-
Drangedal	42,3%	51,9%	60,7%	314	-	848	31	-	1	-
Solum	37,2%	49,4%	48,9%	573	-	542	345	-	10	-
Holla	4,8%	49,5%	14,8%	27	250	-	-	-	1	-
Lunde	11,1%	47,6%	26,6%	86	231	-	-	-	-	-
Bø	35,5%	47,8%	49,8%	259	-	394	-	29	-	-
Sauherad	46,0%	49,7%	57,1%	400	-	478	-	192	1	-
Heddal	53,3%	49,3%	66,1%	426	-	569	-	10	1	-
Gransherad	48,1%	49,6%	58,1%	109	-	249	-	2	-	-
Hovin	55,8%	51,0%	65,2%	64	-	195	-	-	1	-
Tinn	57,8%	58,5%	60,3%	1 599	-	1 107	-	411	4	-
Hjartdal	41,9%	51,3%	56,7%	49	-	544	-	9	2	-
Seljord	28,6%	48,8%	47,9%	192	-	429	-	-	6	-
Kviteseid	23,0%	51,3%	39,0%	187	416	-	-	-	2	-
Nissedal	25,1%	52,1%	46,0%	113	284	-	-	-	-	-
Fyresdal	27,8%	48,6%	41,7%	21	393	-	-	-	10	-
Mo	20,0%	52,7%	35,7%	122	166	-	-	-	-	-
Lårdal	22,9%	51,3%	41,9%	89	207	-	-	-	-	-
Vinje	19,3%	51,8%	36,8%	46	272	-	-	-	4	-
Rauland	13,9%	50,7%	27,4%	19	110	-	-	-	2	-
Telemark	42,7%	50,0%	53,0%	9 450	2 329	11 241	3 749	653	108	2 600

⁸⁰⁹ Tabellen er utarbeida gjennom Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste.